

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

To slags taktikk og andre artiklar

Oktober

4

Juli 1905—November 1910

LENIN
Utvalgte verker i 12 bind
Band 4

Arbeidarar i alle land, gå saman

LENIN

Utvalgte verker i 12 bind

Band 4

To slags taktikk for sosialdemokratiet
i den demokratiske revolusjonen



FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1979

LENIN: UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Utgjeve i samsvar med 4. russiske utgåva
frå Marx-Engels-Lenin-instituttet
Moskva 1946

**Band 4: To slags taktikk for sosialdemokratiet
i den demokratiske revolusjonen**

© Forlaget Oktober a/s, Oslo 1979

1. opplag 1979

Prenta hjå A/S Duplotrykk, Oslo 1979

ISBN 82-7094-211-1

Lenins skrifter i dette bandet er omsette
etter den engelske teksten i Lenin,
Collected Works, volumes 9, 11 og 16.
Moskva 1965, 1972 og 1974.

INNHALD

FØREORD FRÅ FORLAGET	s.	7
TO SLAGS TAKTIKK FOR SOSIALDEMO- KRATIET I DEN DEMOKRATISKE REVOLUSJONEN.....	s.	9
Føreord	s.	
1. Eit påtrengande politisk spørsmål	s.	14
2. Kva kan vi læra av resolusjonen til den tredje kongressen til RSDAP om ei provisorisk revolusjonær regjering?.....	s.	18
3. Kva vert meint med «Den avgjerande sigeren for revolusjonen over tsaris- men»?	s.	26
4. Avskaffing av monarkiet. Republikken .	s.	34
5. Korleis bør «revolusjonen fremjast»? ..	s.	41
6. Kvar kjem trugsmålet frå om at prole- tariatet skal stå med bundne hender i kampen mot det inkonsekvente borgar- skapet?.....	s.	45
7. Taktikken med å «fjerna dei konserva- tive frå regjeringa».....	s.	62
8. Straumdraga til <i>Osvobosjdenije</i> og <i>Ny-Iskra</i>	s.	68
9. Kva tyder det å vera eit ekstremt opposisjonsparti i revolusjonstider?.....	s.	78
10. «Revolusjonære kommunar» og det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene	s.	82

11. Ei snar jamføring mellom fleire av resolusjonane på tredje kongressen til RSDAP og dei på «konferansen»	s. 94
12. Vil slagkrafta til den demokratiske revolusjonen minka dersom borgar- skapet vik attende frå han?	s. 100
13. Konklusjon. Vågar vi vinna?	s. 111
Sluttord. Endå ein gong om Osvobosjdenije- retninga, endå ein gong om ny-Iskra- retninga	s. 123
I. Kvifor lovprisar borgarlege liberale realistar sosialdemokratiske «realistar»?	s. 123
II. Kamerat Martynov vil gjera spørsmålet endå «djupsindigare»	s. 133
III. Det vulgære borgarlege og det marxistiske synet på diktaturet	s. 143
SOSIALDEMOKRATIET SI HALDNING	
ANDSYNES BONDERØRSLA	s. 155
BOIKOTTEN.	s. 168
LÆRDOMAR FRÅ MOSKVA-	
OPPSTANDEN	s. 178
LÆRDOMAR FRÅ REVOLUSJONEN	s. 188
NOTAR	s. 199
PERSONREGISTER	s. 213

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka er eit band i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober.

Dette bandet går inn som nummer 4 i serien. Det dekkjer perioden frå juli 1905 til 1910, og er konsentrert om 1905-oppreisten.

Utvalet i dette bandet og serien som heilskap svarar til det som vart laga av Marx-Engels-Lenin-instituttet under vegleiing frå Stalin fyrst i trettiåra. Den utgåva vi gjev no, fylgjer den 4. russiske utgåva frå 1946.

Notane og personregisteret bak i boka står for forlaget si rekning. Av notane nedst på sida er Lenins eigne notar førte opp utan signatur, medan notane frå forlaget er merkte med — *Red.*

TO SLAG TAKTIKK FOR SOSIALDEMOKRATIET I DEN DEMOKRATISKE REVOLUSJONEN¹

I ein revolusjonær periode er det svært vanskeleg å halda seg på høgda med hendingar som skaffar fram ei forunderleg mengd nytt materiale for å vurdere dei taktiske parolane til revolusjonære parti. Denne brosjyren var skriven før hendingane i Odessa*. Vi har alt peika på i *Proletari*² (nr. 9: «Revolusjonen lærer bort»)** at desse hendingane har tvinga jamvel dei sosialdemokratane som skapte «oppreist som prosess»-teorien og avviste propagandaen for ei provisorisk revolusjonær regjering til i røynda å gå over, eller byrja gå over, til motstandarane si side. Revolusjonen lærer tvillaust bort så snøgt og grundig at det tykkjest utruleg i periodar der den politiske utviklinga går fredeleg føre seg. Og noko som er særskilt viktig: Han lærer ikkje berre bort til leiarane, men til massane òg.

Det er ikkje den minste tvil om at revolusjonen vil lære arbeidarmassane i Russland sosialdemokratisme. Revolusjonen vil stadfesta programmet og taktikken til sosialdemokratiet i praksis. Dette vil han gjera med å syna den sanne naturen til dei ulike samfunnsklassane, med å syna den borgarlege karakteren til demokratiet vårt og dei verkeleg ynskjemåla til bøndene, som samstundes som dei er revolusjonære i borgarleg-

* Dette viser til mytteriet på pansarkryssaren *Potemkin*³. (Lenins merknad i utgåva frå 1907 — Red.)

** «Revolusjonen lærer bort» (1905), sjå Lenin, *Samla verk* b.9, eng. utg. 1965, s. 148—155 — Red.

demokratisk tyding, ber i seg ikkje ideen om «sosialisering», men kimen til ein ny klassekamp mellom bondeborgarskapet og proletariatet på landsbygda. Dei gamle illusjonane til den gamle narodnismen*, som kjem så klårt til syne til dømes i utkastet til program for det «sosialrevolusjonære partiet»⁴ i spørsmålet om utviklinga av kapitalismen i Russland, i spørsmålet om den demokratiske karakteren til «samfunnet» vårt, og i spørsmålet om kva ein fullstendig siger for ein bondeoppreist vil få å seia, alle desse illusjonane vil revolusjonen driva bort fullstendig og utan nåde. For fyrste gong vil dei ymse klassane få sin verkelege politiske dåp. Desse klassane vil stiga fram frå revolusjonen med ein fast politisk utsjånad, for dei vil ha avslørt seg ikkje berre i programmet og dei taktiske parolane til ideologane sine, men og i den opne politiske handlinga til massane.

Utan tvil vil revolusjonen gje oss og folkemassane lærdom. Men det spørsmålet eit kjempande politisk parti no vert stilt framfor, er dette: Er vi i stand til å læra revolusjonen noko, er vi i stand til å gjera bruk av det rette i den sosialdemokratiske læra vår, av banda med den einaste heilt igjennom revolusjonære klassen, proletariatet, til å setja eit proletarisk preg på revolusjonen, til å føra revolusjonen fram til verkeleg og avgjerande siger, ikkje i ord, men i handling, og lamma det ustabile, halvhjarta og sveikefulle hos det demokratiske borgarskapet?

Det er dette målet vi må retta alt arbeidet inn imot. Om vi skal nå dette målet kjem på den eine sida an på kor nøyaktig vi har vurdert den politiske situasjonen og kor rette dei taktiske parolane våre er, og på den andre sida kor vidt desse parolane har den verkelege kampkrafta til arbeidarmassane i ryggen. Alt det dag-

* *Narodnismen* — eit småborgarleg revolusjonært straumdrag, som vart ein forløpar for det sosialrevolusjonære partiet. Narodnikane stod m.a. bak ei rekkje vidgjetne politiske attentat i Russland, t.d. drap dei Alexander II i 1881. — *Red.*

lege, regelbundne og løpande arbeidet til alle organisasjonane og gruppene i partiet vårt, propaganda-, agitasjons- og organisasjonsarbeidet, er retta inn på å styrkja og utvida banda med massane. Dette arbeidet er alltid naudsynt, men i ei revolusjonær tid kan ein ikkje sjå det som nok. Under slike omstendene kjenner arbeidarklassen ein instinktiv trong etter open revolusjonær handling, og vi må læra å stilla opp måla for denne handlinga korrekt, og så gjera desse måla så vidt kjende og skjøna som mogleg. Det må ikkje gløymast at den pessimismen som no er utbreidd om banda mellom oss og massane, svært ofte tener til å skjerma for borgarlege idear om rolla til proletariatet i revolusjonen. Utan tvil har vi enno ein god del å gjera med å skolera og organisera arbeidarklassen, men no er kjernepunktet i saka dette: Kvar skal vi leggja den politiske hovudvekta i dette arbeidet med å skolera og organisera? På fagforeiningane og dei legale samanslutningane, eller på eit opprør, på arbeidet med å skapa ein revolusjonær hær og ei revolusjonær regjering? Båe tener til å skolera og organisera arbeidarklassen. Båe er sjølvstundt naudsynte. Men i den revolusjonen vi no står oppe i, vert heile problemet stilt slik: Kva skal ein leggja vekt på i arbeidet med å skolera og organisera arbeidarklassen, det fyrste eller det siste?

Resultatet av revolusjonen kjem an på om arbeidarklassen vil spela rolla som hjelpesmann for borgarskapet, ein hjelpesmann som er sterkt i kraft av stormlaupet sitt mot eineveldet, men makteslaus politisk, eller om han vil spela rolla som leiar for revolusjonen til folket. Dei meir intelligente representantane for borgarskapet er fullt klåre over dette. Det er grunnen til at *Osvobosjdenije*⁵ lovprisar akimovismen*,

* *Akimovismen* — avart av økonomismen, oppkalla etter Akimov, ein av dei mest ytterleggåande mensjevikaner. Sjå personregisteret bak i boka. — *Red.*

økonomismen⁶ i sosialdemokratiet, det straumdraget som *no* fører fagforeiningane og dei legale samanslutningane i fremste rekkje. Det er grunnen til at hr. Struve (i *Osvobosjdenije* nr. 72) helsar velkomen det akimovistiske straumdraget i ideane til det nye Iskra. Det er grunnen til at han går så hardt laus på det avskyelege revolusjonære sneversynet i vedtaka på den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti⁷.

Nett no er det uvanleg viktig at sosialdemokratane har rette taktiske parolar for å leia massane. Ingenting er farlegare i ein revolusjonær periode enn å undervurdere kor viktig det er med taktiske parolar som er sunne i prinsippet. Til dømes går *Iskra*⁸ i nr. 104 i røynda over til motstandarane si side i den sosialdemokratiske rørsle, og like fullt undervurderer ho til same tid kor viktig det er med parolar og taktiske vedtak som ligg framom utviklinga og peikar ut den vegen som rørsle fylgjer, jamvel om det er med ei rekkje tilbakeslag, mistak osb. Tvert om er det overlag viktig å førebu korrekte taktiske vedtak for eit parti som ynskjer å leia proletariatet etter sunne marxistiske prinsipp, og ikkje berre liggja i kjølvatnet etter det som skjer. I revolusjonane frå den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti og frå konferansen til den delen som har skilt lag med partiet*, har vi svært presise, grundig vurderte og fullstendige uttrykk for taktiske synspunkt — synspunkt som ikkje er uttrykte tilfeldig av einskilte skribentar, men godtekne av dei ansvarlege representantane for det sosialdemokra-

* På tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti (London mai 1905) var berre bolsjevikane til stades, medan mensjevikane var dei einaste som deltok i «konferansen» (i Geneve på same tid). I denne brosjyren vert det ofte vist til dei sistnemnde som «Ny-Iskra-gruppa», av di dei samstundes som dei heldt fram å gje ut *Iskra* gjorde klårt gjennom Trotski, som då stod saman med dei, at det var ein avgrunn mellom den gamle og den nye *Iskra*. (Lenins merknad til utgåva frå 1907. — *Red.*)

tiske proletariatet. Partiet vårt ligg framom alle dei andre, for det har eit presist og allment godteke program. Det må og stå som døme for dei andre partia på ei prinsippfast haldning til dei taktiske resolusjonane sine, til skilnad frå opportunismen til det demokratiske *Osvobosjdenije*-borgarskapet og det revolusjonære frasemakeriet til dei sosialrevolusjonære. Det var fyrst under revolusjonen at dei brått kom på å leggja fram eit «utkast» til program og for fyrste gong undersøkje om det var ein borgarleg revolusjon som gjekk føre seg framfor augo deira.

Dette er grunnen til at vi meiner det er ei tvingande oppgåve for dei revolusjonære sosialdemokratane å studera dei taktiske resolusjonane til den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti og til konferansen grundig. Vi må slå fast kva avvik frå prinsippa i marxismen som ligg i dei, og få ei klår forståing for dei konkrete oppgåvene til det sosialdemokratiske proletariatet i ein demokratisk revolusjon. Det er dette arbeidet denne brosjyren tek på seg. Det er òg naudsynt å prøva taktikken vår frå synsstadene til dei marxistiske prinsippa og frå lærdomane revolusjonen gjev. Dette gjeld for dei som verkeleg ynskjer å leggja grunnen for einskap i taktikk som eit grunnlag for fullstendig einskap i heile Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti i framtida, og som ikkje berre vil nøya seg med formanande ord.

N. Lenin

Juli 1905

1. EIT PÅTRENGANDE POLITISK SPØRSMÅL

Ved den revolusjonære skiljevegen der vi no er, står spørsmålet om å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling av folket på dagsorden. Det er delte meiningar om korleis dette spørsmålet skal løysast. Tre politiske straumdrag skil seg ut. Tsarregjeringa vedgår at det er naudsynt å kalla saman representantar for folket, men ho vil under ingen omstende tillata at forsamlinga vert av folket og grunnlovgjevande. Om vi skal tru avis-meldingane om arbeidet i Bulyginkommisjonen,⁹ er ho villig til å gå med på ei rådgevande forsamling som skal veljast utan rett til å driva agitasjon, gjennom eit system som set grenser for kven som kan veljast, eller eit system som avgrensar seg til særskilte samfunnsstender. Ettersom det revolusjonære proletariatet vert leidd av det sosialdemokratiske partiet, krev det fullstendig maktoverføring til ei grunnlovgjevande forsamling. Med dette for auga arbeider det ikkje berre for allmenn røysterett og full fridom til å driva agitasjon, men òg for at tsarregjeringa skal bli styrta straks og byta ut med ei provisorisk revolusjonær regjering. Til sist har vi det liberale borgarskapet, som uttrykkjer ynskja sine gjennom leiarane for det såkalla «konstitusjonelt-demokratiske partiet».¹⁰ Det krev ikkje at tsarregjeringa skal styrtast, det set heller ikkje fram parolen om ei provisorisk regjering, går ikkje inn for røynelege garantiar for at vala skal vera heilt ut frie og rettvise, og at representantforsamlinga verkeleg skal vera av folket og grunnlovgjevande. I røynda

strevar det liberale borgarskapet, den einaste stønaden i samfunnet som tel noko for *Osvobosjdenije*-straumdraget, etter å få i stand så fredeleg ein avtale som mogleg mellom tsaren og det revolusjonære folket, ein avtale som dessutan gjev størst mogleg makt til borgarskapet sjølve og minst mogleg til det revolusjonære folket, til proletariatet og bøndene.

Slik er den politiske stoda nett no. Slik er dei tre politiske hovudstraumdraga, som samsvarar med dei tre hovudsamfunnskraftene i Russland i dag. Vi har alt synt meir enn ein gong i *Proletari* (nr. 3, 4, 5)* korleis *Osvobosjdenije*-gruppa nyttar kvasidemokratiske frasar for å dekkja over den halvhjarta, eller for å seia det meir endeframt og rett ut, den svikeyfulle, vondlyndte politikken mot revolusjonen. Lat oss no sjå korleis sosialdemokratane vurderer oppgåvene i augneblinken. Dei to resolusjonane som heilt nyleg vart vedtekne av den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti og av «konferansen» til utbrytarfraksjonen i partiet gjev oss framifrå materiale til dette. Spørsmålet om kva for ein av desse to resolusjonane som vurderer den politiske stoda rettast og slår fast taktikken til det revolusjonære proletariatet rettast er umåteleg viktig. Kvar sosialdemokrat som ivrar etter å utføra oppgåvene som propagandist, agitator og organisator dugande, må studera dette spørsmålet så merksamt som råd og sjå bort ifrå alle omstende som ikkje har noko med dette å gjera.

Med taktikken til partiet meiner vi den politiske framferda til partiet, eller karakteren, retninga og metodane for den politiske verksemda det fører. Taktiske resolusjonar vert vedtekne av partikongressar for å slå heilt nøye fast korleis partiet som heilskap skal gå

* Sjå Lenin, «Revolusjonær kamp og liberale mellommenn» (1905), «Dei demokratiske oppgåvene til det revolusjonære proletariatet» (1905), og «Dei fyrste stega med borgarleg svik» (1905), i *Samla verk*, eng. utg., bd. 8, s. 486—94 og 511—25. — Red.

fram politisk når det gjeld nye oppgåver, eller korleis det skal gå fram ut ifrå ein ny politisk situasjon. Ein slik ny situasjon er skapt av den revolusjonen som har teke til i Russland, dvs. av det fullstendige, avgjerande og opne brotet mellom det overveldande fleirtalet av folket og tsarstyret. Det nye spørsmålet gjeld dei praktiske metodane for å kalla saman ei retteleg folkeleg og grunnlovgjevande forsamling (det teoretiske spørsmålet kring ei slik forsamling vart offisielt løyst av sosialdemokratiet for lenge sidan, før alle andre parti, i partiprogrammet). Sidan folket har brote med regjeringa, og massane skjønar at det er naudsynt å skipa ei ny ordning, er det partiet som set seg føre å styrta regjeringa nøydd til å vurdera kva slag regjering som skal setjast i staden for den gamle avsette regjeringa. Det dukkar opp eit *nytt* spørsmål som gjeld ei provisorisk revolusjonær regjering. For å svara fullstendig på dette spørsmålet må partiet til det klassemedvitne proletariatet klårgjera: 1) kva ei provisorisk revolusjonær regjering tyder i den revolusjonen som no er under utvikling og i heile kampen til proletariatet allment; 2) Kva *haldning* det skal ta til ei provisorisk revolusjonær regjering; 3) Dei klåre vilkåra for at sosialdemokratane skal *vera med* i denne regjeringa; 4) Under kva vilkår regjeringa skal utsetjast for press *nedanfrå*, dvs. i tilfelle det ikkje er nokon sosialdemokratar i henne. Fyrst når alle desse spørsmåla er klarlagde, vil den politiske framferda til partiet på dette feltet vera prinsipiell, klår og fast.

Lat oss no sjå på korleis resolusjonen frå den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti står i høve til desse spørsmåla. Her fylgjer den fullstendige teksten i resolusjonen:

«Resolusjon om ei provisorisk revolusjonær regjering

Ut ifrå at:

1) både dei beinveges interessene til proletariatet og interessene til kampen det fører for å nå dei endelege

måla for sosialismen krev så stor politisk fridom som mogleg, og fylgjeleg at den eineveldige styreforma vert bytta ut med ein demokratisk republikk;

2) å skipa ein demokratisk republikk i Russland er mogleg berre som resultat av ein sigerrik folkeoppstand, med ei provisorisk revolusjonær regjering som organ. Berre ei slik regjering er i stand til å tryggja fullstendig fridom til å agitera under valkampen og å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling som verkeleg vil uttrykkja folkeviljen, ei forsamling som er vald på grunnlag av allmen og lik røysterett, beinveges og løynlege val;

3) under den samfunnsøkonomiske ordninga som no rår vil denne demokratiske revolusjonen i Russland ikkje svekkja, men styrkja herreveldet til borgarskapet, som når det kjem til eit vendepunkt uunngåeleg vil gjera kva som helst for å ta frå det russiske proletariatet så mykje som mogleg av det som er vunne i den revolusjonære perioden:

Difor vedtek den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti:

a) at det er naudsynt å spreia ein konkret idé i arbeidarklassen om korleis det er sannsynleg at revolusjonen kjem til å gå for seg og om det på eit visst tidspunkt i revolusjonen er naudsynt at det kjem ei provisorisk revolusjonær regjering, som proletariatet vil krevja set i verk alle dei næraste politiske og økonomiske krava på programmet vårt (minimumsprogrammet);

b) at som ei fylgje av korleis kreftene står mot ein annan og andre faktorar som ikkje kan slåast nøy fast på førehand, kan representantar for partiet vårt koma til å bli med i den provisoriske revolusjonære regjeringa med det for auga å føra ein ubøyeleg strid mot alle kontrarevolusjonære framstøytar og å forsvara dei uavhengige interessene til arbeidarklassen!

c) at eit ufråvikeleg vilkår for slik deltaking er at partiet har streng kontroll med representantane sine,

og at det utan opphald vert verna om sjølvstendet til sosialdemokratiet, som arbeider for den fullstendige sosialistiske revolusjonen, og fylgjeleg står i uforsonleg motsetning til alle dei borgarlege partia;

d) at utan omsyn til om det er mogleg at sosialdemokratar får vera med i den provisoriske revolusjonære regjeringa eller ikkje, må vi propagandera mellom dei breiaste delane av proletariatet den tanken at det væpna proletariatet under leiing av det sosialdemokratiske partiet må setja den provisoriske regjeringa under samanhengande press med det for auga å forsvara, grunnfesta og utvida det som er vunne i revolusjonen.»

2. KVA KAN VI LÆRA AV RESOLUSJONEN TIL DEN TREDJE KONGRESSEN TIL RSDAP OM EI PROVISORISK REVOLUSJONÆR REGJERING?

Som det går fram av tittelen, er resolusjonen til den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti heilt vigd til spørsmålet om ei provisorisk revolusjonær regjering og ikkje til noko anna. Såleis vert spørsmålet om sosialdemokratar skal vera med i ei provisorisk revolusjonær regjering ein del av dette spørsmålet. På den andre sida tek resolusjonen berre for seg ei provisorisk revolusjonær regjering og ingen ting anna. Fylgjeleg kjem ikkje spørsmålet om «å vinna makta» allment sett, osb. inn i biletet i det heile. Var det rett av kongressen å utelata dette og tilsvarande spørsmål? Det var det utan tvil, av di den politiske situasjonen i Russland ikkje på nokon måte gjer slike spørsmål til saker som må løysast straks. Tvert om, heile folket har no teke opp spørsmålet om å styrta ei-neveldet og kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling. Dei sakene partikongressar bør ta opp og avgjera

er ikkje slike som den eine eller den andre skribenten meir eller mindre høveleg slumpar til å dra fram, men slike som er politisk livsviktige ut ifrå dei rådande vilkåra og den objektive gangen i samfunnsutviklinga.

Kor viktig er ei provisorisk revolusjonær regjering under den revolusjonen som no er i gang og i den allmenne kampen til proletariatet? Resolusjonen frå kongressen forklårar dette med alt i utgangspunktet å peika på trongen for «så stor politisk fridom som mogleg», både ut ifrå interessene til proletariatet i augneblinken og sett ut ifrå «dei endelege måla for sosialismen». Men fullstendig politisk fridom krev at det tsaristiske eineveldet vert bytt ut med ein demokratisk republikk, slik partiprogrammet vårt alt har slege fast. Den vekta resolusjonen frå kongressen legg på parolen om ein demokratisk republikk, er naudsynt både logisk og prinsipielt sett, for det er nett fullstendig fridom proletariatet strevar etter å oppnå, som den fremste forkjemparen for demokratiet. Vidare er det di meir tilrådeleg å leggja vekt på dette i denne tida, for nett no veiftar monarkistane, nemleg det såkalla konstitusjonelt-«demokratiske» eller *Osvobosjdenije*-partiet i vårt land, med fana til «demokratiet». For å oppretta ein republikk er det heilt ut naudsynt å ha ei forsamling av representantar for folket. Ho må vera av folket (dvs. vald på grunnlag av allmenn og lik røysterett, beinveges og løynlege val), og grunnlovgjevande. Det er nett dette som vort gjort klårt lenger nede i resolusjonen frå kongressen. Men resolusjonen stansar ikkje med det. For å oppretta ei ny ordning «som verkeleg vil uttrykkja folkeviljen» er det ikkje nok å kalla ei representativ forsamling for ei grunnlovgjevande forsamling. Ei slik forsamling må ha autoritet og makt til å «gje grunnlover». Resolusjonen til kongressen er merksam på dette, og han avgrensar seg ikkje berre til den formelle parolen om «ei grunnlovgjevande forsamling», men set i tillegg opp dei materielle vilkåra som skal til for at ei slik forsamling kan utføra oppgå-

va si på skikkeleg vis. Denne klårgjeringa av dei vilkåra som set ei forsamling som er grunnlovgjevande i namnet i stand til å verta det i gagnet er tvingande naudsynt, for som vi meir enn ein gong har peika på, forvrengr det liberale borgarskapet, slik det vert representert av det konstitusjonelt-monarkistiske partiet, med vilje parolen om ei grunnlovgjevande forsamling av folket, og gjer han om til ein tom frase.

Resolusjonen frå kongressen slår fast at *berre* ei provisorisk revolusjonær regjering, som i tillegg er organ for ein sigerrik folkeoppstand, kan tryggja full fri-dom til å gjennomføra ein valkamp og kalla saman ei forsamling som verkeleg vil uttrykkja folkeviljen. Er denne tesen rett? Om nokon sette seg føre å reisa strid om han, måtte han hevda at det er mogleg for tsarregjeringa å stå på ei anna side enn reaksjonen, at det er mogleg for henne å stå nøytral under valet, og at ho vil sjå til at folkeviljen verkeleg kjem til uttrykk. Slike påstandar er så meiningslause at ingen ville våga å for-svara dei ope. Men dei vert smugla inn bakvegen i libe-rale klede av herrane i *Osvobosjdenije*. Einkvan må kalla saman den grunnlovgjevande forsamlinga, ein-kvan må garantera at vala går fritt og rettvist føre seg, einkvan må utstyra ei slik forsamling med full makt og autoritet. Berre ei revolusjonær regjering, som er or-gan for oppstanden, kan ynskja dette heilt oppriktig og er i stand til å gjera alt som krevst for å oppnå det. Tsarregjeringa vil uunngåeleg gå imot det. Ei liberal regjering som har kome overeins med tsaren og som ikkje lit fullt på den folkelege oppreisten, kan ikkje ynskja dette oppriktig, og kunne ikkje gjennomføra det, jamvel om ho ynskte det heilt oppriktig. Difor gjev resolusjonen frå kongressen den einaste rette og heilt ut heilskaplege demokratiske parolen.

Men ei vurdering av kva ei provisorisk revolusjonær regjering tyder, ville vera ufullstendig og feil dersom ein mista klassekarakteren til den demokratiske revo-lusjonen av syne. Resolusjonen legg difor til at ein re-

volusjon vil styrkja herredømet til borgarskapet. Det er uunngåeleg under det noverande, dvs. kapitalistiske, samfunnsøkonomiske systemet. Og om borgarskapet skal styrkja herredømet over eit proletariat som har tryggja seg ei viss mon politisk fridom, må det uunngåeleg føra til ein desperat kamp om makta mellom dei, må føra til at borgarskapet gjer desperate freistnader på å «ta frå proletariatet det som er vunne i den revolusjonære perioden». Difor må proletariatet, som står i fremste rekkje i kampen for demokratiet og leier denne kampen, ikkje ein einaste augneblink gløyma dei nye motsetningane som er innbygde i det borgarlege demokratiet, eller den nye kampen.

Såleis vurderer den delen av resolusjonen som vi nett har gått igjennom, fullt ut kva ei provisorisk revolusjonær regjering tyder både i høve til kampen for fridomen og for ein republikk, i høve til ei grunnlovgjevande forsamling og til den demokratiske revolusjonen som ryddar grunnen for ein ny klassekamp.

Det neste spørsmålet gjeld haldninga proletariatet har allment til ei provisorisk revolusjonær regjering. Resolusjonen frå kongressen gjev fyrst og fremst svar på dette med å rå partiet beinveges til å spreia den overtydinga i arbeidarklassen at ei provisorisk revolusjonær regjering er naudsynt. Arbeidarklassen må ver- ta merksam på at dette er naudsynt. Medan det «demokratiske» borgarskapet held spørsmålet om å styrta tsarregjeringa i bakgrunnen, må vi føra det fram i fremste rekkje og stå hardt på at det trengst ei provisorisk revolusjonær regjering. Og endå meir, vi må dra opp eit handlingsprogram for ei slik regjering som samsvarar med dei objektive vilkåra i perioden vi er inne i, og med måla til det proletariske demokratiet. Dette programmet er *heile* minimumsprogrammet til partiet vårt, programmet for dei mest nærliggjande politiske og økonomiske reformene som på den eine sida kan setjast fullt ut i livet på grunnlag av dei samfunnsøkonomiske tilhøva vi har, og på den andre sida

krevst for det neste steget framover, for å nå fram til sosialismen.

Såleis slår resolusjonen klårt fast naturen og føremålet med ei provisorisk revolusjonær regjering. I opphav og grunndrag må ei slik regjering vera organ for ein folkeleg oppreist. Ho må ha som formelt føremål å tena som ein reiskap for å kalla saman ei nasjonal grunnlovgjevande forsamling. Innhaldet i verksemda hennar må vera å setja minimumsprogrammet for det proletariske demokratiet ut i livet, det einaste programmet som er i stand til å verna om interessene til eit folk som har reist seg i opprør mot eineveldet.

Kanhende kan det hevdast at ei provisorisk regjering, som berre er provisorisk, ikkje kan setja i verk eit byggjande program som enno ikkje har fått noka godkjenning frå heile folket. Eit slikt argument ville berre vera sofisteri* frå dei reaksjonære og dei som held på eineveldet. Å vika attende frå å setja i verk eit byggjande program tyder å tola at det føydale styret til eit korrupt einevelde er til. Eit slikt styre kunne berre ei regjering av svikarar mot den revolusjonære saka tola, ikkje ei regjering som er organ for ein folkeleg oppstand. Det ville vera å håna alle og kvar og ein om vi gjorde framlegg om å la vera å setja i verk forsamlingsfridomen inntil ei grunnlovgjevande forsamling hadde stadfesta ein slik fridom, med den orsakinga at den grunnlovgjevande forsamlinga kanhende ikkje ville stadfesta forsamlingsfridomen. Det er like stor spott å gjera innvendingar mot at ei provisorisk revolusjonær regjering straks skulle setja minimumsprogrammet ut i livet.

Til sist vil vi peika på at resolusjonen ved å gje den provisoriske revolusjonære regjeringa til oppgåve å setja minimumsprogrammet ut i livet, stengjer ute dei meiningslause og halvanarkistiske ideane om å gjera

* *sofisteri* — (gresk) logiske feilslutningar, spissfindig ordkløyveri.
— *Red.*

maksimumsprogrammet til røyndom straks, og om å vinna makta for å få i stand ein sosialistisk revolusjon. Graden av økonomisk utvikling i Russland (eit objektivt vilkår) og graden dei breie proletarmassane står på når det gjeld klassemedvit og organisasjon (eit subjektivt vilkår som er uløseleg bunde til det objektive vilkåret) gjer det umogleg å frigjera arbeidarklassen straks og fullstendig. Berre dei mest uvitande menneske kan lata att augo for den borgarlege naturen til den demokratiske revolusjonen som no går føre seg, berre dei mest godtruande optimistane kan gløyma kor lite arbeidarmassane enno har fått vita om måla for sosialismen og metodane for å vinna fram til han. Vi er alle overtydde om at frigjeringa av arbeidarklassen må vinnast av arbeidarklassen sjølv. Ein sosialistisk revolusjon kjem ikkje på tale utan at massane vert klassemedvitne og organiserte, trenar og skolerte i ein open klassekamp mot heile borgarskapet. Som svar på dei anarkistiske innvendingane om at vi legg den sosialistiske revolusjonen til sides, seier vi: Vi legg han ikkje til sides, men vi tek fyrste steget mot han på den einaste moglege måten, langs den einaste rette vegen, nemleg vegen med ein demokratisk republikk. Den som ynskjer å nå sosialismen langs ein annan veg enn det politiske demokratiet, vil uunngåeleg nå fram til konklusjonar som er meiningslause og reaksjonære både økonomisk og politisk sett. Om nokon arbeidarar i denne augneblinken spør oss kvifor vi ikkje skal setja i gang med maksimumsprogrammet vårt, vil vi svara med å peika på kor langt dei demokratisk innstilte folkemassane enno er frå sosialismen, kor lite utvikla klasse-motsetningane enno er, og kor uorganiserte proletarane enno er. Organiser hundretusenvis av arbeidarar over heile Russland, få millionane til å sympatisera med programmet vårt! Prøv å gjera det utan å halda dykk til klangfulle, men tome anarkistiske frasar, og de vil straks få sjå at gode resultat for denne organisasjonen og spreiding av denne sosialistiske kunnskapen

kjem an på at den demokratiske omskapinga vert sett i verk så langt som mogleg.

Lat oss halda fram. Straks det vert gjort klårt kva ei provisorisk revolusjonær regjering tyder og kva haldning proletariatet har til henne, reiser dette spørsmålet seg: Er det tillateleg for oss å ta del i ei slik regjering (aksjon ovanfrå), og i så fall under kva vilkår? Korleis skal vi aksjonera nedanfrå? Resolusjonen gjev presise svar på både desse spørsmåla. Han slår med ettertrykk fast at det i prinsippet er *tillateleg* for sosialdemokrat-
tar å vera med i ei provisorisk revolusjonær regjering (under perioden med ein demokratisk revolusjon, perioden med kamp for ein republikk). Med denne kunngjeringa tek vi ein gong for alle fråstand både frå anarkistane, som i prinsippet svarar nei på spørsmålet, og frå halehenget i sosialdemokratiet (slike som Martynov og dei som stør *ny-Iskra*), som har *freista skremma* oss med utsiktene til at det kjem ei stode der det kan syna seg naudsynt for oss å ta del i ei slik regjering. Men denne kunngjeringa frå den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti avviste ugjenkalleleg ideen til den nye *Iskra* om at deltaking i ei provisorisk revolusjonær regjering ville vera ein variant av millerandisme,¹¹ at det er utillateleg i prinsippet, at det rettferdiggjjer den borgarlege ordninga osb.

Det er likevel opplagt at spørsmålet om kva som er tillateleg i prinsippet ikkje løyser spørsmålet om kva som er praktisk føremålstenleg. Under kva tilhøve er denne nye forma for kamp — kampen «ovanfrå» som partikongressen har godteke — føremålstenleg? Det seier seg sjølv at det er umogleg nett no å tala om konkrete tilhøve, slik som styrketilhøvet osb., og resolusjonen let sjølvsagt vera å slå fast desse tilhøva på førehand. Ikkje noko intelligent menneske ville våga seg til å spå noko om dette emnet nett no. Det vi kan og må gjera er å slå fast kvifor vi skal vera med, kva vi skal gjera og kva vi vil oppnå. Det er dette som vert

gjort i resolusjonen, som peikar på dei to føremåla vi har for å vera med: 1) Ein ubøyeleg strid mot kontra-revolusjonære framstøytar, og 2) forsvar for dei uavhengige interessene til arbeidarklassen. På ei tid då det liberale borgarskapet tek til å tala så ihuga om psykologien til reaksjonen (sjå det særskildt opplysende «opne brevet» til hr. Struve i *Osvovosjdenije* nr. 71) i ein freistnad på å skemma det revolusjonære folket og få det til å gje etter for eineveldet — på ei slik tid er det særleg høveleg for partiet til proletariatet å gjera merksam på oppgåva å føra ein verkeleg krig mot kontrarevolusjonen. I siste omgangen er det makt åleine som løyser dei store spørsmåla kring politisk fridom og klassekamp, og det er oppgåva vår å førebu og organisera denne makta og å nytta henne aktivt ikkje berre til forsvar, men òg til åtak. Det lange herredømet til den politiske reaksjonen i Europa, som har vart mest utan avbrot sidan Pariskommunen sine dagar, har gjort oss for mykje vane med den tanken at aksjonar berre kan førast fram «nedanfrå», har i for stor mon vent oss til å sjå berre defensive kampar. Vi har no utan tvil gått inn i ein ny tidbolk — ein periode med politiske skakingar og revolusjonar har teke til. I ein periode slik som den Russland no går igjennom, er det utillateleg om vi avgrensar oss til gamle, stivna formalar. Vi må propagandera tanken om aksjon ovanfrå, må bu oss på svært energiske og offensive aksjonar, og må studera vilkåra og formene for slike aksjonar. Resolusjonen frå kongressen set to av desse vilkåra i fremste rekkje: Eitt viser til den formelle sida ved sosialdemokratisk deltaking i ei provisorisk revolusjonær regjering (streng kontroll frå partiet over representantane sine), den andre til kva natur ei slik deltaking får (utan ein einaste augeblink å mista av syne målet å setja ut i livet ein fullstendig sosialistisk revolusjon).

Når resolusjonen på denne måten har forklåra alle sidene ved politikken til partiet med omsyn til aksjon

«ovanfrå» — denne nye kampmetoden som hittil nesten ikkje har hatt sin make — tek han òg omsyn til om det skulle skje at vi ikkje vert i stand til å handla ovanfrå. Vi må i alle høve pressa på den provisoriske revolusjonære regjeringa nedanfrå. For å kunna driva dette presset nedanfrå må proletariatet vera væpna — for i ein revolusjonær situasjon utviklar tilhøva seg uvanleg snøgt til stadiet med open borgarkrig — og det må stå under leiing av det sosialdemokratiske partiet. Målet med væpna press er «å forsvara, grunnfesta og utvida det som er vunne i revolusjonen», dvs. dei vinnigane som sett ut ifrå interessene til proletariatet går ut på å fullføra heile minimumsprogrammet vårt.

Med dette sluttar vi den stutte analysen vår av resolusjonen til den tredje kongressen om ei provisorisk revolusjonær regjering. Som lesaren vil sjå, forklårar resolusjonen kor viktig dette nye spørsmålet er, kva haldning partiet til proletariatet skal ta til det, og kva politikk partiet må fylgja både innanfor ei provisorisk revolusjonær regjering og utanfor henne.

Lat oss no sjå på den tilsvarande resolusjonen frå «konferansen».

3. KVA VERT MEINT MED «DEN AVGJERANDE SIGEREN FOR REVOLUSJONEN OVER TSARISMEN»?

Resolusjonen frå «konferansen» tek for seg spørsmålet: *«Om å vinna makta og bli med i ei provisorisk regjering»*. * Som vi alt har peika på, er sjølv den måten spørsmålet vert stilt på forvirrande. På eine sida vert spørsmålet lagt fram på ein snever måte: Det tek berre for seg at vi skal vera med i ei provisorisk regjering og

* Heile teksten på denne resolusjonen kan lesaren setja saman frå sitata på sidene 400, 403, 407, 431 og 433 i brosjyren. (Lenins merknad til utgåva frå 1907. Sjå sidene 27, 34—35, 41, 83, 87—88 i dette bandet. — *Red.*)

ikkje oppgåvene til partiet når det gjeld ei provisorisk revolusjonær regjering allment sett. På andre sida vert to fullstendig ulike spørsmål blanda ihop, nemleg spørsmålet om at vi skal vera med i eitt av stadia til den *demokratiske* revolusjonen, og spørsmålet om den *sosialistiske* revolusjonen. Faktisk er det at sosialdemokratiet «vinn makta» nett ein sosialistisk revolusjon, det kan heller ikkje vera anna om vi nyttar desse orda i den beinveges og vanlege tydinga av dei. Men dersom vi skal forstå desse orda slik at dei tyder ein demokratisk revolusjon og ikkje ein sosialistisk revolusjon skal vinna makta, kva er då vitsen med å tala ikkje berre om deltaking i ei provisorisk revolusjonær regjering, men òg om «å vinna makta» *allment sett*? Tydelegvis var ikkje «konferansedeltakarane» våre vidare sikre sjølve på kva dei skulle tala om — den demokratiske eller den sosialistiske revolusjonen. Dei som har fylgt med i litteraturen om dette spørsmålet, veit at det var kamerat Martynov som starta denne forvirringa i si berykta *To diktatur*. Ny-Iskraittane er lite huga på å minnast korleis dette spørsmålet vart lagt fram (jamvel før 9. januar)¹² i dette føredømet på halehengskrivning. Like fullt kan det ikkje vera tvil om at det hadde ideologisk innverknad på konferansen.

Men nok om tittelen på resolusjonen. Innhaldet i han avslørar feil som utan jamføring er alvorlegare og djupare. Her er fyrste delen:

«Ein avgjerande siger for revolusjonen over tsarismen kan markerast anten med at det vert skipa ei provisorisk regjering, som vil stiga fram frå ein sigrande folkeoppstand, eller ved det revolusjonære initiativet til ein representativ institusjon av eit eller anna slag, som under beinveges revolusjonært press frå folket vedtek å oppretta ei grunnlovgejvande forsamling av folket.»

Slik vert vi fortalde at ein avgjerande siger for revolusjonen over tsarismen kan markerast anten ved ein sigrande oppstand, eller ... ved at ein representativ in-

stitusjon vedtek å oppretta ei grunnlovgjevande forsamling! Kva tyder dette? Korleis skal vi forstå det? Ein avgjerande siger kan markerast med eit «vedtak» om å få i stand ei grunnlovgjevande forsamling?? Og ein slik «siger» vert sett side om side med at det vert skipa ei provisorisk regjering som vil «stiga fram frå ein sigrande folkeoppstand»!! Konferansen greidde ikkje merkja seg at ein *sigrande* folkeoppstand og *skipinga* av ei provisorisk regjering ville tyda at revolusjonen sigra *i røynda*, medan eit «vedtak» om å oppretta ei grunnlovgjevande forsamling ville tyda at revolusjonen berre sigra *i ord*.

Konferansen til ny-*Iskra*-mensjevikanane gjorde nett den same feilen som liberalarane, *Osvobosjdenije*-gruppa ustanseleg gjer. *Osvobosjdenije*-gruppa skravlar om ei «grunnlovgjevande» forsamling, men let skamfulle att augo for den kjensgjerninga at makta og autoriteten framleis ligg i hendene på tsaren, og gløymmer at for å «oppretta» noko må ein ha *makta* til å gjera det. Konferansen gløymde òg at det er eit langt sprang frå eit «vedtak» ein del representantar tek — same kven dei er — til at dette vedtaket vert sett ut i livet. Konferansen gløymde òg at så lenge makta enno ligg i hendene på tsaren, vil alle vedtak, same kva slag representantar det er som gjer dei, vera tomt og ynkeleg skravl, på same måten som «vedtaka» til Frankfurt-parlamentet, som er kjend frå historia til den tyske revolusjonen i 1848.* Marx, som representerte det revolusjonære proletariatet, hudfletta liberalarane av *Osvobosjdenije*-typen i Frankfurt med nådelaus spott i bladet sitt *Neue Rheinische Zeitung*.¹³ Dette gjorde han nett av di dei kom med fine ord, gjorde demokratiske «vedtak» av alle slag, «oppretta» fridomar av alle slag, til same tid som dei i *røynda* let mak-

* *Frankfurt-parlamentet* — Den fyrste tyske nasjonalforsamlinga, kalla saman etter revolusjonen i 1848. Hadde over 600 representantar, men vart oppløyst utan å setja seg til motverge i 1849 etter ei rekkje papirvedtak. — *Red.*

ta liggja i hendene på kongen og let vera å organisera væpna kamp mot dei militære styrkane kongen rådde over. Og medan *Osvobosjdenije*-liberalarane i Frankfurt skravla, venta kongen til hans tid var inne og styrka militærmakta si, og kontrarevolusjonen, som leit på røyndleg makt, knuste demokratane fullstendig, med alle deira fine «vedtak».

Konferansen sidestiller ein avgjerande siger med nett det som manglar det vesentlege vilkåret for sigeren. Korleis var det mogleg for sosialdemokratar, som godtek det republikanske programmet til partiet vårt, å gjera ein slik feil? For å forstå dette merkelege fenomenet må vi venda oss til resolusjonen frå den tredje kongressen om utbrytardelen frå partiet.* Denne reso-

* Vi gjev att denne resolusjonen i heilskap. «Kongressen merkar seg at etter den tida då partiet kjempa mot økonomismen, har visse straumdrag som er i slekt med økonomismen på ulike felt og i ulik mon overlevd i RSDAP. Dei avslørar ein utbreidd tendens til å seia at dei klassemedvitne elementa i den proletariske kampen er mindre viktige enn dei er, og underordnar dei i høve til det spontane elementet. I organisasjonsspørsmål legg representantane for desse straumdraga i teorien fram prinsippet om organisasjon som prosess, noko som ikkje harmoniserar med metodisk utført partiarbeid. Til same tid avvik dei i praksis systematisk frå partidisiplinen i svært mange høve. I andre høve forkynner dei for dei minst opplyste delane av partiet tanken om å nytta ut valprinsippet i vidt omfang, utan å ta omsyn til dei objektive vilkåra for livet i Russland. Slik strevar dei for å undergrava det einaste grunnlaget for partibanda som er mogleg nett no. I taktiske spørsmål avslørar dei at dei strevar etter å innnevra spelromet for partiarbeidet. Dei kunngjer at dei går imot at partiet fylgjer ein heilt sjølvstendig taktikk i høve til dei liberalborgarlege partia, nektar for at det er mogleg og ynskjeleg at partiet vårt tek på seg rolla som organisator for oppstanden til folket, og går imot at partiet skal bli med i ei provisorisk demokratisk-revolusjonær regjering under alle høve.

Kongressen gjev alle partimedlemmer over alt instruks om å føra ein energisk ideologisk kamp mot slike delvise avvik frå prinsippa til det revolusjonære sosialdemokratiet. Kongressen meiner likevel samstundes at folk som i større eller mindre grad har slike synspunkt, kan vera med i partiorganisasjoner på det ufråvikelege vilkår at dei godtek partikongressane og partivedtektene og fullt ut underkastar seg partidisiplinen.» (Lenins merknad til utgåva frå 1907. — *Red.*)

lusjonen viser til at det finst visse straumdrag som er «i slekt med økonomisme» i partiet vårt. «Konferansedeltakarane» våre (det er ikkje tilfeldig at dei er ideologisk påverka av Martynov) snakkar om revolusjonen på nett same måten som økonomistane snakka om den politiske kampen eller åttetimarsdagen. Økonomistane kom straks fram med «teorien om stadia»: 1) Kampen for rettar. 2) Politisk agitasjon. 3) Politisk kamp. Eller: 1) Titimarsdagen. 2) Nitimarsdagen. 3) Åttetimarsdagen. Resultata av denne «taktikken som prosess» er tilstrekkeleg godt kjende for alle. No vert vi bedne inn til å gjera ei førebels og fin inndeling av revolusjonen òg i dei fylgjande stadia: 1) Tsaren kallar inn ein representativ institusjon. 2) Denne institusjonen «vedtek» etter press frå «folket» å oppretta ei grunnlovgjevande forsamling. 3) ... Mensjevikanane har enno ikkje vorte samde med seg sjølve om det tredje stadiet. Dei har gløymt at det revolusjonære præsset frå folket vil verta møtt med kontrarevolusjonært press frå tsarismen, og at «vedtaket» difor anten vil verta ståande uoppfylt, eller at saka trass i alt vil verta avgjort gjennom at ein folkeoppstand sigrar eller lir nederlag. Resolusjonen til konferansen er ein kopi av dette resonnementet til økonomistane: Ein avgjerande siger for arbeidarane kan markerast anten med at åttetimarsdagen vert gjort til røyndom på revolusjonært vis, eller ved at vi får titimarsdagen og eit «vedtak» om gå gå over til nitimarsdag ... Kopien er perfekt.

Det kan innvendast mot oss at dei som forfatta resolusjonen ikkje meinte å *likestilla* at ein oppstand skulle sigrar med eit «vedtak» i ein representativ institusjon som tsaren hadde kalla saman, og at dei berre ynskte å ta vare på taktikken til partiet i båe høva. Til det vil vi svara: 1) Teksten i resolusjonen skildrar klårt og utvetydig *vedtaket* i ein representativ institusjon som «ein avgjerande siger for revolusjonen over tsarismen». Kanhende er dette eit resultat av uforsiktig ordlegging, kanhende kunne det rettast med å jamføra med refera-

ta, men inntil det er retta, kan den ordlegginga som står berre ha ei tyding, og den tydinga er heilt i samsvare med korleis det vert resonnert i *Osvobosjdenije*. 2) *Osvobosjdenije*-måten å resonnera på, som dei som har forfatta resolusjonen har glidd heilt inn i, kjem langt klårare til uttrykk i andre litterære produkt frå ny-*Iskra*-gruppa. Til dømes går *Sosialdemokraten*¹⁴ organ for Tbilisi-komiteen (kjem ut på grusisk, vert hylla i *Iskra* nr. 100) så langt i artikkelen «Zemski Sobor* og taktikken vår» at dei seier ein «taktikk» «som vil gjera Zemski Sobor til senter for aksjonane våre» (og vi kan leggja til at det enno ikkje er kome fram noko avgjort om når den skal kallast saman!) «*er meir til vår fordel*» enn «taktikken» med oppstand og å skipa ei provisorisk revolusjonær regjering. Vi vil visa til denne artikkelen igjen seinare. 3) Det kan ikkje gjerast nokon innvendingar mot ein førebels diskusjon om kva taktikk partiet burde nytta seg av både i tilfelle revolusjonen skulle sigra og i tilfelle han skulle li nederlag, både i tilfelle ein oppstand skulle lykkast og i tilfelle han ikkje skulle makta utvikla seg til noka alvorleg kraft. Det er mogleg tsarregjeringa vil lykkast i å kalla inn ei representativ forsamling med det for auga å få i stand ein avtale med det liberale borgarskapet. Resolusjonen frå den tredje kongressen tek omsyn til at dette kan skje og talar rett ut om «hyklarpolitikk», «liksom-demokrati», «eit vrangbilete av ein folkerepresentasjon, slik som den såkalla Zemski Sobor».**

* *Zemski Sobor* — namn på russiske stenderforsamlingar av rådgjevande karakter som var kalla saman på 15- og 1600-talet. Etter januarhendingane i 1905 var det fleire krefter i regjeringa som ynskte å gjenoppretta eit slikt «parlament». — *Red.*

** Her fylgjer teksten i denne resolusjonen om haldninga til taktikken til regjeringa like før revolusjonen bryt ut:

«Ut ifrå at regjeringa ynskjer å halda seg ved makta under den revolusjonære perioden vi er inne i, og samstundes som ho forsterkar dei vanlege undertrykkingsåtgjerdene som i hovudsak er retta mot dei klassemedvitne elementa i proletariatet; 1) Freistar med hjelp av konsesjonar og lovnader om reform å korrumpere arbeidarklassen

Men heile poenget er at dette ikkje vert sagt i ein resolusjon om ei provisorisk revolusjonær regjering, for det hadde ikkje noko å gjera med ei provisorisk revolusjonær regjering. Dette tilfellet utset problemet med oppstanden og skipa ei provisorisk revolusjonær regjering, det endrar dette problemet, osb. Det saka gjeld no i dag, er ikkje at alle slag kombinasjonar er moglege, at det er mogleg med både siger og nederlag, eller at det kan finnast vegar som fører beint på eller som går omvegar. Poenget er at det er utillateleg for sosialdemokratar å så forvirring mellom arbeidarane om kva som er den ekte revolusjonære vegen, at det er utillateleg å gjera slik *Osvobosjdenije* gjer, å kalla noko som manglar det *viktigaste* vilkåret for ein siger.

politisk og gjennom det å leia dei bort frå den revolusjonære kampen; 2) Med det same for auga kler den hyklariske konsesjonspolitikken sin i liksom-demokratiske former, som strekkjer seg frå å by arbeidarane inn til å velja eigne representantar til kommisjonar og konferansar, til å oppretta eit vrangbilete av ein folkerepresentasjon, slik som den såkalla Zemski Sobor; 3) Organiserer dei såkalla Svartehundra,¹⁵ og eggjar opp mot revolusjonen alle dei elementa av folket i det heile som er reaksjonære, uvitande, eller blinda av rasehat eller religiøst hat:

Vedtek den tredje kongressen til RSDAP å oppmoda alle partiorganisasjonane:

a) Samstundes som dei avslører det reaksjonære føremålet med innrømmingane til regjeringa, må dei i propagandaen og agitasjonen leggja vekt på at dei på eine sida vart tvinga fram med makt, og på andre sida at det er fullstendig umogleg for eineveldet å gje reformer som er tilfredsstillande for proletariatet;

b) Dra føremon av valkampen til å forklåra for arbeidarane kva desse åtgjerdene til regjeringa retteleg tyder, og å syna at det er naudsynt at proletariatet kallar saman ei grunnlovgjevande forsamling med revolusjonære metodar på grunnlag av allmenn og lik røysterett, beinveges og løynlege val;

c) Å organisera proletariatet for å setja åttetimarsdagen ut i livet straks på revolusjonært vis, og for dei andre næraste krava til arbeidarklassen;

d) Å organisera væpna motstand mot aksjonane til Svartehundra, og i det heile til alle dei reaksjonære elementa som regjeringa leier.» (Lenins merknad til utgåva frå 1907. — *Red.*)

Det er mogleg vi kan vinna jamvel åttetimarsdagen, ikkje med eitt slag, men berre med å fylgja ein lang omveg. Men kva ville de seia om ein mann som kallar det ein siger for arbeidarane, når det er tale om slik avmakt, slik veikskap som gjer proletariatet *ute av stand* til å motverka forhaling, utsetjingar, tautrekking, svik og reaksjon? Det er mogleg den russiske revolusjonen vil enda med ei «daudfødd forfatning», slik det ein gong vart slege fast i *Vperjod*,* men kan det rettferdiggjera at ein sosialdemokrat som står rett framfor ein avgjerande strid kallar denne daudfødselen ein «avgjerande siger over tsarismen»? Det er mogleg at vi i verste fall ikkje berre let republikken glippa frå oss, men at jamvel forfatninga vert ein illusjon, ei forfatning «på Sjipov-vis»,¹⁶ men ville det vera tilgjeveleg for ein sosialdemokrat å tona ned den republikanske parolen vår?

Sjølvsagt har ikkje ny-iskraittane enno gått så langt at dei har tona han ned. Men i kor stor mon den revolusjonære ånda har forlate dei, i kor stor mon dei er vortne blinda av livlaust pedanteri slik at dei ikkje ser kampoppgåvene i tida, syner seg gjennom at dei i resolusjonen sin av alle ting *gløymer* å seia eitt ord om republikken. Det er utruleg, men det er ei kjensgjerning. Alle parolane til sosialdemokratiet vart stadfesta, oppattekte, forklåra og lagde fram i detalj i dei ymse resolusjonane på konferansen, det vart ikkje eingong gløymt at arbeidarane skal velja tillitsmenn og målsmenn. Men dei fann rett og slett ikkje noko høve til å nemna republikken i ein resolusjon om ei provisorisk

* *Avisa Vperjod*, som vart utgjeve i Genève, tok til å koma ut i januar 1905 som organet for den bolsjevikiske delen av partiet. Frå januar til mai kom det ut atten nummer. I mai vart *Vperjod* bytt ut med *Proletari* som hovudorgan for RSDAP, som fylgje av vedtak på den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti. (Denne kongressen gjekk føre seg i London i mai. Mensjevikane møtte ikkje der, men organiserte sin eigen «konferanse» i Genève.) (Lenins merknad til utgåva frå 1907. — *Red.*)

revolusjonær regjering. Å tala om «siger» for oppstanden til folket, om å skipa ei provisorisk regjering utan å peika på kva desse «stega» og handlingane har å gjera med å vinna fram til ein republikk, det er jamgodt med å padla rundt i kjølvatnet etter den proletariske rørsle, og ikkje å gje rettleiing for den proletariske kampen.

For å summera opp: Fyrste delen av resolusjonen 1) gav inga forklaring i det heile på kva ei provisorisk revolusjonær regjering tyder når det gjeld kampen for ein republikk og å tryggja ei ekte grunnlovgjevande forsamling som verkeleg er av folket, 2) forvirra det demokratiske medvitet til proletariatet med å setja den avgjerande sigeren for revolusjonen over tsarismen på lik line med ein tilstand der nett dei viktigaste vilkåra for ein verkeleg siger manglar.

4. AVSKAFFING AV MONARKIET. REPUBLICKEN

Lat oss gå over til neste delen av resolusjonen: « ... i båe høve vil ein slik siger innleia ein ny fase i den revolusjonære tidbolken.

Å endeleg avskaffa heile regimet til monarkiet og samfunnsstendene i prosessen med innbyrdes kamp mellom elementa i det politisk frigjorte borgarlege samfunnet for å tilfredsstilla dei samfunnsmessige interessene sine og for å vinna makta beinveges — dette er oppgåva i denne nye fasen som dei objektive vilkåra for samfunnsutviklinga spontant kallar fram.

Ei provisorisk regjering som vil ta på seg å setja ut i livet oppgåvene til denne revolusjonen som etter den historiske karakteren sin er borgarleg, må difor, med di ho regulerer den innbyrdes kampen mellom motstridande klassar i ein nasjon som er i ferd med å frigjera seg, ikkje berre fremja ei revolusjonær utvikling, men

øg kjempa mot faktorar i denne utviklinga som trugar grunnlaget for det kapitalistiske systemet.»

Lat oss gå igjennom dette avsnittet, som er ein sjølvstendig del av resolusjonen. Den grunnleggjande ideen i argumentasjonen som er gjeven att ovanfor, fell saman med den som er lagt fram i tredje punktet i resolusjonen frå kongressen. Om vi samanliknar desse delane i dei to resolusjonane, vil det likevel straks avsløra at dei er grunnleggjande ulike. Resolusjonen frå kongressen, som kort skildrar det samfunnsøkonomiske grunnlaget for revolusjonen, samlar merksemda heilt og fullt om den reinskorne kampen mellom klasane om klåre vinningar, og set kampoppgåvene til proletariatet i fremste rekkja. Resolusjonen frå konferansen, som inneheld ein lang, tåkete og forvirra skildring av det samfunnsøkonomiske grunnlaget for revolusjonen, talar svært uklårt om ein kamp for klåre vinningar, og let kampoppgåvene til proletariatet ligga heilt i bakgrunnen. Resolusjonen frå konferansen talar om å avskaffa den gamle ordninga i prosessen med innbyrdes kamp mellom dei ulike elementa i samfunnet. Resolusjonen frå kongressen seier at vi, partiet til proletariatet, må stå for denne avskaffinga, at berre det å oppretta ein demokratisk republikk tyder å verkeleg avskaffa den gamle ordninga, at vi må vinna denne republikken, at vi skal kjempa for det og for full fridom, ikkje berre mot eineveldet, men òg mot borgarskapet, når det freistar (og det vil det for visst gjera) å vri det vi har vunne ut av hendene våre. Resolusjonen frå kongressen oppmodar ein særskilt klasse om å føra kamp for eit klårt fastlagt nærliggjande mål. Resolusjonen frå kongressen drøftar den innbyrdes kampen mellom ulike krefter. Ein resolusjon uttrykkjer sannelaget til den aktive kampen, den andre sannelaget til ein passiv tilskodar. Ein gjenlyder av kravet om levande handling, den andre er gjennomtrengt av livlaust pedanteri. Båe resolusjonane slår fast at den revolusjonen vi no er inne i berre er fyrste steget,

som vil få fylgje av eit neste steg. Men av dette dreg den eine den konklusjonen at vi må ta dette steget så raskt som råd, få det unnagjort så raskt som råd, vinna ein republikk, knusa kontrarevolusjonen nådelaut, og førebu grunnen for det andre steget. Den andre resolusjonen osar for sin del så å seia av ordhage skildringar av det fyrste steget, og (orsak det grove uttrykket) beintfram drøvtygg det. Resolusjonen frå kongressen nyttar dei gamle, og likevel evigunge ideane i marxismen (den borgarlege naturen til ein demokratisk revolusjon) som eit føreord eller ein fyrste premiss, og derifrå dreg han konklusjonar om dei progressive oppgåvene til den progressive klassen, som kjemper både for den demokratiske og for den sosialistiske revolusjonen. Resolusjonen frå konferansen går ikkje ut over føreordet, han tygg det omatt og omatt, og freistar tenkja glupt om det.

Det er nett det skiljet som lenge har delt dei russiske marxistane i to fløyar: den moraliserande og den militante fløya i dei gamle dagane til den «legale marxismen», og den økonomiske og den politiske fløya i perioden med den gryande masserørsla. Frå det korrekte marxistiske premisset om dei djupe økonomiske røtene til klassekampen i det heile og den politiske kampen særskilt, har økonomistane drege den særmerkte konklusjonen at vi må snu ryggen til den politiske kampen og seinka utviklinga hans, snevra inn virkefeltet for han, og slå ned på måla for han. Den politiske fløya derimot, har drege ein annan konklusjon av det same premisset, nemleg at di djupare røter den kampen vi no er oppe i har, di vidare, di djervare, di meir fullrådd og med di større initiativ må vi føra denne kampen. Vi har nett den same usemja framfor oss no, berre under ulike omstende og i ei ulik form. Frå premissa at ein demokratisk revolusjon er langt frå å vera nokon sosialistisk revolusjon, at dei fattige og trengande på ingen måte er dei einaste som har «interesse» av han, at han har djupe røter i dei ufråvikelege behova

og krava til *heile* det borgarlege samfunnet — frå desse premissa dreg vi den konklusjonen at den framskridne klassen må forma ut dei demokratiske måla sine endå djervare, uttrykkja dei endå skarpere og meir fullstendig. Den framskridne klassen må setja fram parolen om ein republikk straks, og gjera kjent for folket tanken om at det trengst å skipa ei provisorisk revolusjonær regjering og å knusa kontrarevolusjonen nådelaust. Men motstandarane våre, ny-*Iskra*-gruppa, dei dreg ut frå nett dei same premissane at dei demokratiske konklusjonane ikkje bør uttrykkjast fullt ut, at republikken kan utelatast frå dei praktiske parolane, at vi kan avstå frå å gjera kjent for folket tanken om at det trengst ei provisorisk revolusjonær regjering, at eit snaut vedtak om å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling kan kallast ein avgjerande siger, at ein ikkje treng hjelpa fram oppgåva med å kjempa ned kontrarevolusjonen som noko aktivt mål, slik at ho kan druknast i ei tåkete (og som vi skal få sjå, feil formulert) tilvising til ein «prosess med innbyrdes kamp». Dette er ikkje språket til politiske leiarar, men til inntørka arkivmenneske.

Di nærare ein går inn på dei ulike formuleringane i resolusjonen til ny-*Iskra*-gruppa, di klårare vert dei grunndraga som før er nemnde. Vi får t.d. høyra om ein «prosess med innbyrdes kamp mellom elementa i det politisk frigjorte borgarlege samfunnet». Når ein minnest kva emne denne resolusjonen tek opp (ei provisorisk revolusjonær regjering), spør ein forundra: «Dersom de viser til ein prosess med innbyrdes kamp, korleis kan de teia om dei elementa som *slavebind* det borgarlege samfunnet politisk? Føresteller «konferansedeltakarane» seg verkeleg at desse elementa alt har kome bort, med di dei har tenkt seg at revolusjonen vil sigra?» Ein slik tanke ville allment sett vera meiningslaus, og særskilt eit uttrykk for overlag stort politisk einfald og kortsyn. Etter at revolusjonen har sigra over kontrarevolusjonen, vil ikkje den siste forsvinna.

Tvert om vil han uunngåeleg byrja ein ny og jamvel meir desperat kamp. Sidan målet med resolusjonen vår er å analysa dei oppgåvene vi står framfor når revolusjonen sigrar, er det vår skuldnad å vera overlag merksame på oppgåva å visa attende kontrarevolusjonære åtak (slik det vert gjort i resolusjonen frå kongressen), og ikkje å drukna desse heilt nærliggjande, tvingande og livsviktige politiske oppgåvene til eit kjempande parti i allmenne diskusjonar om kva som vil skje *etter* den revolusjonære perioden vi no er inne i, eller kva som vil henda når det alt finst eit «politisk *frigjort* samfunn». Like eins som økonomistane med å herma opp att den sjølsagde sanninga at politikken er underordna økonomien ville dekkja over at dei ikkje makta skjøna tvingande politiske oppgåver, dekkjer ny-*Iskra*-gruppa med å herma opp att den sjølsagde sanninga at det vil gå føre seg kampar i eit politisk frigjort samfunn over at dei ikkje maktar skjøna den tvingande revolusjonære oppgåva med å *frigjera* dette samfunnet politisk.

Ta uttrykket «Å endeleg avskaffa heile regimet til monarkiet og samfunnstendene». Å avskaffa det monarkistiske systemet endeleg tyder i vanleg språkbruk å oppretta ein demokratisk republikk. Men vår kjære Martynov og dei som beundrar han trur dette uttrykket er alt for klårt og enkelt. Dei går hardt inn for å «utdjupa» det og leggja det fram på ein «visare» måte. Som resultat får vi på eine sida lattelege og forgjeves freistnader på å verka djupe, på andre sida får vi ei skildring i staden for ein parole, eit slag melankolsk tilbakesyn i staden for ein manande appell om å marsjera framover. Vi får inntrykk ikkje av levande menneske som ivrar etter å kjempa for ein republikk her og no, men av ein hop forvitra mumiar som *sub specie aeternitatis** vurderer saka frå *pluskvamperfektums*** synsstad.

* *sub specie aeternitatis* — frå det æveleges synsstad. — Red.

** *pluskvamperfektum* — avslutta fortid, t.d. «hadde vore». — Red.

Lat oss halda fram: « ... den provisoriske regjeringa ... ville ta på seg å setja ut i livet oppgåvene til denne ... borgarlege revolusjonen» ... Her ser vi straks resultatet av at konferansedeltakarane har oversett eit konkret spørsmål som dei politiske leiarane til proletaria-tet står framfor. Det konkrete spørsmålet om ei provisorisk revolusjonær regjering har vorte fortrent frå synsfeltet av spørsmålet om rekkja av framtidige regjer-ingar som vil setja ut i livet måla med den borgarlege revolusjonen allment sett. Om de ynskjer å vurdere spørsmålet «historisk», vil kva europeisk land som helst stå som døme for dykk på at det var ei rekkje regjeringar som på ingen måte var «provisoriske», som sette ut i livet dei historiske måla for den borgarlege revolusjonen; at jamvel regjeringar som slo ned revolusjonen like fullt vart tvinga til å setja ut i livet dei hi-storiske måla for denne nedslegne revolusjonen. Men det de talar om vert ikkje kalla ei «provisorisk revolu-sjonær regjering». Det er det namnet regjeringa i ein revolusjonær epoke får, ei regjering som straks kjem i staden for den som er styrta og som kviler på oppstan-den til folket, og ikkje på eit slag representativ institu-sjon som kjem frå folket. Ei provisorisk revolusjonær regjering er kamporganet for at revolusjonen skal sig-ra straks, for at freistnader på kontrarevolusjon skal visast attende straks, og ikkje i det heile noko organ for å gjennomføra dei historiske måla for den borgar-lege revolusjonen allment sett. Lat oss overlata det til dei framtidige historikarane i eit framtidig *Russkaja Starina*¹⁷ å avgjera nøyaktig kva for mål for den bor-garlege revolusjonen vi, eller ei anna regjering vil ha oppnådd. Det vil vera tid nok til å gjera det om tretti år. Nett no må vi leggja fram parolar og gje praktisk rettleiing om kampen for ein republikk og for at prole-tariatet skal vera svært aktivt med i denne kampen.

Av dei årsakene som er nemnde er òg dei siste set-ningane i den delen av resolusjonen som er sitert ovan-for utilfredsstillande. Uttrykket at den provisoriske re-

gjeringa må «regulera» den innbyrdes kampen mellom dei motstridande klassane er svært dumt, eller i det minste klossete sagt. Marxistar burde ikkje nytta slike liberal-*osvobosjdenjiske* ordleggingar som vil ha oss til å tru at det var mogleg med regjeringar som ikkje tente som organ for klassekampen, men som «regulatorar» for han. ... Regjeringa skulle «ikkje berre fremja ei revolusjonær utvikling, men òg kjempa mot faktorar i denne utviklinga som trugar grunnlaget for det kapitalistiske systemet». Men det er proletariatet, som resolusjonen talar i namnet til, som utgjer denne «faktoren»! I staden for å peika på nett korleis proletaria-tet burde «fremja ei revolusjonær utvikling» i desse ti-der (føra ho lenger fram enn det konstitusjonelle borgarskapet bryr seg om å gjera), i staden for råd om korleis ein skal gjera klåre førebuingar for kampen mot borgarskapet når det vender seg mot det revolu-sjonen har vunne, får vi ei allmenn skildring av ein prosess, ei skildring som ikkje seier noko om dei kon-krete måla for verksemda *vår*. Ny-*Iskra*-måten å ut-trykkja synet sitt på minner om korleis Marx såg på dei gamle marxistane som stod framande for dei dia-lektiske ideane (slik dette synet kjem fram i dei vid-kjende Feuerbach-tesane). Filosofane har berre *tolka* verda på ulike måtar, sa Marx, men det som gjeld er å *forandra* henne.* På liknande vis kan ny-*Iskra*-gruppa gje ei godtakande skildring og forklåring av den kampprosessen som går føre seg framfor augo deira, men dei er fullstendig ute av stand til å koma med ein korrekt parole for denne kampen. Dei er gode til å marsjera, men dårlege til å leia. På den måten verdset dei det materialistiske historiesynet for lågt, slik at dei overser den aktive, leiande og førande rolla som kan og må spelast i historia av parti som har skjøna dei materielle krava ein revolusjon stiller og har stilt seg i brodden for dei progressive klassane.

* Sjå Marx, «Tesar om Feuerbach» (1845) Marx/Engels, *Verk*, tysk utg., b. 3, s. 5—9. — *Red.*

5. KORLEIS BØR «REVOLUSJONEN FREMFAST»?

Lat oss sitera frå neste avsnittet i resolusjonen:

«Under slike vilkår må sosialdemokratiet leggja vinn på å halda oppe ei stilling gjennom heile revolusjonen som best gjer det mogleg for det å føra revolusjonen vidare framover, ikkje bind hendene på sosialdemokratiet i kampen mot den inkonsekvente og sjølvkjære politikken til dei borgarlege partia, og verna det mot å verta oppløyst i det borgarlege demokratiet.

Difor må ikkje sosialdemokratiet setja seg som mål å gripa eller dela makta i den provisoriske regjeringa, men må vera partiet til den ytste revolusjonære opposisjonen.»

Vi er overmåte glade for rådet om å ta ei stilling som best gjer det mogleg å føra revolusjonen vidare framover. Vi ville berre ha ynskt at dette gode rådet vart fylgt av ei direkte påvising av korleis sosialdemokratiet skal føra revolusjonen vidare nett no, i den politiske stoda vi står oppe i, i ein periode med ryktesnakk, gissingar og prat og planar om å kalla samantalsmenn for folket. Kan revolusjonen no førast vidare framover av dei som ikkje greier forstå faren i *Osvobosjdenije*-teorien om «kompromiss» mellom folket og tsaren, av dei som kallar berre eit «vedtak» om å kalla saman ei grunnlovgevande forsamling ein siger, som ikkje set seg sjølv den oppgåva å føra fram aktiv propaganda for tanken om at det trengst ei provisorisk revolusjonær regjering, eller som set parolen om ein demokratisk republikk i bakgrunnen? Slike folk *dreg i røynda revolusjonen attover*, for når det gjeld *praktisk politikk*, har dei stansa på same nivået som *Osvobosjdenije*. Kva nytte har det at vi godkjenner eit program som krev at eineveldet skal bytast ut

med ein republikk, dersom dei utelet parolen om å kjempa for ein republikk i ein resolusjon om taktikk som skal slå fast dei noverande og næraste oppgåvene til partiet i perioden med revolusjon? Dette er stillinga til *Osvobosjdenije*, stillinga til det konstitusjonalistiske borgarskapet, som no i røynda særmerkjer seg at dei ser eit vedtak om å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling av folket som ein avgjerande siger, til same tid som dei held seg dydig stille når det gjeld spørsmålet om ei provisorisk revolusjonær regjering og ein republikk! For å føra revolusjonen *framover*, ut over dei grensene som det monarkistiske borgarskapet fører han til, er det naudsynt aktivt å laga, leggja vekt på og føra i framgrunnen parolar som *utelet* det «inkonsekvente» i det borgarlege demokratiet. Nett no er det *berre to* slike parolar: 1) Ei provisorisk revolusjonær regjering, og 2) ein republikk, av di parolen om ei grunnlovgjevande forsamling av folket *er godteken* av det monarkistiske borgarskapet (sjå programmet til *Osvobosjdenije*-sambandet).¹⁸ Denne parolen er godteken nett med det for auga å ta krafta ut av revolusjonen, hindra at han sigrar fullstendig, og setja storborgarskapet i stand til å gjera ein hestehandel med tsarismen. Og no ser vi at av dei to parolane som aleine er i stand til å føra revolusjonen framover, gløymde konferansen fullstendig parolen om republikken, og sette parolen om ei provisorisk revolusjonær regjering endeframt på line med parolen til *Osvobosjdenije* om ei grunnlovgjevande forsamling av folket, og kalla både den eine og den andre ein «avgjerande siger for revolusjonen»!!

Slik er faktisk dei tvillause kjensgjerningane som vi er heilt visse på kjem til å tena som milestolpar for ein som i framtida skal skriva historia om det russiska sosialdemokratiet. Konferansen av sosialdemokratar i mai 1905 vedtok ein resolusjon som inneheld fine ord om kor naudsynt det er å føra den demokratiske revolusjonen vidare framover, men som i røynda dreg han andre ve-

gen og ikkje går lenger enn dei demokratiske parolane til det monarkistiske borgarskapet.

Ny-*Iskra*-gruppa likar å skulda oss for å sjå bort ifrå faren for at proletariatet skal verta oppløyst i det borgarlege demokratiet. Vi ville like å sjå det mennesket som kunne ta på seg å prova denne skuldinga ut ifrå teksten i dei resolusjonane som vart vedtekne på den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti. Svaret vårt til motstandarane våre er: Eit sosialdemokratisk parti som verkar i eit borgarleg samfunn, kan ikkje driva politikk utan at det i visse høve marsjerer *side om side* med det borgarlege demokratiet. Skilnaden mellom oss på dette feltet er at vi marsjerer side om side med det revolusjonære og republikanske borgarskapet utan å smelta saman med det, medan de marsjerer side om side med det *liberale og monarkistiske borgarskapet*, også utan å smelta saman med det. *Slik står saka.*

Dei taktiske parolane de har formulert i namnet til konferansen, *fell saman med* parolane til det «konstitusjonelt-demokratiske» partiet, dvs. *partiet til det monarkistiske borgarskapet*. Dessutan har de ikkje ein gong lagt merke til eller skjøna dette samanfallet, og såleis fylgjer de i røynda i *kjølvatnet* på *Osvobosjdenije*-brorskapen.

Dei taktiske parolane vi har formulert i namnet til den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti, fell saman med parolane til det demokratisk-revolusjonære og republikanske borgarskapet. I Russland har ikkje dette borgarskapet og småborgarskapet gått saman til noko stort folkeparti enno.* Men berre den som er heilt uvitande om det som no skjer i Russland, kan tvila på at elementa til eit

* Dei sosialrevolusjonære er snarare ei terroristisk gruppe av intellektuelle enn kjernen til eit slikt parti, sjølv om det som verksemda til denne gruppa tyder objektivt, kan reduserast til nett denne oppgåva med å nå måla til det revolusjonære og republikanske borgarskapet.

slikt parti finst. Vi set oss føre å leia (dersom den store russiske revolusjonen har framgang) ikkje berre proletariatet, som er organisert av det sosialdemokratiske partiet, men òg dette småborgarskapet, som er i stand til å marsjera side om side med oss.

Gjennom resolusjonen sin *søkk* konferansen umedvite *ned* på nivået til det liberale og monarkistiske borgarskapet. Gjennom resolusjonen sin *hevar* partikongressen medvite dei elemente av revolusjonært demokrati som er i stand til å føra ein kamp, og ikkje å gå fram som mellommenn, opp til sitt eige nivå.

Slike element finn ein helst mellom bøndene. Når vi klassifiserer dei store samfunnsgruppene etter kvar dei hallar politisk, kan vi utan fare for å gjera alvorlege feil, identifisera det revolusjonære og republikanske demokratiet med bondemassane — sjølv sagt i same tydinga og med same atterhalda og underforståtte føresetnadene som når vi identifiserar arbeidarklassen med sosialdemokratiet. Vi kan med andre ord også uttrykka konklusjonane våre med dei fylgjande uttrykka: I ein revolusjonær periode *søkk* konferansen gjennom dei *landsfemnande** *politiske* parolane sine umedvite *ned på nivået til godseigarmassen*. Gjennom dei *landsfemnande* politiske parolane sine *lyftar* partikongressen *bodemassane til eit revolusjonært nivå*. Til kven det skulle vera som på grunn av denne konklusjonen skuldar oss for at vi er glade i paradoks, kjem vi med denne utfordringa: Lat han tilbakevisa den påstanden at dersom vi er sterke nok til å føra revolusjonen framgangsrikt til endes, dersom revolusjonen sluttar med ein «avgjerande siger» i tydinga til *Osvobosjdenije*, dvs. berre i form av ei representativ forsamling som tsaren har kalla saman, ei forsamling som berre på narr kunne kallast ei grunnlovgjevande forsamling — då blir det ein revolusjon der *godseigar- og storborgar-*

* Vi viser ikkje her til dei særskilte bondeparolane som har vorte tekne opp i resolusjonar for seg.

elementa dominerer. På den andre sida, dersom det er meininga vi skal leva gjennom ein verkeleg stor revolusjon, dersom historia ikkje tillet eit «misfoster» denne gongen, dersom vi er sterke nok til å føra revolusjonen framgangsrikt til endes, til ein avgjerande siger, ikkje slik *Osvobosjdenije* eller *ny-Iskra* nyttar ordet, då blir det ein revolusjon der bøndene og proletariatet dominerer.

Nokre menneske vil kanhenda tolka denne vedgåinga som at eit slikt overtak er mogleg, som at vi gjev slepp på det synet at revolusjonen vi står framfor vil ha ein borgarleg karakter. Dette er svært mykje truleg, når vi ser korleis dette omgrepet vert misbrukt i *Iskra*. På grunn av dette er det slett ikkje overflødig å stansa opp ved dette spørsmålet.

6. KVAR KJEM TRUGSMÅLET FRA OM AT PROLETARIATET SKAL STÅ MED BUNDNE HENDER I KAMPEN MOT DET INKONSEKVENTE BORGARSKAPET?

Marxistane er heilt ut overtydde om at den russiske revolusjonen er borgarleg. Kva tyder det? Det tyder at i dei demokratiske reformene i det politiske systemet og i dei sosiale og økonomiske reformene som har vorte naudsynte for Russland, ligg det ikkje i seg sjølv at kapitalismen vert undergraven, at det borgarlege herredømet vert undergrave. Tvert om vil dei for fyrste gong verkeleg bana veg for at kapitalismen skal utvikla seg vidt og snøgt på europeisk, og ikkje på asiatisk vis. Dei vil for fyrste gong gjera det mogleg for borgarskapet å herska som klasse. Dei sosialrevolusjonære kan ikkje gripa denne ideen, for dei kjenner ikkje ABC'en i lovene om utviklinga av vareproduksjonen og den kapitalistiske produksjonen. Dei maktar

ikkje sjå at jamvel om ein bondeoppreist skal lykkast fullt ut, jamvel om all jorda vert omfordelt til beste for bøndene og i samsvar med deira ynskje («allmenn omfordeling»* eller noko liknande), vil det ikkje knusa kapitalismen i det heile, det vil tvert om setja fart i utviklinga av han og skunda på oppløysinga av bøndene som klasse. Det at dei sosialrevolusjonære ikkje maktar å gripa denne sanninga, gjer dei til umedvitne ideologar for småborgarskapet. Det er overlag viktig at sosialdemokratiet står hardt på denne sanninga, ikkje berre teoretisk sett, men òg sett ut ifrå praktisk politikk. Det fylgjer nemleg av dette at det i den «allment demokratiske» rørsla vi no har er eit ufråvikeleg vilkår at partiet til proletariatet fullt ut er eit sjølvstendig klasseparti.

Men det fylgjer ikkje på nokon måte at ein *demokratisk* revolusjon (borgarleg i sitt sosiale og økonomisk vesen) ikkje ville vera av enorm interesse for proletariatet. Det fylgjer ikkje at den demokratiske revolusjonen ikkje kunne gå føre seg både i ei form som i hovudsak gjev fordelar til storkapitalisten, finansmagnaten og den «opplyste» godseigaren, og i ei form som gav fordelar til bonden og arbeidaren.

Ny-*Iskra*-gruppa misforstår fullstendig kva som meinest med og ligg i ein borgarleg revolusjon som kategori. Den tanken som ustanseleg går att i argumenta deira, er at ein borgarleg revolusjon er ein revolusjon som berre kan gje borgarskapet fordelar. Og like fullt kan ingen ting vera meir feil enn ein slik tanke. Ein borgarleg revolusjon er ein revolusjon som ikkje går ut over ramene til det borgarlege, dvs. kapitalistiske sosiale og økonomiske systemet. Ein borgarleg revolusjon uttrykkjer trongen for ei kapitalistisk utvikling, og det er langt ifrå at han øydelegg grunnlaget for kapitalis-

* *Allmenn omfordeling* — eit slagord i bonderørsla som gjekk inn for å kverrsetja jorda til godseigarane og dela den ut til bøndene. — *Red.*

men. Tvert om utvidar og utdjupar han det. Revolusjonen gjev difor uttrykk for interessene ikkje berre til arbeidarklassen, men òg til heile borgarskapet. Sidan herredømet til borgarskapet over arbeidarklassen er uunngåeleg under kapitalismen, kan ein godt seia at ein borgarleg revolusjon uttrykkjer ikkje så mykje interessene til proletariatet som til borgarskapet. Men det er heilt meiningslaust å tru at ein borgarleg revolusjon ikkje i det heile uttrykkjer proletariske interesser. Denne meiningslause ideen kokar ned anten til den antikverte narodnikteorien om at ein borgarleg revolusjon går imot interessene til proletariatet, og at vi difor ikkje treng borgarleg politisk fridom, eller til anarkisme, som fornektar all deltaking frå proletariatet i borgarleg politikk, i ein borgarleg revolusjon og i borgarleg parlamentarisme. Frå ein teoretisk synsstad ser denne ideen bort ifrå dei elementære grunnsetningane i marxismen om den uunngåelege kapitalistiske utviklinga på grunnlag av vareproduksjonen. Marxismen lærer oss at eit samfunn som grunnar seg på vareproduksjon og har handelssamkvem med siviliserte nasjonar, uunngåeleg må slå inn på den kapitalistiske vegen når det har nådd eit visst stadium i utviklinga si. Marxismen har ugjenkalleleg brote med vaset til narodnikane og anarkistane om at t.d. Russland kan gå forbi den kapitalistiske utviklinga, røma unna kapitalismen, eller hoppa over han på ein annan måte enn gjennom klassekampen, på grunnlag av og innan ramene til denne same kapitalismen.

Alle desse prinsippa i marxismen er prova og forklarte til minste detalj allment og når det gjeld Russland særskilt. Og av desse prinsippa fylgjer det at ideen om å søkja berging for arbeidarklassen i noko anna enn den vidare utviklinga av kapitalismen er *reaksjonært*. I land som Russland lid ikkje arbeidarklassen så mykje av kapitalismen, som av at kapitalismen er utilstrekkeleg utvikla. Arbeidarklassen er difor *sikkert og visst* interessert i at kapitalismen skal utvikla seg så

breidt, fritt og snøgt som mogleg. Det er til absolutt *fordel* for arbeidarklassen at alle restar av det gamle som hindrar den breie, frie og snøgge utviklinga av kapitalismen vert fjerna. Den borgarlege revolusjonen er nett ein omsnunad som så fullrådd som råd sopar unna restar av fortida, restar av liveigenskapen (som ikkje berre femner om eineveldet, men òg om monarkiet), og så fullstendig som råd garanterer så brei, fri og snøgg utvikling av kapitalismen som mogleg.

Dette er grunnen til at ein *borgarleg* revolusjon i *høgste grad* er til *fordel for proletariatet*. Ein borgarleg revolusjon er *absolutt* naudsynt ut ifrå interessene til proletariatet. Di meir fullstendig, fullrådd og heilskapleg den borgarlege revolusjonen er, di tryggare vil kampen til proletariatet verta mot borgarskapet og for sosialismen. Berre dei som er uvitande om ABC'en til den vitskaplege sosialismen kan sjå på denne konklusjonen som ny, underleg eller paradoksal.* Og av denne slutninga fylgjer mellom anna den tesen at *i ei viss tyding* er ein borgarleg revolusjon *til større fordel* for proletariatet enn for borgarskapet. Denne tesen er tvilslaus rett i fylgjande tyding: Det er til fordel for borgarskapet å lita på visse leivningar frå fortida mot proletariatet, t.d. på monarkiet, den ståande hæren osb. Det er til fordel for borgarskapet at den borgarlege revolusjonen ikkje feier til sides alle leivningar av fortida for fast og bestemt, men tek vare på nokre av dei, dvs. at denne revolusjonen ikkje vert heilt konsekvent og fullstendig, at han ikkje vert fullrådd og ubøyeleg. Sosialdemokratrar uttrykkjer ofte denne tanken noko annleis med å slå fast at borgarskapet svik saka til fridomen, at borgarskapet er ute av stand til å vera konsekvent demokratiske. Det er til større fordel for borgarskapet at dei naudsynte endringane i retning av borgarleg demokrati skjer sakte, gradvis, varsamt, mindre fast og bestemt, med hjelp av reformer og ik-

* *paradoksal* — (gresk) tilsynelatande sjølvmotseiande. — Red.

kje med hjelp av revolusjon. Det er bra at desse endringane sparar dei «vyrdelege» institusjonane til liveigenskapssystemet (slike som monarkiet) så mykje som mogleg, at desse endringane utviklar den sjølvstendige revolusjonære aktiviteten, initiativet og energien til vanlege folk, dvs. bøndene og særleg arbeidarane, så lite som mogleg. Elles vil det vera lettare for arbeidarane, som franskmennene seier, «å flytta rifla frå eine aksla til den andre», dvs. å venda mot borgarskapet det våpenet den borgarlege revolusjonen vil utstyra dei med, den fridomen revolusjonen vil føra med seg, og dei demokratiske institusjonane som vil veksa fram på grunnen der liveigenskapssystemet er rydda vekk.

På den andre sida er det til større fordel for arbeiderklassen at dei naudsynte endringane i retning av borgarleg demokrati skjer med hjelp av revolusjon og ikkje med hjelp av reform, for reformvegen er ein veg med forsinking, uthaling, ei pinefullt sein oppløysing av dei rotne delane av den nasjonale organismen. Det er proletariatet og bøndene som lid fyrst og mest av alle under denne opprotninga. Den revolusjonære vegen er ein veg med rask amputasjon, og det er det minst pinefulle for proletariatet. Det er vegen med å fjerna straks det som held på og rotnar, vegen som samsvarar minst med og har minst omsut for monarkiet og dei avskyelege, vonde, rotne og skadelege institusjonane som fylgjer med det.

Så det er ikkje berre på grunn av sensuren, ikkje berre «av redsle for jødane», at den borgarleg-liberale pressa vår seier seg lei for at den revolusjonære vegen er mogleg. Dette er ikkje heile årsaka til at ho er redd revolusjonen, freistar å skremma tsaren med revolusjonen som busemann, og kryp og sleikar for å få i stand stakkarslege reformer som grunnlaget for den reformistiske vegen. Dette synspunktet deler ikkje berre *Russkije Vedomosti*,¹⁹ *Syn Otesjestvo*,²⁰ *Nasja Sjisjn*,²¹ og *Nasji Dni*,²² men òg den illegale, usensurer-

te *Osvobosjdenije*. Sjøelve stillinga til borgarskapet som klasse i det kapitalistiske samfunnet fører uunn-gåeleg til at det vert inkonsekvent i ein demokratisk re-volusjon. Sjøelve stillinga til proletariatet som klasse tvingar det til å vera konsekvent demokratisk. Bor-garskapet ser bakover av di dei er redde den demokra-tiske framgangen som trugar med å styrkja proletaria-tet. Proletariatet har ikkje noko anna enn lekkjene si-ne å mista, men med hjelp av demokratiet har det heile verda å vinna. Dette er grunnen til at di meir konse-kvent den borgarlege revolusjonen er i å gjera dei de-mokratiske omformingane sine til røyndom, di mindre vil han avgrensa seg til det som er til fordel berre for borgarskapet. Di meir konsekvent den borgarlege re-volusjonen er, di meir garanterer han at proletariatet og bøndene får dei fordelane som skriv seg frå den de-mokratiske revolusjonen.

Marxismen lærer proletariatet at det ikkje skal heva seg over den borgarlege revolusjonen, at det ikkje skal stilla seg likesæle til han, at det ikkje skal la borgar-skapet få ta leiinga over revolusjonen. Proletariatet skal tvert om ta svært energisk del i han, kjempa svært fast og bestemt for konsekvent proletarisk demokrati, for at revolusjonen skal førast til endes. Vi kan ikkje koma ut over dei borgarleg-demokratiske grensene for den russiske revolusjonen, men vi kan utvida desse grensene sær s mykje. Og innanfor desse grensene kan og må vi kjempa for interessene til proletariatet, for det proletariatet treng straks, og for vilkår som vil gje-ra det mogleg å førebu styrkane til proletariatet på full siger i framtida. Borgarleg demokrati og borgarleg de-mokrati er to ting. Zemstvo²³-monarkisten som går inn for eit øvre kammer og «bed» om allmenn røysterett, samstundes som han i løynd, bak ryggen, gjer ein av-tale med tsarismen om ei nedskoren forfatning, er òg ein borgarleg demokrat. Bonden som har teke til vå-pen mot godseigarane og embetsmennene og med «naiv republikanisme» gjer framlegg om å «hiva tsa-

ren på dør», er òg ein borgarleg demokrat. Det finst borgarleg-demokratiske regime som det dei har i Tyskland, men òg som det dei har i England; som det dei har i Austerrike, men òg som dei i Amerika og Sveits. Det ville sanneleg vera ein fin marxist som i ei tid med demokratisk revolusjon ikkje greidde sjå denne skilnaden mellom gradane av demokrati og skilnaden mellom formene han tek, og avgrensar seg til «gløgge» merknader om at dette trass i alt er «ein borgarleg revolusjon», frukta av «borgarleg revolusjon».

Ny-Iskraittane våre er nett slike gløgge folk, som i røynda briskar seg av kor stuttsynte dei er. Dei avgrensar seg til å røkja etter den borgarlege karakteren til revolusjonen, nett når og der det er naudsynt å vera i stand til å dra eit skilje mellom republikansk-revolusjonært og monarkistisk-liberalt borgarleg demokrati, for ikkje å snakka om skiljet mellom inkonsekvent borgarleg demokrati og konsekvent proletarisk demokrati. Dei er nøgde — nett som dei hadde vorte lik «mennesket i futteral»* — med sorgfylt snakk om ein «prosess med gjensidig kamp mellom motstridande klassar» når spørsmålet gjeld å syta for *demokratisk leiing* i den revolusjonen vi er oppe i. Det som må til er å leggja vekt på *progressive demokratiske* parolar, til skilnad frå dei sviikefulle parolane til hr. Struve & co. Det gjeld å slå fast klårt og endefram dei næraste måla for den verkelege revolusjonære kampen til proletariatet og bøndene, til skilnad frå den liberale hestehandelen til godseigarane og fabrikantane. Slik er no kjerna i saka, som de, mine herrar, har tapt av syne, nemleg: Vil revolusjonen vår gje ein verkeleg, umåteleg stor siger som resultat, eller berre ein stakkarsleg avtale; vil han koma så langt som til det revolusjonært demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene, eller vil han «krympå ihop» til ei liberal forfatning på Sjipov-måten?

* *mennesket i futteral* — Hovudperson i ei forteljing ved same namn av Tsjekov. Ein trongsynt spissborgar som går mot all fornying og endring. — Red.

Ved fyrste augnekastet kan det sjå ut for at vi vik heilt av frå emnet vårt når vi reiser dette spørsmålet. Men det er berre ved fyrste augnekastet det ser slik ut. I røynda er det nett dette spørsmålet som ligg til grunn for prinsippskilnaden som alt har kome klårt til syne mellom den sosialdemokratiske taktikken til den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti og den taktikken konferansen av ny-*Iskra*-tilhengjarar har teke opptakten til. Dei siste har alt teke ikkje to, men tre steg attende for å vekkja til live att mistaka til økonomismen i å løysa problem som utan samanlikning er meir samansette, viktigare og meir avgjerande for partiet til arbeidarane, nemleg spørsmål om taktikken det skal fylgja i revolusjonstider. Dette er grunnen til at vi må analysa det spørsmålet vi har reist di meir merksamt.

Den delen av resolusjonen til ny-iskraitane vi har siterert ovanfor, peikar på faren for at sosialdemokratiet skal binda sine egne hender i kampen mot den inkonsekvente politikken til borgarskapet, for at det skal verta oppløyst i det borgarlege demokratiet. Tanken på denne faren gjennomsyrrar all særskilt ny-iskraitisk litteratur, han ligg i sjølve kjernen for det prinsippet som partisplittinga vår galdt (heilt sidan krangelen i splittinga vart fullstendig overskygga av vendinga i retning av økonomismen). Vi vil utan å vera det minste tvetydige vedgå at denne faren verkeleg finst, at han har vorte særskilt alvorleg nett i denne tida, når den russiske revolusjonen står på høgda. Den presserande og særskilt alvorlege skuldnaden som fell på alle oss teoretikarar — eller som eg heller likar å seia om meg sjølv — publisistane til sosialdemokratiet, er å finna ut *frå kva lei* denne faren verkeleg trugar. For kjelda til usemja mellom oss er ikkje ein diskusjon om det verkeleg finst ein slik fare, men ei usemje om den kjem av den såkalla halehengspolitikken til «mindretalet» eller den såkalla revolusjonismen til «fleirtalet».

For å fjerna alle mistolkingar og mistydingar kan vi

aller fyrst merka oss at den faren vi viser til ikkje ligg i den subjektive, men i den objektive sida av saka. Faren ligg ikkje i den formelle stillinga sosialdemokratiet vil ta i kampen, men i det materielle resultatet av heile den revolusjonære kampen som no går føre seg. Spørsmålet er ikkje om den eine eller den andre sosialdemokratiske gruppa vil ynskja å oppløysa seg i borgarleg demokrati, eller om dei skjønar at dei gjer det. Ingen ymtar frampå om det. Vi mistenkjer ingen sosialdemokrat for å hysa ein slik trong, og dette er ikkje spørsmål om trong i det heile. Heller ikkje er det spørsmål om den eine eller den andre sosialdemokratiske gruppa formelt vil halda oppe sin særskilte identitet, individualitet og sjølvstende frå det borgarlege demokratiet gjennom heile gangen til revolusjonen. Dei treng ikkje berre proklamera at dei er «uavhengige», dei kan jamvel halda på dette formelt, og like fullt *kan det syna seg* at hendene deira likevel er bundne i kampen mot inkonsekvensane til borgarskapet. Det endelege politiske resultatet av revolusjonen kan syna seg å verta at trass i at sosialdemokratiet formelt er «uavhengig», trass i at det organisatorisk er fullstendig for seg sjølv som særskilt parti, er det i røynda ikkje uavhengig. Det er ikkje i stand til å setja stempelet av proletarisk sjølvstende på handlingsgangen, det syner seg at det er så svakt at det i det heile og i siste omgang like fullt vert ei historisk kjensgjerning at det vert «oppløyst» i det borgarlege demokratiet.

I dette ligg den verkelege faren. Lat oss no sjå frå kva retning faren trugar — frå sosialdemokratiet sitt avvik til høgre slik ny-*Iskra* står for, som vi trur; eller frå sosialdemokratiet sitt avvik til venstre slik «fleirtalet», *Vperjod* osb. står for, som ny-*Iskra*-gruppa trur.

Som vi har peika på, vert svaret på dette spørsmålet avgjort av den objektive kombinasjonen av korleis ulike sosiale krefter verkar. Karakteren til desse kreftene har vorte definert teoretisk av dei marxistiske analysane av livet i Russland. Nett no vert han avgjort i prak-

sis av korleis grupper og klassar går ope fram gjennom revolusjonen. No syner heile den teoretiske analysen som marxistane har gjort lenge før den perioden vi no går igjennom, og like eins alt vi har kunna sett i praksis av korleis dei revolusjonære hendingane har utvikla seg, at sett ut ifrå dei objektive vilkåra er det to moglege vegar og to moglege resultat av revolusjonen i Russland. Omskipinga av det økonomiske og politiske systemet i Russland langs borgarleg-demokratiske liner er uunngåeleg og ikkje til å koma bort ifrå. Inga makt på jord kan hindra ei slik omskiping, men den kombinerte verksemda til dei kreftene som set henne i verk kan gje eitt av to resultat, kan føra med seg ei av to former for omskiping. Anten 1) Tilhøva vil enda med «at revolusjonen sigrar avgjerande over tsarismen», eller 2) kreftene vil ikkje strekkja til for ein avgjerande siger, og tilhøva vil enda i ein avtale mellom tsarismen og dei mest «inkonsekvante» og mest «eigennyttige» elementa i borgarskapet. I det store og heile vil heile den uendelege variasjonen av detaljar og kombinasjonar, som ingen er i stand til å sjå på førehand, føra til enten det eine eller det andre resultatet.

Lat oss no vurdera desse to utvegane, for det fyrste sett ut ifrå kva dei tyder sosialt, og for det andre ut ifrå stillinga til sosialdemokratiet ved det eine eller det andre resultatet (om det vert «oppløyst» eller «bunde på hendene»).

Kva tyder «at revolusjonen sigrar avgjerande over tsarismen»? Vi har alt sett at når ny-*Iskra*-gruppa nyttar dette uttrykket, maktar dei ikkje eingong gripa kva det direkte tyder politisk. Endå mindre ser det ut for at dei skjønar klasseinnhaldet i dette omgrepet. Vi marxistar må for visst ikkje under nokon omstende la oss narra av *ord*, slik som «revolusjon» eller «den store russiske revolusjonen», slik mange revolusjonære demokratar gjer (av Gapon-slaget). Vi må vera heilt ut visse med oss sjølve på kva verkelege samfunnskrefter som står imot «tsarismen» (som er ei verkeleg kraft

som er fullt ut gripande for alle) og som er i stand til å «sigr avgjerande» over han. Storborgarskapet, gods-eigarane, fabrikkengarane og «samfunnet», som fylgjer den leia *Osvobosjdenije* fører, kan ikkje vera ei slik kraft. Vi ser at dei ikkje eingong ynskjer ein avgjerande siger. Vi veit at som fylgje av klassestillinga si er dei ute av stand til å føra nokon avgjerande kamp mot tsarismen. Dei er alt for hardt bundne av privat eigedom, av kapital og av jord til å gå ut i nokon avgjerande kamp. Dei har alt for god bruk for tsarismen, med dei kreftene han rår over i byråkrati, politi og militærmakt mot proletariatet og bøndene, til at dei ynskjer tsarismen skal øydeleggjast. Nei, den einaste krafta som er i stand til å «sigr avgjerande over tsarismen» er *folket*, dvs. proletariatet og bøndene, om vi tek dei store hovudkreftene, og fordeler småborgarskapet i by og på land (som òg er ein del av «folket») mellom dei to. «At revolusjonen sigrar avgjerande over tsarismen» tyder at det *revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene* vert oppretta. Ny-*Iskra*-gruppa vår kan ikkje koma seg unna denne konklusjonen, som *Vperjod* peika på for lenge sidan. Inga anna kraft er i stand til å vinna nokon avgjerande siger over tsarismen.

Og ein slik siger vil vera nett eit diktatur, dvs. det må uunngåeleg lita på militær styrke, på at massane er væpna, på ein oppreist, og ikkje på institusjonar av eitt eller anna slag som er oppretta på «lovleg» eller «fredeleg» vis. Det kan berre vera eit diktatur, for når det vert sett i verk forandringar som er tvingande og fullstendig ufråvikelege for proletariatet og bøndene, vil det vekkja desperat motstand frå godseigarane, storborgarskapet og tsarismen. Utan eit diktatur er det umogleg å bryta ned denne motstanden og visa attende kontrarevolusjonære framstøytar. Men sjølv sagt vil det vera eit demokratisk, ikkje eit sosialistisk diktatur. Det vil ikkje vera i stand til å verka inn på grunnvolla- ne for kapitalismen (utan gjennom ei rekkje mellom-

liggjande steg med revolusjonær utvikling). I beste fall kan det føra med seg ei radikal omfordeling av jordeigedom til fordel for bøndene, oppretta eit konsekvent og fullt demokrati, medrekna skiping av ein republikk. Det kan radera ut alle dei undertrykkjande særdraga ved den asiatiske liveigenskapen, ikkje berre på landsbygda, men òg i fabrikkane, leggja grunnlaget for ei gjennomgripande forbetring i vilkåra for arbeidarane og for ein auke i levestandarden deira, og — last but not least* — føra den revolusjonære lauselden inn i Europa. Ein slik sigar vil enno ikkje på nokon måte omskipa den borgarlege revolusjonen vår til ein sosialistisk revolusjon. Den demokratiske revolusjonen vil ikkje straks gå over grensene for dei borgarlege sosiale og økonomiske sambanda. Like fullt vil ein slik siger få ovmykje å seia for den framtidige utviklinga i Russland og i heile verda. Ingen ting vil auka den revolusjonære energien til verdsproletariatet så mykje, ingen ting vil korta vegen fram til at dei sigrar fullstendig så mykje som at den revolusjonen som no har teke til i Russland, sigrar avgjerande.

I kor stor mon ein slik siger er sannsynleg, er eit anna spørsmål. Vi er ikkje det minste innstilte på å vera urealistisk optimistiske her. Vi gløymer ikkje ein einaste augeblink dei uhorvelege vanskaner med denne oppgåva, men sidan vi er ute for å slåss må vi ynskja å sigra, og vera i stand til å peika ut den rette vegen til siger. Det eksisterer utan tvil straumdrag som er i stand til å leie fram til ein slik siger. Sant nok er innverknaden vår på massane av proletariatet — den sosialdemokratiske innverknaden — enno svært, svært utilstrekkeleg. Den revolusjonære innverknaden på bondemassane tel heller lite. Proletarane, og særleg bøndene, er enno frykteleg splitta, tilbakeliggjande og uvi-tande. Men revolusjonen samlar snøgt og opplyser snøgt. Kvart steg i utviklinga av han vekker massane

* *Last but not least* — (eng.) sist, men ikkje minst. — *Red.*

og dreg dei med umotståeleg kraft over på sida til det revolusjonære programmet, som det einaste programmet som fullstendig og konsekvent uttrykkjer dei røynelege og livsviktige interessene deira.

Ei av lovene i mekanikken seier at aksjon og reaksjon alltid oppveg kvarandre. I historia òg er det slik at den øydeleggjande krafta til ein revolusjon i monaleg grad avheng av kor sterk og langvarig kampen for fridom har vorte undertrykt, og kor djupt motseiinga går mellom den forelda «overbygninga» og dei levande kreftene i vår tid. Den internasjonale politiske situasjonen lagar seg òg på mange måtar til på svært monsam vis for den russiske revolusjonen. Oppreisten til arbeidarane og bøndene har alt teke til. Han er sporadisk, spontan og svak, men han provar utan spørsmål og tvil at det finst krefter som er i stand til å føra ein avgjerande kamp og marsjera mot ein avgjerande siger.

Dersom det syner seg at desse kreftene ikkje strekk til, vil tsarismen få tid til å slutta ein avtale, som alt vert førebudd ved dei to ytterpunktta av folk som Bulygin og Struve. Heile saka vil så enda med ei nedskoren forfatning, eller dersom det går som aller verst, ein karikatur på ei forfatning. Dette vil òg vera ein «borgarleg revolusjon», men det vil vera ein daudfødsel, ein for tidleg fødsel, ein abort. Sosialdemokratiet nærer ingen illusjonar på dette feltet. Det kjenner den svikefulle naturen til borgarskapet. Det vil halda hovudet kaldt og ikkje gje opp det vedvarande tolmodige og utaldande arbeidet med å gje proletariatet klassetrening, ikkje eingong på dei gråaste, trøyttaste dagane med borgarleg-konstitusjonell sæle på «Sjipov-vis». Eit slikt resultat ville vera meir eller mindre det same som resultatet av mest alle dei demokratiske revolusjonane i Europa i nittande hundreåret, og utviklinga til partiet vårt ville då gå vidare langs den strevsame, lange, men velkjende og opptrakka stigen.

Spørsmålet reiser seg no: Under kva for eitt av dei

to moglege resultata vil sosialdemokratiet finna ut at det verkeleg er bunde på hendene i kampen mot det inkonsekvente og eigennyttige borgarskapet, finna ut at det i røynda er «oppløyst», eller nestan det, i borgarleg demokrati?

Det er nok å stilla dette spørsmålet klårt for å ha eit klårt svar utan ein augneblinks vanske.

Dersom borgarskapet lykkast i å øydeleggja for den russiske revolusjonen med å koma fram til ei semje med tsarismen, vil sosialdemokratiet finna ut at det verkeleg er bunde på hendene i kampen mot det inkonsekvente borgarskapet. Sosialdemokratiet vil finna ut at det er «oppløyst» i borgarleg demokrati i den tydinga at proletariatet ikkje vil lykkast i å setja sitt klåre preg på revolusjonen, ikkje vil lykkast i å gjera opp med tsarismen på den proletariske, eller som Marx ein gong sa: «på den plebeiiske måten».

Dersom revolusjonen vinn ein avgjerande siger — då skal vi gjera opp med tsarismen på den jakobinske,* eller om de heller vil — den plebeiiske måten. «Heile den franske terrorismen,» skreiv Marx i 1848 i den vidkjende *Neue Rheinische Zeitung*, var ikkje noko anna enn ein plebeiisk måte gjera opp med fiendane til borgarskapet, med eineveldet, føydalismen og spissborgarskapet» (sjå Marx, *Nachlass*, Mehrings utgåve, vol III, p. 211)** Har dei folka, som i ein periode med demokratisk revolusjon freistar å skremma dei sosialdemokratiske arbeidarane i Russland med den «jakobinske» busemannen, nokon gong tenkt etter kva desse orda til Marx tyder?

* *Jakobinsk* — av jakobinar, den revolusjonære fløya i det franske borgarskapet under revolusjonen frå 1789—95. Jakobinarane ville avskaffa eineveldet og føydalismen. — *Red.*

** Lenin viser her til boka «Etterlatne verk av Karl Marx, Friedrich Engels og Friedrich Lasalle, utgjevne av Franz Mehring», b. III, Stuttgart 1902, s. 211. Sjå Marx, «Borgarskapet og kontrarevolusjonen» (1848) i Marx/Engels, *Verk*, tysk utg., 1959, bd. 6, s. 107. — *Red.*

Ny-Iskra-gruppa, girondinarane* i vår tids russiske sosialdemokrati, smeltar ikkje ihop med Osvobosjdenije-gruppa, men i røynda følgjer dei på grunn av parolane sine i kjølvatnet til denne gruppa. Og Osvobosjdenije-gruppa, dvs. representantane for det liberale borgarskapet, ynskjer å koma over eins med eineveldet på ein reformistisk måte, spakt og ettergjevande, slik at dei ikkje støyter aristokratiet, adelen eller hoffet — varsamt, utan å bryta noko sund — venleg og høvisk som det høver seg for herrar med kvite hanskar (slik som dei hr. Petrunkevitsj lånte av ein basji-basuk** for å ha på seg ved den mottakinga*** Nikolaus den blodige heldt for «representantar for folket» (?), sjå *Proletari* nr. 5)****

Jakobinarane i vår tids sosialdemokrati, bolsjevikaner, *Vperjod*-tilhengjarane, «Kongress»-gruppa, *Proletari*-tilhengjarane — eller kva vi no kan kalla dei — ynskjer med parolane sine å lyfta det revolusjonære og republikanske småborgarskapet, og særleg bøndene, opp på nivået til det konsekvente demokratiet til proletariatet, som held på særdraga sine som klasse fullt ut. Dei ynskjer at folket, dvs. proletariatet og bøndene, skal gjera opp med monarkiet og aristokratiet på den «plebeiiske måten», med å knusa fiendane til fridomen nådelaust, knusa motstanden deira med makt, ikkje gje nokon som helst konsesjonar til den forbanna arven frå liveigenskap, asiatisk barbari og menneskeleg fornedring. Dette tyder sjølvsaugt ikkje at vi absolutt

* *Girondinarane* — den opportunistiske fløya i borgarskapet under den store franske revolusjonen frå 1789 til 1795. — *Red.*

** *Basji-basuk* — nemning på verva tyrkiske soldatar på 1700- og 1800-talet, her ironisk om offiserer. — *Red.*

*** Lenin viser til ei hending i juni 1905. Ein delegasjon av Zemstvo-funksjonærar vart mottekne av tsaren. Delegasjonen la fram ein plan om «fornyng av statssystemet». Rett før tsaren kom, synte det seg at liberalaren Petrunkevitsj ikkje hadde på seg kvite hanskar, og han fekk låna hanskane til ein oberst i livgarden. — *Red.*

**** Sjå Lenin, «Revolusjonære i kvite hanskar» (1905) i *Samla Verk*, eng. utg. b. 8, s. 526—30. — *Red.*

gjer framlegg om å etterlikna jakobinarane frå 1793 og låna deira synsmåtar, program, parolar og framgangsmåtar. På ingen måte. Programmet vårt er ikkje gammalt, men nytt — minimumsprogrammet* til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti. Vi har ein ny parole: det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene. Dersom vi får oppleve at revolusjonen verkeleg sigrar, vil vi òg ha nye framgangsmåtar som samsvarar med naturen og måla til arbeidarpartiet som arbeider for ein fullstendig sosialistisk revolusjon. Med parallellen vår vil vi berre forklåra at representantane for den progressive klassen i det 20. hundreåret, proletariatet, dvs. sosialdemokratane, er delte i to fløyar (opportunistane og dei revolusjonære) på same måten som dei som representantane for den progressive klassen i 18. hundreåret, borgarskapet, var delte, dvs. i girondinarane og jakobinarane.

Berre i tilfelle den demokratiske revolusjonen sigrar, vil proletariatet ha frie hender i kampen mot det inkonsekvente borgarskapet, berre i tilfelle det skjer vil det ikkje verta «oppløyst» i borgarleg demokrati, men set sitt proletariske stempel, eller rettare sitt proletar- og bondestempel, på heile revolusjonen.

Stutt sagt: For å unngå å verta ståande med hendene bundne i kampen mot det inkonsekvente borgarlege demokratiet, må proletariatet vera klassemedvite og sterkt nok til å vekke bøndene til revolusjonært medvit, leia stormlauget deira og såleis følgja lina med konsekvent proletarisk demokrati på sjølvstendig vis.

* *Minimumsprogrammet til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti* — På den andre kongressen til RSDAP i 1903 vart det vedteke eit partiprogram i to delar — eit maksimums- og eit minimumsprogram. Maksimumsprogrammet hadde som mål å sigrar i den sosialistiske revolusjonen og oppretta proletariatets diktatur for å byggja eit sosialistisk samfunn. Minimumsprogrammet inneheldt dei nærliggjande krava frå partiet om å styrta eineveldet, skipa ein demokratisk republikk, innføra åttetimarsdagen og få bort alle leivningane av liveigenskapen på landsbygda. — *Red.*

Slik er tilhøva kring spørsmålet — som ny-*Iskra*-gruppa har teke for seg så udugeleg — om faren for at hendene våre skal vera bundne i kampen mot det inkonsekvente borgarskapet. Borgarskapet vil alltid vera inkonsekvent. Ingen ting er meir naivt og nyttelaust enn å freista leggja fram vilkår og punkt* som, dersom dei vart oppfylde, ville setja oss i stand til å meina at den borgarlege demokraten er ein sann ven av folket. Berre proletariatet kan kjempa konsekvent for demokratiet. Det kan kjempa sigerrikt for demokratiet berre dersom bondemassane sluttar seg til den revolusjonære kampen det fører. Dersom proletariatet ikkje er sterkt nok til det, vil borgarskapet stå i leiinga for den demokratiske revolusjonen, og gjera han inkonsekvent og eigennyttig. Det einaste som kan hindra dette er eit revolusjonært-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene.

Slik kjem vi fram til den tvillause konklusjonen at det er ny-*Iskra*-taktikken, som gjennom det han objektivt står for, *let spelet gå over til dei borgarlege demokratane*. Preiket om organisatorisk utflyting, som går så langt som til folkerøystingar, kompromissprinsippet og det å skilja partilitteraturen frå partiet; reduksjonen av måla for oppreisten; samanblanding av dei populære politiske parolane til det revolusjonære proletariatet med parolane til det monarkistiske borgarskapet; forvrenginga av vilkåra for at «revolusjonen skal sigra avgjerande over tsarismen» — alt dette skapar i samanheng nett denne halehengspolitikken i ein revolusjonær periode, som fører proletariatet på avvegar, desorganiserer det, forvirrar den foreståinga det har og gjer taktikken til sosialdemokratiet mindre viktig, i staden for å peika på den einaste vegen fram til siger og til å få alle dei revolusjonære og republi-

* Slik Starover freista det i resolusjonen sin, som Den tredje kongressen²⁴ annullerte, og slik Konferansen freistar i ein like elendig resolusjon.

kanske elementa i folket til å halda seg etter parolen til proletariatet.

For å stadfesta den konklusjonen som vi har nådd fram til med å analysa resolusjonen, kan vi ta for oss det same spørsmålet frå andre vinklar. Lat oss fyrst sjå korleis ein naiv og frittalande mensjevik illustrerer ny-*Iskra*-taktikken i den grusiske *Sotsial-demokrat*. Lat oss for det andre sjå kven som verkeleg gjer bruk av parolane til ny-*Iskra* i den politiske stoda vi no står oppe i.

7. TAKTIKKEN MED «Å FJERNA DEI KONSERVATIVE FRÅ REGJERINGA»

Artikkelen vi nett har synt til i organet til mensjevik-«Komiteen» i Tbilisi (*Sotsial-demokrat*, nr. 1), ber tittelen «Semski Sobor og taktikken vår». Forfattaren har enno ikkje gløymt programmet helt ut, han stiller parolen om republikken, men taktikk drøftar han på denne måten:

«Det er mogleg å peika på to vegar for å nå dette målet» (ein republikk): «Anten ved å sjå fullstendig bort frå det Semski Sobor som regjeringa no kallar saman, og slå regjeringa med våpenmakt, skipa ei revolusjonær regjering og kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling; eller å kunngjera at Semski Sobor er sentrum for verksemda vår, påverke samansetjinga og verksemda der med våpenmakt, tvinga det med makt til å utropa seg sjølv som grunnlovgjevande forsamling eller kalla saman ei grunnlovgjevande for-

samling gjennom det. Desse to taktikkane skil seg svært skarpt frå einannan. Lat oss sjå kva for ein av dei som er til størst fordel for oss.»

Slik er det dei russiske ny-Iskraittane legg fram idear som etter kvart vert tekne inn i den resolusjonen vi har analysert. Legg merke til at dette var skrive før slaget ved Tsusjima,²⁵ då «planen» til Bulygin enno ikkje hadde sett dagsens lys. Jamvel dei liberale heldt på å mista tolmodet, og gav mistilliten uttrykk på sidene i den lovlege pressa. Men ein sosialdemokrat av ny-Iskra-slaget har synt at han er meir godtruen enn dei liberale. Han kunngjer at Semski Sobor no vert «kalla saman», og syner tsaren så stor tillit at han gjer framlegg om å gjera denne Semski Sobor som enno ikkje eksisterer (eller moglegvis ein «riksduma» eller ei «rådgjevande lovgjevande forsamling»?) til sentrum for verksemda vår. Tbilisaren vår er meir frittalande og endefram enn forfattarane av den resolusjonen Konferansen vedtok, og han stiller ikkje dei to «taktikkane» (som han legg fram med uforlikneleg naivitet) på lik linje, men kunngjer at den siste er til større «fordel». Berre høyr:

«Den fyrste taktikken. Som de veit, er den kommande revolusjonen ein borgarleg revolusjon, dvs. han har til føremål å setja i verk slike forandringar i det noverande systemet som er av interesse ikkje berre for proletariatet, men for heile det borgarlege samfunnet. Alle klassane står imot regjeringa, jamvel kapitalistane sjølve. Det kjempande proletariatet og det kjempande borgarskapet marsjerer på ein måte saman og går saman til åtak på eineveldet frå ulike sider. Regjeringa er fullstendig isolert, og har ingen sympati mellom folk. Av den grunn er det svært lett å knusa henne. Det russiske proletariatet er sett under eitt ikkje klassemedvite og organisert nok

til å setja revolusjonen ut i livet på eiga hand. Og jamvel om det var i stand til dette, ville det gjennomføra ein proletarisk (sosialistisk) revolusjon og ikkje ein borgarleg revolusjon. Fylgjeleg er det i vår interesse at regjeringa vert ståande utan allierte, at ho vert ute av stand til å splitte opposisjonen, slå lag med borgarskapet, og la proletariatet verta ståande isolert ...»

Så det er til interesse for proletariatet at tsarstyret ikkje vert i stand til å splitta borgarskapet og proletariatet! Er det ikkje eit mistak at dette grusiske organet vert kalla *Sotsial-demokrat* i staden for *Osvobosjdenije*? Og legg merke til den makelause filosofien om den demokratiske revolusjonen! Er det ikkje openbert at denne stakkars tibilisaren er håplaut forvirra av den pedantiske halehengstolkinga av omgrepet «borgarleg revolusjon»? Han drøftar spørsmålet om det er mogleg å isolera proletariatet i ein demokratisk revolusjon, og *gløymer* ... gløymer ein liten bagatell ... bøndene! Mellom dei moglege allierte for proletariatet kjenner og held han på Semstvogodseigarane, men han er ikkje merksam på bøndene. Og dette er i Kaukasus! Vel, hadde vi ikkje rett då vi sa at den nye *Iskra* sokk ned på nivået til det monarkistiske borgarskapet i vurderinga si, i staden for å lyfta dei revolusjonære bøndene til plassen som vår allierte?

« ... Elles er det uunngåeleg at proletariatet lid nederlag og regjeringa sigrar. Nett dette er det eineveldet arbeider for. I sitt Semski Sobor vil det utan tvil trekkja over på si side representantar for adelen, semstvoaene, byane, universiteta og liknande borgarlege institusjonar. Det vil freista roa dei ned med små innrømmingar og såleis forlika dei med seg. Når det vert styrkt på denne måten, vil det retta alle slaga sine mot det arbeidande folket, som har vorte isolert. Det er vår

skuldnad å hindra eit slikt ulykkeleg resultat. Men kan det gjerast med den fyrste metoden? Lat oss tenkja oss at vi ikkje brydde oss i det heile med Semski Sobor, men tok til å førebu oss på oppreist sjølv, og kom ut i gatene væpna og klare til kamp ein vakker dag. Resultatet ville vera at vi stod andsynes ikkje ein, men to fiendar: Regjeringa og Semski Sobor. Medan vi budde oss, kunne dei koma til semje, inngå avtalar med ein annan, arbeida ut ei forfatning som er til fordel for dei, og dela makta mellom seg. Denne taktikken er til beinveges fordel for regjeringa, og vi må avvisa han så energisk som vi berre kan ...»

Det var open tale! Så vi må fast og klårt avvisa «taktikken» med å førebu ein oppreist, av di regjeringa «i mellomtida» ville koma til semje med borgarskapet. Kan vi i den gamle litteraturen til den mest rabiante økonomismen finna noko som jamvel nærmar seg ei slik skam for det revolusjonære sosialdemokratiet? Det er ei kjensgjerning at det kjem oppreistar og oppstandar frå arbeidarar og bønder frå tid til anna, fyrst ein stad og så ein annan. Men Semski Sobor er ein lovnad frå Bulygin. Og *Sotsial-demokrat* i byen Tbilisi vedtek at taktikken med å førebu ein oppreist skal avisast, og ein skal venta på eit «senter for å få innverknad» — Semski Sobor ...

« ... Den andre taktikken går tvert om ut på å føra Semski Sobor inn under vår kontroll, i å ikkje gje det høve til å handla slik det sjølv vil, og å inngå ein avtale med regjeringa.*

Vi stør Semski Sobor i den mon det kjempar mot eineveldet, og vi kjempar mot det når som

* Kva middel skal brukast for å ta frå Semstvo-folka deira eigen vilje? Kanhende med å nytta eit særskilt slag lakmuspapir?

helst det kjem til semje med eineveldet. Men å blanda oss inn energisk og med makt skal vi få i stand ei splitting mellom utsendingane,* samla dei radikale på vår side, fjerna dei konservative frå regjeringa, og såleis setja heile Semski Sobor inn på den revolusjonære vegen. Takk vere ein slik taktikk, vil regjeringa alltid verta verande isolert, opposisjonen vil vera sterk, og det vil såleis gå lettare å oppretta eit demokratisk system.»

Vel, vel! Kom så og fortel at vi overdriv den snunaden ny-iskraitane har gjort til den mest vulgære likskap med økonomismen. Dette er nett som det vidkjende pudderet som skal utrydja flugene: Fyrst må du fanga fluga og festa henne på eit flugepapir, og så døyrr fluga. Få i stand ei splitting mellom utsendingane til Semski Sobor med *makt*, «fjern dei konservative frå regjeringa» — og *heile Semski Sobor* vil slå inn på *den revolusjonære vegen*... Ingen «jakobinsk» væpna oppreist av noko slag, men nett slik, på finsleg, mest parlamentarisk vis, med å «verka inn på» *medlemene i Semski Sobor*.

Stakkars Russland! Det har vorte sagt at det alltid ber dei gamaldagse luene som Europa har lagt av seg. Vi har ikkje noko parlament enno, ikkje ein gong Bulygin har lova oss det, men vi har parlamentarisk kretinisme til overmål.²⁶

« ... Korleis skal denne innblandinga setjast i verk? For det fyrste skal vi krevja at Semski Sobor vert kalla saman på grunnlag av allmenn og lik røysterett, direkte og løynlege val. Til same

* Herregud! Dette er verkeleg å gjera taktikken «djup»! Det er ingen styrkar tilgjengeleg for å kjempa i gatene, men det er mogleg å «få i stand ei splitting mellom utsendingane» «med makt». Høyr, kamerat frå Tbilisi, det er greitt nok at du bløffar, men ein stad går grensa ...

tid som denne valproseduren vert kunngjort,* må heil og full fridom til å driva valkamp, dvs. forsamlingsfridom, talefridom og pressefridom, at valmenn og kandidatar er ukrenkjande, og at alle politiske fangar skal setjast fri, lovfestast.** Sjølve vala må setjast så seint som mogleg, slik at vi får tilstrekkeleg tid til å informera og førebu folket. Og sidan det har vorte overlata til ein kommisjon med innanriksminister Bulygin som leiar å laga utkast til reglement for korleis Sobor skal kallast saman, må vi òg leggja press på denne kommisjonen og medlemene i han.*** Der- som Bulygin-kommisjonen nektar å stette krava våre**** og berre gjev dei som har eigedom røysterett, må vi blanda oss inn i desse vala og nytta revolusjonære metodar for å få veljarane til å røysta inn progressive kandidatar, og krevja ei grunnlovgjevande forsamling i Semski Sobor. Til sist må vi med alle moglege middel — demonstrasjonar, streikar og oppreist om det er naudsynt, tvinga Semski Sobor til å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling, eller å kunngjera at ho er det sjølv. Det væpna proletariatet må forsvara den grunnlovgjevande forsamlinga og saman***** vil dei baa marsjera fram mot ein demokratisk republikk.

Slik er den sosialistiske taktikken, og den åleine vil sikra oss sigeren.»

Lesaren må ikkje forestilla seg at denne utrulege meiningsløysa kjem frå ein eller annan grøn skribent i

* I *Iskra*?

** Av Nikolaus?

*** Så det er dette som vert meint med taktikken å «fjerna dei konservative frå regjeringa»!

**** Men noko slikt kan for visst ikkje skje dersom vi fylgjer denne korrekte og djuptenkte taktikken!

***** Både det væpna proletariatet og dei konservative «som er fjerna frå regjeringa»?

ny-*Iskra*, ein mann utan autoritet eller innverknad. Nei, dette vert slege fast i *organet* til ein heil komite av folk som stør ny-*Iskra*, Tbiliskomiteen. Og endå meir: Denne meiningsløysa har *Iskra stilt seg ope bak*, i nr. 100, der vi kan lesa fylgjande om dette nummeret av *Sotsial-demokrat*:

«Det fyrste nummeret er redigert på ein livfull og gåverik måte. Den røynde kloa til ein dugande redaktør og skribent er merkbar ... Det kan seiast med full tillit at avisa på strålande vis vil setja ut i livet den oppgåva ho har sett seg føre.»

Ja! Dersom den oppgåva er å syna klårt for kvar og ein kor fullstendig ideologisk forfalle straumdraget i ny-*Iskra* er, så er ho verkeleg sett «strålande» ut i livet. Ingen kunne ha uttrykt korleis ny-*Iskra* har fornedra seg til liberal borgarleg opportunisme på ein meir «livfull, gåverik og dugande» måte.

8. STRAUMDRAGA TIL OSVOBOSJDENIJE OG NY-ISKRA

Lat oss no gå vidare til endå ei slåande stadfesting av kva straumdraget til ny-*Iskra* tyder politisk.

I ein strålande, framifrå og svært lærerik artikkel med tittelen «Korleis finna seg sjølv» (*Osvobosjdenije* nr. 71), fører hr. Struve krig mot den «programmatisk revolusjonismen» til dei ekstreme partia våre. Hr. Struve er særleg misnøgd med meg personleg.* Eg for

* «Jamført med revolusjonismen til hr. Lenin og felagane hans er revolusjonismen til det vesteuropeiske sosialdemokratiet til Bebel, og jamvel til Kautsky, opportunisme. Men grunnlaget for jamvel denne revolusjonismen, som alt er nedtona, er undergrave og vaska bort av historia.» Eit særskilt krakilsk åtak. Men hr. Struve skal ikkje få tru at han kan leggja all skulda på meg, slik han kunne med ein motstandar som ikkje lenger er i live. Eg må berre få utfordra hr. Struve, sjølv om eg er viss på at han aldri vil ta imot ei slik utfordring, til å svara på fylgjande spørsmål. Når og kvar kalla eg «revolusjonismen til Bebel og Kautsky» opportunisme? Når og kvar gjorde eg nokon

min del kunne ikkje vore meir nøgd med hr. Struve enn eg er: Eg kunne ikkje ynskt meg nokon betre alliert i kampen mot den gjenoppliva økonomismen til ny-*Iskra*-gruppa og mot den prinsippløysa som dei sosialrevolusjonære legg for dagen. Ved eit anna høve skal vi ta for oss korleis hr. Struve og *Osvobosjdenije* i praksis har prova kor fullstendig reaksjonære dei «rettingane» av marxismen er som dei sosialrevolusjonære har gjort i programutkastet sitt. Vi har alt fleire gongar** tala om den ærlege, trugne og store tenesta hr.

gong krav på å ha skapt noko slags straumdrag i det internasjonale sosialdemokratiet som *ikkje er identisk* med straumdraget til Bebel og Kautsky? Når og kvar er det drege fram i lyset ulikskapar mellom meg på den eine sida og Bebel og Kautsky på den andre — ulikskaper som berre eit stykke på veg nærmar seg alvoret i ulikskapene mellom Bebel og Kautsky, t.d. om jordbruksspørsmålet i Breslau?²⁷ Lat hr. Struve freista svara på desse tre spørsmåla.

Til lesarane våre seier vi: Det liberale borgarskapet tyr *over alt og alltid* til metoden med å forsikra tilhengjarane sine i eit land om at sosialdemokratane i dette landet er svært urimelege, samstundes som kameratane deira i eit granneland er «snille gutar». Det tyske borgarskapet har *hundrevis av gongar* halde fram «snillgutane», dei franske sosialistane, som føredøme for Bebel og Kautsky med fylgje. Det franske borgarskapet peika no nyleg på «snillguten» Bebel som føredøme for dei franske sosialistane. Dette er eit gamalt knep, hr. Struve! Du vil få sjå at berre born og fåkunnige bit på slik åte. Det rår ikkje den minste tvil om at det internasjonale revolusjonære sosialdemokratiet er fullt ut samde i alle viktige spørsmål om program og taktikk.

** Lat oss minna lesaren om at artikkelen «Kva som ikkje må gjerast» (*Iskra* nr. 52) vart hylla høglydt av *Osvobosjdenije* som «ei vending det er verd å merkja seg» i retning av å gje konsesjonar til opportunistane. Dei prinsippa som ligg til grunn for ideane til ny-*Iskra* vart særleg prisa av *Osvobosjdenije* i eit punkt om splittinga mellom russiske sosialdemokratar. I ein kommentar til Trotskis brosjyre *Dei politiske oppgåvene våre*, gav *Osvobosjdenije* ein merknad om likskapen mellom ideane til denne forfattaren og det som ein gong var skrive og sagt av skribentane Krisjevski, Martynov, Aki-mov i *Rabotsjeje Djelo* (sjå flygebladet med tittelen «Ein tenestevillig liberalar», som *Vperjod* har gjeve ut). *Osvobosjdenije* ynskte brosjyren til Martynov om dei to diktatura velkomen (sjå punktet i *Vperjod* nr. 9). Til sist, dei forsinka klagemåla til Starover om den gamle parolen til den gamle *Iskra*, «dra fyrst ei skiljeline og samein etterpå», som *Osvobosjdenije* hadde særleg godhug for.

Struve har gjort meg dei gongene han godkjende straumdraget til ny-*Iskra* i *prinsippet*, og vi vil no tala om det endå ein gong.

Artikkelen til hr. Struve inneheld ei rekkje sær s interessante uttalar som vi her berre kan merkja oss i forbifarten. Han har til føremål «å skapa russisk demokrati med å lita på klassesamarbeid og ikkje på klassekamp». I det høvet vil «den sosialt privilegerte intelligensiaen» (noko liknande den «kultiverte adelen» som hr. Struve helsar vyrdeleg og nett like elegant som ein retteleg ... lakei for finfolket) føra med seg «tyngda av den sosiale stillinga si» (tyngda av pengesekkene sine) til dette «klasselause» partiet. Hr. Struve uttrykkjer ynskje om å gjera ungdommen kjend med kor verdilaus den «forslitne radikale oppfatninga om at borgarskapet har vorte redd og har svike proletariatet og saka til fridomen» er. (Vi helsar dette ynsket velkommen av heile vårt hjarta. Ingen ting kan stadfesta betre kor rett denne marxistiske «forslitne oppfatninga» er enn at hr. Struve fører krig mot henne. Kjære hr. Struve, ikkje legg den strålande planen Dykkar til sid- des!)

For emnet vårt er det viktig å merkja seg dei *praktiske* parolane som det no vert ført krig mot av denne politisk kjensleware representanten for det russiske borgarskapet, som er så var for den minste verforandring. For det fyrste fører han krig mot parolen om republikanismen. Hr. Struve er fast overtydd om at denne parolen er «uforståeleg og framand for folkemassane» (han har gløymt å leggja til: forståeleg for, men ikkje til fordel for borgarskapet!) Vi kunne ha likt å sjå kva svar hr. Struve ville få av arbeidarane på studiesirklane våre og på masse møta våre. Eller kan hende er ikkje arbeidarane folket? Og kva med bøndene? Dei hallar stundom til det hr. Struve kallar «naiv republikanisme» («kjeppjag tsaren») — like fullt trur det liberale borgarskapet at *naiv* republikanisme vil verta bytt ut ikkje med opplyst republikanisme, men med

opplyst monarkisme! *Ça dépend*,* hr. Struve, det kjem an på omstenda. Både tsarismen og borgarskapet kan ikkje anna enn gå imot ei radikal forbetring i vilkåra for bøndene på kostnad av godseigarane, til same tid som arbeidarklassen ikkje kan anna enn å hjelpa bøndene med dette.

For det andre hevdar hr. Struve at «i ein borgarkrig har den som går til åtak alltid urett». Denne ideen kjem nær opp imot dei straumdraga til ny-*Iskra* vi har nemnt ovanfor. Vi vil sjølv sagt ikkje seia at det alltid er til fordel å gå til åtak i ein borgarkrig. Nei, stundom er det obligatorisk med ein defensiv taktikk ei viss tid. Men å nytta eit framlegg som det hr. Struve har kome med på Russland i 1905, tyder nett å demonstrera litt av den «forslitne radikale oppfatninga» («borgarskapet vert redde og svik saka til fridomen»). Den som no nektar å gå til åtak på eineveldet og reaksjonen, den som let vera å bu seg på eit slikt åtak, og den som ikkje propaganderer for det, har ingen rett til å kalla seg tilhengar av revolusjonen.

Hr. Struve fordømer parolane: «løynd» og «opp-
laup» (eit opplau er «ein oppreist i smått format»). Hr. Struve avskyr bae desse — og det gjer han ut ifrå «massane sitt utgangspunkt». Vi kunne ha hug til å spørja hr. Struve om han kan peika på noko avsnitt i til dømes «*Kva må gjerast*» — frå hans synsstad verket til ein ekstrem revolusjonær — som går inn for opp-
laup. Når det gjeld «løynd», er det verkeleg nokon særleg skilnad mellom t.d. oss og hr. Struve? Arbeider vi ikkje bae med «illegale» aviser som vert smugla inn i Russland «i løynd», og tener vi ikkje dei «løynde» gruppene i anten *Osvobosjdenije*-sambandet eller RSDAP? Massemøta våre for arbeidarane vert ofte haldne «i løynd» — den synda gjer vi. Men kva med dei møta som herrane i *Osvobosjdenije*-sambandet held? Har De noko grunnlag for å skryta, hr. Struve,

* *Ça dépend* — det kjem an på. — Red.

og sjå ned på foraktelege tilhengarar av forakteleg løynd?

Sant nok krevst det streng løynd for å forsyna arbeidarane med våpen. På dette punktet er hr. Struve heller meir endefram. Berre høyr: «Når det gjeld oppreist, eller ein revolusjon teknisk sett, kan berre massepropaganda for eit demokratisk program skapa dei sosio-psykologiske vilkåra for eit allment væpna opprør. Jamvel frå den synsstaden at ein oppreist *uunn-gåeleg* fullendar den striden som no vert ført for frigjering — eit syn eg ikkje deler — vert såleis det å gjennomsyra massane med idear om demokratisk reform ei sær s grunnleggjande og sær naudsynt oppgåve.»

Hr. Struve freistar gå utanom saka. Han talar om at ein oppreist er *uunn-gåeleg* i staden for å tala om at han er naudsynt for at revolusjonen skal sigra. Ein oppreist — uførebudd, spontan, sporadisk — har alt teke til. Ingen kan for visst stå inne for at han vil utvikla seg til ein fullmoden og heilskapleg oppreist frå folket, for det kjem an på korleis det står til med dei revolusjonære kreftene (som fyrst kan målast fullt ut etter som kampen går fram), av korleis regjeringa og borgarskapet ber seg åt, og av ei rekkje andre omstendene, som ikkje kan målast heilt presist. Det har ikkje noko for seg å tala om det *uunn-gåelege* i tydinga at ei eller anna hending er heilt ut viss, slik hr. Struve vil innskrenka saka til. Det ein må tala om dersom ein ynskjer å ta del i revolusjonen, er om det er *naudsynt* med oppreist for at revolusjonen skal *sigra*, om det er naudsynt å kunngjera han med full kraft, å propagandera for han, og å bu seg energisk på han no straks. Hr. Struve er nøydd til å sjå denne skilnaden. Til dømes forkludrar han ikkje spørsmålet om at det krevst allmenn røysterett — som er udiskutabelt for ein demokrat — med å reisa spørsmål om at det er *uunn-gåeleg* å oppnå det i den revolusjonen vi no er inne i — noko som er diskutabelt og ikkje tyder så mykje for

folk som er opptekne med politisk verksemd. Med å unngå spørsmålet om det trengst ein oppreist avslørar hr. Struve den inste kjernen i det politiske grunnlaget til det liberale borgarskapet. For det fyrste ville borgarskapet heller koma til ei semje med eineveldet enn å knusa det. For det andre legg borgarskapet i alle høve den væpna kampen over på skuldrene til arbeidarane. Det er dette som *verkeleg* ligg bak at hr. Struve er så unnvikande. Dette er grunnen til at han *ryggar attende* frå spørsmålet om det trengst ein oppreist, over til spørsmålet om dei «sosio-psykologiske vilkåra» for han, og til spørsmålet om førebuaende «propaganda». I landdagen i Frankfurt i 1848 hadde dei borgarlege skravlebøttene det travelt med å forma ut resolusjonar, kunngjeringar og vedtak, dei la i veg med «massepropaganda» og førebudde dei «sosio-psykologiske vilkåra», medan saka galdt å slå attende dei væpna styrkane til regjeringa, medan hendingane hadde «ført til» at væpna kamp «var naudsynt», medan verbal overtaling åleine (som er hundre gonger naudsynt under førebuingstida) hadde vorte banal borgarleg handlingsløyse og feigskap. — Slik unnvik også hr. Struve spørsmålet om oppreist og løyner seg bak *frasar*. Hr. Struve syner oss på avslørande vis det som mange sosialdemokratrar vender eit blindt auga imot, nemleg at ei revolusjonær tid skil seg frå vanlege, kvardagslege, førebuaende tider i historia med at stemninga, opphissinga og overtydingane til massane må koma til uttrykk og verkeleg kjem til uttrykk i *handling*.

Vulgær revolusjonisme greier ikkje sjå at ord også er handling. Denne påstanden er udiskutabel når han vert nytta på historia *allment*, eller på dei historiske periodane då det ikkje går føre seg opne politiske masseaksjonar. Halehengsrevolusjonære maktar ikkje skjøna at når ein revolusjonær periode har teke til, når den gamle «overbygninga» har slege sprekkar frå topp til botn, når opne politiske aksjonar frå dei klassane og massane som skaper ein ny overbygning for seg

sjølve har vorte ei kjensgjerning, og når borgarkrigen har teke til — er det handlingslamming, livløyse, pedanteri, eller elles svik mot revolusjonen og forræderi mot han å innskrenka seg til «ord» på *den gamle måten*, uten å leggja fram den *direkte parolen* om at det trengst å gå over til «aksjonar», og å freista unngå aksjonar med å hevda at det trengst «psykologiske vilkår» og «propaganda» allment. Frankfurterpratmakarane til det demokratiske borgarskapet er eit minneverdig historisk døme på nett eit slikt svik eller nett ein slik pedantisk dumskap.

Kan eg få koma med eit døme frå historia til den sosialdemokratiske rørsla i Russland for å forklara denne skilnaden mellom vulgær revolusjonisme og halehengspolitikk hos revolusjonære? Vi skal gje dykk ei slik forklåring. Tenk etter åra 1901 og 1902, som ligg så nær, men alt verkar som gamal historie for oss i dag. Det hadde teke til med demonstrasjonar. Den vulgære revolusjonismen hadde sett i gang å jamra om «stormlaupstaktikk» (*Rabotsjeja Djelo*²⁸), det vart gjeve ut «blodtyrste flygeblad» (med opphav i Berlin, om eg ikkje hugsar feil), og det vart gjort åtak på dei «litterære pretensjonane» og skrivebordspreget til ideane om at det kunne drivast agitasjon i landsmålestokk gjennom ei avis (Nadesjdin).²⁹ På andre sida fekk halehengspolitikken til revolusjonære uttrykk på denne tida i læra om at «den økonomiske kampen er det *beste* midlet for politisk agitasjon». Korleis oppførte dei revolusjonære sosialdemokratane seg? Dei gjekk til åtak på både desse straumdraga. Dei fordømde fyrverkerimetodar og ropa om stormlaupstaktikk, for det var, eller burde ha vore, synbert for alle at opne masseaksjonar var ei sak for morgondagen. Dei fordømde halehengspolitikken og sette ope fram *jamvel* parolen om ein folkeoppreist. Dette gjorde dei ikkje i tydinga ein direkte appell (Hr. Struve vil ikkje kunna finna nokon appell om å «gjera opprør» i uttalene våre på den tida), men i tydinga ei *naudsynt* avleiing, i tydinga

«propaganda» (som hr. Struve fyrst no har tenkt etter for seg sjølv — vår gode hr. Struve ligg alltid fleire år på etterskot), i tydinga å leggja grunnen for nett desse «sosio-psykologiske vilkåra» som representantane for det forvirra og høkrande borgarskapet no så «trist og uhøveleg» held fast ved. *På denne tida* førde verkeleg dei objektive tilhøva propaganda og agitasjon, agitasjon og propaganda fram i fremste rekkje. *På denne tida* kunne det gjerast framlegg om å arbeida med ei ny allrussisk politisk avis (slik det vart gjort framlegg om i Kva må gjerast). Idealet der var at ho skulle komma ein gong for veka, og at dette var hjørnesteinen i arbeidet med å førebu ein oppreist. *På denne tida* var dei einaste korrekte parolane til det revolusjonære sosialdemokratiet slike som gjekk inn for masseagitasjon *i staden for* beinveges væpna aksjonar, å leggja grunnen for dei sosio-psykologiske vilkåra for oppreisten *i staden for* fyrverkerimetodar. No har hendingane gått forbi desse parolane, rørsle har lagt dei bakom seg, dei er vortne til skrap og filler som berre høver til å dekkja hyklariet til *Osvobosjdenije* og halehengspolitikken til ny-*Iskra*!

Eller kanhende tek eg feil? Kanhende har ikkje revolusjonen teke til enno? Kanhende er enno ikkje den tida komen då klassane kan gå til open politisk aksjon? Kanhende er det ikkje nokon borgarkrig enno, og kritikken frå våpna burde enno ikkje verta den *naudsynte* og obligatoriske etterfylgjaren, arvingen, buforvaltare og fullendaren for kritikkvåpenet?

Kom ut frå studerkammeret, sjå deg rundt, og finn svaret på gata. Har ikkje regjeringa sjølv sett i gang borgarkrigen med at ho over alt skyt ned mengder av fredelege og uvæpna medborgarar? Har ikkje dei væpna «Svartehundra» stått fram som eit «argument» for eineveldet? Har ikkje borgarskapet — jamvel borgarskapet — godteke at det trengst ein borgarmilits? Talar ikkje hr. Struve sjølv, den ideelt moderate og percentlege hr. Struve (men eg er redd han gjer det berre

for å unngå det saka gjeld!) om at «den opna naturen til revolusjonære aksjonar» (Det er slik vi har det i dag!) «er no eitt av dei viktigaste vilkåra for å utøva nokon oppsedande innverknad på folkemassane»?

Dei som har augo å sjå med, kan ikkje ha noka tvil om korleis spørsmålet om ein oppreist no må leggjast fram av tilhengjarar av revolusjonen. Sjå på dei *tre* framstillingane av dette spørsmålet vi har fått i dei frie presseorgana som i det heile er i stand til å verka inn på *massane*.

Første framstillinga. Resolusjonen frå tredje kongressen til det russiske sosialdemokratiske arbeidarpartiet.* Det er offentleg godkjend og kunngjort at den

* Her fylgjer heile teksten:

1. Ut ifrå at proletariatet i kraft av stillinga si er den fremste og einaste konsekvente revolusjonære klassen, og difor er kalla til å spela ein leiande rolle i den allmenne demokratiske revolusjonære rørsla i Russland;

2. Ut ifrå at denne rørsla nett no alt har ført til at eit væpna opprør er naudsynt;

3. Ut ifrå at proletariatet uunngåeleg blir svært energisk med i dette opprøret, og at denne deltakinga avgjer lagnaden til revolusjonen i Russland;

4. Ut ifrå at proletariatet kan spela den leiande rollen i denne revolusjonen berre dersom det er samla i ei einaste og uavhengig politisk kraft under banneret til Det sosialdemokratiske arbeidarpartiet, som rettleier kampen for det både ideologisk og praktisk;

5. Ut ifrå at berre om proletariatet gjennomfører denne rolla vil det vera sikra dei beste vilkåra for kampen for sosialismen mot dei klassane som sit med eigedom i det borgarleg-demokratiske Russland;

slår den tredje kongressen til RSDAP fast at ei av dei viktigaste og mest pressande oppgåvene for partiet i den revolusjonære rørsla no er å organisera proletariatet til beinveges kamp mot eineveldet med hjelp av væpna opprør.

Fylgjeleg pålegg kongressen alle partiorganisasjonar:

a) å forklåra for proletariatet med hjelp av propaganda og agitasjon ikkje berre kva det tyder politisk, men den praktisk organisatoriske sida ved det væpna opprøret framfor oss,

b) å forklåra i denne propagandaen og agitasjonen rolla til politiske massestreikar, som kan vera svært viktige først på og etter som opprøret går vidare, og

allmenne demokratiske revolusjonære rørsle *alt har ført med seg* at ein oppreist er *naudsynt*. Det er stilt på dagsorden som ei av dei grunnleggjande, prinsipielle og *ufråvikelege* oppgåvene til partiet å organisera proletariatet til ein oppreist. Det er sendt ut instruksar om at dei *kraftigaste* åtgjerdene skal takast for å væpna proletariatet og sikra at det vert mogleg å leie oppreisten beinveges.

Andre framstillinga. Ein artikkel i *Osvobosjdenije*, der prinsippa vert slegne fast, av «leiaren for dei russiske konstitusjonalistane» (som hr. Struve nyleg vart kalla i eit så innverknadsrikt organ for det europeiske borgarskapet som *Frankfurter Zeitung*³⁰), eller leiaren for det russiske progressive borgarskapet. Han deler ikkje det synet at ein oppreist er uunngåeleg. Løynleg verksemd og oppstandar er dei framgangsmåtane som særkjenner uforstandig revolusjonisme. Republikanisme er døyvingsmetoden. Ein oppreist er eigentleg berre eit teknisk spørsmål, medan «den grunnleggjande og mest naudsynte oppgåva» er å føra ut massepropaganda og å førebu dei sosio-psykologiske vilkåra.

Tredje framstillinga. Resolusjonen på ny-*Iskra*-konferansen. Oppgåva vår er å førebu ein oppreist. Ein planlagd oppreist kjem ikkje på tale. Det vert skapt heldige vilkår for ein oppreist gjennom oppløysinga innan regjeringa, gjennom agitasjonen vår, og gjennom organisasjonen vår. Fyrst då «kan tekniske førebuingar til kamp få meir eller mindre seriøs verdi».

Er dette alt? Ja, dette er alt. Om det har vorte naudsynt med oppreist, er noko ny-*Iskra*-leiarane for proletariatet ikkje veit enno. Om det er ei oppgåve som pressar seg på å organisera proletariatet til den kam-

c) å gjera så energiske tiltak som mogleg både for å væpna proletariatet, setja opp ein plan for det væpna opprøret og leia det beinveges. Til dette føremålet må det skipast særskilte grupper av partiarbeidarar slik og når det er naudsynt. (Forfattarens fotnote til 1907-utgåva. — *Red.*)

pen som no ligg framfor, er enno ikkje klårt for dei. Det er ikkje naudsynt å pressa på for at dei mest energiske åtgjerdene skal setjast i verk. Det er langt viktigare (i 1905, og ikkje i 1902) å forklåra i allmenne vendingar kva vilkår som skal til for at desse åtgjerdene «kan» få «meir eller mindre» å seia ...

Ser de no, kameratar i det nye *Iskra*, kvar denne vendinga til martynovisme har ført dykk? Skjønar de at den politiske filosofien dykkar har synt seg å vera eit oppkok av filosofien til *Osvobosjdenije*? — at de (mot dykkar vilje, og utan at de er klåre over det) fylgjer i kjølvatnet til det monarkistiske borgarskapet? Er det no klårt for dykk at de, samstundes som de tek opp att forslitne sanningar og perfeksjonerer dykk i sofisme, har mista den kjensgjerninga or syne at — med dei minneverdige orda frå den minneverdige artikkelen til Pjotr Struve — «den opne naturen til dei revolusjonære *aksjonane* er no eitt av dei viktigste vilkåra for å øva ein oppsedande innverknad på folke-massane»?

9. KVA TYDER DET Å VERA EIT EKSTREMT OPPOSISJONSPARTI I REVOLUSJONSTIDER?

Lat oss snu attende til resolusjonen om ei provisorisk regjering. Vi har synt at taktikken til ny-Iskraittane ikkje skuver revolusjonen framover — noko dei gjerne ville ha sikra råd for gjennom resolusjonen sin — men skubar han attende. Vi har synt at det er nett denne taktikken som *bind hendene* på sosialdemokratiet i kampen mot det inkonsekvente borgarskapet og ikkje hindrar at det går i oppløysing i det borgarlege demokratiet. Dei galne premissane for resolusjonen fører sjølvsaugt til denne galne slutninga: «Difor må ikkje sosialdemokratiet setja seg som mål å gripa eller dela

makta i den provisoriske regjeringa, men vera partiet til den ekstreme revolusjonære opposisjonen.» Sjå på fyrste halvdelan av denne slutninga, der måla vert slegne fast. Kunngjer ny-iskraitane at målet for verksemda til sosialdemokratane er at revolusjonen skal sigra avgjerande? Det gjer dei. Dei er ute av stand til å setja opp vilkåra for ein avgjerande siger korrekt, og forfell til formuleringar som dei til *Osvobosjdenije*. Men dei set seg dette som mål. Vidare, knyter dei ei provisorisk regjering ihop med oppreist? Ja, det gjer dei beinveges med å slå fast at ei provisorisk regjering «vil stiga fram frå ein sigerrik folkeleg oppreist». Til sist, set dei seg sjølve som mål å leia oppreisten? Ja, det gjer dei. På same måten som hr. Struve let dei vera å vedgå at ein oppreist er tvingande naudsynt, men samstundes seier dei — og her skil dei seg frå hr. Struve — at «sosialdemokratiet strevar etter å *underordna* han (oppreisten) under innverknaden og *leiinga* til arbeidarklassen, og å nytta han i interessene til denne klassen.»

Heng ikkje dette vakkert saman? Vi set oss som mål å underordna oppreisten til både dei proletariske og dei *ikkje-proletariske* massane under vår innverknad og leiing, og nytta han i våre interesser. Fylgjeleg set vi oss som mål å leia både proletariatet og det revolusjonære borgarskapet og småborgarskapet («dei ikkje-proletariske gruppene») i oppreisten, dvs. å «*dela*» leiinga over oppreisten mellom sosialdemokratiet og det revolusjonære borgarskapet. Vi set oss som mål å sikra at oppreisten skal *sigra*, noko som vil føra til at det vert skipa ei provisorisk regjering («som vil stiga fram frå ein sigerrik folkeleg oppreist»). *Difor* ... difor må vi ikkje setja oss som mål å gripa makta eller å dela henne i ei provisorisk revolusjonær regjering!!

Venene våre kan ikkje få argumenta sine til å høva ihop. Dei vaklar mellom standpunktet til hr. Struve, som vik unna for spørsmålet om oppreist, og standpunktet til det revolusjonære sosialdemokratiet, som oppmodar oss om å ta på oss denne tvingande oppgå-

va. Dei vaklar mellom anarkisme, som på prinsipielt grunnlag fordømer all deltaking i ei provisorisk revolusjonær regjering som svik mot proletariatet, og marxismen, som krev ei slik deltaking, ut ifrå den leiande innverknaden sosialdemokratiet har over oppreisten.* Dei har ikkje noko sjølvstendig standpunkt i det heile, korkje standpunktet til hr. Struve, som ynskjer å koma til semje med tsarismen, og såleis er tvinga til å ty til utflukter og lure påfunn i spørsmålet om oppreisten, eller standpunktet til anarkistane, som fordømer alle aksjonar «ovanfrå» og all deltaking i ein borgarleg revolusjon. Ny-*Iskra*-gruppa blandar ihop ein avtale med tsarismen og ein siger over han. Dei vil vera med i ein borgarleg revolusjon. Dei har gått eit stykke ut over Martynovs *To diktatur*. Dei går jamvel med på å leia ein folkeoppreist — for å gje frå seg denne leiinga straks sigeren er vunnen (eller kanhende nett før sigeren?), dvs. *for at dei ikkje sjølve skal gjera seg nytte av fruktene til sigeren*, men overlata alle desse fruktene heilt og fullt over til borgarskapet. Dette er det dei kallar «å nytta oppreisten i interessene til arbeidarklassen ...».

Vi treng ikkje hefta oss bort med denne forvirringa lenger. Det er nyttigare å undersøkje korleis denne forvirringa *oppstod* i den formuleringa som lyder: «Vera partiet for den ekstreme revolusjonære opposisjonen».

Dette er ei av dei velkjende grunnsetningane til det internasjonale revolusjonære sosialdemokratiet. Det er ei heilt ut korrekt grunnsetning. Ho er vorten ei allmannssanning for alle motstandarar av revisjonisme og opportuniste i parlamentariske land. Ho er vorten allment godteken som den legitime og naudsynte avvisinga av «parlamentarisk idioti» av Millerandisme, Bernsteinisme³¹ og italiensk reformisme av Turati-

* Sjå *Proletari* Nr. 3 «Om den provisoriske revolusjonære regjeringa» (1905), *Samla verk*, bd. 8, s. 474—81. — *Red.*

typen. Dei gode ny-iskraittane våre har lært denne framifrå grunnsetninga utanåt og nyttar henne oppglødd ... *heilt uhøveleg*. Omgrep frå den parlamentariske kampen vert førde inn i resolusjonar som er skrivne for vilkår der ingen parlamentarisme finst. Omgrepet «opposisjon», som reflekterer og uttrykkjer ein politisk situasjon der ingen talar alvorleg om *oppreist*, vert nytta heilt meiningslaust på ein situasjon der oppreisten *har teke til*, og der alle som stør revolusjonen tenkjer og talar om leiinga i han. Ynskjet om å «*halda fast*» på dei gamle metodane, dvs. aksjonar berre «nedanfrå» vert ført fram med brask og bram *nett i ei tid* då revolusjonen har stilt opp for oss at det er naudsynt, i tilfelle oppreisten sigrar, å handla *ovanfrå*.

Nei, ny-*Iskra*-gruppa vår har avgjort ikkje lykka med seg! Jamvel når dei formulerer ei korrekt sosialdemokratisk grunnsetning, veit dei ikkje korleis dei skal bruka henne korrekt. Det har ikkje gått opp for dei at når revolusjonen kjem i siget og det er borgarkrig og utbrot av oppreistar, men framleis ikkje noko parlament, då går uttrykka og omgrepa frå den parlamentariske kampen gjennom ei omforming og går over til motsetninga si. Dei skjønar ikkje at under dei vilkåra vi undersøker, vert det gjort framlegg om lovbrigde med hjelp av gatedemonstrasjonar, interpellasjonar vert lagde fram med hjelp av offensive aksjonar frå væpna innbyggjarar, og opposisjon mot regjeringa vert gjennomført med at denne regjeringa vert styrta med makt.

På same måten som den velkjende helten i folkeeventyra våre tok opp att dei gode råda på stader der dei ikkje høvde, tek dei som ovundrar Martynov opp att lærdomane om fredeleg parlamentarisme i ei tid då fiendtlege handlingar har teke til, slik dei sjølve slår fast. Ingen ting er latterlegare enn å leggja fram parolen om «ekstrem opposisjon» så narraktig i ein resolusjon som tek til med å visa til ein «avgjerande siger for revolusjonen» og til ein «folkeleg oppreist»! Prøv og

tenk dykk, mine herrar, kva som ligg i å vera den «ekstreme opposisjonen» i ei oppreisttid. Tyder det å avsløra regjeringa eller å avsetja henne? Tyder det å røysta mot regjeringa eller å slå dei væpna styrkane hennar i ope slag? Tyder det å nekta å fylla opp skattkista til regjeringa, eller å ta denne skattkista på revolusjonært vis for å nytta henne på det oppstanden treng, til å væpna arbeidarane og bøndene, og til å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling? Tek de ikkje til å forstå, mine herrar, at omgrepet «ekstrem opposisjon» uttrykkjer berre negative aksjonar — å avsløra, å røysta imot, å nekta? Kvifor er det slik? Av di dette omgrepet berre gjeld for den parlamentariske kampen, og endåtil i ein periode då ingen gjer «avgjerande siger» til det næraste målet for kampen. Tek de ikkje til å skjøna at tilhøva forandrar seg grunnleggjande på dette feltet, frå den stunda då det politisk undertrykte folket set i gang ein målretta åtak langs heile fronten i ein desperat kamp for å sigrå?

Arbeidarane spør oss: Må vi ta fatt med kraft og styrke på den oppreistgjerninga som pressar seg på? Kva må vi gjera for at den komande oppreisten skal sigrå? Korleis skal vi nytta sigeren? Kva program kan og må setjast i verk? Ny-iskraittane, som gjer marxismen djupare, svarar: Vi må framleis vera partiet for den ekstreme revolusjonære opposisjonen ... Vel, hadde vi ikkje rett då vi kalla desse riddarane uslåelege meistrar i å vera spissborgarar?

10. «REVOLUSJONÆRE KOMMUNAR» OG DET REVOLUSJONÆRT-DEMOKRATISKE DIKTATU- RET TIL PROLETARIATET OG BØNDENE

Konferansen til ny-*Iskra*-gruppa heldt seg ikkje til det anarkistiske standpunktet som den nye *Iskra* hadde

snakka seg borti (aksjonar «nedanfrå», ikkje «nedanfrå og ovanfrå»). Det meiningslause i å vedgå at ein oppreist var mogleg, men ikkje vedgå at det var mogleg å sigrå og å vera med i ei provisorisk revolusjonær regjering, var for openbert. Resolusjonen førde difor inn visse atterhald og innskrenkingar i Martynov og Martov si løysing på spørsmålet. Lat oss sjå på desse atterhalda, slik dei kjem fram i denne delen av resolusjonen:

«Denne taktikken» («å framleis vera partiet for den ekstreme revolusjonære opposisjonen») stengjer sjølv sagt ikkje på nokon måte ute at det er tenleg å gripa makta og skipa revolusjonære kommunar delvis episodisk i ein eller annan by eller eitt eller anna distrikt, berre med det for auga å hjelpa til å spreia oppreisten og å skapa store forstyrningar for regjeringa.»

Dersom dette er tilfelle, tyder det å gå med på prinsippet om aksjonar ikkje berre nedanfrå, men òg ovanfrå. Det tyder at den grunnsetninga som vart sett opp i den velkjende kronikken til Martov i *Iskra* (nr. 93) vert forkasta, og at taktikken til *Vperjod*, dvs. ikkje berre «nedanfrå», men òg «ovanfrå» vert godkjend som korrekt.

Vidare, å gripa makta (jamvel om det er delvis, episodisk osv.) føreset tydelegvis deltaking ikkje berre frå sosialdemokratlar, og ikkje berre frå proletariatet. Dette fylgjer av den kjensgjerninga at det ikkje berre er proletariatet som er interessert i og aktivt med i ein demokratisk revolusjon. Det fylgjer av at oppreisten er «folkeleg», slik det vert slege fast til å byrja med i den resolusjonen vi undersøker, med «ikkje-proletariske grupper» (orda vert nytta i resolusjonen frå Konferansen om oppreisten), dvs. at borgarskapet og tek del i han. Fylgjeleg har *Konferansen kasta over bord* prinsippet om at kvar deltaking av sosialistar i ei provisorisk revolusjonær regjering saman med småborgarskapet er svik mot arbeidarklassen, og det var dette *Vperjod* søkte å oppnå. «Svik» tyder ikkje at det sluttar ve-

ra svik fordi om den verksemda det gjeld er delvis, episodisk, lokal, osb. Fylgjeleg *kasta* konferansen *over bord* ideen om at å vera med i ei provisorisk revolusjonær regjering er jamgodt med vulgær Jaurèsisme*, og det var dette *Vperjod* prøvde å oppnå³². Ei regjering sluttar ikkje vera ei regjering fordi om makta hennar ikkje strekkjer seg over mange byar men til ein einaste by, ikkje over mange distrikt, men til eit einaste distrikt, eller på grunn av det namnet ho ber. Såleis *forkasta Konferansen den teoretiske framstillinga av dette spørsmålet*, slik ny-Iskra freista gjera det.

Lat oss sjå om dei atterhalda som Konferansen la på å skipa revolusjonære regjeringar og vera med i dei, noko dei no har gått med på i prinsippet, er fornuftige. Vi er ikkje merksame på skiljet mellom «episodisk» og «provisorisk».** Vi er redde for at det fyrste ordet, som er «nytt» og framandt, berre er ein fasade for å løyna at tanken er uklår. Det *tykkjest* «djupare», men i røynda er det berre meir uklårt og forvirra. Kva er skilnaden mellom det «føremålstenlege» i å «gripa makta» delvis i ein by eller eit distrikt, og å ta del i ei provisorisk revolusjonær regjering for heile staten? Femner ikkje «byar» om ein by som St. Petersburg, der hendingane 9. januar gjekk føre seg? Femner ikkje distrikt om Kaukasus, som er større enn mange statar? Vil vi ikkje møta problema (som ein gong gjorde den nye Iskra brydd) om kva som skal gjerast med fengsla, politiet, dei offentlege inntektene osb. same stund som vi «grip makta» jamvel i ein einaste by, for ikkje å snakka om eit distrikt? Ingen vil sjølv sagt nekta for at dersom vi har for lite styrkar, dersom oppreisten ikkje

* *Jaurèsisme* — etter den franske sosialistleiaren Jean Jaurès (1859—1914), som av prinsipp gjekk inn for samarbeid til høgre — *Red.*

** Då dette vart skrive, hørde fyrste ordet heime i eit utprega fagspråk, medan det andre ordet var kome inn i vanleg russisk språkbruk. — *Red.*

lykkast heilt ut, eller dersom sigeren ikkje er heilt klår, er det mogleg at det kan skipast provisoriske revolusjonære regjeringar for einskilte mindre område, i einskilte byar, og liknande. Men kva har alt dette å gjera med saka, mine herrar? Talar de ikkje sjølve i byrjinga på revolusjonen om ein «avgjerande siger for revolusjonen», «ein sigerrik folkeoppreist»? Frå kva tidspunkt har sosialdemokratrar teke over arbeidet til anarkistane: Å splitta merksemda og måla til proletariatet, og å retta merksemda mot det «delvise» i staden for det allmenne, det einskilte, det heilslege og fullstendige? Når de går ut ifrå «å gripa makta» i ein by, talar de sjølve om å «utvida oppreisten» — til enda ein by, kan vi våga tru det? — til alle byar, tør vi vona det? Konklusjonane dykkar, mine herrar, er like usunne og tilfældige, like sjølvmotseiande og forvirra, som premissane dykkar. Den tredje kongressen til RSDAP gav eit uttømmande og klårt svar på spørsmålet om ei provisorisk revolusjonær regjering allment sett. Dette svaret dekkjer alle tilfelle av lokale provisoriske regjeringar også. Men når svaret til Konferansen kunstig og tilfældig isolerer ein *del* av spørsmålet, *vik det unna* for heile saka (utan hell), og skaper forvirring.

Kva vert meint med «revolusjonære kommunar»? Skil dette omgrepet seg frå «ei provisorisk revolusjonær regjering», og i så fall, på kva måte? Herrane frå Konferansen veit det ikkje sjølve. Ei forvirra revolusjonær tenking fører som så ofte elles til *revolusjonært frasemakeri*. Å nytta orda «revolusjonær kommune» i ein resolusjon som er vedteken av representantar for sosialdemokratiet er verkeleg revolusjonært frasemakeri og ingenting anna. Marx fordømde ofte slikt frasemakeri der einskilte «fortryllande» omgrep frå ei *utlevd fortid* vert nytta for å løyna oppgåvene for framtida. I slike høve vert fortryllinga i eit omgrep som alt har spela si rolle i historia di meir nyttelaust og skadeleg glitter, det vert til ei barnerangle. Vi må gje arbeidarane og heile folket ei klår og utvetydig oppfat-

ning om *kvifor* vi vil ha skipa ei provisorisk revolusjonær regjering, og *nøyaktig kva endringar* vi skal driva igjennom dersom vi får avgjerande innverknad på regjeringa alt dagen etter at folkeoppbreisten som alt har teke til, har sigrå. Dette er spørsmål dei politiske leiarane vert stilte framfor.

Den tredje kongressen til RSDAP svara fullstendig klårt på desse spørsmåla, og sette opp eit fullstendig program for desse endringane — minimumsprogrammet til partiet vårt. Ordet «kommune» gjev derimot ikkje noko svar i det heile. Det forvirrar berre tankane til folk med eit fjernt ekko av velklingande fraser eller tom retorikk. Di meir vi hyllar til dømes minnet av Paris-kommunen i 1871, di mindre tillateleg vert det å visa ugjennomtenkt til den, utan å analysa dei mistaka som vart gjorde og dei særskilte vilkåra omkring han. Det ville vera å ta opp att det meiningslause dømet til blanquistane — som Engels gjorde narr av — som (i 1874, i «manifestet» sitt) hylla alt som kommunen gjorde. Kva svar vil ein som var med på Konferansen gje ein arbeidar som spurde han om *denne* «revolusjonære kommunen», den som vert nemnd i resolusjonen? Han vil berre vera i stand til å fortelja han at dette er det namnet som ei særskilt arbeidarregjering har vorte kjent under i historia, ei regjering som ikkje greidde, og på den tida ikkje kunne, skilja mellom elementa i ein demokratisk revolusjon og ein sosialistisk revolusjon, ei regjering som blanda saman oppgåvene med å kjempa for ein republikk med dei å kjempa for sosialismen, var ute av stand til å setja i gang nokon energisk militær offensiv mot Versailles, gjorde eit mistak då dei ikkje tok hand om den franske nasjonalbanken, osb. Kort sagt, same om du viser til Paris-kommunen eller til einkvan annan kommune i svaret ditt, vil det verta: Det var ei regjering *slik regjeringa vår ikkje skal verta*. Det får ein seia er eit fint svar! Ber det ikkje vitne om pedantisk moralisering og maktesløyse frå dei revolusjonære si side når ein resolusjon

ikkje seier noko om det praktiske programmet til partiet og i utide gjev seg til å dosera historie? Avslører ikkje dette nett den feilen vi utan vidare hell har vorte skulda for, dvs. å blanda i hop ein demokratisk revolusjon med ein sosialistisk revolusjon, noko som ingen av «kommunane» var i stand til å skilja mellom?

Å utvida oppreisten og skapa oppløysing for regjeringa vert lagt fram som det «einaste» målet for ei provisorisk regjering (som så malplassert vert kalla ein «kommune»). Teke bokstavleg, stengjer ordet «einaste» ute alle andre mål. Det er eit ekko av den meiningslause teorien om «berre nedanfrå». Å stengja ute andre mål på ein slik måte er endå eit døme på stutt-syn og manglande ettertanke. Ein «revolusjonær kommune», dvs. ei revolusjonær regjering, jamvel om det berre er i ein by, vil uunngåeleg måtta administrera (jamvel om det er provisorisk, «delvis, episodisk») *alle* offentlege saker, og det er toppen av dumskap å stikka hovudet under vengen og nekta å sjå dette. Denne regjeringa må setja åttetimarsdagen ut i livet, oppretta arbeidarinspeksjon i fabrikkane, innføra fri allmennutdanning, innføra val av domarar, skipa bondekomitear, osb. Kort sagt vil ho for visst måtta setja ut i livet ei rekkje reformer. Å framstilla desse reformene som å «hjelpa til å spreia oppreisten» ville vera å driva ordspel og medvite skapa større forvirring i ei sak som krev absolutt klårleik.

— — —

Den avsluttande delen av resolusjonen frå Konferansen til ny-*Iskra* gjev ikkje noko nytt materiale for å kritisera grunnleggjande økonomistiske straumdrag som er vekte til live i partiet vårt, men det illustrerer frå ein noko annan vinkel det som er sagt ovanfor.

Her er denne avsluttande delen:

«Berre i eitt tilfelle skulle sosialdemokratiet på eige initiativ retta arbeidet sitt inn mot å gripa makta og

halda henne så lenge som mogleg — nemleg i tilfelle revolusjonen spreier seg til dei framskridne landa i Vest-Europa, der vilkåra for å vinna fram til sosialismen alt har nådd ein viss (?) modningsgrad. I det tilfellet kan det avgrensa historiske siktemålet til den russiske revolusjonen verta monaleg utvida, og det vert mogleg å gå inn på vegen med sosialistiske reformer.

Med å grunna taktikken på forventninga om at det sosialdemokratiske partiet under heile den revolusjonære perioden skal stå på standpunktet med ekstrem revolusjonær opposisjon mot alle regjeringar som fylgjer etter kvarandre etter som revolusjonen utviklar seg, blir sosialdemokratiet best skikka til å bu seg på å dra nytte av regjeringsmakta dersom ho fell (??) i hendene på partiet.»

Den grunnleggjande ideen her er den som *Vperjod* ei rekkje gonger har formulert, der det vert slege fast at vi ikkje må vera redde (slik Martynov er) for at sosialdemokratiet skal sigra fullstendig i ein demokratisk revolusjon, dvs. for eit revolusjonært-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene, for ein slik siger vil setja oss i stand til å vekkja opp Europa. Etter at det sosialistiske proletariatet i Europa har kasta av seg åket til borgarskapet, vil det i sin tur hjelpa oss å fullføra den sosialistiske revolusjonen. Men sjå korleis attgjevinga til ny-*Iskra* skjemmer ut denne ideen. Vi skal ikkje hefta oss med detaljar; med den meiningslause trua at makta kunne «falla» i hendene på eit klassemedvite parti som ser på det å gripa makta som skadeleg taktikk; med den kjensgjerninga at vilkåra for sosialisme i Europa har nådd ikkje ein viss modningsgrad, men ei allmenn modning; med at partiprogrammet vårt ikkje kjenner nokon sosialistiske reformer, men berre den sosialistiske revolusjonen. Lat oss ta den prinsipielle og grunnleggjande skilnaden mellom ideen til *Vperjod* og den som vert lagd fram i resolusjonen. *Vperjod* gjev det revolusjonære proletariatet i Russland ei aktiv oppgåve: Å vinna slaget for de-

mokratiet og nytta denne sigeren til å føra revolusjonen over til Europa. Resolusjonen maktar ikkje gripa denne bindelekkjen mellom den «avgjerande sigeren» vår (ikkje i tydinga til ny-*Iskra*) og revolusjonen i Europa, og difor talar han ikkje om oppgåvene til proletariatet eller utsiktene for at *det* skal sigrå, men berre om kva som er allment mogleg: «i tilfelle revolusjonen spreier seg...» *Vperjod* peika klårt og fast på — og det vart teke inn i resolusjonen frå tredje kongressen til Det russiske sosialdemokratiske arbeidarpartiet — korleis «regjeringsmakt» kan og må «nyttast ut» i interessene til proletariatet, når ein tek omsyn til kva ein kan oppnå straks, på eit visst steg i samfunnsutviklinga, og kva ein må oppnå fyrst som ein demokratisk føresetnad for kampen for sosialismen. Her og ligg resolusjonen håpløst langt etter når han slår fast: «bli skikka til å bu seg på å dra nytte», men let vera å seia *korleis* han vil bli skikka til, *korleis* han vil bu seg, og å nytta ut *til kva føremål*. Vi tvilar til dømes ikkje det minste på at ny-iskraitane kan bli «skikka til å bu seg på å dra nytte» av dei leiande posisjonane sine i partiet, men poenget er at til denne tid gjev ikkje røynsla deira med den utnyttinga, førebuingane deira noko vidare von om at det moglege skal verta til røyndom ...

Vperjod slo heilt avgjort fast kvar dei røynlege «sjansane for å halda på makta» ligg — nemleg i det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene, i deira sams massestyrke, som er i stand til å vega opp alle styrkane til kontrarevolusjonen, av di interessene deira for *demokratiske* reformer uunngåeleg fell saman. Heller ikkje her gjev resolusjonen frå Konferansen oss noko positivt, han unngår berre spørsmålet. Sikkert nok, det som må avgjera om det er mogleg å halda på makta i Russland, er korleis dei sosiale kreftene i sjølve Russland er sette saman, det er vilkåra for den demokratiske revolusjonen som no går føre seg i landet vårt. Ein siger for proletariatet i Europa (det er enno eit langt stykke frå å føra revolusjo-

nen over til Europa til at proletariatet sigrar) vil føra til ein desperat kontrarevolusjonær kamp frå det russiske borgarskapet — like fullt seier ikkje resolusjonen til ny-iskraittane eitt ord om denne kontrarevolusjonære krafta som resolusjonen frå tredje kongressen til RSDAP vurderte. Dersom vi i kampen for republikk og demokrati ikkje kunne lita på bøndene likså vel som på proletariatet, ville utsiktene for å «halda på makta» vera vonlause. Men om dei ikkje var vonlause, om «den avgjerande sigeren for revolusjonen over tsarismen» opnar for ein slik sjanse, då må vi peika på han, gå aktivt inn for at han vert gjort om til røyndom, og koma med praktiske parolar ikkje berre *for det tilfellet* at revolusjonen vert ført over til Europa, men og *med det for auga* å føra han over dit. Den tilvisinga halehengssosialdemokratane gjer til det «avgrensa historiske siktemålet for den russiske revolusjonen» tener berre til å dekkja over at dei ikkje forstår måla med denne demokratiske revolusjonen, og den leiande rolla proletariatet har i han!

Ei av innvendingane som er reiste mot parolen om «det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene» er at diktatur føreset ein «einskapleg vilje» (*Iskra* nr. 95), og at det ikkje kan vera nokon einskapleg vilje for proletariatet og småborgarskapet. Denne innvendinga er usunn, for ho grunnar seg på ei abstrakt, «metafysisk» tolking av omgrepet «einskapleg vilje». Det kan vera ein einskapleg vilje i ei tyding og ikkje i ei anna. Om det ikkje er samsvar i spørsmål om sosialismen og i kampen for sosialismen, stengjer ikkje det ute at einskap i vilje er mogleg i spørsmål om demokrati og i kampen for ein republikk. Å gløyma dette ville vera jamgodt med å gløyma karakteren til den demokratiske revolusjonen som ein revolusjon *av heile folket*: Dersom han er «av heile folket», tyder det at det er «ein einskapleg vilje» nett i den mon denne revolusjonen oppfyller trongen og krava til heile folket. Bak grensene for demokratismen kan det ikkje ve-

ra noko spørsmål om at proletariatet og bondeborgarskapet har ein einskapleg vilje. Klassekamp mellom dei er uunngåeleg, men det er i ein demokratisk republikk at denne kampen vil verta ein sær s gjennomgripande og vidfemnande kamp som folket fører *for sosialismen*. Liksom alt anna i verda har det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene ei fortid og ei framtid. Fortida det har er einevelde, liveigenskap, monarki og privilegiar. I kampen mot denne fortida, i kampen mot kontrarevolusjonen, er ein «einskapleg vilje» for proletariatet og bøndene mogleg, for her er det samsvar i interessene.

Framtida det har er kampen mot privateigedomen, kampen lønsarbeidaren fører mot arbeidsgjevaren, kampen for sosialismen. Her er ein einskapleg vilje umogleg.* Den vegen som her ligg framfor oss går ikkje frå einevelde til ein republikk, men frå ein småborgarleg demokratisk republikk til sosialismen.

I røynelege historiske omstende er sjølv sagt elementa frå fortida vovne ihop med dei som høyrer framtida til; dei to vegane kryssar einannan. Lønsarbeid med kampen det fører mot privateigedomen eksisterer også under eineveldet, det stig jamvel fram under liveigenskapet. Men dette hindrar oss ikkje det minste frå å skilja logisk og historisk mellom dei store utviklingsstega. Vi set alle den borgarlege revolusjonen og den sosialistiske revolusjonen opp mot einannan. Vi står alle fast på at det er absolutt naudsynt å skilja strengt mellom dei. Like fullt: Kan det nektast for at einskilde, særskilde element frå dei to revolusjonane har vorte vovne saman opp gjennom historia? Har ikkje perioden med demokratiske revolusjonar i Europa lært å kjenna ei rekkje sosialistiske rørsler og freistnader på å innføra

* Utviklinga av kapitalismen, som vert meir vidfemnande og raskare under frie vilkår, vil uunngåeleg snart gjera slutt på den einskaplege viljen. Det vil skje di før, di tidlegare kontrarevolusjonen og reaksjonen vert knust.

sosialismen? Og vil ikkje den framtidige sosialistiske revolusjonen i Europa framleis måtta fullføra mykje som enno er ugjort innanfor det demokratiske området?

Ein sosialdemokrat må aldri ein augeblink gløyma at proletariatet uunngåeleg vil måtta føra klassekamp for sosialismen jamvel mot det mest demokratiske og republikanske borgarskapet og småborgarskapet. Dette rår det ingen som helst tvil om. Av dette fylgjer at det er absolutt naudsynt med eit særskilt, uavhengig, strengt avgrensa sosialdemokratisk klasseparti. Av dette fylgjer at taktikken vår med å «slå eit slag saman» med borgarskapet er tidbunden, og at vi har skuldnad til å halda strengt oppsyn «over vår allierte som over ein fiende», osb. Alt dette let det ikkje vera rom for tvil. Men det ville vera låtteleg og reaksjonært å leia ut frå dette at vi må gløyma, oversjå og forsøma oppgåver som sjølv om dei er forbigåande og mellombels, er livsviktige nett no. Kampen mot eineveldet er ei mellombels og forbigåande oppgåve for sosialistar, men å oversjå eller forsøma denne oppgåva på noko vis er jamgodt med å svika sosialismen og tena reaksjonen. Det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene er utan tvil berre eit forbigåande, mellombels sosialistisk mål, men å oversjå dette målet i perioden til ein demokratisk revolusjon ville vera beint fram reaksjonært.

Konkrete politiske mål må stillast under konkrete omstende. Alt er relativt, alt flyt, og alt forandrar seg. Det tyske sosialdemokratiet set ikkje kravet om republikk på programmet sitt. Stoda i Tyskland er slik at spørsmålet i praksis knappast kan løysast frå spørsmålet om sosialismen (sjølv om det òg med omsyn til Tyskland var slik at Engels då han kommenterte utkastet til Erfurtprogrammet³³ i 1891 åtvare mot å gjera spørsmålet om ein republikk og kampen for ein republikk til ei mindre viktig sak!* I det russiske sosialdemokratiet har ikkje spørsmålet ein gong vorte reist no-

kon gong om å fjerna kravet om ein republikk frå programmet og agitasjonen til partiet, for i vårt land kan det ikkje vera snakk om nokon uoppløyseleg bindelekk mellom spørsmålet om ein republikk og spørsmålet om sosialismen. Det var heilt naturleg for ein tysk sosialdemokrat i 1898 å ikkje leggja særskilt vekt på spørsmålet om ein republikk, og dette vekkjer korkje overrasking eller fordøming. Men i 1848 ville ein tysk sosialdemokrat som hadde sett spørsmålet om ein republikk i bakgrunnen vore ein endefram svikar mot revolusjonen. Det finst ikkje noko slikt som ei abstrakt sanning. Sanninga er alltid konkret.

Den tida vil koma då kampen mot det russiske einveldet er slutt, og perioden til den demokratiske revolusjonen er forbi i Russland. Då vil det vera låtteleg å jamvel tala om «einskap i viljen» hos proletariatet og bøndene, om eit demokratisk diktatur, osb. Når den tida kjem, tek vi for oss spørsmålet om det sosialistiske diktaturet til proletariatet beinveges og talar meir detaljert om det. Nett no kan ikkje partiet til den framskridne klassen anna enn å arbeida så energisk som råd for at den demokratiske revolusjonen skal sigra avgjerande over tsarismen. Og ein avgjerande siger tyder ikkje noko anna enn det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene.

* *Merknad*³⁴

1) Vi vil få minna lesaren om at *Iskra* i polemikken mellom seg og *Vperjod* mellom anna viste til brevet frå Engels til Turati, der Engels åtvara (den framtidige) leiaren for dei italienske reformistane mot å blanda ihop den demokratiske og den sosialistiske revolusjonen. Den revolusjonen Italia stod framfor ville vera ein småborgarleg, demokratisk og ikkje ein sosialistisk revolusjon, skreiv Engels om den politiske stoda i Italia i 1894. *Iskra* klandra *Vperjod* for at dei hadde vike av frå dei prinsippa Engels hadde sett opp. Dette var ei grunnlaus klandring, for sett under eitt, godtok *Vperjod* (nr. 14) fullt ut at teorien til Marx om skiljet mel-

lom dei tre hovudkreftene i revolusjonane i 19. hundreåret var korrekt. I fylgje denne teorien tek dei fylgjande kreftene stilling mot det gamle systemet, mot eineveldet, føydalismen, og liveigenskapen: 1) Det liberale storborgarskapet. 2) Det radikale småborgarskapet. 3 Proletariatet. Dei fyrste kjempar ikkje for meir enn eit konstitusjonelt monarki. Dei andre kjempar for ein demokratisk republikk. Dei tredje kjempar for ein sosialistisk revolusjon. Om sosialistane blandar saman kampen småborgarskapet fører for ein fullstendig demokratisk revolusjon med kampen proletariatet fører for ein sosialistisk revolusjon, risikerer dei å spela politisk fallitt. Åtvaringane Marx gav mot dette har synt seg heilt rette. Men det er nett dette som er grunnen til at parolen om «revolusjonære kommunar» er feil, for dei kommunane historia kjenner gjorde nett det mistaket at dei blanda ihop den demokratiske og den sosialistiske revolusjonen. På den andre sida vernar parolen vår — eit revolusjonært demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene — oss fullt ut mot dette mistaket. Til same tid som parolen vår sannkjenner den udiskutable borgarlege naturen til ein revolusjon *beinveges*, fører parolen denne særskilte revolusjonen *framover*, og strevar med å gje han former som er til størst føremon for proletariatet. Fylgjeleg strevar han etter å gjera så mykje som råd ut av den demokratiske revolusjonen for å vinna så stor framgang som mogleg i den kampen proletariatet skal føra for sosialismen i framtida.

11. EI SNAR JAMFØRING MELLOM FLEIRE AV RESOLUSJONANE PÅ TREDJE KONGRESSEN TIL RSDAP OG DEI PÅ «KONFERANSEN»

Spørsmålet om den provisoriske revolusjonære regjeringa er nett no det sentrale taktiske spørsmålet i den

sosialdemokratiske rørsle. Det er korkje mogleg eller naudsynt å hefta seg i like stor detalj ved dei andre resolusjonane frå Konferansen. Vi vil berre avgrensa oss til å visa stutt til ein del punkt som stadfestar den prinsippskilnaden vi har analysert ovanfor mellom den taktiske tendensen i resolusjonane på Tredje kongressen til RSDAP og tendensen i resolusjonane til Konferansen.

Ta spørsmålet om haldninga til taktikken regjeringa fylgjer like før revolusjonen. Endå ein gong vil de finna eit dekkjande svar på dette spørsmålet i ein resolusjon frå Tredje kongressen til RSDAP. Denne resolusjonen tek omsyn til alle dei mangslungne vilkåra og oppgåvene dette særmerkte høvet byd på: Å avsløra hykleriet i konsesjonane frå regjeringa; å nytta ut «vrengebiletet av folkeleg representasjon»; å setja ut i livet dei påtrengande krava frå arbeidarklassen på revolusjonært vis (fyrst og fremst åttetimars arbeidsdag). Og til sist, motstand mot Svartehundra. I resolusjonane frå Konferansen vert dette spørsmålet teke opp stykkevis: «Motstand mot dei vonde kreftene til reaksjonen» vert nemnt berre i grunngjevinga for resolusjonen om haldninga til andre parti. Deltaking i val til representative organ vert vurdert isolert frå «kompromissa» tsarismen inngår med borgarskapet. I staden for å krevja at åttetimarsdagen skal gjennomførast med revolusjonære middel, får vi ein særskilt resolusjon med den kravstore tittelen «Om den økonomiske kampen», som berre tek opp att (etter høgtflygande og svært tåpelege frasar om «den sentrale stillinga som arbeidarspørsmålet har i det offentlege livet i Russland») den gamle parolen om å stri for «lovfesting av åttetimarsdagen». Kor utilstrekkeleg og forsinka denne parolen er no, er så klårt at det ikkje treng provast.

Spørsmålet om open politisk verksemd. Den tredje kongressen tek med i vurderinga den *radikale* forandringa som snart er i vente i verksemda vår. Løyneleg

aktivitet og utvikling av undergrunnsorganisasjonen må på ingen måte gjevast opp. Det ville vera å overlata spelet til politiet, og det ville vera til største fordel for regjeringa. Men til same tid må vi og vurdera open verksemd. Tenlege former for slik verksemd, og fylgjeleg særskilte mindre løynlege organ, må *førebuast* straks med dette for auga. Vi må gjera bruk av legale og halvlegale samanslutningar med sikte på å forma dei så langt råd om til støttepunkt for det framtidige opene sosialdemokratiske arbeidarpartiet i Russland.

Her òg splittar Konferansen opp saka, og maktar ikkje leggja fram nokon samlande parolar. Det som slår ein, er den låttelege instruksen til organisasjonskomiteen om å ta seg av «plasseringa» av skribentar som fungerer legalt. Så har vi det fullstendig meiningslause vedtaket om «å føra inn under vår innverknad dei demokratiske avisene som set seg som mål å gje hjelp til arbeidarrørsla». Dette er det uttalte målet til alle dei legale liberale avisene våre, og dei fylgjer nesten alle straumdraget til *Osvobosjdenije*. Kvifor kunne ikkje redaksjonsrådet i *Iskra* sjølve ta ein opptakt for å setja sitt eige råd ut i livet og gje oss eit døme på korleis *Osvobosjdenije* skal leggjast inn under sosialdemokratisk innverknad? I staden for parolen om å gjera seg nytte av legale eksisterande samanslutningar for å oppretta støttepunkt for *partiet*, får vi fyrst eit råd for seg berre om «fag»foreiningar (partimedlemer må vera aktive i dei), og for det andre, råd om å leia «dei revolusjonære organisasjonane til arbeidarane» = «uoffisielt oppretta organisasjonar» = «revolusjonære arbeidarklubbar». Korleis det har gått til at desse «klubbane» er klassifiserte som uoffisielt oppretta organisasjonar, og kva desse «klubbane» verkeleg er — det må gudane vita. I staden for faste og klåre instruksar frå eit øvste partiorgan har vi fått nokre tilfeldig nedskrivne tankar og nokre grove utkast frå skribentar. Det finst ikkje noko fullstendig bilete av opptakten til at partiet skal gå over på eit fullstendig nytt grunnlag for heile arbeidet sitt.

«Bondespørsmålet» vart lagt fram fullstendig ulikt av partikongressen og Konferansen. Kongressen arbeidde ut ein resolusjon om «haldninga til bonderørsla», Konferansen om «arbeid mellom bøndene». I det eine tilfellet vart hovudvekta lagt på oppgåva å leia heile den revolusjonært-demokratiske rørsla ut ifrå dei allmenne nasjonale interessene av å kjempa mot tsarismen. I det andre tilfellet vert spørsmålet redusert berre til «arbeid» mellom eitt særskilt samfunnslag. I det eine tilfellet vert det lagt fram ein sentral praktisk parole for agitasjonen vår, der det vert kravd at det straks skal organiserast revolusjonære bondekomitear for å setja alle demokratiske endringar ut i livet. I det andre skal eit «krav om å organisera komitear» leggjast fram for ei grunnlovgevande forsamling. Kvifor skulle vi venta på denne grunnlovgevande forsamlinga? Vil ho verkeleg verta grunnlovgevande? Vil ho verta stabil utan at det på førehand og samstundes vert oppretta revolusjonære bondekomitear? Konferansen har mista alle desse spørsmåla av syne. Vedtaka der speglar alle av den allmenne ideen som vi har kunna fylgja, nemleg at vi berre må gjera vårt eige spesielle arbeid i den borgarlege revolusjonen utan å ha som mål å leia heile den demokratiske rørsla og styra denne rørsla sjølvstendig. På same måten som økonomistane ustansaleg drog den feilslutninga at den økonomiske kampen er for sosialdemokratane medan den politiske kampen er for dei liberale, dumpar dei som stør *ny-Iskra* i alle sine resonnement stadig ned på den ideen at vi bør sitja rolege i eit hjørne ute av vegen for den borgarlege revolusjonen, medan borgarskapet gjer det aktive arbeidet med å setja revolusjonen i verk.

Til sist må vi og merkja oss resolusjonen om haldninga til andre parti. Resolusjonen på Tredje kongressen til RSDAP talar om å avsløra alt som er avgrensa og utilstrekkeleg i den borgarlege rørsla for frigjerung, utan å nøra nokon godtruande tanke om å rekna opp kvart einaste mogleg tilfelle av slik avgrensing frå kon-

gress til kongress, eller å dra ei skiljeline mellom bra borgarskap og dårleg borgarskap. Konferansen gjorde opp att feilen til Starover, dei leita iherdig etter denne lina og utvikla den velkjende «lakmuspapir»-teorien. Starover gjekk ut ifrå ein svært god ide — den å leggja fram så strenge vilkår som mogleg for borgarskapet. Han gløymde berre at alle freistnader på å skilja dei borgarlege demokratane som fortener godkjenning, semjer osb. på førehand frå dei som ikkje fortener dei, fører til ein «formel» som straks vert forkasta av utviklinga og skaper forvirring for det proletariske klassemedvitet. Vekta vert lagt over frå verkeleg einskap i kampen til kunngjeringar, lovnader og parolar. Starover hevda at «allmenn og lik røysterett, beinveges og løynlege val» var ein slik radikal parole. Knappt to år gjekk før det synte seg at «lakmuspapiret» var nytte-laust og parolen om allmenn røysterett vart teken over av *Osvobosjdenije*-gruppa, som med det ikkje kom noko nærare sosialdemokratiet, men tvertom freista nytta nett denne parolen for å føra arbeidarane på avvegar og avleia dei frå sosialismen.

No legg ny-iskraittane fram «vilkår» som er endå «strengare». Dei «krev» av fiendane til tsarismen «energisk og utvetydig (!?) stønad for kvar einaste målretta aksjon frå det organiserte proletariatet», osb., opp til og medrekna «aktiv deltaking i sjølvvæpning av folket». Lina er ført langt vidare — men like fullt er denne lina *alt forelda att*, samstundes som ho avslørar kor nyttelaus ho er. Kvifor er det t.d. ingen parole for ein republikk? Korleis er det at sosialdemokratane — i interessene til «ubøyeleg revolusjonær krig mot heile grunnlaget for systemet med samfunnsstender og monarkiet» — «krev» alt mogleg av dei borgarlege demokratane utanom kamp for republikken?

At dette spørsmålet ikkje berre er vrangskap, at mistaka til ny-iskraittane er politisk livsviktige, vert prova av Det russiske frigjeringsbandet (sjå *Proletari* nr.

4)* Desse «fiendane av tsarismen» stettar fullt ut alle «krava» frå ny-*Iskra*-tilhengjarane. Og like fullt har vi synt at ånda frå *Osvobosjdenije* rår i programmet (eller mangelen på program) hos dette russiske frigjerings sambandet, og at *Osvobosjdenije*-gruppa lett kan ta det på slep. I avslutningsdelen av resolusjonen kunngjer Konferansen likevel at «sosialdemokratiet vil halda fram å gå imot alle dei politiske partia som — som hyklariske folkevenner — nektar å gje ekte stønad til den revolusjonære kampen til proletariatet, sjølv om dei viftar med ei liberal og demokratisk fane». Ikkje nok med at Det russiske frigjerings sambandet ikkje held attende slik stønad; dei tilbyr han svært ivrig. Er det nokon garanti for at leiarane for dette sambandet ikkje er «hyklariske folkevenner», sjølv om dei er «frigjeringsfolk»?

Ser de: Med å finna opp «vilkåra» på førehand og leggja fram «krav» som vert komiske på grunn av den skremmande maktesløysa deira, set ny-iskraitane seg straks i ei latterleg stilling. Det provar seg straks at vilkåra og krava deira ikkje held når ein skal vurdera den levande røyndomen. Jakta deira etter formalar er håplaus, for ingen formel kan femna alle dei ulike ovringane av hykling, inkonsekvens og sneversyn som dei borgarlege demokratane legg for dagen. Det er ikkje eit spørsmål om «lakmuspapir», formalar, eller skrivne og prenta krav, heller ikkje er det eit spørsmål om å dra ei skiljeline på førehand mellom hyklende og truverdige «venner av folket». Det er eit spørsmål om ver-

* *Proletari* nr. 4, som kom ut 4. juni 1905, inneheldt ein lengre artikkel med tittelen «Eit nytt revolusjonært arbeidarsamband», 1905. Artikkelen gjev att innhaldet i dei appellane som er sendt ut av dette sambandet, som tok namnet «Det russiske frigjerings sambandet», og sette seg som mål å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling med hjelp av ein oppreist. Artikkelen slår vidare fast kva haldning sosialdemokratane skal ta til slike partilause samband. I kor stor mon dette sambandet verkeleg eksisterte og kva lagnad det fekk under revolusjonen, er heilt ukjent for oss. (Forfattarens merknad til utgåva frå 1907. — *Red.*)

keleg einskap i kampen, om at sosialdemokratane atterhaldslaut skal kritisera kvart einaste «usikkert» steg som dei borgarlege demokratane tek. Det som trengst for «ei verkeleg samansveising av alle dei samfunnskraftene som er interesserte i demokratisk endring» er ikkje dei «punkta» som konferansen arbeidde så iherdig og så forgjeves med, men evna til å leggja fram verkeleg revolusjonære parolar. Dei parolane som trengst er dei som kan lyfta det revolusjonære og republikanske borgarskapet opp på nivået til proletariatet, og ikkje senka måla til proletariatet ned på nivået til det monarkistiske borgarskapet. Det som trengst for dette, er så energisk deltaking som råd i oppreisten, ikkje sofistisk unnvikning for dei oppgåvene som tvingar seg på i ein oppreist.

12. VIL SLAGKRAFTA TIL DEN DEMOKRATISKE REVOLUSJONEN MINKA DERSOM BORGARSKAPET VIK ATTENDE FRÅ HAN?

Linene ovanfor var alt skrivne då vi fekk ein kopi av resolusjonane som var vedtekne på den kaukasiske konferansen av ny-iskraittar og offentleggjorde i *Iskra*. Sjølv om vi hadde freista, kunne vi ikkje ha funne opp noko betre *pour la bonne bouche* (nokon likare godbit).

Redaktørane i *Iskra* kommenterer med full rett: «Når det gjeld det grunnleggjande spørsmålet om taktikk, kom også den kaukasiske konferansen fram til eit vedtak som er *i samsvar*» (sant og visst) «med vedtaket på Den allrussiske konferansen» (dvs. konferansen til ny-*Iskra*-gruppa). «Spørsmålet om kva haldning sosialdemokratane skal ta til ei provisorisk revolusjonær regjering har dei kaukasiske kameratane løyst i

ånda til den mest uttalte opposisjonen mot dei nye metodane som *Vperjod*-gruppa og utsendingane til den såkalla kongressen som har gått i lag med dei, har gått inn for.» «Ein må vedgå at den formuleringa av taktikken til det proletariske partiet i ein borgarleg revolusjon som konferansen har lagt fram, er *særs høvelege*.»

Rett skal vera rett. Ingen kunne ha koma med ei meir «høveleg» formulering av det grunnleggjande mistaket til ny-*Iskra*-gruppa. Vi vil sitera denne formuleringa fullt ut, fyrst med å trekkja fram blomane i parentes, og så til sist frukta.

Her er den resolusjonen om ei provisorisk regjering som den kaukasiske konferansen av ny-*Iskra*-tilhengjarar vedtok:

«Ut ifrå at vi ser det som vår oppgåve å dra fordel av den revolusjonære situasjonen for å utdjupa (sjølv-sagt! Dei skulle ha lagt til: «*À la* Martynov!») det sosialdemokratiske medvitet i proletariatet (berre for å gjera medvitet djupare, og ikkje for å vinna ein republikk? For ei «djup» forståing av revolusjonen!), og for å tryggja full fridom for partiet til å kritisera det framveksande borgarleg-statlege systemet (det er ikkje vår oppgåve å tryggja ein republikk! Vår oppgåve er berre å tryggja fridomen til å kritisera. Anarkistiske idear fører med seg anarkistisk språk: «Borgarleg-statleg» system!), kunngjer konferansen at han går imot å skipa ei sosialdemokratisk provisorisk revolusjonær regjering, og å gå inn i ei slik regjering (hugs på den resolusjonen bakunistane vedtok ti månader før den spanske revolusjonen, som Engels viser til: *Sjå Proletari* nr. 3)³⁵, og vurderer det som den mest tenlege framgangsmåten å pressa utanfrå (nedanfrå og ikkje ovanfrå) på den borgarlege provisoriske regjeringa for å sikra ein gjennomførleg grad (!?) av demokratisering av statssystemet. Konferansen meiner at å skipa ei provisorisk regjering av sosialdemokratar, eller at dei går inn i ei slik regjering, ville på den eine sida føra til at

proletarmassane vert vonbrotne over det sosialdemokratiske partiet og forlet det, av di sosialdemokratane, sjølv om dei greip makta, ikkje ville vera i stand til å stetta det brennande behovet til arbeidarklassen, medrekna å innføra sosialismen (ein republikk er ikkje eit brennande behov! I si uskuld merker ikkje forfattarane at dei talar reint anarkistspråk, nett som om dei avviste deltaking i borgarlege revolusjonar!), og på den andre sida *ville føra til at dei borgarlege klassane veik attende frå revolusjonen, slik at slagkrafta i han vart svekt.*»

Her er kjernen i saka. Det er her anarkistiske idear vert vovne ihop (slik det støtt er tilfelle også mellom dei vesteuropeiske bernsteinianarane) med reinhekle opportuniste. Berre tenk dykk: Desse folka vil ikkje gå inn i ei provisorisk regjering av di dette ville få borgarskapet til å vika attende frå revolusjonen, slik at slagkrafta i han såleis vart svekt. Her har vi retteleg filosofien til ny-*Iskra* som heilskap, i rein og konsekvent form: Sidan revolusjonen er ein borgarleg revolusjon, må vi bøya oss for borgarleg spissborgarskap og vika av vegen for han. Om vi berre delvis, berre ein augeblik, let oss leia av den vurderinga at vår deltaking kan få borgarskapet til å vika attende, gjev vi med det rett og slett heile leiinga for revolusjonen over til dei borgarlege klassane. Med det set vi proletariatet heilt under formyndarskapen til borgarskapet (samstundes som vi får halda på full «fridom til å kritisera»!), tvingar proletariatet til å vera moderate og spake, slik at borgarskapet ikkje skal vika attende. Vi maktstel det proletariatet treng aller mest, dei politiske behova — noko økonomistane og dei som kopierer dei aldri har forstått skikkeleg — for at ikkje borgarskapet skal vika attende. Vi går fullstendig vekk frå å byggja på ein revolusjonær kamp for å oppnå demokrati i den mon proletariatet treng det, til å byggja på kjøpslåing med borgarskapet, på å kjøpa frivillig samtykke frå borgarskapet («slik at det ikkje skal dra seg attende») på kostnad av prinsippa våre, med å svika revolusjonen.

Med to stutte liner har dei kaukasiske ny-iskraitane greidd å uttrykkja kjernen i taktikken med å svika revolusjonen og å gjera proletariatet om til eit ynkeleg vedheng til dei borgarlege klassane. Det vi utleidde ovanfor frå mistaka til ny-*Iskra*-tendensen, ser vi no vert lyft opp til eit klårt og fast prinsipp: Fylg i kjølvatnet til det monarkistiske borgarskapet. Sidan det å oppretta ein republikk ville vera å få borgarskapet til å vika attende (og det gjer det alt — hr. Struve er eit døme); ned med kampen for ein republikk. Sidan kvart einaste energisk og konsekvent demokratisk krav frå proletariatet si side får borgarskapet til å vika attende, alltid og over alt i verda — kryp i hi, arbeidsmenn. Ver aktiv berre utanfrå. Ikkje drøym om å gjera bruk av instrumenta og våpna til det «borgarleg-statlege» systemet i interessene til revolusjonen. Sikra dykk sjølv «fridom til å kritisera»!

Den grunnleggjande feilslutninga i sjølve forståinga deira av omgrepet «borgarleg revolusjon» har kome for dagen. «Forståinga» Martynov eller ny-*Iskra* har av dette omgrepet fører beinveges til at proletariatet si sak vert utlevert til borgarskapet.

Dei som har gløymt den gamle økonomismen og ikkje studerer eller hugsar han, vil finna det vanskeleg å forstå den oppsvingen økonomismen no har. Kall fram att i minnet det bernsteinianske *Credo*³⁶. Ut frå «reine proletariske» synspunkt og program drog forfattarane fylgjande konklusjon: Vi sosialdemokratar må bry oss med økonomi, med den verkelege saka til arbeidarklassen, med fridom til å kritisera alle politiske lurestreker, med å verkeleg gjera sosialdemokratisk arbeid til noko djupare. Politikk er for dei liberale. Gud fri oss for å falla ut i «revolusjonisme»: Det vil få borgarskapet til å vika attende. Dei som vil lesa opp att heile *Credo* eller det særskilde supplementet til nr. 9 av *Rabotsjaja Mysl* (september 1899)³⁷, vil kjenna att heile gangen i dette resonnementet.

I dag har vi det same, berre i større målestokk,

knytt til ei vurdering heile den «store» russiske revolusjonen — men diverre er det alt på førehand vulgariert og redusert til eit vrengebilete av teoretikarane til den ortodokse spissborgarskapen. Vi sosialdemokratar må bry oss med fridomen til å kritisera, med å gjera klassemedvitet djupare, med aktivitet utanfrå. Dei, dei borgarlege klassane, må ha handlefridom, fritt spelrom for revolusjonær (les: liberal) leiarskap, fridom til å setja i verk «reformer» ovanfrå.

Desse som vulgariserer marxismen har aldri tenkt over kva Marx sa om at ein trong bytta ut kritikken som våpen med våpen som kritikk.³⁸ Dei sulkar til namnet til Marx når dei i røynda arbeider ut resolusjonar om taktikk heilt i ånda til dei borgarlege pratmakarane i Frankfurt, som kritiserte eineveldet og utdjupa det demokratiske medvitet fritt, men ikkje greidde skjøna at revolusjonstider er handlingstider — handling både ovanfrå og nedanfrå. Når dei gjer marxismen om til sofisteri, har dei gjort ideologien til den framskridne, den mest målretta og energiske revolusjonære klassen om til ein ideologi for dei mest tilbakeleggjande laga, for dei som vik unna frå vanskelege revolusjonær-demokratiske oppgåver og overlet til folk som Struve å ta seg av det.

Dersom dei borgarlege klassane vik attende frå revolusjonen fordi sosialdemokratane går inn i ei revolusjonær regjering, vil dei med det «svekka slagkrafta» til revolusjonen.

Høyr på dette, russiske arbeidarar: Slagkrafta til revolusjonen vil verta større om han vert gjennomført av folk som Struve, som ikkje er redd sosialdemokratane, og ikkje ynskjer siger over tsarismen, men ynskjer å koma til semje med han. Slagkrafta til revolusjonen vil verta større dersom det fyrste av dei to moglege resultat som er dregne opp ovanfor vert oppnådd, dvs. dersom det monarkistiske borgarskapet kjem fram til semje med eineveldet om ei «forfatning» à la Sjipov!

Sosialdemokratar som skriv noko så skammeleg i re-

solusjonar som skal leia heile partiet, eller som går god for slike «høvelege» resolusjonar, er så blinda av sofisteri, som har jaga den levande ånda ut av marxismen fullstendig, at dei ikkje greier leggja merke til at desse resolusjonane gjer alle dei andre fine orda deira om til tome frasar. Ta kva som helst av artiklane deira i *Iskra*, eller jamvel den illgjetne brosjyren som er skriven av vår illgjetne Martynov — der vil de lesa om ein *folkeoppreist*, om å føra revolusjonen *til endes*, om å søkja etter å lita på *folk flest* i kampen mot det inkonsekvente borgarskapet. Men alle desse framifrå sakene vert stakkarslege frasar så snart de godkjenner eller går god for ideen at «slagkrafta til revolusjonen» vil verta «svekt» som fylgje av at borgarskapet vender seg bort. Dette er alternativa, mine herrar: Anten må vi saman med folket arbeida for å setja revolusjonen ut i livet og vinna full siger over tsarismen *trass i* det inkonsekvente, eigennyttige og feige borgarskapet, eller så godtek vi ikkje dette «trass i», og er redde for at borgarskapet kan «vika attende» frå revolusjonen. I det andre høvet svik vi proletariatet og folket til borgarskapet — det inkonsekvente, eigennyttige og feige borgarskapet.

Ikkje prøv dykk med å mistolka orda mine. Ikkje skrik opp om at de er skulda for medvite svik. Nei, de har alltid kravla mot myra, og til sist har de krabba uti, like medvitslaust som økonomistane i tidlegare tider, som uimotståeleg og uavvendeleg vart dregne ned skråplanet til den «utdjupa» marxismen, heilt til han til sist vart ei antirevolusjonær, sjellaus og livlaus tilgjort intellektuell oppfatning.

Har de, mine herrar, nokon gong tenkt over dei verkelege samfunnskraftene som avgjer «slagkrafta til revolusjonen»? Lat oss sjå bort ifrå dei politiske kreftene utanlands, dei internasjonale kombinasjonane, som har utvikla seg svært gunstig for oss den siste tida, men som vi alle utelet frå diskusjonen, og det med full rett, all den stund vi er opptekne med spørsmålet om

dei indre kreftene i Russland. Undersøk desse indre samfunnskraftene. Opp imot revolusjonen står eineveldet, det keisarlege hoffet, politiet, byråkratiet, hæren, og ei handfull aristokratar. Di meir forbitra folket vert, di mindre pålitelege vert troppane, og di meir vaklar byråkratiet. Dessutan er borgarskapet no i det store og heile for revolusjon. Dei held glødande talar om fridom og tek oftare og oftare til orde i namnet til folket og jamvel i namnet til revolusjonen.* Men vi marxistar veit alle frå teorien og frå det vi kan sjå dagleg og frå time til time av liberalarane våre, Zemstvo-folk og *Osvobosjdenije*-tilhengjarar at borgarskapet er inkonsekvent, eigennyttig og feigt i stønaden for revolusjonen. Borgarskapet som masse vil uunngåeleg venda seg til kontrarevolusjonen, til eineveldet, mot revolusjonen, og mot folket så snart dei snevre eigeninteressene vert oppfylde, så snart det «vik attende» frå det konsekvente demokratiet (*og det vik alt attende frå det!*). Så står «folket» att, dvs. proletariatet og bøndene: Det er berre proletariatet ein kan lita på vil marsjera fram til siste slutt, for det går langt ut over den demokratiske revolusjonen. Dette er grunnen til at proletariatet kjempar i fremste rekkje for ein repub'likk, og avviser med forakt tåpelege og verdilause råd om å gjera rekning med at det er mogleg borgarskapet dreg seg attende. Bøndene femner om ei lang rekkje halvproletariske så vel som småborgarlege element. Dette gjer det òg ustabilt, og det tvingar proletariatet til å samla seg i eit reint klasseparti. Ustabiliteten hos bøndene skil seg likevel radikalt frå den hos borgarskapet, for nett no er ikkje bøndene så interesserte i å verna absolutt om privat eigedom som i å konfiskera storgods, som er ei av dei viktigaste formene for privateigedom. Sjølv om bøndene med dette slett ikkje vert sosialistiske, eller sluttar vera småborgarlege, er dei i

* Av interesse i denne samanhengen er det opne brevet frå hr. Struve til Jaurès som nyleg vart offentleggjort av den sitnemnde i *l'Humanité*³⁹, og av hr. Struve i *Osvobosjdenije* nr. 72.

stand til å verta heilhuga og svært radikale tilhengjarar av den demokratiske revolusjonen. Dette vil bøndene uunngåeleg verta om berre utviklinga av dei revolusjonære hendingane, som gjer dei opplyste, ikkje vert avbroten for tidleg ved at borgarskapet svik og proletariatet vert slegne. Under desse vilkåra vil bøndene uunngåeleg verta eit bolverk for revolusjonen og republikken, for berre ein revolusjon som sigrar fullt ut kan gje bøndene *alt* innan jordreformer — *alt* som bøndene trår etter, drøymmer om og verkeleg treng (ikkje for å avskaffa kapitalismen slik dei «sosialrevolusjonære» tenkjer seg, men) for å stiga opp frå sumpen av halvveges liveigenskap, frå tyngsla av undertrykking og slavearbeid, for å betra livsvilkåra sine i den mon dei kan betrast innanfor systemet med vareproduksjon.

Dessutan er det ikkje berre utsiktene til radikale jordreformer som gjer at bøndene vert knytte til revolusjonen, men òg alle dei allmenne og varige interessene deira. Jamvel når dei kjempar med proletariatet treng dei demokrati, for berre eit demokratisk system er i stand til å gje nøyaktig uttrykk for interessene deira og å tryggja overvekta deira som masse, som fleirtalet. Di meir opplyste bøndene vert (og etter krigen med Japan har dei vorte opplyst med ein fart mange som er vane med å måla opplysning med skulen som målestokk ikkje hadde venta), di meir konsekvente og fullrådde vil dei gå inn for ein gjennomgripande demokratisk revolusjon. For i motsetning til borgarskapet har dei ingen ting å vera redde for om folket får overmakta. Tvert om vil dei tena på det. Ein demokratisk republikk vert idealet for bøndene så snart dei tek til å kasta av seg den naive monarkismen, av di den medvitne monarkismen til dei borgarlege børsspekulantane (med eit overhus osb.) inneber den same rettsløysa for bøndene og same undertrykkinga og fåkunna som dei lid av i dag, berre at det var lett polert med fernisset til europeisk konstitusjonalisme.

Dette er grunnen til at borgarskapet som klasse naturleg og uunngåeleg dreg i retning av å krypa inn under vengen til det liberal-monarkistiske partiet, medan bøndene som masse dreg i retning av å søkja seg under leiarskapen til det revolusjonære og republikanske partiet. Dette er grunnen til at borgarskapet er ute av stand til å føra den demokratiske revolusjonen til endes, medan bøndene er i stand til det, og vi må gjera alt vi kan for å hjelpa dei med det.

Det kan reisast innvendingar om at dette seier seg sjølv, det heile er ABC, noko som alle sosialdemokratane skjønar fullt ut. Nei, det er ikkje tilfelle. Det vert ikkje forstått av dei som talar om «den svekte slagkrafta» til revolusjonen som fylgje av at borgarskapet fell frå han. Slike folk tek opp att orda i jordbruksprogrammet vårt, som dei har lært utanåt utan å skjønna kva dei tyder, for elles ville dei ikkje ha vorte redde omgrepet om det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene, som fylgjer uunngåeleg av heile det marxistiske verdssynet og av programmet vårt. Elles ville dei ikkje ha avgrensa slagkrafta til den store russiske revolusjonen til dei grensene borgarskapet er budde på å gå til. Slike folk slår i hel dei abstrakte marxistiske revolusjonære frasane sine med dei konkrete antimarxistiske og antirevolusjonære resolusjonane sine.

Dei som verkeleg forstår rolla til bøndene i ein sigerrik russisk revolusjon ville ikkje drøyma om å seia at slagkrafta til revolusjonen ville verta svekt om borgarskapet veik attende frå han. For i røynda vil den russiske revolusjonen fyrst få si røynelege slagkraft, og vil verkeleg få den breiast moglege revolusjonære slagkrafta i tida til den borgarleg-demokratiske revolusjonen når borgarskapet vik attende frå han og når bondemassane står fram som aktive revolusjonære side om side med proletariatet. For at den demokratiske revolusjonen vår skal gjennomførast konsekvent til endes, må han lita på krefter som er i stand til å lamme

den uunngåelege inkonsekvensen til borgarskapet (dvs. i stand til nett å «få dei til å vika attende frå revolusjonen», det som dei kaukasiske Iskra-tilhengjarane er så redde, på grunn av at dei ikkje tenkjer).

Proletariatet må føra den demokratiske revolusjonen til endes, knyta bondemassane til seg for å knusa motstanden frå eineveldet med makt, og lamma vaklinga til borgarskapet. Proletariatet må fullenda den sosialistiske revolusjonen; det må knyta til seg massen av halvproletære element i folkesetnaden for å knusa motstanden frå borgarskapet med makt og lamma vaklinga til bøndene og småborgarskapet. Dette er oppgåvene til proletariatet, som vert lagde fram så snevert av ny-Iskra-gruppa i alle argumenta og resolusjonane om slagkrafta til revolusjonen.

Men eitt omstende må ikkje gløymast, eitt som ofte vert tapt av syne i diskusjonar om «slagkrafta» til revolusjonen. Det må ikkje gløymast at det ikkje er eit spørsmål om vanskane denne oppgåva fører med seg, men om på kva måte ein skal nå fram til løysingane på henne. Det er ikkje eit spørsmål om det er lett eller vanskeleg å gjera slagkrafta i revolusjonen mektig og uovervinneleg, men om korleis ein skal gå fram for å gjera denne slagkrafta sterkare. Det vi har ulikt syn om, er det grunnleggjande innhaldet i verksemda vår, og kva retning ho skal fylgja. Vi legg vekt på dette, for skøyteslause og samvitslause folk blandar berre alt for ofte saman to ulike problem, nemleg spørsmålet om kva retning ein skal gå, dvs. valet mellom ein av to ulike vegar, og spørsmålet om kor lett det er å nå fram til målet, eller kor nært det er å nå det langs ein vald veg.

Lenger framme har vi ikkje teke for oss dette siste problemet i det heile, av di det ikkje har vekt noka usemje eller meiningsskilnader i partiet. Problemet er i seg sjølv sjølvstendig særst viktig og fortener at alle sosialdemokratar er svært merksame på det. Det ville vera utilgjeveleg optimisme å gløyma vanskane som fylgjer med når ikkje berre massane i arbeidarklassen, men òg

bondemassane, skal trekkjast inn i rørsla. Desse vanskanane har meir enn ein gong spolt arbeid med å føra ein demokratisk revolusjon til endes, og det er det inkonsekvante og eigennyttige borgarskapet som har triumfert mest, av di det har «kapitalisert» i form av vern fra monarkiet mot folket, samstundes som det har «verna møydomen» til liberalismen ... eller til straumdraget til *Osvobosjdenije*. Men vanskeleg er ikkje det same som umogleg. Det som tel er å ha full tillit til at den vegen ein vel er den rette. Denne tilliten gjer den revolusjonære handlekrafta og revolusjonære eldhugen hundre gongar sterkare, slik at dei kan utføra mirakel.

Kor djupt kløfta går mellom vår tids sosialdemokrat i spørsmålet om kva veg som skal veljast, kan ein straks sjå med å jamføra den kaukasiske resolusjonen til ny-*Iskra*-tilhengjarane med resolusjonen frå Tredje kongressen til Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti. Resolusjonen frå kongressen seier: Borgarskapet er inkonsekvant, og vil utan å freista ta frå oss det som er vunne i revolusjonen. Bu dykk difor energisk på å slåss, kameratar og arbeidarar! Væpne dykk, vinn bøndene over på dykkar side! Vi vil ikkje gje over dei revolusjonære vinstane våre til det eigennyttige borgarskapet utan kamp. Resolusjonen til dei kaukasiske ny-*Iskra*-tilhengjarane seier: Borgarskapet er inkonsekvant og kan koma til å vika attende frå revolusjonen. Difor, kameratar og arbeidarar, ver snill og ikkje tenk på å verta med i ei provisorisk regjering. For gjer de det, vil borgarskapet sikkert vika attende, og slagkrafta til revolusjonen vil med det verta svekt!

Eine sida seier: Før revolusjonen fram til fullending trass i motstand eller passivitet frå det inkonsekvante borgarskapet.

Den andre sida seier: Ikkje tenk på å føra revolusjonen fram til endes på eiga hand, for gjer de det, vil borgarskapet vika attende frå han.

Er ikkje dette to beint motsette vegar? Er det ikkje

openbert at den eine taktikken stengjer den andre heilt ute, at den fyrste taktikken er den einaste korrekte taktikken for det revolusjonære sosialdemokratiet, medan den andre i røynda er rein *Osvobosj-denije*-taktikk?

13. KONKLUSJON. VÅGAR VI VINNA?

Folk som har fått overflatisk kjennskap til stoda innanfor det russiske sosialdemokratiet, eller som vurderer det berre som tilskodarar utan å kjenna heile historia om dei indre partikampene sidan økonomismens dagar, avviser svært ofte den usemja om taktikk som no har vist seg, særleg etter Tredje kongressen, med det enkle argumentet at det er to naturlege, uunngåelige og fullt sameinelege straumdrag innan kvar einaste sosialdemokratisk rørsle. Ei side, seier dei, legg særleg vekt på det vanlege, løpande og kvardagslege arbeidet, på at det er naudsynt å utvikla propaganda og agitasjon, å førebu styrkar, utdjupa rørsla osb., medan den andre sida legg vekt på dei militante, allmennpolitiske, revolusjonære oppgåvene til rørsla, peikar på at oppreist er naudsynt, og legg fram parolane om eit revolusjonært-demokratisk diktatur og ei provisorisk revolusjonær regjering. Inga av sidene bør overdriva, seier dei. Ytterpunktene er uheldige i både høve (og allment sett over alt i verda), osb., osb.

Dei billege sanningane i den forslitne (og «politiske» i hermeteikn) visdomen som utan tvil er tilstades i slike argument, løyner alt for ofte ei manglande evne til å skjønna kva partiet så tvingande og brennande treng. Ta våre dagars taktiske meiningsskilnader mellom russiske sosialdemokratar. Sjølvsaft kunne ikkje den særlege vekta som var lagt på den kvardagslege rutinesida av arbeidet, slik vi ser det i argumenta til ny-*Iskra* om

taktikken, i seg sjølv vera nokon fare eller gje opphav til nokon meiningsskilnad om dei taktiske parolane. Men det er tilstrekkeleg å jamføra resolusjonane frå Tredje kongressen til Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti med resolusjonane frå konferansen for at denne meiningsskilnaden vert slåande.

Kva er så vansken? For det fyrste er det ikkje nok å tala abstrakt om to straumdrag i rørsla og om at ytterkantane er skadelege. Ein må vita konkret kva som feiler ei særskilt rørsle på eit gjeve tidspunkt, og kva som er den verkelege politiske faren for partiet denne tida. For det andre må vi vita kva verkelege politiske krefter som tener på dei taktiske parolane som er lagde fram — eller kan hende på at visse parolar manglar. Om vi lydte til ny-iskraittane ville vi koma til den konklusjonen at det sosialdemokratiske partiet var truga av faren for å kasta over bord propaganda og agitasjon, den økonomiske kampen, og kritikk av det borgarlege demokratiet, faren for å vera for sterkt oppteken med militære førebuingar, væpna åtak, å gripa makta osv. Men i røynda kjem den røynelege faren som trugar partiet frå eit heilt anna hald. Den som i det heile kjenner tilstanden i rørsla, den som fylgjer henne grundig og med ettertanke, kan ikkje unngå å sjå dei låttelege sidene ved redsla til ny-iskraittane. Heile arbeidet til Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti har alt fått ei klår og fast form, som absolutt garanterer at hovudmerksemda vår vert festa på propaganda og agitasjon, improviserte møte og masse møte, på å spreia flygeblad og brosjyrar, ta del i den økonomiske kampen og stri for parolane i den kampen. Det er ikkje ein einaste partikomite, ikkje ein einaste distriktskomite, ikkje eit einaste sentralt utsendingsmøte eller ei einaste fabrikkgruppe der ikkje nittini prosent av all merksemda, energien og tida alltid og uavlateleg vert retta inn på denne verksemda, som har fått ein fast og sikker posisjon heilt sidan midt i 90-åra. Berre dei som er heilt ukjende med rørsla kjenner ikkje til dette. Ber-

re svært godtruande eller dårleg informerte menneske vil godta ny-*Iskras* oppattaking av forslitne sanningar utan vidare, når det vert gjort med ei svært viktig mine.

Sanninga er at vi langt ifrå legg for dagen nokon overdriven iver når det gjeld oppgåvene med oppreisten, dei allmennpolitiske parolane og å syta for leiar-skap for heile den folkelege revolusjonen. Tvert om legg vi for dagen at vi ligg slåande langt i *bakleksa* på dette feltet. Dette er største veikskapen vår og ein verkeleg fare for rørsle, som kan koma til å degenerera, og sume stader er i ferd med å degenerera frå å vera ei revolusjonær rørsle i gjerning til å vera revolusjonær i ord. Mellom dei mange, mange hundre organisasjonane, gruppene og sirklane som utfører arbeidet til partiet vil de ikkje finna ein einaste som heilt frå han vart til, ikkje har utført den slags dagleg arbeid som klokingane i ny-*Iskra* no talar om med same mine som folk som har oppdaga nye sanningar. På den andre sida vil de berre finna ein svært liten prosent grupper eller sirklar som har forstått dei oppgåvene ein oppreist fører med seg, har teke til å setja dei ut i livet, og har skjøna at det er naudsynt med dette for auga, å leia heile den folkelege revolusjonen mot tsarismen, naudsynt å leggja fram visse klåre progressive parolar, men ingen andre.

Vi ligg utruleg langt på etterskot i høve til dei progressive og verkeleg revolusjonære oppgåvene våre. I svært mange tilfelle har vi ikkje ein gong vorte klåre over dei. Her og der har vi ikkje greidd merkja oss at det revolusjonære borgarlege demokratiet har vunne styrke som fylgje av at vi er tilbakeliggjande på dette feltet. Men skribentane i ny-*Iskra* vender ryggen til utviklingsgangen og det tida krev, og tek stendig opp att: «Ikkje gløym det gamle! Ikkje lat det nye riva dykk med!» Dette er utan variasjon *leiemotivet* i alle dei viktige resolusjonane frå konferansen, samstundes som ein med like små variasjonar kan lesa i resolusjonane frå Kongressen: Til same tid som vi stadfester det

gamle (men ikkje stansar for å terpa det omatt og omatt nett av di det *er* gamalt og alt er slege fast skriftleg i litteraturen, i resolusjonar og gjennom røynsle), legg vi fram ei ny oppgåve, gjer merksam på henne, set fram ein ny parole og krev at sant revolusjonære sosialdemokratrar straks tek til å arbeida for å gjera han til røyndom.

Slik er det i røynda saka står når det gjeld spørsmålet om dei to straumdraga i sosialdemokratisk taktikk. Den revolusjonære perioden har kome med nye oppgåver, som berre den som er heilt blind ikkje greier å sjå. Sume sosialdemokratrar sannkjenner desse oppgåvene utan å tvika og set dei på dagsorden og kunngjer: Det væpna opprøret toler inga utsetjing. Bu dykk på det straks og energisk. Hugs at ein avgjerande siger ikkje kan vera det forutan. Før fram parolar for ein republikk, for ei provisorisk revolusjonær regjering, for eit revolusjonært-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene. Andre sosialdemokratrar dreg seg derimot attende, trør takten på staden marsj, skriv forord i staden for å koma med parolar. I staden for å sjå etter kva som er nytt, samstundes som dei stadfester det som er gamalt, terpar det omatt og omatt på det siste så det vert både keisamt og langdrygt. Dei finn opp påskot for å unngå det nye, dei er ute av stand til å slå fast vilkåra for ein avgjerande siger eller å leggja fram parolar som åleine er i samsvar med strevet etter å oppnå full siger.

Det politiske resultatet av denne halehengspolitikken stirer oss i andletet. Fabelen om ei *tilnærming* mellom «fleirtalet» i Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti og det revolusjonære borgarlege demokratiet vert ein fabel som ikkje vert stadfesta av ei einaste politisk kjensgjerning, av ein einaste viktig resolusjon frå «bol-sjevikane» eller eitt einaste dokument frå Tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti. På den andre sida har det opportunistiske, monarkistiske borgarskapet, slik *Osvobosjdenije* represente-

rer det, lenge helsa velkomen tendensen i dei «prinsippa» som ny-*Iskra*-gruppa har gått inn for. Dei slepper no i røynda vasstraumen på denne mølla og eignar til seg slagorda og «ideane» deira, som er retta mot «løynd» og «oppstandar», mot å overdriva dei «tekni-ske» sidene ved revolusjonen, mot å kunngjera ope parolen om opppreist, mot «revolusjonismen» i ekstreme krav, osb., osb. Resolusjonen frå ein heil konferanse av «mensjevikiske» sosialdemokratrar i Kaukasus og den stadfestinga denne resolusjonen har fått av redaktørane for den nye *Iskra*, summerer opp heile saka politisk på ein måte som ikkje er til å ta feil av: Kva om borgarskapet skulle vika attende i tilfelle proletariatet blir med i eit revolusjonært-demokratisk diktatur! Dette gjev oss saka i eit nøtteskal, og set siste brikken på plass når det gjeld å forma om proletariatet til eit vedheng etter det monarkistiske borgarskapet. Kva hallelengspolitikken til den nye *Iskra* tyder politisk vert med dette prova i praksis — ikkje med ein tilfeldig observasjon frå eit individ, men med ein resolusjon som eit heilt straumdrag har gått god for.

Kvar og ein som tenkjer over desse kjensgjerningane, skjønar kva det verkeleg tyder at det stendig vert vist til to sider og to straumdrag i den sosialdemokratiske rørsle. Skal ein studera desse straumdraga fullstendig, bør ein ta for seg bernsteinismen. Nett på same måten har bernsteinianarane gnåla øyro våre fulle med at det er dei som skjønar kva proletariatet verkeleg treng, skjønar oppgåva med å byggja opp kreftene deira, utdjupa heile arbeidet, førebu elementa til eit nytt samfunn, og propaganda og agitasjon. Bernstein seier: Vi krev at det som er, vert godteke ope. Slik velsigna han «rørsle» utan noko «endeleg mål», velsignar ein taktikk som berre er defensiv, forkynner taktikken om å vera redd «borgarskapet skal vika attende». Soleis skreik bernsteinianarane opp om «jakobinismen» til dei revolusjonære sosialdemokratane, mot «skribentar» som ikkje greier forstå «initiativet til arbeidara-

ne» osb., osb. I røynda — og det veit alle — har dei revolusjonære sosialdemokratane aldri nokon gong tenkt på å gje opp rutinearbeidet frå dag til dag, å mønstra kreftene, osb., osb. Alt dei kravde var ei klår forståing for dei endelege måla, at dei revolusjonære oppgåvene vart lagde fram klårt. Dei ynskte å lyfta dei halvproletære og halvsmåborgarlege laga opp på det revolusjonære nivået til proletariatet — ikkje å senka dette nivået ned til opportunistiske vurderingar slike som «i fall borgarskapet skulle vika attende». Kan hende var det mest levande uttrykket for denne kløfta mellom den intellektuelle opportunistiske fløya og den proletariske, revolusjonære fløya spørsmålet: *Dürfen wir siegen?* — «vågar vi vinna?» Er det tillateleg for oss å vinna? Ville det ikkje vera farleg for oss å vinna? Bør vi vinna? Dette spørsmålet, som ser så merkeleg ut ved fyrste augekastet, vart like fullt reist og måtte reissast, av di opportunistane var redde for å sigrå, skremde proletariatet unna sigeren, spådde at det ville koma vanskar som fylgje av han, og gjorde narr av parolar som kravde han rett ut.

Det same grunnleggjande skiljet mellom ei intellektuell-opportunistisk og ei proletarisk-revolusjonær retning har vi mellom oss òg, men her med nett den materielle skilnaden at vi står framfor spørsmålet om ein demokratisk, ikkje om ein sosialistisk revolusjon. Spørsmålet «vågar vi vinna?», som ser så meiningslaust ut ved fyrste augekastet, har vorte reit også mellom oss. Det vart reist av Martynov i hans *To diktatur*, der han spår rein ulykke dersom vi bur oss godt på ein oppreist og gjennomfører han med stort hell. Spørsmålet har vorte reist i all litteraturen til ny-Iskra om ei provisorisk revolusjonær regjering, og det har heile tida vore gjort vedvarande om enn mislykka freistnader på å jamføra Millerands deltaking i ei borgarleg-opportunistisk regjering med Varlins⁴⁰ deltaking i ei småborgarleg revolusjonær regjering. Det er innebygd i resolusjonen: «I fall borgarskapet vik at-

tende». Og jamvel om til dømes Kautsky no freistar vera ironisk og seier at diskusjonen om ei provisorisk revolusjonær regjering er som å selja skinnet før bjørnen er skoten, provar denne ironien at jamvel dyktige og revolusjonære sosialdemokratar har ein tendens til å plumpa uti når dei talar om noko dei berre kjenner gjennom rykte. Det tyske sosialdemokratiet står enno langt ifrå nær nok til å skyta bjørnen (gjennomføra ein sosialistisk revolusjon), men diskusjonen om kor vidt vi «tør» skyta bjørnen er overlag viktig frå teoretisk synsstad og sett ut ifrå praktisk politikk. Dei russiske sosialdemokratane har enno ikkje kome på skothald for å «skyta bjørnen» (gjennomføra ein demokratisk revolusjon), men spørsmålet om kor vidt vi «tør» skyta han er overlag viktig for heile framtida til Russland og til det russiske sosialdemokratiet. Ein hær kan ikkje mønstrast og leiast energisk og framgangsrikt utan at vi er sikre på at vi «tør» vinna.

Sjå på dei gamle økonomistane. Dei og hevda at motstandarane deira var konspiratorar og jakobinar (sjå *Rabotsjaja Djelo*, særleg nr. 10 og Martynovs tale på Andre kongressen i debatten om programmet), at dei skilde seg frå massane ved å kasta seg ut i politikken, at dei mista av syne grunnprinsippa til arbeidarørsla, oversåg initiativet til arbeidarane, osb., osb. I røynda var desse som stødde «initiativet til arbeidarane» opportunistiske intellektuelle, som freista prakka på arbeidarane si eiga snevre og spissborgarlege oppfatning av oppgåvene til proletariatet. I røynda var det slik at motmennene til økonomistane ikkje oversåg eller skuva i bakgrunnen nokon av sidene ved det sosialdemokratiske arbeidet, heller ikkje gløymde dei den økonomiske kampen det minste. Dette kan alle sjå av den gamle *Iskra*. Samstundes var dei i stand til å leggja fram dei næraste og tvingande politiske oppgåvene i si fulle rekkjevidde og såleis gå imot å forma om partiet til arbeidarane til eit «økonomisk» vedheng etter det liberale borgarskapet.

Økonomistane lærde seg utanåt at politikken grunnar seg på økonomien, og «forstod» dette slik at det tydde at den politiske kampen skulle reduserast til nivået til den økonomiske kampen. Ny-iskraittane har lært utanåt at den demokratiske revolusjonen i si kjerne er ein borgarleg revolusjon, og «forstår» dette slik at det tyder at det demokratiske siktemålet til proletariatet må senkast ned til nivået for borgarleg moderasjon, eit nivå ut over der «borgarskapet vil vika attende». Med påskotet at dei skulle utdjupa arbeidet sitt, med påskotet at dei skulle vekkeja initiativet til arbeidarene og fylgja ein rein klassepolitikk, spela økonomistane i røynda arbeidarklassen over i hendene på dei liberal-borgarlege politikarane, dvs. at dei førte partiet langs ein veg som objektivt sett kom til å tyda nett dette. Med same påskotet svik i røynda ny-iskraittane interessene til proletariatet i den demokratiske revolusjonen til borgarskapet, dvs. dei fører partiet langs ein veg som objektivt sett tyder nett dette. Økonomistane tykte at det å leia den politiske kampen ikkje var noko sosialdemokratane skulle bry seg med, men at det eigentleg låg til dei liberale. Ny-iskraittane tykkjer at det å gjennomføra den demokratiske revolusjonen er noko som sosialdemokratane ikkje skal bry seg med, men at det eigentleg ligg til det demokratiske borgarskapet. For, hevdar dei, om proletariatet leier og spelar ei førande rolle, vil det «svekkja slagkrafta» til revolusjonen.

Kort sagt, ny-iskraittane etterliknar økonomismen, ikkje berre med at dei har opphavet sitt på Andre partikongressen, men òg med den måten dei no nyttar for å leggja fram dei taktiske oppgåvene for proletariatet i den demokratiske revolusjonen. Dei òg utgjør ei intellektuell-opportunistisk fløy i partiet. Innan organisasjonsfeltet debuterte dei med den anarkistiske individualismen til intellektuelle, og slutta med «desorganisering som prosess». Dei slo fast i «reglane»⁴¹ som konferansen vedtok, at utgjevinga av trykksaker frå

partiet skulle skiljast frå partiorganisasjonen, og eit indirekte og praktisk firestegs valsystem, eit system for bonapartistiske folkerøystingar i staden for demokratisk representasjon, og prinsippet om «avtalar» mellom delen og heilskapen. Når det gjeld partitaktikken sklei dei ned same skråplanet. I «planen for Zemstvo-kampanjen» kunngjorde dei at talar til zemstvoistane var «den høgaste forma for demonstrasjon», og skilde berre mellom to aktive krefter på den politiske scenen (like før 9. januar!) — regjeringa og dei borgarlege demokratane. Dei «utdjupa» den tvingande oppgåva med å væpna folket med å bytta ut ein direkte og praktisk parole som inneheldt ei oppmaning om å væpna folket, med ein brennande trong til å væpna seg sjølve. I dei offisielle resolusjonane sine har dei forvrengt og maktstole dei oppgåvene som er knytte til ein oppreist, til å oppretta ei provisorisk regjering, og til eit revolusjonært-demokratisk diktatur. «I fall borgarskapet vik attende» — denne sluttakkorden i siste resolusjonen deira kastar klårt lys over spørsmålet om kvar vegen deira fører partiet.

I sin sosiale og økonomiske kjerne er den demokratiske revolusjonen i Russland ein borgarleg revolusjon. Men det er ikkje nok å berre herma opp att denne korrekte marxistiske læresetninga. Ho må skjønast og brukast rett på politiske parolar. Allment sett er all politisk fridom som grunnar seg på vår tids, dvs. kapitalistiske, produksjonstilhøve, borgarleg fridom. Kravet om fridom uttrykkjer i fyrste rekkje interessene til borgarskapet. Representantane deira var dei fyrste som reiste kravet. Deira tilhengjarar har over alt nytta den fridomen dei har vunne som herrar, dei har redusert han til moderate og nøye utmålte borgarlege dosar, dei har kombinert han med ei svært hendig undertrykking av det revolusjonære proletariatet i fredelige tider, og med vill undertrykking i stormande tider.

Men berre opprørske narodnikar, anarkistar og økonomistar kunne dra den konklusjonen av dette at

kampen for fridomen bør oversjåast eller nedvurderast. Ein slik intellektualistisk spissborgarleg lærdom kunne berre lurast inn på proletariatet ei viss tid og mot deira vilje. Proletariatet har alltid skjøna instinktivt at det treng politisk fridom, treng det meir enn nokon annan, sjølv om den effekten ein straks får av denne fridomen er å styrkja og organisera borgarskapet. Det er ikkje ved å vika unna for klassekampen at proletariatet ventar å finna redning, men med å utvikla han, med å utvida formålet med han, utvida medvitet og organiseringa i klassekampen og å gjera han meir målretta. Den som nedvurderer oppgåvene til den politiske kampen, gjer sosialdemokraten om frå ein folketribun* til ein fagforeiningssekretær. Den som nedvurderer dei proletariske oppgåvene i ein demokratisk borgarleg revolusjon, gjer sosialdemokraten om frå ein leiar for revolusjonen til folket til ein leiar for ei fri fagforeining.

Ja, revolusjonen til *folket*. Sosialdemokratiet har kjempa, og kjempar heilt rett mot den borgarlegdemokratiske misbruken av ordet «folk». Det krev at dette ordet ikkje skal nyttast til å dekkja over manglande forståing for klassemotsetningane innan folket. Det held kategorisk fast ved at partiet til proletariatet treng full fridom klassemessig. Men det deler ikkje «folket» inn i «klassar» slik at den framskridne klassen vert stengt inne med seg sjølv, held seg sjølv innanfor tronge grenseliner, og maktstel si eige verksemd av redsle for at dei økonomiske herskarane i verda skal vika attende. Det gjer det slik at den framskridne klassen, som ikkje lid av den halvhjarta vaklinga og handlingslamminga til dei mellomliggande klassane, skal kjempa med di større energi og entusiasme for saka til heile folket, i spissen for heile folket.

* *Folketribun* — Talsmann for interessene til folket imot statsstyringa i det gamle Roma. — *Red.*

Det er dette våre dagars ny-iskraittar så ofte ikkje greier å forstå, folk som byttar ut aktive politiske parolar i den demokratiske revolusjonen med ei knusk-tørr oppattaking av ordet «klasse» bøygde i alle tal og kasus!

Den demokratiske revolusjonen er borgarleg av natur. Parolen om allmenn omfordeling, eller «jord og fridom» — denne mest utbreidde parolen til bonde-massane, som er nedtrampa og uvitande, men likevel trår lidenskapeleg etter lys og lykke — er ein borgarleg parole. Men vi marxistar bør vita at det ikkje finst, og nett no heller ikkje kan finnast, nokon annan veg til verkeleg fridom for proletariatet og bøndene enn vegen med borgarleg fridom og borgarleg framgang. Vi må ikkje gløyma at det ikkje finst, og nett no heller ikkje kan finnast, nokon annan framgangsmåte for å føra sosialismen nærare enn full politisk fridom, enn ein demokratisk republikk, enn det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene. Vi som representerer den framskridne og einaste revolusjonære klassen, som er revolusjonær utan atterhald, tvil eller attersyn, må stilla heile folket framfor oppgåvene i den demokratiske revolusjonen så vidt og så djervt som mogleg, og så initiativrikt som råd. Å nedvurdera desse oppgåvene er det same som å laga eit vrengebilete av den teoretiske marxismen, å forvrengja han på spissborgarvis, samstundes som det i praktisk politikk tyder å leggja saka til revolusjonen i hendene på borgarskapet, som uunngåeleg vil vika attende frå oppgåva med å setja revolusjonen konsekvent ut i livet. Vanskane langs vegen fram til revolusjonen sigrar fullt ut er ovstore. Når representantane for proletaria-tet har gjort alt som står i deira makt, vil ingen kunne klandra dei om strevet deira vert slege attende av mot-standen frå reaksjonen, sviket frå borgarskapet og få-kunna til massane. Men alle, og framfør alt det klasse-medvitne borgarskapet, vil fordøma sosialdemokratiet dersom det dempar den revolusjonære energien til den

demokratiske revolusjonen og held nede den revolusjonære brennhugen av di det er redd for å sigra, av di det let seg styra av vurderinga: I fall borgarskapet vik attende.

Revolusjonar er lokomotiva til historia, sa Marx. Revolusjonar er feststunder for dei undertrykte og utbytta. Ingen annan gong kjem folkemassane i ei stilling der dei står så aktivt fram som skaparar av ein ny samfunnsorden som i revolusjonstider. I slike tider er folket i stand til å gjera mirakel, om ein måler etter den avgrensa, spissborgarlege målestokken til det gradvise framsteget. Men det er vesentleg at leiarane for dei revolusjonære partia legg fram siktemåla sine meir omfattande og djervare i ei slik tid, slik at parolane deira alltid ligg framom det revolusjonære initiativet til massane, tener som vegvisar, openberrar for dei dei demokratiske og sosialistiske ideala i heile sitt velde og all si glans, og syner dei den stuttaste og beinaste vegen til full, heil og avgjerande siger. Lat oss overlata til opportunistane i borgarskapet kring *Osvobosjdenije* oppgåva med å finna omvegar, krokvegar og kompromissvegar av redsle for revolusjonen og den beine vegen. Dersom vi vert tvinga med makt til å slepa oss fram langs slike vegar, vil vi greia fullføra oppgåva vår med smått kvardagsarbeid òg. Men lat vegvalet fyrst verta avgjort med nådelaus kamp. Vi er svikarar, forrædarar mot revolusjonen dersom vi ikkje nyttar denne feststemde energien til massane og den revolusjonære brennhugen deira til å føra ein nådelaus og sjølvofrande kamp for den beine og avgjerande vegen. Lat dei borgarlege opportunistane fundera i stakkarsleg redsle over reaksjonane i framtida. Arbeidarane vil ikkje la seg audmykja korkje av tanken på at reaksjonen har skremmemetodar i sinne eller at borgarskapet gjer framlegg om å vika attende. Arbeidarane ventar seg ingen hestehandel, dei spør ikkje etter smålege konseksjonar. Det dei arbeider fram imot er å knusa dei reaksjonære kreftene nådelaut, dvs. å innføra *eit*

revolusjonært-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene.

Sjølvsagt trugar større farer partiskipet vårt i stormtider enn i periodar med roleg «segling» i liberalt framsteg, noko som tyder at utbytтарane stendig og pinefullt syg livsblodet av arbeidarklassen. Sjølvsagt er oppgåvene i eit revolusjonært-demokratisk diktatur uendeleg meir vanskelege og kompliserte enn oppgåvene i «ekstrem opposisjon» eller i ein reint parlamentærisk kamp. Men den som medvite kan få seg til å tykja betre om roleg segling og vegen med trygg «opposisjon» i den revolusjonære situasjonen vi no har, bør heller gje opp sosialdemokratisk arbeid ei stund, burde heller venta til revolusjonen er over, til festdagane er omme, til det skiftelause kvardagslivet tek til att, og det snevre, vaneprega mønsteret ikkje lenger slår ein slik skjerande falsk akkord, eller står for ei slik fæl forvrenging av oppgåvene til den framskridne klassen.

I brodden for heile folket, og særleg for bøndene — for full fridom, for ein konsekvent demokratisk revolusjon, for ein republikk! I brodden for alle arbeidande og utbytta — for sosialismen! Slik må politikken til den revolusjonære proletariatet vera i praksis. Slik er den klasseparolen som må gjennomsyra og avgjera løysinga på kvart einaste taktisk problem, kvart einaste praktisk steg for partiet til arbeidarane under revolusjonen.

SLUTTORD

*Endå ein gong om Osvobosjdenije-retninga,
endå ein gong om ny-Iskra-retninga.*

I nummera 71/72 av *Osvobosjdenije* og i nummera 102/103 av *Iskra* vert det gjeve ein rikdom av tilleggs-materiale til spørsmålet som vi har teke opp i kapittel 8 i brosjyren vår. Sidan det er heilt umogleg å gjera

seg nytte her av alt dette rike materialet, vil vi avgrensa oss til å berre ta for oss dei viktigaste punkta. For det fyrste den slags «realisme» i sosialdemokratiet som *Osvobosjdenije* lovprisar, og kvifor det gjer dette, og for det andre tilhøvet mellom revolusjonsåtaka og diktaturet.

1. KVIFOR LOVPRISAR BORGARLEGE LIBERALE REALISTAR SOSIALDEMOKRATISKE «REALISTAR»?

Artiklar med namnet «Kløyvinga i det russiske sosialdemokratiet» og «Siger for sunn fornuft» (*Osvobosjdenije* nr. 72) viser kva for eit syn representantar for det liberale borgarskapet har på sosialdemokratiet; det er eit syn som er særst verdefullt for klassemedvitne proletarar. Vi kan ikkje rå alle sosialdemokratar sterkt nok til å lesa desse artiklane i heilskap og verkeleg *grubla over* kvar einaste setning i dei. Fyrst vil vi gje att dei viktigaste påstandane i desse to artiklane.

«Det er rett så vanskeleg», skriv *Osvobosjdenije*, «for ein utanforståande tilskodar å få tak på den verkelege politiske tydinga i dei meiningsskilnadene som har kløyvd det sosialdemokratiske partiet i to fraksjonar. Det er ikkje heilt rett å definera «fleirtals-fraksjonen» som den mest radikale og urokkelege, til skilnad frå «mindretalet» som tillet visse kompromiss når det tener saka. Dette gjev i alle tilfelle ikkje ein uttømmende karakteristikk. Dei tradisjonelle dogma til den marxistiske ortodoksien vert ved alle høve kanskje halde endå meir for heilage av mindretals-fraksjonen enn av Lenin-fraksjonen. Vi meiner at den fylgjande karakteristikken er rettare. Det grunnleggjande politiske sinnelaget til «fleirtalet» er abstrakt revolusjonisme, opprørsånd og iver etter å få i stand opprør i folkemassane med alle slags middel, og etter å gripa makta på vegner av folkemassane utan opphald. I ei viss ut-

strekning fører dette «leninistane» nær til dei sosial-revolusjonære og får tanken på ein russisk revolusjon av heile folket til å overskygga tanken på klassekampen i hovuda deira. Medan dei i praksis tek avstand frå mykje av trangsynet i den sosialdemokratiske doktrina, er «leninistane» på den andre sida heilt ut farga av trangsynet til revolusjonismen. Dei gjev avkall på alt praktisk arbeid utan det å førebu ein direkte oppstand. Dei bryr seg i prinsippet ikkje om nokre former for legal/halvlegal agitasjon og noko slag praktisk nyttig kompromiss med andre opposisjonelle straumdrag. Heilt motsett held mindretallet ved lag dei realistiske delane i den marxistiske måten å sjå verda på, samstundes som dei held seg stødig til den marxistiske doktrinen. Den grunnleggjande tanken til denne gruppa er å setja interessene til «proletariatet» opp mot interessene til borgarskapet. Men på den andre sida vert kampen til proletariatet uttrykt — sjølv sagt innan visse grenser som er sette av dei foranderlege dogma til sosialdemokratiet — på ein realistisk og nøktern måte, med ei klår forståing av alle dei konkrete vilkåra og måla til denne kampen. Ingen av dei to fraksjonane er heilt konsekvente i det grunnleggjande synspunktet sitt. I den ideologiske og politiske verksemda si er dei forplikta til dei strenge formlane i den sosialdemokratiske katekismen. Denne hindrar «leninistane» frå å verta urokkelege opprørarar etter mønster av, i det minste nokre, sosial-revolusjonære. Denne katekismen hindrar og «Iskragruppa» frå å verta praktiske leiarar av den verkelege politiske rørsla til arbeidarklassen.»

Etter å ha sitert innhaldet i dei viktigaste resolusjonane held *Osvobosjdenije*-skribenten fram med å kasta lys over dei generelle «synspunkta» sine ved å koma med fleire konkrete merknader

om dei. Til samanlikning med den tredje kongressen seier han: «Mindretals-konferansen har ei heilt ut annleis haldning til eit opprør». «I samanheng med haldninga til eit opprør» er det ein skilnad i dei to resolusjonane når det gjeld ei provisorisk regjering. «Ein liknande skilnad ser ein òg når det gjeld fagforeiningane. I resolusjonen sin har ikkje «leninistane» sagt eit einaste ord om dette viktigaste utgangspunktet i den politiske utdanninga og organiseringa av arbeidarklassen. Men mindretallet vedtok ein sær s tungtvegande resolusjon.» Når det gjeld dei liberale, ser det ut som begge fraksjonane er like, men den tredje kongressen «tek opp att, nesten ord for ord resolusjonen til Plekhanov om haldninga andsynes dei liberale som vart vedteken på Den andre kongressen. Og Starover-resolusjonen som vart vedteken på den same kongressen, ein resolusjon som var meir venlegsinna andsynes dei liberale vert forkasta».

Jamvel om resolusjonane på kongressen og konferansen om bonderørsla stort sett heng saman, «legg fleirtalet» meir vekt på tanken om revolusjonær konfiskering av godseigar-eigedomane og anna jordområde, medan «mindretalet» ynskjer å gjera kravet om ein demokratisk stat og administrative reformer til grunnlaget for administrasjonen sin». Til slutt siterer *Osvobosjdenije* frå ein mensjevnik-resolusjon i *Iskra* nr. 100. Hovuddelen i denne resolusjonen er slik: «Sidan undergrunnsarbeid i seg sjølv no ikkje sikrar at massane er nok med i partilivet, og i nokon grad fører til at massane kjem i motsetnad til partiet som ein illegal organisasjon, må partiet ta leiinga i den faglege kampen til arbeidarane på eit legalt grunnlag og binda denne kampen nært saman

med dei sosialdemokratiske oppgåvene.» *Osvo-bosjdenije* kommenterer denne resolusjonen med fylgjande utrop: «Vi ynskjer denne resolusjonen hjarteleg velkomen som ein siger for sunn fornuft, som eit prov for at det held på å gå opp eit lys for ein viss del av det sosialdemokratiske partiet når det gjeld taktikken.»

Lesaren har no framfor seg alle dei synsmåtene til *Osvo-bosjdenije* det er verd å leggja merke til. Det er sjølv sagt ein sær s alvorleg feil å sjå på desse synsmåtene som korrekte i tydinga at dei svarar til den objektive sanninga. Alle sosialdemokratrar vil ved kvart steg dei tek lett finna feil i dei. Det er naivt å gløyma at desse synsmåtene er heilt igjennom farga av interesse-ne til det liberale borgarskapet og deira synspunkt. I denne tydinga er dei sær verdiladde og tendensiøse. Dei gjev att synsmåtene til sosialdemokratane på same måte som ting vert gjeve att i eit konkavt eller konvekst speil, men det ville vera eit enno større mistak å gløyma at når alt kjem til alt så gjev desse borgarlegvridde synsmåtene att dei røynglege interessene til borgarskapet. Som klasse skjønar borgarskapet utan tvil rett kva for straumdrag i sosialdemokratiet som er nyttige, nære, likande og godtakande for dei, og kva for straumdrag som er skadelege, fjerne, framande og går imot interessane deira. Ein borgarleg filosof eller ein borgarleg skribent skjønar aldri sosialdemokratiet rett, anten det er mensjevikisk eller bolsjevikisk sosialdemokrati. Men om han i det heile er ein vettug skribent s vik ikkje klasseinstinkta han. Han får alltid tak på kjernen i kva det eine eller det andre straumdraget i den sosialdemokratiske rørsla kan ha å seia for borgarskapet, jamvel om han kan leggja det fram på ein forvrengt måte. Dette er årsaka til at klasseinstinktet til fienden vår, classesynsmåten hans alltid fortener grundig merksemd frå alle klassemedvitne proletarar.

Kva er det då som klasseinstinktet til det russiske

borgarskapet, slik *Osvobosjdenije*-tilhengjarane gjev det att, fortel oss?

Det uttrykkjer heilt klårt at det er nøgd med straumdraget som den nye *Iskra* representerer. Det lovprisar dette straumdraget for realisme, for å vera nøkternt, for at sunn fornuft sigrar, for at resolusjonane deira er bra, for at dei har teke til å skjøna spørsmåla om taktikk, for at dei er praktiske osv. Det uttrykker at det er misnøgd med straumdraget på Den tredje kongressen. Det kritiserer det for å vera trongsynt, for å vera revolusjonisme, å syna opprørstrong, for at det forkastar praktisk nyttige kompromiss osv. Klasseinstinkt til borgarskapet minnar dei om nett det same som fleire gonger er vorte prova i litteraturen vår med hjelp av nøyaktige kjensgjerningar, nemleg at dei som stør det nye *Iskra* er den opportunistiske fløya i den russiske sosialdemokratiske rørsle no, og at motstandarane deira er den revolusjonære fløya. Dei liberale kan ikkje anna enn å sympatisera med straumdraget i den fyrste, og kan ikkje anna enn å kritisera straumdraget i den siste. Som ideologar for borgarskapet skjønar liberalarane særskilt godt at borgarskapet har nytte av at arbeidarklassen er «praktisk, nøktern og sunn». Dei skjønar at borgarskapet har nytte av at arbeidarklassen verkeleg avgrensar verksemda si til ramene for kapitalismen, til reformer, til fagforeiningskamp osv. Det «revolusjonære trongsynet» til proletariatet, det at proletariatet freistar å vinna leiinga i ein folkeleg russisk revolusjon for å hjelpa fram sine eigne klassemål — desse tinga er farlege og skremmande for borgarskapet.

Det er heilt klårt at dette er den røynelege tydinga i ordet «realisme», slik også *Ovobosjdenije* ser det. Dette er mellom anna klårt frå den måten det tidlegare vart nytta av *Osvobosjdenije* og av hr. Struve. *Iskra* sjølv kunne ikkje gjera noko anna enn å innrømme at det var dette «realismen» til *Osvobosjdenije* tydde. Ta til dømes artikkelen kalla «På høg tid!» i tillegget til

Iskra nr. 73/74. Forfattaren til denne artikkelen (ein konsekvent talsmann for synsmåtane til «sumpen» på Den andre kongressen til Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti) uttrykte heilt ope det synet at «på kongressen spela Akimov rolla til skrømtet etter opportunismen heller enn den verkelege representanten for opportunismen». Og redaktørane til *Iskra* vart med ein gong tvinga til å retta på forfattaren til artikkelen «På høg tid!» ved å erklæra i ein merknad:

«Dette synet kan ein ikkje seia seg samd i. Synsmåtane til kamerat Akimov på programmet syner heilt klårt at han er farga av opportunisme. Dette er jamvel vedgått av kritikaren i *Osvobosjdenije*. I eit av dei nyaste nummera har han slege fast at kamerat Akimov er tilhengjar av den 'realistiske', les revisjonistiske retninga.»

Såleis er *Iskra* sjølv heilt klår over at også *Osvobosjdenije*-realismen er rein og skjær opportunisme og ikkje noko anna. Dersom *Iskra* no, når ho går til åtak på den «liberale realismen» (*Iskra* nr. 102), ikkje seier noko om at ho *har vorte lovprisa av dei liberale* for realismen sin, er denne tagnaden forklåra av at ei slik lovprising er bitrare enn nokon kritikk. Ei slik lovprising (som *Osvobosjdenije* ikkje berre kom med ved eit tilfelle, og ikkje for fyrste gongen) provar i røynda slektskapet mellom den liberale realismen og dei tendensane i den sosialdemokratiske «realismen» (les: opportunismen) som er å finna i kvar einaste resolusjon til ny-Iskraittane. Dette er ein konsekvens av at heile det taktiske standpunktet deira er gale.

Det russiske borgarskapet har jammen alt synt fullt ut kor prinsipplaut og grådig det er i den «folkelege» revolusjonen. Dette har synt seg i argumenta til hr. Struve, i heile ånda og innhaldet i hovudmengda av dei liberale avisane, og i karakteren til dei politiske ytringane av dei fleste Zemstvomedlemene⁴², hovudtyngda av dei intellektuelle og stort sett alle tilhengjarane av

herrane Trubetskoj, Petrunkevitsj, Roditsjev og co. Det er sjølvsagt at borgarskapet ikkje alltid syner ei klår forståing, men i det store og heile gjer klasseinstinktet det mogleg for borgarskapet å skjøna særst godt at proletariatet og «folket» er nyttig for revolusjonen til *borgarskapet* som kanonføde, som ein ram-bukk mot eineveldet. Klasseinstinktet gjer det òg på den andre sida klårt for borgarskapet at proletariatet og dei revolusjonære bøndene er svært farlege for det om dei skulle vinna ein «avgjerande siger over tsarismen» og føra den demokratiske revolusjonen til endes. Dette er grunnen til at borgarskapet gjer det det kan for å få proletariatet til å vera tilfreds med å spela ei «smålåten» rolle i revolusjonen. Dette er grunnen til at borgarskapet gjer kva det kan for å få proletariatet til å vera meir nøkternt, praktisk og realistisk og la verksemda si verta leidd av prinsippet «i fall borgarskapet vik attende».

Intellektuelle borgarar veit særst godt at dei ikkje er i stand til å kvitta seg med arbeidarrørsla. Det er grunnen til at dei ikkje i det heile går ut mot arbeidarrørsla i seg sjølv, eller mot klassekampen til proletariatet i seg sjølv, nei det er jamvel slik at dei kan jatta med når det gjeld retten til å streika og ein danna klassekamp. Dei ser på arbeidarrørsla og klassekampen slik Brentano eller Hirsch-Dunker gjer det. Med andre ord er dei fullt ut budd på å «gje over» til arbeidarane retten til å streika og fridom til å danna foreiningar (noko som i røynda alt er det vunne av arbeidarane sjølve). Dette er dei villige til om berre arbeidarane gjev avkall på «opprørsanda» si, på den «trongsyn-te revolusjonismen», og fiendskapen mot «kompromiss og praktisk nytte», på krava og ynskja om å la «revolusjonen til heile det russiske folket» verta prega av klassekampen *sin*, preget av proletarisk konsekvens, proletarisk fastleik og «plebeiisk jakobinisme». Dette er grunnen til at intellektuelle borgarar over heile Russland gjer alt dei kan, med tusen og ein måtar og

midlar, bøker*, foredrag, talar og samtalar osv., osv. for å få arbeidarane gjennomsyra med idear om (borgarleg) nøktern tenking, (liberal) praktisk haldning, (opportunistisk) realisme, (Brentano-) klassekamp, (Hirsch-Dunkerske)⁴³ fagforeiningar osv. Dei to siste parolane er særst høvelege for borgaren i det «konstitusjonelt-demokratiske» partiet, *Osvobosjdenije*-partiet. Å sjå til fell dei saman med marxistiske parolar, og med nokre mindre utelatingar og enkle forvrengningar kan dei lett verta blanda saman med, og nokre gonger jamvel godtekne, som sosialdemokratiske parolar. Den legale liberale avisa *Rassvet*⁴⁴ (som vi ein dag skal freista å ta for oss meir detaljert saman med lesarane i *Proletari*) seier til dømes ofte slike «endeframme» ting om klassekampen, som at det er mogleg at borgarskapet vil lura proletariatet, om arbeidarrørsla, om initiativet til proletariatet osv., osv. Ein lesar som ikkje er på vakt eller ein uopplyst arbeidar kan lett verta leidd til å tru at denne «sosialdemokratismen» er ekte. Men i røynda er det ein borgarleg imitasjon av sosialdemokratismen. Det er ei opportunistisk forvrengning og ei øydelegging av omgrepet om klassekampen.

Det som ligg under dette gigantiske borgarlege jukset (gigantisk når det gjeld utstrekninga av den verkna den det har på massane) er ein sterk trong til å redusere arbeidarrørsla stort sett til ei fagforeiningsrørsle. Det er å halda arbeidarrørsla så langt som råd unna ein sjølvstendig politikk (det vil seia ein politikk som er revolusjonær og retta fram mot eit demokratisk diktatur). Det er å «få ideen om klassekampen til å overskygga ideen om den russiske revolusjonen til heile folket i hovuda til arbeidarane».

Som lesaren vil sjå har vi sett *Osvobosjdenije*-formuleringa opp ned. Det er ei framifrå formulering, det er ei som framifrå uttrykker to syn på rolla til proletariatet i ein demokratisk revolusjon: Det

* sjå *Prokopovitsj* — «Arbeidarspørsmålet i Russland».

borgarlege synet og det sosialdemokratiske synet. Borgarskapet ynskjer å få proletariatet til å seia seg nøgd med fagforeiningsrørsla, og dermed få ideen om (Brentano-) klassekampen til å skygga over ideen om ein russisk revolusjon av heile folket i hovudet sitt». Dette er heilt i ånda til dei bernsteinianske forfattarane av *Credo* som freista å få ideen om ei «rein arbeidar-rørslе» til å overskygga ideen om den politiske kampen i hovudet til arbeidarane. Sosialdemokratiet ynskjer tvert om å utvikla klassekampen til proletariatet til å få leiarskapen i den russiske revolusjonen til det russiske folket, det vil seia å føra den revolusjonen til det demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene.

Revolusjonen i landet vårt er ein revolusjon av heile folket, seier borgarskapet til proletariatet. Som ein einskild klasse skulle de difor vera nøgde med å avgrensa dykk sjølve til dykkar klassekamp. I namnet til «sunn fornuft» skulle de vende verksemda dykkar hovudsakleg mot fagforeiningane og å få dei gjort lovlege. De burde sjå på desse fagforeiningane som «det viktigaste utgangspunktet i den politiske utdanninga og organiseringa dykkar». I ein revolusjonær situasjon burde de for det meste setja opp «sunne» resolusjonar, lik den resolusjonen som den nye *Iskra* har sett opp. De burde leggja meir vekt på resolusjonar som «er meir venlegsinna innstilt andsynes dei liberale». De burde foretrekka leiarar med ein tendens til å verta «praktiske leiarar av den verkeleg politiske rørsla til arbeidarklassen», og burde «halda på dei realistiske delane i den marxistiske måten å sjå verda på» (dersom de diverre alt har vorte smitta av dei strenge «formlane» i denne «uvitskaplege» katekisma).

Revolusjonen i landet vårt er ein revolusjon av heile folket, seier sosialdemokratane til proletariatet. Som den mest progressive og den einaste heilt igjennom revolusjonære klassen må de streva etter å spela ikkje berre ein sær sars aktiv del i denne revolusjonen, men jamvel den leiande del i han. Difor må de ikkje seia

dykk nøgde med å ha ei trong oppfatning av rammene for klassekampen, hovudsakeleg i tydinga fagforeiningsrørsla. De må tvert om freista å utvida rama og innhaldet for klassekampen dykkar slik at han *femner om* ikkje berre *alle* måla til den noverande demokratiske russiske revolusjonen av heile folket, men like mykje måla til den sosialistiske revolusjonen som vil koma etter. Utan å gje avkall på fagrørsla og utan å nekta å dra nytte av jamvel det minste legale slingringsmonn må de difor i ein revolusjonær periode bringa oppgåvene med oppstand i framgrunnen. De må bringa danninga av ein revolusjonær hær, og ei revolusjonær regjering, i framgrunnen. Dette er den einaste måten som fører til at folket kan vinna full siger over tsarismen og nå fram til ein demokratisk republikk og ekte politisk fridom.

Det ville vera overflødig å ta for seg det halvhjarta og prinsipplause standpunktet som resolusjonane til det nye *Iskra* tek i dette spørsmålet, av di dei har ei feil «line». Det er klårt at borgarskapet likar dette standpunktet særst godt.

II. Kamerat Martynov vil gjera spørsmålet endå «djupsindigare»

Lat oss gå over til artiklane til Martynov i nummera 102 og 103 av *Iskra*. Vi vil sjølvsagt ikkje svara på Martynov sine freistnader på å prova at tolkinga vår ikkje er rett, og at hans eiga tolking er rett, når det gjeld ei rekkje sitat frå Engels og Marx. Desse freistnadene er så uviktige, jukset til Martynov så opp i dagen, og spørsmålet så klårt at det ikkje har noko interesse å stogga ved dette meir. Alle lesarar som tenkjer etter, vil lett sjå gjennom dei simple knepa som Martynov har nytta i denne fullstendige retretten. Særskilt er det slik no då den fulle oversetjinga av brosjyren til Engels *Bakunistane i arbeid* og *Helsinga frå Sentralkomiteen*

til *Det Kommunistiske Forbundet*⁴⁵ i mars 1850 av Marx vert lagt fram av ei gruppe medarbeidarar i *Proletari* og vert prenta. Eit einaste sitat frå artikkelen til Martynov er nok til å gjera retretten hans klår for lesaren.

«*Iskra* 'vedgår',» seier Martynov i nr. 103, «at det å setja opp ei provisorisk regjering er ein mogleg og ein formålstenleg måte å fremja revolusjonen på. Men *Iskra* nektar for at det er formålstenleg at sosialdemokratar blir med i ei *borgarleg* provisorisk regjering, nett for at dei i framtida skal verta i stand til å vinna full kontroll over statsmaskineriet i ein sosialistisk revolusjon». *Iskra* vedgår no med andre ord det meiningslause i redsla si når det gjeld ansvaret ei revolusjonær regjering har for finansane og bankane, faren og vanskaner ved å ta over «fengsla» osb. Men *Iskra* gjer ikkje noko anna enn å floka til tinga nett som før. Ho blandar saman demokratisk diktatur med sosialistisk diktatur. Denne floken er ikkje til å unngå, og det er ein måte å dekkja retretten på.

Men mellom tåkefyrstane i det nye *Iskra* står Martynov fram som tåkefyrste nr. 1, ein tåkefyrste med talent om ein kan seia det slik. Ved å rota til spørsmålet med det arbeidssomme strevet etter å «gjera det djupsindig», «kjem» han mest uunngåeleg «fram» til nye formuleringar som legg ope heile bedraget i det standpunktet han har teke. De hugsar korleis han i økonomisme-dagane gjorde Plekhanov «meir djupsindig» og skapte formuleringa: «Økonomisk kamp mot arbeidsgjevarane og regjeringa». I heile den økonomistiske litteraturen er det vanskeleg å finna eit meir passande uttrykk for lygna i dette straumdraget. Slik er det i dag òg. Med stor ihug tener Martynov den nye *Iskra*, og nestan kvar gong han opnar munnen gjev han oss nytt og framifrå materiale for å kunna vurdere den falske stillinga til det nye *Iskra*. I nr. 102 seier han at Lenin «umerkeleg har sett diktaturomgrepet i staden for revolusjonsomgrepet» (s. 3, kolonne 2).

I kjernen kan alle skuldingane som ny-iskraitane har retta mot oss verte redusert til dette eine. Vi er jamen Martynov takknemlege for denne skuldinga! Han har gjeve oss ei særst uvurderleg teneste i kampen mot ideane til det nye *Iskra* ved å formulera skuldinga si på denne måten! Vi må verkeleg be redaktørane til *Iskra* om å sleppa Martynov laus på oss oftare for å gjera åtaka på *Proletari* «meir djupsindige» og formulera dessa åtaka «verkeleg prinsippielt». For dess meir Martynov strevar for å argumentera på prinsippplanet, dess verre vert argumenta hans, og dess klårare syner han hola i retninga til det nye *Iskra*, di meir vellukka utøver han på seg sjølv og på venene sine denne nyttige pedagogiske operasjonen *reductio ad absurdum* (han reduserar prinsippa til det nye *Iskra* til noko meiningslaust).

Vperjod og *Proletari* nyttar omgrepa diktatur og revolusjon om kvarandre. *Iskra* vil ikkje ha noko av ei slik forveksling. Nett slik er det, høgst vyrde kamerat Martynov! Du har verkeleg kome med ei stor sanning. Med denne nye formuleringa har du stadfest påstanden vår om at *Iskra* somlar etter revolusjonen og slumpar bortpå ei *Osvobosjdenije*-formulering om oppgåvene sine, medan *Vperjod* og *Proletari* gjev ut parolar som fører den demokratiske revolusjonen framover.

Kan du ikkje skjønna dette, kamerat Martynov? For di spørsmålet er så viktig, skal vi freista å gje det ei detaljert utgreiing.

Den borgarlege karakteren til den demokratiske revolusjonen uttrykkjer seg mellom anna ved at ei rekkje klassar, grupper og lag i samfunnet som fullt ut godkjenner privateigedomen og vareproduksjonen, og ikkje er i stand til å gå utanom desse grensene, vert tvunga av omstenda til å innsjå at eineveldet er ubrukeleg og at den føydale ordninga i det heile er ubrukeleg, og dei kjem med i kravet om fridom. Den borgarlege karakteren til *denne* fridomen som vert kravd av «sam-

funnet» og lagd fram i ein flaum av ord (og berre ord!) fra godseigarane og kapitalistane, kjem klårare og klårare til uttrykk. På same tida vert den radikale skilnaden mellom kampen for fridom som arbeidarane og borgarskapet fører, mellom proletarisk og liberal demokratisme, endå meir merkbar. Arbeidarklassen og dei klassemedvitne representantane arbeidarklassen har, marsjerer framover og ber denne kampen framover. Dei er ikkje berre utan frykt for å føra han til endes, men dei strever for å gå langt utanfor dei ytste grensene for den demokratiske revolusjonen. Inkonsekvent og egoistisk aksepterar borgerskapet parolane om fridom på hyklersk vis, og berre delvis. Alle freistnader på å slå fast grensane for når dette hykleriet til dei borgarlege venene om fridomen, eller snarare dette sviket mot fridomen av dei borgarlege leiarane til fridomen tek til, er dømde til uunngåeleg nederlag. Slik er det, anten det er snakk om ei særskilt line eller om å trekke opp «særskilde punkt» (slik dei i resolusjonen til Starover, eller den til konferansedeltakarane). Dette er av di borgarskapet, som er fanga mellom to bål (ei-neveldet og proletariatet), er i stand til å endra posisjonen og parolane på tusen og ein måtar. Borgarskapet er i stand til å tilpassa seg ved å flytta seg ein fot til venstre eller ein fot til høgre. Det driv heile tida med kjøp og salg. Oppgåva til proletarisk demokratisme er ikkje å finna på slike livlause «punkt». Det er å kritisera den politiske situasjonen som utviklar seg utan stans, det er å avsløra stadig ny og uforutsett prinsipp-løyse og svik frå borgarskapet si side.

Hugs på historia om dei politiske erklæringane til Hr. Struve i den illegale pressa, historia om kampen sosialdemokratiet hadde med han, og de vil klårt sjå korleis desse oppgåvene har vorte utførde av sosialdemokratiet, forkjemparen for proletarisk demokratisme. Hr. Struve tok til med ein rein Sjipov-parole: «Rettar og ein autoritativ Zemstvo». (Sjå artikkelen min i *Zarja*⁴⁶, «Dei som forfylgjer Zemstvoen og Han-

nibalane av liberalismen»*). Sosialdemokratiet avslørte han og dreiv han over mot eit heilt klårt konstitusjonalistisk program. Takk vere den særskild raske framgangen i revolusjonære hendingar, tok denne «skubbinga» til å gje verknader. Kampen vart då skifta over til det *neste* demokratisme-problemet. Det galdt ikkje berre ei forfatning i det heile, men det dreide seg om å få til lik og allmen røysterett, direkte og hemmelege val. Då vi «tok frå» «fienden» dette nye standpunktet (*Osvobosjdenije*-Forbundet hadde gått inn for allmenn røysterett) tok vi til å gå vidare. Vi avslørte hyklinga og det falske i eit tokammer-system, og gjorde det klårt at allmenn røysterett ikkje fullt ut hadde vore godteke av *Osvobosjdenije*-Forbundet. Vi viste til *monarkismen* deira og avslørte kremmarnaturen i demokratismen deira. Med andre ord avslørte vi at desse *Osvobosjdenije*-heltane av pengesekken *dreiv tuskhandel* med interessene til den store russiske revolusjonen.

Til sist tok stivsinnet til eineveldet, den veldige framgangen i borgarkrigen, og vonløysa i situasjonen som monarkistane hadde ført Russland opp i, til å trengja igjennom jamvel dei hardaste skallane. Revolusjonen vart ei *kjensgjerning*. Det var ikkje naudsynt lenger å vera revolusjonær for å kjennast ved revolusjonen. Den eineveldige regjeringa har i røynda gått i oppløysing framfor auga våre. Slik ein viss liberalar (Hr. Gredeskul) har sagt det heilt rett i den legale pressa, har det no kome dit at faktisk ingen lystrar denne regjeringa. Trass i den tilsynelatande makta har eineveldet synt seg makteslaust. Hendingane som går saman med den revolusjonen som utviklar seg, har ganske enkelt teke til å kasta denne snyltande organismen, som held på å rotne medan ho enno er i live, til sides. Sidan dei er tvinga til å basera verksemda si (eller for å seia det meir korrekt: dei lyssky politiske forretningane sine) på tilhøva slik dei i røynda er, har dei liberale

* Først utgjeven i 1901. Sjå *Samla verk*, bd. 5, s. 31—80.

borgarane teke til å sjå at det er naudsynt å gå inn for revolusjonen. Dei gjer ikkje dette av di dei er revolusjonære, men trass i at dei ikkje er revolusjonære. Dei gjer det fordi dei må, og mot vilja si. Dei stirer sinte på framgangen til revolusjonen og klagar eineveldet for revolusjonisme, dette eineveldet som ikkje ynskjer å slå av ein handel, men som vil ha ein kamp på liv og død. Dei er dei fødde handelsmenn, dei hatar kamp og revolusjon, men tilhøva tvingar dei til å stå på same grunnen som revolusjonen, av di det ikkje finst nokon annan grunn under føtene deira.

Vi er vitne til eit sær s instruktivt og komisk skodespel. Dei liberale borgarlege prostituerte freistar hylla seg inn i kappa til revolusjonen. *Osvobosjdenije*-folka — *risum teneatis, amici!** — *Osvobosjdenije*-folka har teke til å tala i navnet til revolusjonen! Dei har teke til å forsikra oss om at dei «ikkje fryktar revolusjonen» (Hr. Struve i *Osvobosjdenije* nr. 72)!!! Dei reiser krav om «å vera i leiinga for revolusjonen»!!!

Dette er ei sær viktig hending. Det er ei hending som ikkje berre gjev bod om noko nytt i borgarleg liberalisme, men enno meir gjev bod om den verkelege framgangen til den revolusjonære rørsle som har *tvinga fram* sannkjenning. Jamvel borgarskapet har teke til å kjenna at det er nyttigare for dei å stå saman med revolusjonen, for eineveldet er så falleferdig. Men, på den andre sida, denne hendinga som vitnar om det nye og høge nivået som heile rørsle har nådd opp på, set og nye og høgare oppgåver framfor oss. Det at borgarskapet no har gått inn for revolusjonen kan ikkje vera oppriktig, utan omsyn til om den eine eller andre borgarlege ideologen kan vera ærleg. Borgarskapet kan ikkje anna enn å føra med seg egoisme og prinsipppløyse, kjøpslåingsmentalitet og smålege, reaksjonære knep jamvel inn i dette høgare stadiet av rørsle. Vi må no formulera dei beinveges *konkrete* oppgåvene

* *Risum teneatis, amici* — (lat.) kan de halda latteren unna, vener.

til revolusjonen på ein *annan* måte. Vi må formulera dei i namnet til programmet og ved å utvida programmet. Det som kanskje var tilstrekkeleg i går, er *utilstrekkeleg i dag*. I går var det kanskje slik at det var nok å krevja at ein skulle gå inn for revolusjonen. Dette heldt som framskriden demokratisk parole. I dag er ikkje dette nok. Revolusjonen har tvinga jamvel hr. Struve til å kjennast ved han. Den framskridne klassen må no heilt nøyaktig fastsetja *sjølv innhaldet* i dei påtrengande oppgåvene som det hastar med i denne revolusjonen. Medan dei går god for revolusjonen, syner Struve-herrane om att og om att eseløyra sine, og dei spelar den gamle låten om at det er mogleg med eit fredeleg utfall. Dei talar om at *Nikolai* vil oppmoda *Osvobosjdenije*-gruppa til å ta makta osb., osb. *Osvobosjdenije*-folka går god for revolusjonen for å øydeleggja han og svika han tryggare for seg sjølv. Det er no plikta vår å syna proletariatet og heile folket at parolen «revolusjon» ikkje er nok. Vi må syna kor naudsynt det er å ha ei klår og utvetydig, prinsippfast og fastrådd definisjon av *sjølv innhaldet* i revolusjonen. Og denne definisjonen får vi ved den eine parolen som er i stand til å gje eit korrekt uttrykk for ein «avgjerande siger» i revolusjonen. Det er parolane om det revolusjonær-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene.⁴⁷

Det å misbruka ord og uttrykk er ein sær sars vanleg praksis i politikken. Navnet «sosialist» til dømes har ofte vorte nytta av tilhengarane av den borgarlege engelske liberalismen («We are all socialists now»*, sa Harcourt). Det har vorte nytta av tilhengjarar av Bismarck og av venene til pave Leo XIII. Ordet «revolusjon» let seg nytta fullt ut til misbruk, og på eit visst stadium i utviklinga av rørsle er det uungåeleg med eit slikt misbruk. Når hr. Struve tok til å tala i namnet til revolusjonen, kunne eg ikkje anna enn å hugsa på

* *We are all socialists now* — (eng.) vi er alle sosialistar no. — Red.

Thiers. Nokre dagar før Februarrevolusjonen kjente denne kjempemessige dvergen, denne heilt perfekte kroppslegginga av den politiske korrupsjonen i borgarskapet, at det held på å laga seg til ein storm i folket. Han uttalde frå talarstolen i parlamentet at han hørte til *revolusjonspartiet!* (Sjå Marx: «*Borgarkrigen i Frankrike*»). At *Osvobosjdenije* no sluttar seg til revolusjonen har *nett den same* politiske tydinga som at Thiers gjorde det. Når dei russiske Thiersfolka tek til å tala om at dei høyrer til revolusjonspartiet, tyder det at parolen om revolusjon har vorte utilstrekkeleg, meningslaus, og ikkje klargjer nokre oppgåver. Revolusjonen har vorten ei kjensgjerning, og alle slags ulike element går over på same side som han.

Kva er i det heile ein revolusjon frå marxistisk synsstad? Det er å knusa den forelda politiske overbygninga med vald. Det er motseiinga mellom denne forelda politiske overbygninga og dei nye produksjonstilhøva som har ført ho til samanbrot på eit visst tidspunkt. Motseiinga mellom eineveldet og heile strukturen i det kapitalistiske Russland og alt det den borgarleg-demokratiske utviklinga der treng, har no ført til samanbrotet for ho. Dette samanbrotet er så svært, av di det har gått ei så lang periode då denne motseiinga vart halde ved lag på kunstig vis. Overbygninga knakar i alle ledd og gjev etter for presset og vert svakare. Gjennom representantane frå ulike klassar og grupper, må folket no, av eiga kraft, byggja ei ny overbygning for seg sjølv. På eit visst stadium i utviklinga vert det klårt for alle at den gamle overbygninga er ubrukeleg. Alle går inn for revolusjonen. Oppgåva no vert å klargjera *kva for* klassar som skal byggja den nye overbygninga og *korleis* dei skal byggja ho. Om dette ikkje vert klårgjort er parolen om revolusjonen tom og meningslaus no. Eineveldet er nemleg så svekt at det jamvel gjer «revolusjonære» av storhertugar og *Moskovskije Vedomosti*⁴⁸. Om ikkje dette vert klårgjort, kan det ikkje koma på tale med nokre framskridne demo-

kratiske oppgåver for den framskridne klassen. Parolen «det demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene» gjev denne definisjonen. Denne parolen klårgjer kva for klassar dei som skal «byggja» den nye overbygninga kan og må lita på. Parolen «Klårgjer karakteren til den nye overbygninga» (Eit «demokratisk» til skilnad frå eit sosialistisk diktatur) og korleis ein skal byggja det (diktatur, dvs. kraftig undertrykking av motstand med vald og væpning av dei revolusjonære klassane i folket). Alle som no nektar å godta denne parolen om revolusjonært-demokratisk diktatur, parolen om ein revolusjonær hær, om ei revolusjonær regjering og om revolusjonære bondekomitear, er anten heilt vonlaust ute av stand til å skjønna oppgåvene for revolusjonen, er ute av stand til å klårgjera dei nye og høgare oppgåvene som den noverande situasjonen gjev bod om, eller dei fører folket bak lyset. Dei svik revolusjonen og misbrukar parolen om «revolusjon».

Kamerat Martynov og venene hans er døme på det fyrste, og Hr. Struve og heile det «konstitusjonelt-demokratiske» Zemstvo-partiet — på det siste.

Kamerat Martynov var så skarp og slu at han klaga oss for å ha forveksla omgrepa om diktatur og revolusjon nett på ei tid da utviklinga av revolusjonen kravde at oppgåvene hans måtte verta klårgjort ved parolen om diktatur. Kamerat Martynov har nok ein gong vore så uheldig at han har komen i bakleksa. Han har køyrd seg fast i det nest siste stadiet, *på det nivået som Osvobosjdenije har nådd*. For det å gå god for «revolusjonen» (i ord) og å nekta å gå god for det demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene (dvs. revolusjon i handling) er i dag det same som å ta det politiske standpunktet til *Osvobosjdenije*, dvs. at det er til beste for det liberale monarkistiske borgarskapet. Gjennom hr. Struve uttrykkjer no det liberale borgarskapet seg til fordel for revolusjonen. Gjennom det revolusjonære sosialdemokratiet krev det klassemedvitne proletariatet eit diktatur av proletariatet og bøndene,

og på dette stadiet er det at den kloke nye Iskra tek del i samanstøyten og ropar: «Våg ikkje å 'forveksla' ideane om diktatur og revolusjon!». Vel, er det ikkje sant at det galne standpunktet som ny-Iskraittane tek, dømer dei til heile tida å dra seg etter halen på *Osvobosjdenije*-retninga?

Vi har vist at *Osvobosjdenije*-folka (ikkje utan at sosialdemokratane har påverka dei) steg for steg har gått framover når det gjeld å gå god for demokratismen. Fyrst var stridsspørsmålet mellom oss: Sjiipovisme (rettar og ein autoritativ zemstvo) eller konstitusjonalisme? Så var det: avgrensa eller allmenn røysterett? Seinare vart det: Sannkjenning av revolusjonen eller hestehandel med eineveldet? Og endeleg er det no: sannkjenning av revolusjonen utan diktaturet til proletariatet og bøndene eller sannkjenning av kravet om eit diktatur av desse klassane i den demokratiske revolusjonen? Det er mogleg og sannsynleg at *Osvobosjdenije*-folka (det gjer ingen skilnad om det er desse folka slik dei er i dag eller etterfylgjarane deira i venstre-fløya til dei borgarlege demokratane), vil gå nok eit steg oppover, dvs. når tida kjem gå god for parolen om diktaturet også (kanskje samstundes med at kamerat Martynov tek eit anna steg). Dette vil uunngåeleg vera tilfelle dersom den russiske revolusjonen held fram og kjempar seg framover og når ein avgjerande siger. Kva blir då stillinga til sosialdemokratiet. Den fullstendige sigeren til denne revolusjonen markerer slutten på den demokratiske revolusjonen og starten på ein fastrådd kamp for ein sosialistisk revolusjon. Den vil få innfridd dei krava den har no. Reaksjonen vert heilt ut slått, og det den demokratiske revolusjonen har oppnådd, vil markera den ytste grensa for revolusjonismen til borgarskapet. Det markerer den ytste grensa jamvel for småborgarskapet, og starten på den verkelege kampen til proletariatet for sosialismen. Di meir fullstendig den demokratiske revolusjonen er, di snarare og meir utbreidd, di reinare og

meir fastrådd vil utviklinga av denne nye kampen vera. Parolen om eit «demokratisk» diktatur uttrykkjer at denne revolusjonen er historisk avgrensa. Han uttrykkjer at det er naudsynt med ny kamp på grunnlag av den nye ordninga for å frigjera arbeidarklassen fullstendig frå all undertrykking og all utbytting. Med andre ord: når det demokratiske borgarskapet eller småborgarskapet tek eit steg vidare, når ikkje berre revolusjonen, men den fullstendige sigeren til revolusjonen vert ei kjensgjerning, då skal vi «endra» (kanskje under forskrekka rop frå nye og framtidige Martynovar) parolen om det demokratiske diktaturet til parolen om proletariatets sosialistiske diktatur, dvs. om full sosialistisk revolusjon.

III. Det vulgære borgarlege og det marxistiske synet på diktaturet.

I notatane til artiklane av Marx frå «*Neue Rheinische Zeitung*» i 1848 som han prenta, fortel Mehring oss at ein av dei klagane som vart retta mot denne avisa av borgarlege tidsskrift var at ho skulle ha kravd «å innføra diktaturet raskt som den einaste måten å oppnå demokrati på» (Marx; *Etterlatne skrifter*, band III, s. 53). Frå det vulgære borgarlege standpunktet er det slik at uttrykka 'diktatur' og 'demokrati' gjensidig utelet kvarandre. Borgaren maktar ikkje å skjøna teorien om klassekampen. Han er van med å sjå den politiske arenaen som den smålege kringlinga mellom dei ulike borgarlege sirklane og klikkane. Ved diktatur skjønar han at alle fridomar og alle garantiar om demokrati skal verta gjorde til inkjes. Han skjønar med dette all slags villkårleg framferd og all slags maktmisbruk for å fremja dei personlege interessene til ein diktator. Det er faktisk nett dette vulgære borgarlege synspunktet som kjem til uttrykk i det Martynov skriv. Han set i gang med det «nye felttoget» sitt i den nye

Iskra, ved å hevda at *Vperjod* og *Proletari* går inn for parolen om diktatur av di Lenin har «eit brennande ynskje om å freista lukka si». (*Iskra* nr. 103, s. 3, kolonne 2). For å forklåra Martynov meininga med uttrykket klassediktatur, til skilnad frå personleg diktatur, og oppgåvene til eit demokratisk diktatur til skilnad frå oppgåvene til eit sosialistisk diktatur, vil det ikkje vera bortkasta å ta for seg synspunktene til «*Neue Rheinische Zeitung*».

«Etter ein revolusjon», skreiv «*Neue Rheinische Zeitung*» den 14. september 1848, «krev einkvar provisorisk organisasjon i staten eit diktatur og jamvel eit kraftig diktatur. Heilt frå starten har vi klaga Camphausen» (regjeringsleiaren etter 18. mars 1848) «for at han ikkje handla diktatorisk, for at han ikkje med ein gong knuste og øydela leivningane av dei gamle institusjonane. Og medan hr. Camphausen heldt på å lulla seg sjølv inn med konstitusjonelle illusjonar, så styrkte det partiet som var slått (dvs. partiet til reaksjonen) stillinga si i byråkratiet og i hæren, og her og der våga dei seg jamvel ut i open kamp.»

Mehring seier heilt rett at desse orda i nokre få setningar summerer opp alt som var lagt fram i detalj i «*Neue Rheinische Zeitung*» i lange artiklar om Camphausen-regjeringa. Kva er det desse orda til Marx fortel oss? Dei fortel at ei provisorisk revolusjonær regjering må handla diktatorisk (ei setning som *Iskra* er heilt ute av stand til å skjøna sidan ho freista gå utanom parolen om diktaturet). Dei fortel oss at oppgåva til eit slikt diktatur er å øydeleggja leivningane av dei gamle institusjonane (det er nett det som vart klårt kunngjort i resolusjonen til Den tredje kongressen av Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti om kampen mot kontrarevolusjonen, og som vart uteløymt i resolusjonen til konferansen slik det er vist til ovanfor). For det tredje og siste fylgjer det av desse orda at Marx refsa dei borgarlege demokratane for å ha «konstitusjonelle illusjonar» i ein periode med re-

volusjon og open borgarkrig. Meininga med desse orda vert serskilt klår frå artikkelen i «*Neue Rheinische Zeitung*» 6. juni 1848. «Ei grunnlovgjevande nasjonal-forsamling», skreiv Marx, «må fyrst av alt vera ei revolusjonær aktiv forsamling. Men Frankfurtsforsamlinga bryr seg berre om skuleøvingar i parlamentarisme medan ho tillet regjeringa å handla. Lat oss gå ut frå at denne lærde forsamlinga vil lukkast, etter å ha vurdert saka nøye, i å utvikla den best moglege dagsordenen og den beste grunnlova. Men, kva nytte er det i den best moglege dagsordenen og den best moglege grunnlova dersom den tyske regjeringa i mellomtida har sett bajonetten på dagsordenen?»

Dette er meininga i parolen diktatur. Frå dette kan vi døma kva haldning Marx ville ha teke til resolusjonar som kallar ei «avgjerd om å organisera ein grunnlovgjevande forsamling» ein avgjerande siger, eller som inviterar oss til å «halda fram med å vera partiet til den ekstreme revolusjonære opposisjonen»!

Hovudspørsmåla i livet til nasjonane vert berre løyste med vald. Dei reaksjonære klassane sjølve er vanlegvis dei fyrste til å nytta vald, til å nytta borgarkrig. Dei er dei fyrste til å «setja bajonetten på dagsordenen» slik det russiske eineveldet systematisk og utan å nøla har gjort overalt sidan 9. januar. Og sidan ein slik situasjon har kome, sidan bajonetten verkeleg har vorte hovudpunktet på den politiske dagsordenen, sidan oppreisten har vist seg å verta heilt naudsynt og tvingande, vert konstitusjonelle illusjonar og skuleøvingar i parlamentarisme berre eit dekke for at borgarskapet svik revolusjonen, eit dekke for å løyna at borgarskapet «vik attende» for revolusjonen. Det er nett parolen om diktaturet som den ekte revolusjonære klassen må gå fram med i dette høvet.

Når det galdt spørsmålet om oppgåvane for dette diktaturet, skreiv Marx i «*Neue Rheinische Zeitung*»: «Nasjonalforsamlinga burde ha handla diktatorisk mot dei reaksjonære freistnadene til dei forelda regje-

ringane, og såleis kunne folkeoponionen for seg. Mot denne krafta ville alle bajonettar og geværkolbar verta knuste. ... Men denne forsamlinga gjer det keisamt for det tyske folket i staden for å riva dei med seg eller sjølv å verta rivne med av dei.» Etter synet til Marx burde nasjonalforsamlinga ha «rydda av vegen alt i det regimet som i røynda eksisterte i Tyskland, som gjekk imot prinsippet om folkesuvereniteten». Så burde ho «styrkt det revolusjonære grunnlaget ho står på for å gjera folkesuvereniteten som revolusjonen har vunne, trygg mot alle åtak».

I innhald utgjorde fylgjeleg dei oppgåvene som Marx sette opp for ei revolusjonær regjering, eller eit diktatur i 1848, fyrst og fremst oppgåvene for ein *demokratisk* revolusjon. Det dreier seg om å forsvare seg mot kontrarevolusjonen og verkeleg få rydda unna alt som står i motstrid til folkesuvereniteten. Dette er ikkje noko anna enn eit revolusjonært-demokratisk diktatur.

Vidare: Kva klassar var det som etter synet til Marx kunne og burde ha fullført denne oppgåva (å utøva prinsippet om folkesuvereniteten fullt ut i handling og å slå attende åtaka frå kontrarevolusjonen)? Marx talar om «folket». Men vi veit at han heile tida kjempa nådelaust mot småborgarlege illusjonar om at «folket» var ein einskap, og at det ikkje fanst klassekamp i folket. Ved å nytta ordet «folket» glatta ikkje Marx over classeskilnadene. Han fekk særskilde element som var i stand til å føra revolusjonen til endes til å gå saman.

Etter sigeren til Berlinproletariatet den 18. mars skreiv «*Neue Rheinische Zeitung*» at resultata til revolusjonen synte seg å vera to: «På den eine sida, væpninga av folket, retten til å gå saman i foreiningar, at folkesuvereniteten verkeleg var oppnådd. På den andre sida at monarkiet og Camphausen-Hanseman-regjeringa stod ved lag, dvs. regjeringa til representantane for storborgerskapet. Såleis hadde revolusjonen to slags resultat, som uunngåeleg måtte gå i ulike ret-

ningar. Folket hadde oppnådd siger, dei hadde vunne fridomar av avgjort demokratisk natur, men makta gjekk ikkje med ein gong over i deira hender, men over i hendene til storborgarskapet. Kort sagt: revolusjonen var ikkje fullført. Folket let representantar for storborgarskapet skipa ei regjering, og desse representantane til storborgarskapet syntte med ein gong kva dei var ute etter ved å by fram ein allianse til den gamle prøyssiske adelen og til byråkratiet. Arnim, Canitz og Schwerin gjekk med i regjeringa.

Det øvre borgarskapet, som alltid var antirevolusjonært, slutta ein allianse for forsvar og åtak med dei reaksjonære av di dei var redde for folket, dvs. arbeidarane og det demokratiske borgarskapet» (våre uthevingar).

Såleis er det slik at det ikkje berre er utilstrekkeleg å gjera eit «vedtak om å organisera ei grunnlovgevande forsamling» for å oppnå siger i revolusjonen. I røynda er det ikkje ein gong nok å kalla ho saman. Jamvel etter ein del siger i ein væpna kamp (sigeren til Berlinarbeidarane over troppane den 18. mars 1848) er det mogleg at revolusjonen kan verta «ufullstendig». Det er mogleg med ein revolusjon «som ikkje er ført ut til si slutning». Men kva er det så denne fullføringa er avhengig av? Ho er avhengig av i kva for hender makta med ein gong går over til. Ho er avhengig av om makta går over i hendene til slike som Petrunkevitsj og Roditsjev, dvs. slike som Camphausen og Hansemann, eller i hendene til *folket*, dvs. arbeidarane og det demokratiske borgarskapet. I det fyrste dømet har borgarskapet makta, og proletariatet — «fridomen til å kritisera», fridomen til å «halda fram med å vera partiet til den ytste revolusjonære opposisjonen». Rett etter sigeren vil borgarskapet slutta ein allianse med dei reaksjonære (dette vil uunngåeleg òg skje i Russland dersom til dømes arbeidarane i St. Petersburg når berre ein del siger i gatekampene med troppane og overlet det til herrane Petrunkevitsj og co. å skipa ei regje-

ring). I det andre dømet ville det vera mogleg med eit revolusjonært-demokratisk diktatur, dvs. den fullstendige sigeren til revolusjonen.

Det står no att å klårleggja meir presist kva Marx verkeleg meinte med det «demokratiske borgarskapet» («demokratische Bürgerschaft»), som han saman med arbeidarane kalla «folket», i motstrid til storborgarskapet.

Det vert gjeve eit klårt svar på dette spørsmålet i den fylgjande delen av ein artikkel i «*Neue Rheinische Zeitung*» den 29. juli 1848: «... Den tyske revolusjonen i 1848 er berre ein parodi på den franske revolusjonen i 1789.

Den 4. august 1789, tre veker etter at Bastillen hadde vore storma, vann det franske folket over alle dei føydale bøndene på ein einaste dag.

Den 11. juli 1848, 4 månadar etter mars-barrikadane, vann dei føydale bøndene over det tyske folket. *Teste Gierke, cum Hansemanno.**

Det franske borgarskapet i 1798 let ikkje ein augneblink sine allierte, bøndene, i stikka. Dei visste at styret deira var grunnlagt på å øydeleggja føydalismen på landsbygda, på å skapa ein fri jordeigande («Grundbesitzenden») bondeklasse.

Det tyske borgarskapet i 1848 sveik, utan å angra seg det minste, bøndene som er dei mest naturlege al-

* «Vitnar: Hr. Gierke saman med hr. Hansemann.» Hansemann var ein minister som representerte partiet til storborgarskapet (russisk motpart: Trubetskoj eller Roditsjev og slike folk). Gierke var jordbruksminister i Hansemann-regjeringa og sette opp ein plan, ein «djerv» plan for «å oppheva dei føydale bøndene». Tilsynelatande skulle denne planen vera «utan kompensasjon», men i røynda var det ein plan for å oppheva berre dei minste og dei minst viktige bøndene medan dei meir vesentlege vart halde ved lag eller det vart gjeve kompensasjon for dei. Hr. Gierke likna på slike som dei russiske Kablukovane, Manuilovane, slike som Herzenstein og liknande borgarlege liberale vener av musjiken som ynskjer å «utvida bondeeiendomane», men ikkje ville fornærma godseigarane.

lierte for dei. Bøndene er deira eige kjøt og blod. Utan dei er dei makteslause mot aristokratiet.

Dei føydale rettane heldt fram, dei vart stadfesta under dekke av (illusorisk) frigjering. Dette er resultatet av den tyske revolusjonen i 1848. Fjellet fødte ei mus.»

Dette er eit særers instruktivt avsnitt som gjev oss fire viktige læresetningar: 1. Den ufullendte tyske revolusjonen skil seg frå den fullendte franske revolusjonen ved at det tyske borgarskapet ikkje berre sveik demokratiet i det heile, men òg bøndene særskilt. 2. For å fullføra ein demokratisk revolusjon er det grunnleggjande å skapa ein fri klasse av bønder. 3. Å skapa ein slik klasse tyder å oppheva dei føydale tenestene, å øydeleggja føydalismen, men det tyder enno ikkje ein sosialistisk revolusjon. 4. Bøndene er dei «mest naturlege» allierte til borgarskapet, dvs. til det demokratiske borgarskapet som utan dei er «makteslause» andsynes reaksjonen.

Ved å ta omsyn til konkrete nasjonale særtrekk og ved å setja trelldom i staden for føydalisme, kan alle desse grunnsetningane fullt ut verta nytta på Russland i 1905. Det er ikkje nokon tvil om at vi bør læra frå røynslene i Tyskland slik dei vert forklåra av Marx. Vi kan ikkje koma fram til nokon annan parole for ein avgjerande siger for revolusjonen enn eit revolusjonært-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene. Det er ikkje nokon tvil om at proletariatet og bøndene er hovuddelane i «folket», slik Marx i 1848 stilte dei opp mot dei motstandsdugelige reaksjonære og det svikeyfulle borgarskapet. Det er ikkje nokon tvil om at òg i Russland held det liberale borgarskapet og herremennene i *Osvobosjdenije*-forbundet på med å svika bøndene. Og dei kjem til å svika dei. Dvs. dei seier seg nøgde med ei skinnreform og tek parti for godseigarane i den avgjerande kampen mellom dei og bøndene. I denne kampen er det berre proletariatet som er i stand til å stø bøndene heilt til slutt.

Det er endeleg ikkje nokon tvil om at det i Russland og er slik at framgangen for kampen til bøndene, dvs. at all jorda går over til bøndene, vil tyda ein fullstendig demokratisk revolusjon. Dette vil skipa det sosiale grunnlaget for at revolusjonen kan verta ført gjennom til si fullending. Men dette vil ikkje i det heile vera ein sosialistisk revolusjon eller ei «sosialisering», slik som ideologane til småborgarskapet, dei sosialrevolusjonære, talar om. Framgangen til bondeopprøret, sigeren i den demokratiske revolusjonen rydder berre vegen for ein ekte og avgjerande kamp for sosialisme på grunnlag av ein demokratisk republikk. I denne kampen vil bøndene som ein jordeigande klasse spela den same forræderske, ustabile rolla som no vert spela av borgarskapet i kampen for demokratiet. Å gløyma dette er å gløyma sosialismen. Det er å lura seg sjølv og andre når det gjeld dei verkelege interessene og oppgåvene til proletariatet.

For at det ikkje skal verta att noko hol i attgjevinga av synspunkta som Marx hadde i 1848, er det naudsynt å leggja merke til ein vesentleg skilnad mellom det tyske sosialdemokratiet på den tida (eller det kommunistiske partiet til proletariatet for å nytta språket til den perioden) og det russiske sosialdemokratiet no. Her er det Mehring seier:

«*Neue Rheinische Zeitung*» synte seg på den politiske arenaen som 'organet for demokratiet'. Ein kan ikkje taka i miss det straumdraget som gjekk gjennom alle artiklane i avisa. Men beint fram var ho meir talsmann for interessene til den borgarlege revolusjonen mot einevelde og føydalisme enn talsmann for interessene til proletariatet mot interessene til borgarskapet. Det er særskilt lite ein kan finna i spaltene til avisa om ei uavhengig arbeidarrørsle i løpet av revolusjonsåra. Likevel må ein ikkje gløyma at saman med avisa kom det to gonger i veka eit særskilt organ for Arbeidarforbundet i Köln⁴⁹ som vart redigert av Moll og Schapper. I alle høve vil ein lesar av i dag verta slått av kor lite

merksemd '*Neue Rheinische Zeitung*' ga til den tyske arbeidarrørsla på si tid, jamvel om Stephan Born, det mest dugelege hovudet i ho, var ein elev av Marx og Engels i Paris og Brüssel og var korrespondent for avisa deira i 1848 i Berlin. I sine *Memoarar* seier Born at Marx og Engels aldri uttrykte eit einaste ord om at dei var misnøgde med agitasjonen hans mellom arbeidarene. Men seinare fråsegner frå Engels gjer det ganske sannsynleg at dei i det minste var misnøgd med metodane i agitasjonen hans. Misnøyen deira er rimeleg, i og med at Born var tvungen til å gje mange konsesjonar til det enno heilt uutvikla klassemedvitet til proletariatet i størsteparten av Tyskland, konsesjonar som ikkje står for kritikken ut frå synspunktet til *Det kommunistiske manifestet*. Misnøyen deira var likevel urimeleg i og med at Born likevel var i stand til å føre agitasjonen sin på eit relativt høgt plan ... Utan tvil hadde Marx og Engels historisk og politisk rett når dei tenkte at hovudinteressa til arbeidarklassen var å føra den borgarlege revolusjonen så langt fram som mogeleg ... Likevel finst det viktige prov på korleis grunninstinktet i arbeidarrørsla er i stand til å retta oppfatninga til dei mest strålande tenkarane. Dette syner seg i at Marx og Engels i april 1849 gjekk ut til støtte for ein særskild arbeidarorganisasjon og vedtok å bli med i ein arbeidarkongress som var særskild førebudd av proletariatet i Øst-Elben (Øst-Preussen).»

Såleis var det fyrst i april 1849, etter at ei revolusjonær avis hadde kome ut i nesten eit år («*Neue Rheinische Zeitung*» vart fyrste gong gjeve ut den 1. juni 1848) at Marx og Engels gjekk inn for ein særskild arbeidarorganisasjon! Inntil då dreiv dei berre på med eit «organ for demokratiet», utan nokre organisatoriske band med eit uavhengig arbeidarparti. Denne kjensgjerninga, som kan synest frykteleg og utruleg frå standpunktet vårt i dag, syner oss klårt den enorme skilnaden mellom Tysklands sosialdemokratiske parti på den tida og Russlands sosialdemokratiske arbeidar-

parti i dag. Denne kjensgjerninga syner oss kor mykje mindre dei proletariske draga i rørsla, det proletariske straumdraget innanfor ho, gjorde seg gjeldande i den tyske demokratiske revolusjonen (av di Tyskland i 1848 var tilbakeliggjande både økonomisk og politisk — og av di landet ikkje var samla til ein stat). Dette må ein ikkje gløyma når ein skal vurdera dei mange kunngjeringane frå Marx i denne perioden og noko seinare om at det var naudsynt å organisera eit uavhengig proletarisk parti. Marx nådde fram til denne praktiske slutninga berre som resultat av røynsle i den demokratiske revolusjonen nesten eit år seinare — så spissborgarleg, så småborgarleg var heile atmosfæren i Tyskland på den tida. For oss er denne slutninga ei velkjend og solid fortенeste av eit halvt hundreår med røynsle frå det internasjonale sosialdemokratiet. Det er på grunnlag av denne fortенesta at vi *tok til* å organisera Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti. Når det gjeld oss kan det til dømes ikkje vera noko spørsmål om at revolusjonære proletariske aviser skal stå utanfor det sosialdemokratiske partiet til proletariatet eller at dei jamvel for ein augeblink berre kan stå fram som «organ for demokratiet».

Men motsetninga som nett hadde teke til å koma til syne mellom Marx og Stephan Born, finst hos oss i ei form som er endå meir utvikla av di det proletariske straumdraget i den demokratiske straumen i vår revolusjon gjer seg enno sterkare gjeldande. Når han talar om at Marx og Engels sannsynlegvis var misnøgde med den agitasjonen Stephan Born dreiv, uttrykker Mehring seg alt for mildt og unnvikande. Her er det Engels skreiv om Born i 1885 (i forordet sitt til *«Ent-hüllungen über den Kommunistenprozess zu Köln»*, Zürich 1885):

Medlemene av Det kommunistiske forbundet⁵⁰ sto overalt i leiinga for den demokratiske rørsla. Dei synte på det viset at forbundet var ein framifrå skule i revolusjonær verksemd. «Setjaren Stephan Born, som had-

de arbeidd i Brüssel og Paris som ein aktiv medlem av forbundet, grunnla eit arbeidarbrorskap («Arbeiter-verbrüderung») i Berlin. Dette vart ganske vidfemnannde og eksisterte fram til 1850. Born var ein sær svennerik ung mann. Men han hadde det altfor travelt med å verta ein politisk figur. Han «fraterniserte» med kreti og pleti for å få ei mengd til å koma saman. Og han var ikkje i det heile ein mann som kunne få til einskap mellom dei tendensane som stod i motstrid med kvarandre. Han var ikkje ein som kunne få lys inn i kaoset. Fylgjeleg vart synspunkta frå Det kommunistiske manifestet i dei offisielle publikasjonane til foreininga blanda saman hulter til bulter med leivningar og forventningar frå lauga, fragment av Louis Blanc og Proudhon, proteksjonisme osv. Kort sagt, dei ville gjera alle til lags («*Allen alles sein*»). *Særskild streikar, fagforeiningar og produsentkooperativ var godt stoff, og det vart gløymt at framfor alt var det eit spørsmål om fyrst å erobra, ved hjelp av politiske sigrar, det området som skulle til for at slike ting i det heile kunne verta verkeleggjort på varig måte (mine uthevingar).* Når sigrane til reaksjonen seinare gjorde at leiarane til brorskapen skjøna det var naudsynt å vera direkte med i den revolusjonære kampen, vart dei naturlegvis late i stikken av dei forvirra massane som dei hadde samla rundt seg sjølve. Born var med i oppreisten i Dresden i mai 1849 og kan prisa seg lukkeleg at han slepte unna. Men i motsetnad til den store politiske rørsle til proletariatet synta Arbeidarbrorskapen seg å vera eit reint Sonderbund (særforbund) som i stor grad berre eksisterte på papiret, og spela slik ei underordna rolle at reaksjonen ikkje fann det naudsynt å undertrykkja han før i 1850. Dei avdelingane til forbundet som overlevde vart ikkje forbode før fleire år seinare. Born, som eigentleg heitte Buttermilch*,

* Når eg oversette Engels gjorde eg eit mistak i den fyrste utgåva. Eg tok ordet Buttermilch for å vera ikkje eit eigenamn, men eit fel-

har ikkje vorte ein politisk figur, men ein liten sveitsisk professor. Han driv ikkje meir og overset Marx til laugsspråk, men han oversett den saktmodige Renan til sitt eige smaklause tysk.»

Slik vurderte Engels dei to taktikkane til sosialdemokratiet i den demokratiske revolusjonen!

Ny-Iskraittane våre lener seg også mot økonomismen, med ein slik overdreven flid at dei fortener å verta lovprisa av det monarkistiske borgarskapet for «å ha kome på rette tankar». Dei òg samlar ei blanda mengd rundt seg sjølv. Dei smigrar økonomistane, og dreg dei uutvikla massane på demagogisk vis over til seg ved hjelp av parolar om «initiativ», «demokrati», «autonomi», osb., osb. Arbeidarforeiningane deira eksisterar også ofte berre i spaltane til den nye *Iskra* av Klestakov-typen*. Parolane og resolusjonane deira avslører at dei er like lite i stand til å skjøna oppgåvene til den «store politiske rørsle til proletariatet».

lesnamn. Dette mistaket førde naturleg nok til stor moro for mensjevikane. Koltsov skreiv at eg hadde «gjort Engels meir djupsindig» (prenta på nytt i *To år*, ei artikkelsamling) og Plekhanov hugser jamvel no på dette mistaket i «*Tavaritsj*»⁵¹. Kort sagt: dette mistaket ga høve til eit framifrå påskot til å dekkja over spørsmålet om dei to tendensane i arbeidarrørsle i Tyskland i 1848, Born-tendensen (i slekt med våre økonomistar) og den marxistiske tendensen. Å gjera seg nytte av mistaket til ein motstandar, jamvel når det gjeld namnet til Born, er meir enn naturleg. Men å nytta ei retting i ei oversetjing til å dekkja over innhaldet i spørsmålet om dei to taktikkane er å skjula det det verkeleg gjeld. (Merknad frå forfattaren til 1907 utgåva). — *Red.*

* Hovudpersonen i Gogols komedie «Generalinspektøren», ein uforbederleg flisespikkar.

SOSIALDEMOKRATIET SI HALDNING ANDSYNES BONDERØRSLA

I den demokratiske revolusjonen Russland no går igjennom, er bonderørsla svært viktig. Dette er gjort klårt fleire gonger i heile den sosialdemokratiske pressa. Det er velkjend at den tredje kongressen til RSDAP vedtok ein særskild resolusjon om dette spørsmålet. Denne resolusjonen vart vedteken for å avgrensa meir nøyaktig og samordna dei verksemdene som heile partiet til det klassemedvitne proletariatet skal driva med når det gjeld bonderørsla av i dag. Resolusjonen var sett opp på førehand (det fyste utkastet vart prenta i *Vperjod*⁵², nr. 11, 10. (23.) mars 1905)*, og han vart grundig saumfaren på partikongressen, som strevde for å formulera dei synsmåtene som alt var grunnfesta i heile den russiske sosialdemokratiske rørs-la. Likevel har resolusjonen gjort ein del kameratar som arbeidar i Russland rådville. Saratov-komiteen har samrøystes kunngjort at dei ikkje kan godta resolusjonen (sjå *Proletari* nr. 10)⁵³. Vi ynskte då å få ei forklåring på denne domen, men må seia oss leie for at ei slik forklåring enno ikkje er komen. Vi veit berre at Saratov-komiteen òg har kunngjort at dei ikkje kan godta jordbruksresolusjonen som vart vedteken på konferansen til det nye *Iskra*. På den måten ser dei ut til å vera misnøgde med det som er felles for dei to resolusjonane, og ikkje med det som skil dei.

* Sjå Lenin, «Proletariatet og bøndene» (1905), i *Samla verk*, bd. 8, s. 235—6. — *Red.*

Eit brev vi har fått frå ein kamerat i Moskva gjev nytt materiale om dette spørsmålet. (Brevet var utgjeve som ein hektografert* løpesetel). Vi prentar brevet i heilskap:

EIT OPE BREV TIL SENTRALKOMITEEN OG TIL KAMERATANE SOM ARBEIDER PÅ LANDSBYGDA

Kameratar.

Distriktsorganisasjonen til Moskva-komiteen har teke til å arbeida mellom bøndene. Vi mangler røynsle med å organisera slikt arbeid. Det rår særskilte tilhøve på landsbygda i Sentral-Russland. Direktiva som resolusjonane på den tredje kongressen inneheldt, var ikkje klåre. I tidsskriftpressa som i anna presse finst det nesten ikkje materiale om arbeid mellom bøndene. Alt dette tvingar oss til å be sentralkomiteen senda oss detaljerte direktiv som tek for seg både den teoretiske sida og dei praktiske spørsmåla det inneber. Samstundes ber vi kameratar som gjer liknande arbeid om å gjera oss kjende med den praktiske kunnskapen røynsla dykkar har gjeve dykk.

Vi meiner det er naudsynt å informera dykk om den tvilen som er komen fram mellom oss etter at vi har lese resolusjonen frå den tredje kongressen «om haldninga andsynes bonderørsla» og om organisasjonsplanen som vi alt har teke til å nytta i arbeidet vårt på landsbygda.

«§ a) Å driva propaganda mellom massane av folket, og forklåra at sosialdemokratiet set seg

* *Hektograf* (av gresk hekaten — hundre) — einfeltdt apparat til mangfoldiggjering av skrifter. — *Red.*

som mål å gje energisk støtte til alle revolusjonære tiltak frå bøndene som vil gjera tilhøva dei-
ra betre, tiltak som mellom anna er å konfiskere
jord som høyrer til godseigarane, staten, kyrkja,
klostra og den keisarlege familien» (frå resolu-
sjonen som vart vedteken på den tredje kongres-
sen til RSDAP).

I denne paragrafen er det fyrst og fremst
uklårt korleis partiorganisasjonane skal eller bør
driva propagandaen sin. Propaganda krev fram-
for alt ein organisasjon som står svært nær dei
ein ynskjer å driva propaganda for. Det er eit
ope spørsmål om denne organisasjonen skal ve-
ra komitear av proletariatet på landsbygda, eller
om det er mogleg med andre organisasjonsfor-
mer for munnleg eller skriftleg propaganda.

Det same kan ein seia når det gjeld lovnaden
om å gje energisk støtte. Å gje støtte og jamvel
energisk støtte er og berre mogleg dersom det
finst lokale organisasjonar. Spørsmålet om
«energisk støtte» tykkjer vi i det heile er svært
vagt. Kan sosialdemokratiet støtta eksproprie-
ring av godseigarjorda som vert driven med dei
mest inntensive metodane, med bruk av maski-
ner, der det vert dyrka høgproduktive planteslag
osb.? Sett ut frå den kapitalistiske utviklinga av
ein slik jordeigedom, vil det vera eit steg attende
å overføra slike jordeigedomar til småborgarlege
eigarar, same kor viktig det er å betra vilkåra
deira. Slik vi ser det burde vi som sosialdemo-
kratar ha reservert oss mot denne forma for
«støtte». Vi burde sagt: «føresett at det å eks-
propriera denne jorda, og overføra henne til
bondeeigedom (småborgarleg eigedom), fører til
ei høgare form for økonomisk utvikling av desse
jordeigedomane».

Vidare:

«§ d) Å streva for at proletariatet på landsbyg-

da skal skipa uavhengige organisasjonar, for at proletariatet på landsbygda skal smelta saman med byproletariatet under fana til det sosialdemokratiske partiet og for at representantar for proletariatet på landsbygda skal koma med i bondekomiteane.»

Det reiser seg tvil her når det gjeld den siste delen av paragrafen. Saka er at borgarlegdemokratiske organisasjonar som Bondeforbundet⁵⁴ og reaksjonært utopiske organisasjonar som dei sosialrevolusjonære organiserer både borgarlege og proletariske element mellom bøndene under si fane. Ved å føra representantane våre frå organisasjonane til proletariatet på landsbygda inn i slike «bonde»-komitear vil vi motseia oss sjølve, standpunktet vårt når det gjeld å gå med i ei blokk osb.

Her trur vi og det er naudsynt med forbettringar, og jamvel svært grundige forbettringar.

Dette er nokre få generelle merknader om resolusjonane frå den tredje kongressen. Dei bør analyserast så snart som råd og så detaljert som mogleg.

Når det gjeld planen om ein organisasjon på «landsbygda» i distriktsorganisasjonen vår, må vi seia at vi må arbeida under tilhøve som ikkje eingong er nemnde i resolusjonane frå den tredje kongressen. For det fyste må ein merka seg at området vi dekkjer — Moskva-guvernemetet og dei tilgrensande ujusta frå naboguvernemента — stort sett er eit industriområde med ein etter måten lite utvikla heimeindustri og med ein svært liten del av folkesetnaden *berre* sysselsett i jordbruket. Veldige tekstilfabrikkar som kvar har tilsett frå ti til femten tusen arbeidarar, veksler med små fabrikkar med frå fem hundre til tusen arbeidarar, spreidde over små bygder og avsidesliggjande landsbyar. Ein skulle tru at sosialde-

mokratiet ville finna eit sær s gunstig jordsmonn for verksemda si under slike tilhøve, men kjensgjerningane har prova at ei slik overflatisk oppfatning ikkje held vatn. Jamvel om nokre av bedriftane har vore i drift i førti eller femti år har det overveldande fleirtalet av «proletariatet» vårt enno ikkje vorte skilt frå jorda. «Landsbyen» har slikt eit sterkt tak på dei at ingen av dei psykologiske eller andre kjenneteikna som ein «rein» proletar får i det kollektive arbeidet, vert utvikla blant proletarane våre. Jordbruket som «proletarane» våre driv med er av ei slags merkeleg krysningsform. Ein vevar tilsett på ein fabrikk leigar ein arbeidar som skal dyrka jordstykket hans. Kona hans (dersom ho ikkje arbeider på fabrikken), barna hans og dei gamle invalide medlemene i familien arbeider på det same jordstykket. Når han vert gamal eller skadd, eller han vert sagt opp for valdeleg eller mistenkjelig framferd arbeider han på jorda sjølv òg. Slike «proletarar» kan knapt verta kalla proletarar. Den økonomiske stillinga deira er stillinga til ein fattiglem. Ideologien deira er ideologien til ein småborgar. Dei er uvitande og konservative. Det er frå slike at svartehundreelementa vert rekrutterte. Men jamvel imellom desse folka har klassemedvitet teke til å vakna opp i det siste. Ved hjelp av «reine» proletarar freistar vi vekkja desse uvitande massane frå den hundreårige svevnen deira og ikkje utan framgang. Kontaktane våre aukar i tal og på nokre stadar får vi eit fastare fotfeste. Fattiglemene kjem inn under vår påverknad. Dei tek til å ta opp i seg vår ideologi både på fabrikken og i landsbyen. Og vi trur at det ikkje vil vera uortodokst å danna organisasjonar i eit miljø som ikkje er «reint» proletarisk. Vi har ikkje noko anna miljø, og om vi skulle halda fast på ortodoksien og organisera

berre «proletariatet» på landsbygda må vi løysa opp organisasjonen vår og organisasjonane i nabodistrikta. Vi veit det vil verta vanskeleg for oss å kjempa mot trongen til å eksproprierar den dyrkbare jorda og annen jord som godseigarane har vanskjøtta, eller den jorda som dei heilage fedrene i munkekutte og prestekjole ikkje har vore i stand til å driva skikkeleg. Vi veit at det borgarlege demokratiet like frå den «demokratisk»-monarkistiske fraksjonen (det finst ein slik fraksjon i Rusa-ujestet) heilt til «Bonde»forbundet, vil kjempa med oss når det gjeld å ha innverknad over «fattiglemene». Men vi skal væpna dei siste mot dei fyrste. Vi vil gjera nytte av alle sosialdemokratiske krefter i distriktet, både dei intellektuelle og dei proletariske, for å oppretta og styrka dei sosialdemokratiske «fattiglems»komiteane våre. Og dette vil vi gjera etter fylgjande plan: I kvar by eller større industrisentrum i ujestet vil vi oppretta ujestkomitear av gruppene i distriktsorganisasjonen. I tillegg til å oppretta fabrikk-komitear i distriktet sitt skal ujestkomiteen og oppretta «bonde»komitear. Av tryggingårsaker må desse komiteane ikkje ha mange medlemmer, og dei må vera samansette av dei mest revolusjonære og dugande fattigbøndene. Alle stader der det finst både fabrikkar og bønder må arbeidarar og bønder verta organisert i ein einskild undergruppekomite.

Fyrst og fremst må slike komitear ha ei klår og tydeleg oppfatning av lokale tilhøve:

A. Tilhøva i jordbruket. 1. Jordlotten til bøndene⁵⁵, forpaktning, former for eigedomstilhøve (allmenning, eigd av hushald osv.) 2. Tilgrensande jordområde: a. Kven høyrer dei til? b. Kor mykje jord? c. Kva tilhøve har bøndene til denne jorda? d. På kva vilkår vert jorda brukt: 1. Ho-

veriytingar* 2. Alt for høg leige for «avkutta jord»⁵⁶ osb. Gjeld til kulakkar, godseigarar osb. B. Avgifter, skattar, grunnskatt både på godseigarjord og bondejord. C. Sesongarbeid og heimindustri, pass, om det finst vinterfeste⁵⁷, osb. D. Lokale fabrikkar og bruk, arbeidstilhøva der: 1. Lønningar, 2. Arbeidstida, 3. Haldninga til leinga, 4. Bustadtilhøva osb. E. Administrasjonen. Forstandarene på landsbygda,⁵⁸ voloststyraren, skrivaren, volostdomarane, konstablane, presten. F. Zemstvoen: rådgivarar for bøndene, zemstvotilsette: læraren, doktoren, biblioteka, skulane, tehusa. G. Volostforsamlingar: deira samansetning og forretningsgang. H. Organisasjonar: Bondeforbundet, dei sosialrevolusjonære, sosialdemokratane.

Etter å ha gjort seg kjend med alle desse opplysningane må den sosialdemokratiske bondekomiteen få gjennom slike vedtak i forsamlingane som ein kvar unormal tilstand kan gjera naudsynt. Samstundes må denne komiteen driva intens propaganda og agitasjon for ideane til sosialdemokratiet i massane. Han må organisera studiesirklar, improviserte masse møte, fordele flygeblad og annan litteratur. Han må samla inn pengar til partiet og halda seg i kontakt med distriktsorganisasjonen gjennom ujestgruppa.

Dersom vi får til å oppretta fleire slike komitear vil sosialdemokratiet ha sikra framgangen sin.

Distriktsorganisatoren.

Det seier seg sjølv at vi ikkje kan ta på oss oppgåva med å arbeida ut dei detaljerte praktiske direktiva som kameraten snakker om. Dette er ei sak for kameratane

* *Hoveriytingar* — føydal utbyttingsform. Leiglendingen måtte betala jordleiga si i form av pliktarbeid, naturalier og pengar (landskuld). — *Red.*

på staden og for det sentrale organet i Russland som leier det praktiske arbeidet. Vi vil nytta høvet som det interessante brevet frå Moskva-kameraten gjev, til å forklåra resolusjonen frå den tredje kongressen og dei brennande oppgåvene til partiet i det heile. Det er klårt frå brevet at dei misforståingane som resolusjonen frå den tredje kongressen har kalla fram, berre delvis kjem av tvil når det gjeld teorien. Ei anna kjelde er det nye spørsmålet som ikkje har vore reist tidlegare, spørsmålet om tilhøva mellom dei «*revolusjonære bondekomiteane*» og dei «*sosialdemokratiske komiteane*» som arbeider blant bøndene. Berre det å setja fram dette spørsmålet vitnar om at det sosialdemokratiske arbeidet mellom bøndene har teke eit stort steg fram. Det er no slik at etter måten detaljerte spørsmål vert sette i framgrunnen. Dette er eit resultat av at agitasjonen på landsbygda stiller praktiske krav. Denne agitasjonen slår røter og tek faste og varige former. Det er og slik at forfattaren av brevet heile tida gløymmer at når han klagar over at resolusjonen ikkje er klår nok, så er han i røynda på jakt etter svar på eit spørsmål som partikongressen ikkje reiste og ikkje kunne ha reist.

Forfattaren har til dømes ikkje heilt rett når han seier at det «berre» er mogleg å propagandera ideane våre og gje støtte til bonderørsla dersom det finst lokale organisasjonar. Det er sjølv sagt ynskjeleg med slike organisasjonar, og etter som arbeidet auker vil dei verta naudsynte. Men slikt arbeid er mogleg og naudsynt jamvel der det ikkje finst slike organisasjonar. I all verksemda vår, jamvel om ho ikkje vert drive andre stader enn blant byproletariatet må vi aldri tapa bondespørsmålet av syne. Vi støtter ein bondeoppstand. Denne erklæringa som *heile partiet til det klassemedvitne proletariatet* gav gjennom den tredje kongressen må vi spreia og gjera kjend. Dette må bøndene få vita. Dei må få vita det frå litteraturen, frå arbeidarane, frå særskilde organisasjonar osb. Bøndene må få vita at

med å gje denne støtta så vil det sosialdemokratiske proletariatet *ikkje vika attende* for å konfiskera jorda i alle former (det vil seia å eksproprieria utan å gje kompensasjon til eigarane).

I denne samanhengen har forfattaren av brevet reist eit teoretisk spørsmål. Dette spørsmålet er om ein ikkje skal ta særskilde atterhald når det gjeld å eksproprieria dei store godseigedomane og overføra dei til «småborgarleg bondeeeige». Men med å gjera framlegg om eit slikt atterhald har forfattaren gjeve ei vilkårleg innsnevring av det resolusjonen frå den tredje kongressen går ut på. Det er *ikkje eit ord* i resolusjonen om at det sosialdemokratiske partiet skal ta på seg å overføra den konfiskerte jorda til småborgarlege eigarar. Resolusjonen seier: vi støtter ... «like opp til og medrekna konfiskasjon», det vil seia medrekna ekspropriasjon utan å gje kompensasjon. Men resolusjonen seier ikkje noko i det heile om kven som skal få den konfiskerte jorda. Det var ikkje tilfeldig at det ikkje vart svara på dette spørsmålet. Det er klårt frå artiklane i *Vperjod* (nr. 11, 12, 15)* at ein meinte det var uklokt å gje svar på dette spørsmålet på førehand. Desse artiklane hevda til dømes at sosialdemokratiet i ein demokratisk republikk ikkje kan forplikta seg og binda hendene sine når det gjeld å nasjonalisera jorda.

Til skilnad frå dei småborgarlege sosialrevolusjonære er det faktisk slik at vi *no* legg størst vekt på den revolusjonær-demokratiske sida av bondeoppstandane. Vi legg størst vekt på å organisera særskilt bondeproletariatet i eit klasseparti. Det er ikkje planar om ei «allmen nyfordeling» eller nasjonalisering som er kjernen i spørsmålet. Det vesentlege er at bøndene ser at det er naudsynt å bryta ned det gamle systemet på *revolusjonært* vis, og gjennomfører det. Det er grun-

* Sjå Lenin, «Proletariatet og bøndene» (1905), «Om jordbruksprogrammet vårt» (1905), «Jordbruksprogrammet til dei liberale» (1905), i *Samla verk*, eng. utg., bd. 8, s. 231—6, 246—51 og 315—22. — Red.

nen til at dei sosialrevolusjonære står så hardt på «sosisalisering» osb., medan vi står hardt på for «revolusjonære bondekomitear». Utan desse, seier vi, vil ikkje reformer vera til noka nytte. Med desse komiteane og støtta av dei er *signeren for bondeoppstanden* mogleg.

Vi må hjelpa bondeoppstanden på alle vis, liketil og medrekna konfiskering av jorda, *men dette er heilt visst ikkje medrekna alle slag småborgarlege planar*. Vi støtter bonderørsla i den grad ho er revolusjonærdemokratisk. Vi førebur oss på (og vi gjer det no med ein gong) å kjempa mot bonderørsla når og i den grad ho vert reaksjonær og antiproletarisk. Marxismens vesen ligg i denne dobbelte oppgåva. Det er berre dei som ikkje skjønar marxismen, som kan vulgarisera eller flata han ut til ei einskild oppgåve.

Lat oss ta eit konkret døme. Lat oss tenkja oss at bondeoppstanden har sigra. Dei revolusjonære bondekomiteane og den provisoriske revolusjonære regjeringa (som delvis stør seg nett på desse komiteane) kan gje seg til med å konfiskera storeigedomen på alle slags vis. Vi er for å konfiskera, det har vi alt kunngjort. Men kven er det vi går inn for skal ha jorda som er konfiskert? Vi har aldri forplikta oss på dette spørsmålet, og vi vil aldri gjera det med så forhasta kunngjeringar som forfattaren av brevet gjer framlegg om. Han har gløymt at den same resolusjonen frå den tredje kongressen snakkar om «*å reinsa det revolusjonærdemokratiske innhaldet i bonderørsla frå alle reaksjonære innslag*». Dette er det eine punktet. For det andre nemner resolusjonen at det er naudsynt med «*ein sjølvstendig organisasjon av proletariatet på landsbygda i alle høve og under alle omstende*». Dette er direktiva våre. Det vil alltid vera reaksjonære innslag i bonderørsla og vi erklærer krig mot dei på førehand. Klassemotseiinga mellom proletariatet på landsbygda og bondeborgarskapet er ikkje til å unngå, og vi avslører dette på førehand. Vi forklårar det og *førebur kampen på grunnlag av den motseiinga*. Det er all grunn til å

tru at spørsmålet om kven som skal få den konfiskerte jorda og korleis, vil vera ei av dei direkte årsakene til ein slik kamp. Vi dekkjer ikkje over det spørsmålet. Vi lover heller ikkje lik fordeling «sosialisering» osv. Det vi seier er at dette er eit spørsmål vi skal kjempa om seinare. Det er eit spørsmål vi kjem til å kjempa vidare med på eit nytt område og med andre allierte. I det spørsmålet vil vi heilt visst stå saman med proletariatet på landsbygda med heile arbeidarklassen *mot* bondeborgarskapet. I praksis kan dette tyda å overføra jorda til klassen av små sjølveigande bønder. Dette kan skje der dei store godseigedomane som er grunnlagde på trelldom og føydalslaveri framleis dominerer, og der det framleis ikkje finst materielle vilkår for sosialistisk storproduksjon. Det kan og bety å nasjonalisera. Det føresett full siger for den demokratiske revolusjonen. Eller det kan tyda at dei store kapitalistiske eigedomane vert overførte til *arbeidarsamanslutningar*. Med ein gong etter den demokratiske revolusjonen og alt etter kor sterkt det klassemedvitne og organiserte proletariatet er vil vi nemleg ta til med den sosialistiske revolusjonen. Vi går inn for den ubrotne revolusjonen. Vi vil ikkje stansa på halvvegen. Når vi no ikkje straks lover alle slags «sosialiseringar» så er det av di vi kjenner til dei røynglege vilkåra for at denne oppgåva skal verta gjennomført. Det er av di vi ikkje dekkjer til den nye klassekampen som held på å verta mogen blant bøndene, men avslører den kampen.

Fyrst stør vi bøndene som *masse* mot godseigarane. Vi stør dei heilt og fullt og med alle middel, medrekna konfiskering. Etter det (det ville vera betre å seia samstundes) stør vi proletariatet mot bøndene som *masse*. Om vi *i dag* skulle freista og rekna ut kva styrketilhøva ville vera mellom bøndene «dagen etter» revolusjonen (den demokratiske revolusjonen) ville det vera tom utopi. Det er *berre ein ting* vi kan hevda om vi ikkje vil kasta oss ut i eventyr eller gå imot det vitskapelege samvitet vårt, om vi ikkje vil streva etter å oppnå bil-

leg popularitet. Det er at vi vil hjelpe alle bøndene av alle krefter med å fullføre den demokratiske revolusjonen. *På den måten gjer vi det lettare* for oss, proletarpartiet, å gå så raskt som mogleg over til den nye og høgare oppgåva — den sosialistiske revolusjonen. Vi lover ingen harmoni, ingen likskap eller «sosialisering» når *denne* bondeoppstanden sigrar. Tvert imot «lover» vi i ein ny kamp, ein ny ulikskap, den nye revolusjonen vi strever for. Læra vår er ikkje så «søt» som snakket til dei sosialrevolusjonære, men den som berre vil eta søtsaker kan gå til dei sosialrevolusjonære. Til slike folk seier vi: lykke på reisa.

Etter vårt syn ordnar dette marxistiske synspunktet også opp i spørsmålet om komiteane. Etter vårt syn *bør det ikkje finnast sosialdemokratiske bondekomitear*. Om dei er sosialdemokratiske, så tyder det at dei ikkje er reine bondekomitear. Om dei er bondekomitear, tyder det at dei ikkje er reint proletariske, ikkje sosialdemokratiske komitear. Det er mange nok som vil blanda desse to saman, men vi høyrer ikkje til dei. Overalt der det er mogleg vil vi gjera det vi kan for å oppretta *våre* komitear, komitear av det *sosialdemokratiske arbeidarpartiet*. Dei vil femna om bønder, fattigfolk, intellektuelle, prostituerte (det var ein arbeidar nyleg som spurde oss i eit brev kvifor vi ikkje skulle agitera blant dei prostituerte), soldatar, lærarar, arbeidarar. Kort sagt *alle sosialdemokratar og ingen andre enn sosialdemokratar*. Desse komiteane vil driva heile det sosialdemokratiske arbeidet, i fullt omfang, men dei vil gjera det dei kan for å organisera proletariatet på landsbygda særskild og for seg sjølve. Det sosialdemokratiske partiet er jo klassepartiet til proletariatet. Det er ei *kjempestor vrangforestilling* å meina at det er «uortodokst» og organisera eit proletariat som ikkje fullt ut har frigjort seg sjølv frå dei ulike leivningane frå fortida. Vi vil helst tru at dei delane av brevet som handlar om dette beint fram er ei misforståing. Det er ikkje til å unngå at by- og industriproletariatet vil væ-

ra kjernen i det sosialdemokratiske arbeidarpartiet vårt. Men som det står i programmet vårt, må vi knytta alle som arbeider og er utbytta til partiet. Vi må opplysa og organisera dei. Dette gjeld alle utan unnatak. Dei som arbeider heime, fattiglemer, tiggjarar, tjenestefolk, omstreifarar og prostituerte. Det er sjølv-sagt ein naudsynt og obligatorisk føresetnad at dei sluttar seg til den sosialdemokratiske rørsla og ikkje at den sosialdemokratiske rørsla sluttar seg til dei. Dei må ta opp i seg proletariatets standpunkt. Det er ikkje slik at proletariatet skal ta opp i seg deira standpunkt.

Men kva er så meininga med revolusjonære bondekomitear, kan lesaren spørja. Tyder dette at dei ikkje er naudsynte? Nei, dei er naudsynte. Idealet vårt er reine sosialdemokratiske komitear overalt på landsbygda. Deretter vil vi ha semje mellom dei og *alle* dei revolusjonærdemokratiske elementa, gruppene og sirklane blant bøndene om å oppretta revolusjonære komitear. Dette er nett det same som at det sosialdemokratiske arbeidarpartiet i byane er sjølvstendig og at det går i allianse med dei revolusjonære demokratane når det gjeld oppstanden. Vi er for bondeoppstand. Vi er heilt imot samanslåing og samanblanding av ulike klasseelement og ulike parti. Vi meiner at med tanke på oppstand må sosialdemokratiet driva *heile* det revolusjonære demokratiet framover. Vi meiner at sosialdemokratiet må hjelpa *heile* det revolusjonære demokratiet til å organisera seg. Vi er for at sosialdemokratiet må *marsjera side om side* med det til barikadane i byane og mot godseigarane og politiet i landsbyane, men utan å smelta saman med det.

Lenge leve oppstanden i byane og på landsbygda mot eineveldet! Lenge leve det revolusjonære sosialdemokratiet, fortroppen til heile det revolusjonære demokratiet i denne revolusjonen!

Proletari nr. 16
14. september (1.) 1905.

Prenta i samsvar med
teksten i *Proletari*

BOIKOTTEN

Sosialdemokratane på venstre fløy må ta for seg spørsmålet om å boikotta riksdumaen på nytt. Ein må hugsa på at vi alltid har lagt fram dette spørsmålet konkret og i samband med ein særskild politisk situasjon. *Proletari* (Genève) skreiv til dømes at det ville være låtteleg å gje avkall på å nytta jamvel Bulygin-dumaen,* dersom han skulle verta noko av. Og når det gjeld Witte-dumaen,** så skreiv N. Lenin i brosjyren *Sosialdemokratiet og riksdumaen* av N. Lenin og F. Dan: «vi må under alle omstende drøfta spørsmålet om taktikken på nytt og med omsut ... Situasjonen er ikkje den same» som på tida til Bulygin-dumaen (sjå side 2 i den siterte brosjyren).***

Hovudskilnaden mellom det revolusjonære og det opportunistiske sosialdemokratiet i spørsmålet om boikotten er denne: Under alle tilhøve er opportunistane nøgde med å nytta seg av den sjablonmessige metoden dei har kopiert frå ein særskild periode i historia til den tyske sosialismen.**** Vi må utnytta representative institusjonar, dumaen er ein representativ institusjon.

* Sjå Lenin, «Boikotten av Bulygin-dumaen og oppstanden» (1905) i *Samla verk*, eng. utg., b. 9, s. 182. — *Red.*

** *Witte-dumaen* — den fyrste riksdumaen som kom saman 27. april (10. mai) 1906 og vart oppløyst 8. (21.) juni 1906. Han fekk namn etter statsministeren S. Y. Witte. — *Red.*

*** Sjå Lenin, «Dumaen og sosialdemokratisk taktikk» (1906) i *Samla verk*, eng. utg., b. 10, s. 104—105. — *Red.*

**** Lenin viser her til perioden i tysk historie då den såkalla anti-sosialistlova var verksam, dvs. frå 1878—1890. — *Red.*

Boikott er difor anarkisme og vi må gå inn i dumaen. Alle argumenta som mensjevikane våre, og særskild Plekhanov, nyttar om dette emnet, er ikkje noko anna enn ein slik barnsleg enkel syllogisme.* Mensjevikresolusjonen om kor viktige representative institusjonar er i ein revolusjonær periode (sjå *Partinije Izvestia* nr. 2),⁵⁹ syner særskilt klårt kor sjablonmessige og antihistoriske argumenta deira er.

Dei revolusjonære sosialdemokratane, derimot, legg hovudvekta på at det er naudsynt å vurdera den konkrete politiske situasjonen grundig. Det er umogleg å hamla opp med oppgåva i den revolusjonære epoken i Russland ved å kopiera ein av dei nyaste tyske sjablonane på einsidig vis, samstundes som ein gløymer lærdomane frå 1847—48. Det vil vera heilt umogleg å skjønna noko av revolusjonen vår dersom vi seier oss nøgde med å ikkje gjera noko anna enn å setja den «anarkistiske» boikotten opp mot den sosialdemokratiske deltakinga i vala. De må læra frå historia til den russiske revolusjonen, mine herrar!

Denne historia har *prova* at taktikken med å boikotta Bulygin-dumaen var den einaste rette taktikken på den tida. Hendingane har synt dette fullt ut. Alle som gløymer dette og er med på ein diskusjon om boikotten utan å ta lærdomane frå Bulygin-dumaen med i rekneskapen (som mensjevikane alltid gjer), gjev seg sjølv eit prov på at dei er mentalt tilbakeståande. Dei syner at dei er ute av stand til å forklåra og ta omsyn til ein av dei viktigaste og rikaste periodane i den russiske revolusjonen. Taktikken med å boikotta Bulygin-dumaen var grunnlagd på ei rett vurdering av stemninga i det revolusjonære proletariatet og av dei objektive særtrekka i situasjonen. Det var dette som gjorde at ein allmenn oppstand i nær framtid ikkje var til å unngå.

* *Syllogisme* — gr., slutning, noko som er heilt opplagt ut frå samanhengen. — *Red.*

Lat oss gå over til den *andre* lærdomen i historia. Lat oss gå over til Witte-dumaen, kadett-dumaen. I våre dager høyrer vi ofte at sosialdemokratiske intellektuelle held angerfulle talar om boikotten av den dumaen. Det at denne dumaen faktisk kom saman og utan tvil gjorde revolusjonen ei indirekte teneste, ser dei som god nok grunn for at dei angrande kan tilstå at boikotten av Witte-dumaen var eit mistak.

Men ei slik oppfatning er sær sidsig og kortsynt. Ho ser bort frå ei rekkje sær viktige kjensgjerningar frå perioden før Witte-dumaen, frå perioden då han vart til og frå perioden etter at han vart oppløyst. Vi må hugsa på at vallova for den dumaen vart kunngjort den 11. desember.⁶⁰ Det var på ei tid då opprørarane kjempa ein væpna kamp for ei grunnlovgevande forsamling. Vi må hugsa på at *jamvel den mensjevikiske «Natsjalo»*⁶¹ den gongen skreiv: «Proletariatet vil òg feia unna Witte-dumaen, nett som det feide unna Bulygin-dumaen.» Under slike tilhøve kunne ikkje og skulle ikkje proletariatet ha gjort tsaren i stand til å kalla saman den fyrste representative forsamlinga i Russland utan å kjempa. Proletariatet måtte kjempa mot at eineveldet styrkte seg ved tryggleiken som Witte-dumaen kunne gje. Proletariatet måtte kjempa mot dei konstitusjonelle illusjonane som var *heile* grunnlaget for valkampen til kadettane og vala mellom bøndene året 1906. På den tida var det i umåteleg stor grad overdrive kor viktig dumaen var. Den einaste måten å kjempa mot desse illusjonane på den gongen, var gjennom boikotten. Haldninga til mensjevikane våre synte sær klårt i kor stor grad *spreiinga* av konstitusjonelle illusjonar hang saman med deltakinga i valkampen og i vala året 1906. Det er nok å minna om at trass i åtvaringane frå bolsjevikane i resolusjonen frå den fjerde (einskaps)kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti, kalla dei dumaen ei «makt». Eit anna døme; så frekt det berre kunne vera, skreiv Plekhanov: «Regjeringa vil *falla* ned i avgrunnen

om ho oppløyser dumaen.» Som svar til han vart det den gongen sagt: Vi må førebu oss på å styrta fienden ned i avgrunnen og ikkje som kadettane, setja lit til at han «fell» ned i avgrunnen av seg sjølv. Og kor snart vart det ikkje prova at dei orda som vart sagt den gongen var rette?*

I revolusjonen vår var det ei plikt for proletariatet å gjera kva det kunne for å halda ved lag den sjølvstendige taktikken sin. Denne taktikken var å stå saman med dei politisk medvitne bøndene mot det vaklande, sveikefulle, liberalmonarkistiske borgarskapet. Men det var *umogleg* å nytta denne taktikken under vala til Witte-dumaen. Det var ei rekkje både subjektive og objektive tilhøve skuld i. På dei aller fleste stadene i Russland ville desse tilhøva ha ført til at det å bli med i vala, ville vera det same som at arbeidarpartiet stillteiande støtta kadettane. Proletariatet kunne ikkje og måtte ikkje gå inn for ein halvhjerta taktikk som var kokt saman på kunstig vis. Dette ville vera taktikk grunna på «list» og forvirring. Det ville vera val på måfå, val til dumaen, men ikkje for å gå inn i dumaen. Og likevel er det ei historisk kjensgjerning, som ikkje kan opphevast av tagnaden, utfluktene og unnaluringa til mensjevikane, at *ikkje ein* av dei, ikkje eingong Plekhanov, torde gjera seg til talsmann i pressa for at vi skulle gå inn i dumaen. Det er ei kjensgjerning at det *ikkje* vart reist *ei einaste* oppmoding i pressa om å gå inn i dumaen. Det er ei kjensgjerning at mensjevikane sjølve offisielt godkjende boikotten i den løpesetelen som vart gjeven ut av den felles sentralkomiteen i RSDAP. Mensjevikane avgrensa diskusjonen til *berre* å gjelda spørsmålet om på kva stadium boikotten skulle setjast i verk. Det er ei kjensgjerning at mensjevikane la vekta ikkje på vala til *dumaen*, men

* Sjå Lenin, «Korleis Plekhanov diskuterer den sosialdemokratiske taktikken» (1905) i *Samla verk*, eng. utg., b. 10, s. 476—478.
— Red.

på vala *i seg sjølve* og jamvel på valprosessen som eit middel *for* å organisera ein oppstand og *for* å feia dumaen bort. Men hendingane har synt at det var umogleg å driva masseagitasjon under vala, og at dumaen sjølv berre gav visse høve til å driva agitasjon mellom massane.

Den som verkeleg freistar å vurdera og rekna med alle desse kompliserte kjensgjerningane som både er objektive og subjektive, vil sjå at Kaukasus berre var eit unntak som stadfesta den allmenne regelen. Han vil sjå at angrande talar og bortforklåringar av boikotten som «ungdommeleg overmot», avslører ei særstongsynt, overflatisk og kortsynt vurdering av hendingane.

Oppløysinga av dumaen har no vist klårt at boikotten i det heile var taktisk rett og gjorde nytte for seg, under dei tilhøva som fanst våren 1906. Under tilhøva *då* var det *berre* med hjelp av boikotten at sosialdemokratiet kunne gjera plikta si, å gje folket den naudsynte åtvaringa mot konstitusjonen til tsaren. Berre på det viset kunne sosialdemokratane gje den naudsynte kritikken av svindelen til kadettane under vala. Begge (åtvaringa og kritikken) vart stadfesta på slåande vis *då* dumaen vart oppløyst.

Her er eit lite døme for å illustrera det som er sagt. Våren 1906 var hr. Vodovosov, som er halvt kadett og halvt mensjevik, heilt og fullt for å ta del i vala og stø kadettane. I går (11. august) skriv han i *Tavaritsj* at kadettane «ville vera eit parlamentarisk parti i eit land utan parlament og eit konstitusjonelt parti i eit land utan konstitusjon». Han skriv at «heile karakteren til kadettpartiet er slått fast av den grunnleggjande motseiinga mellom eit radikalt program og ein taktikk som ikkje er radikal i det heile».

Bolsjevikane kunne ikkje ynskja seg ein større triumf enn denne vedgåinga frå ein venstre-kadett eller ein Plekhanov-tilhengjar på høgre fløy.

Men samstundes som vi heilt ut avviser engstelege

og kortsynte angertalar så vel som den tåpelege forklåringa på boikotten som «ungdommeleg overmot», avviser vi ikkje på noko vis dei nye lærdomane av kadettdumaen. Det ville vera hardnakka pedanteri å vera redd for å vedgå desse nye lærdomane ope og rekna med dei. Historia har synt at når dumaen kjem saman, vert det mogleg å driva med nyttig agitasjon både innanfor dumaen og rundt han. Ho har synt at taktikken med å alliera seg med dei revolusjonære bøndene mot kadettane, er mogleg innanfor dumaen. Dette kan sjå ut som eit paradoks, men slik er utan tvil ironien i historia: Det var kadettdumaen som synte klårt for massane at det vi stutt kan kalla «anti-kadett»-taktikken var rett. Historia har utan skånsel vist attende alle konstitusjonelle illusjonar og all «tru på dumaen». Men historia har utan tvil prova at ein slik institusjon er av ei viss, om enn smålåten, nytte for revolusjonen som ei plattform for agitasjon, for å avsløra den sanne «indre naturen» til dei politiske partia osv.

Slutninga vert difor: Det ville vera låtteleg å lata att augo for røyndomen. Tida har no komen då dei revolusjonære sosialdemokratane må slutta å vera tilhengjarar av boikotten. Vi vil ikkje nekta å gå inn i den andre dumaen når (eller dersom) han vert kalla saman. Vi vil ikkje nekta å nytta denne kamparenaen, men vi vil ikkje overdriva den smålåtene vekta han har. Tvert om, etter dei røynslene historia alt har gjeve oss, vil vi heilt ut underordna kampen vi fører i dumaen under ei anna kampform, nemleg streikar, oppreistar osv. Vi vil kalla saman den femte partikongressen. Der vil vi vedta at *dersom det vert val*, vil det vera naudsynt å gå inn i ei valsemje med trudovikane⁶² i nokre veker. (Utan at den femte partikongressen vert kalla saman, er det umogleg å føra ein samla valkamp, og «blokker med andre parti» er heilt forbode etter avgjerd på den fjerde kongressen.) Og da slår vi kadettane sønder og saman.

Men denne slutninga syner ikkje på noko vis alt det

kompliserte i oppgåva som ligg framfor oss. Vi la med vilje trykk på orda *dersom det vert val* osb. Vi veit enno ikkje om den andre dumaen vert kalla saman, når vala vert haldne, korleis vallova kjem til å sjå ut, eller korleis situasjonen vert på den tida. Difor er det så at slutninga vår lid under å vera sær s allmenn. Vi treng henne for å summera opp tidlegare røynsle, for å dra nytte av lærdomane frå fortida, for å stilla dei komande spørsmåla om taktikk på rett vis. Men denne slutninga er heilt utilstrekkeleg for å løysa dei konkrete problema med den næraste taktikken.

Berre kadettar og «kadett»folk av alle slag kan vera nøgde med ei slik slutning no. Berre dei kan skapa ein «parole» for seg sjølve av lengt etter ein duma, og freista overtelja regjeringa til å meina at det er ynskjeleg å kalla han saman så raskt som råd, osb. Berre medvitne eller umedvitne svikarar av revolusjonen kan no bruka alle krefter på å kanalisera det uunngåelege nye oppsvinget i sinne og uro inn i eit nytt val og ikkje inn i ein kamp med generalstreik og oppreist.

Dette fører oss til kjernen i spørsmålet om den sosialdemokratiske taktikken i dag. Spørsmålet no er ikkje om vi skal vera med i vala. Å seia «ja» eller «nei» til det, tyder ikkje at ein seier noko som helst om det grunnleggjande problemet i augneblinken. Å sjå til liknar den politiske situasjonen i august 1906 på den i august 1905. Men det er gjort enorm framgang i perioden: Kreftene som kjempar på kvar si side, kampformene, og tida som skal til for å utføra den eine eller den andre strategiske rørsle — om vi kan seia det slik — alt dette har vorte avklåra nøyaktigare.

Planen til regjeringa er klår. Ho sette opp eit heilt rett reknestykke då ho fastsette dagen for samankallinga av dumaen og — *i strid med lova* — ikkje fastsette dagen for vala. Regjeringa har ikkje noko ynskje om å binda hendene sine eller syna korta sine. For det fyrste vinn ho tid til å vurdera endringar i vallova. For det andre — og det er det viktigaste — held ho no dagen

for vala i bakhand heilt til innhaldet og styrken i det nye oppsvinget kan målast fullt ut. Regjeringa vil fastsetja dagen for vala i den særskilde stunda (og kanskje i den særskilde forma, dvs. forma for val) der ho kan *kløyva og lamma den gryande oppreisten*. Tankegangen til regjeringa er rett: om situasjonen held seg roleg, kallar vi kanskje ikkje saman dumaen i det heile, eller vi vender attende til Bulygin-lovene. Men dersom det veks fram ei sterk rørsle, kan vi freista å kløyva henne ved å fastsetja ein mellombels dato for vala, og på den måten lokka nokre feigingar og idotar vekk frå den beinveges revolusjonære kampen.

Liberales toskar (se *Tavaritsj* og *Retsj*)⁶³ skjønar så umåteleg lite av situasjonen at dei av egen fri vilje kravla inn i garnet som regjeringa har sett opp. Dei freistar av alle krefter å *prova* at det er naudsynt med dumaen, og at det er *ynskjeleg* å kanalisera oppsvinget inn i eit val. Men jamvel dei kan ikkje nekta for at det framleis er eit ope spørsmål kva form den komande kampen vil få. Utgåva av *Retsj* for i dag (12. august) vedgår: «Det er ennå ikkje kjent ... kva bøndene vil seia til hausten» ... «Det er vanskeleg å koma med generelle vurderingar før i september—oktober, når haldninga til bøndene er heilt klår».

Dei liberale borgarane er lik seg sjølve. Dei korkje kan eller vil hjelpa aktivt til med å velja kva form kampen skal få, eller påverka innstillinga til bøndene i den eine eller den andre retninga. Interessene til borgarskapet krev at det gamle regimet ikkje vert styrta, men berre svekt, og at det vert skipa ei liberal regjering.

Interessene til proletariatet krev at det gamle tsarveldet vert styrta fullt ut, og at det vert kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling med alle fullmakter. Interessene til proletariatet krev at det grip inn så aktivt som råd for å påverka innstillinga til bøndene, for å velja dei mest fastrådde former for kampen og det beste tidspunktet for kampen. Ikkje under noko vilkår

må vi trekkja attende eller tilsløra parolen om å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling på revolusjonært vis, dvs. ved hjelp av ei provisorisk revolusjonær regjering. Vi må gjera alt vi kan for å forklåra vilkåra for ein oppstand. Vi må forklåra at oppstanden må slåast saman med streikerørsla, at alle revolusjonære krefter må samla seg og førebu seg på han osb. Vi må fastrådd gå den vegen som vart peika ut i dei velkjende oppropa: «Til hæren og flåten» og «Til alle bøndene». Desse oppropa vart underteikna av «blokka» av alle revolusjonære organisasjonar medrekna trudovikgruppa. Til sist må vi særskilt syta for at regjeringa ikkje på vilkår greier å splitta, stansa eller svekkja oppstanden som held på å veksa fram ved å skriva ut val. I denne samanhengen må vi la lærdomane frå kadett-dumaen vera heilt ut bindande for oss. Dette er lærdomane om at valkampen til dumaen er ei underordna og sekundær kampform. Dei objektive tilhøva i augneblinken gjer at direkte revolusjonære aksjonar frå dei breie folkemassane framleis er hovudforma i kampen.

Vi underordna dumakampanjen under hovudkampen. Vi let denne kampanjen spela ei annanrangs rolle i tilfelle slaget får eit uheldig utfall eller vert utsett fram til røyntene frå den andre dumaen er skaffa fram. Om ein vil, kan ein sjølv sagt kalla denne taktikken den gamle boikott-taktikken. Ein kan ha rett til å nytta ei slik nemning av formelle årsaker, for ved sida av agitasjons- og propagandaarbeid som alltid er naudsynt, er «valførebuinga» samansett av detaljerte tekniske ordningar. Det er berre svært sjeldan at ein kan få til slike tekniske ordningar ei lang tid før vala. Vi vil ikkje kringla om ord. I røynda er denne taktikken den logiske *utviklinga* av den gamle taktikken, men ikkje ei oppatt-taking av han. Dei er ei slutning frå den siste boikotten, men dei er ikkje denne siste boikotten i seg sjølv.

For å summera: Vi må ta røyntene frå kadettduma-

en med i rekninga og spreia lærdomane frå han mellom massane. Vi må syna for dei at dumaen er «ubrukeleg». Vi må syna at det som trengst er ei grunnlov-gjevande forsamling. Vi må syna at kadettane vaklar, og vi må krevja at trudovikane kastar av seg åket frå kadettane, og vi må støtta dei fyrste mot dei siste. Vi må ein gong for alle gå med på at det er naudsynt med ei valsemje mellom sosialdemokratane og trudovikane dersom det vert skrive ut nyval. Vi må gjera det vi kan for å gå imot regjeringsplanen om å splitta oppreisten ved å skriva ut val. Samtstundes som sosialdemokratane med større styrke enn nokon gong må gjera seg til talsmenn for dei røynte revolusjonære parolene sine, må dei gjera alt dei kan for å sameina alle revolusjonære element og klassar endå nærare. Dei må gjera den oppsvingen som vil koma i nær framtid, om til ein væpna oppstand av heile folket mot tsarregjeringa.

Skriven 12. (25.) august 1906

Prenta 21. august 1906 i

Proletari nr. 1

Prenta i samsvar

med teksten i *Proletari*

LÆRDOMAR FRÅ MOSKVA-OPPSTANDEN

Boka «Moskva i desember 1905» (Moskva, 1906) kunne ikkje ha kome høvelegare. Det er ei brennande oppgåve for arbeidarpartiet å eigna seg til lærdomane frå desemberoppstanden. Diverre er denne boka lik ei honningkrukke som er skjemd av ei skjei med tjøre. Det er svært interessant materiale trass i at det er ufullstendig, men konklusjonane er utruleg slurvete og banale. Vi skal ta for oss desse konklusjonane ved eit anna høve.* No skal vi retta merksemda mot det brennande politiske spørsmålet som er oppe i tida, lærdomane frå Moskva-oppstanden.

Hovudformene for desemberrørsla i Moskva var den fredelege streiken og demonstrasjonane. Det var berre desse kampformene som det overveldande fleirtalet av arbeidarane var aktivt med i. Likevel viste desemberaksjonen i Moskva heilt klårt at generalstreiken som sjølvstendig og framståande kampform er utlevd. Desemberaksjonen viste at rørsla held på å koma seg ut av desse trange grensene med rå kraft ein ikkje kan stå seg imot, og at ho banar veg for den høgaste kampforma, oppstanden.

Då dei sette i gang streiken, skjøna alle dei revolusjonære partia, alle forbunda i Moskva, at streiken uunngåeleg måtte veksa over i ein oppstand. Dette hadde dei jamvel ei intuitiv kjensle av. Den 6. desem-

* Sjå Lenin, «Fingrane or fatet» (1906), i *Samla verk*, eng. utg., bd. 11, s. 189—93. — *Red.*

ber vedtok sovjetet av arbeidarrepresentantar å «gå inn for å føra streiken over til væpna oppstand». Men det var ei kjensgjerning at ingen av organisasjonane var budde på dette. Jamvel fellesrådet for dei frivillige kampgruppene⁶⁴ uttalte seg (den 9. desember!) om oppstanden som om det var noko fjernt. Det er heilt klårt at det ikkje hadde noka hand over eller nokon kontroll med gatekampane som gjekk føre seg. Organisasjonane *makta ikkje å halda seg på høgde* med veksten og omfanget av rørsle.

Streiken heldt på å veksa over i ein oppstand fyrst og fremst som resultat av presset frå dei objektive tilhøva som vart skapte etter oktober. Ein generalstreik kunne ikkje lenger ta regjeringa på senga. Regjeringa hadde alt organisert kreftene til kontrarevolusjonen, og dei var klåre til militær aksjon. Heile gangen i den russiske revolusjonen etter oktober og rekkja av hendingar i Moskva i desember-dagane stadfesta på slående vis dei djupe grennsetningane til Marx: Revolusjonen utviklar seg ved å gje opphav til ein sterk og samla kontrarevolusjon, det vil seia han tvingar fienden til å nytta meir og meir ekstreme forsvarstiltak, og finn på denne måten fram til stadig kraftigare åtaksmiddel.*

Den 7. og 8. desember: Ein fredeleg streik, fredelege massedemonstrasjonar. Den 8. om kvelden: Akvariet⁶⁵ vert omringa. Den 9. om morgonen: dragonane går til åtak på mengda på Strastnaja-plassen. Om kvelden: Fiedlerbygninga⁶⁶ vert plyndra. Stemninga stig. Den uorganiserte mengda i gatene set opp dei fyrste barrikadane heilt spontant og nølande.

Den 10.: Det vert opna artilleriell mot barrikadane og mengda i gatene. Det vert sett opp barrikadar meir fastrådd, og ikkje lenger berre i einskilde høve, men i verkeleg masseomfang. Hele folkesetnaden er i gatene. Alle hovudsentra i byen er dekte med eit nettverk av

* Sjå Marx, «Klassekampane i Frankrike, 1848 til 1850» (1850), Marx/Engels, *Verk*, tysk utg., bd. 7, s. 9—107. — Red.

barrikadar. I fleire dagar fører dei frivillige kampgruppene ein halstarrig geriljakamp mot troppane. Denne striden utmattar troppane og tvingar Dubasov til å be om forsterkningar. Fyrst den 15. desember vert regjeringsstyrkane fullstendig overlegne, og den 17. desember knuste Semsjonovski-regimentet⁶⁷ Presnya-distriktet, den siste forsvarsstillinga til oppstanden.

Frå streiken og demonstrasjonane til einskildbarrikadar. Frå einskildbarrikadar til masseoppsetting av barrikadar og gatekampar mot troppane. Den proletariske massekampen utvikla seg over hovuda på organisasjonane frå streik til oppstand. Dette er den veldige historiske vinninga den russiske revolusjonen skaffa seg i desember 1905. Lik alle tidlegare vinningar kosta denne òg enorme offer. Rørsla vart lyfta frå politisk generalstreik til eit høgare stadium. Ho tvang reaksjonen til å gå til det *ytste* i motstanden sin. Augneblinken då revolusjonen òg vil gå til det yttste i å nytta åtaksmiddel, vart såleis ført umåteleg mykje nærare. Reaksjonen kan ikkje gå lenger enn til å skyta på barrikadane, bygningane og mengda med artilleri. Men revolusjonen kan gå svært mykje lenger enn dei frivillige kampgruppene i Moskva. Han kan verta svært, svært mykje breiare og djupare. Og revolusjonen har utvikla seg mykje sidan desember. Grunnlaget for den revolusjonære krisa har vorte umåteleg mykje breiare, klinga må no få ei kvassare egg.

Før leiarane såg det, la proletariatet merke til at dei objektive tilhøva for kampen hadde endra seg, og at det var naudsynt å gå over frå streiken til ein oppreist. Praksis kom før teorien, slik det alltid er. Den fredelige streiken og demonstrasjonane slutta straks å tilfredsstilla arbeidarane. Dei spurde: Kva skal vi gjera no? Og dei kravde meir fastrådd handling. Meldinga om å setja opp barrikadar nådde utkantstrøka svært seint. Då hadde det alt vorte sette opp barrikadar i sentrum av byen. Arbeidarane gjekk til arbeidet i store mengder, men *jamvel dette var ikkje nok til å tilfreds-*

stilla dei. Dei ville vita kva ein så skulle gjera. Dei kravde aktive tiltak. I desember var vi, leiarane for det sosialdemokratiske proletariatet, nett som ein øvstkommanderande som nytta ut troppane sine så tåpeleg at størstedelen av dei ikkje kjem aktivt med i slaget. Arbeidarmassane kravde, men fekk ikkje instruksar om å gå til fastrådd masseaksjon.

Det er såleis ikkje noko som kan vera meir kortsynt enn oppfatninga til Plekhanov. Denne oppfatninga om at streiken kom på urett tid og ikkje skulle ha vorte starta og at dei «ikkje skulle ha gripe til våpen», kasta alle opportunistane seg over. Stikk i strid med dette synet skulle vi ha gripe endå meir fastrådd til våpen, endå meir energisk og aggressivt. Vi burde ha forklåra for massane at det var umogleg å innskrenka seg til fredeleg streik, og at det var naudsynt med uredd og nådelaus strid. Og no må vi endeleg ope og framfor alt folket vedgå at politiske streikar ikkje er nok. Vi må agitera for væpna oppstand mellom massane så vidt og breitt som råd. Vi må ikkje freista å dekkja til dette spørsmålet ved å snakka om «innleiande stadiar» eller med tåkeprat i det heile. Dersom vi løynte for massane at det var naudsynt med desperat blodig utryddingskrig, og at dette var den fyrste oppgåva for den revolusjonære aksjonen som skal koma, ville vi føra både oss sjølve og folket bak lyset.

Dette er den fyrste lærdomen av hendingane i desember. Ein annan lærdom har å gjera med karakteren til oppstanden. Han har å gjera med metodane for oppstanden, og tilhøva som førte til at troppane gjekk over på folket si side. I høgrefløya i partiet vårt rår det ei sær sidsig oppfatning om det siste punktet. Det vert hevda at det ikkje er mogleg å kjempa mot moderne troppar. Troppane må verta revolusjonære. Om ikkje revolusjonen får massekarakter og verkar inn på troppane, kan det sjølv sagt ikkje vera snakk om nokon alvorleg kamp. Det seier seg sjølv at vi må drive arbeid mellom troppane, men vi må ikkje tru at dei vil

koma over på vår side med ein gong som eit resultat av at vi overtalar dei, eller at dei sjølve vert overtydd. Moskva-oppstanden viste tydeleg at ei slik oppfatning er skjematisk og stivbeint. Det er faktisk slik at vaklinga til troppane, som ikkje er til å unngå i noka verkeleg folkerørsle, fører til ein verkeleg *kamp om troppane*, så snart den revolusjonære striden vert skjerpa. Moskva-oppstanden var nett eit døme på den desperate og rasande kampen om troppane mellom reaksjonen og revolusjonen. Dubasov sjølv uttalte at berre fem av femten tusen mann i Moskva-garnisonen var til å lita på. Regjeringa freista halda dei som vakla fast ved ei mengd ulike og desperate tiltak. Dei snakka vakkert med dei. Dei smigra dei, dei ville kjøpa dei over på si side, og ga dei klokke, pengar osb. Dei drakk dei fulle på vodka, dei laug til dei, stengde dei inne på kasernane og tok våpna frå dei. Dei som dei trudde aller minst på, vart fjerna med svik og vald. Vi må ha mot til å vedgå ope og direkte at her sto vi langt attende for regjeringa. Vi makta ikkje å nytta ut kreftene vi hadde til rådvelde til ein slik aktiv, modig, sterk og aggressiv kamp om dei vaklande troppene, som den regjeringa førte og vann. Vi har drive arbeid i hæren, og vi vil driva dobbelt med dette i framtida for å «vinna» troppane «over» til oss ideologisk. Men vi ville vera nokre ynkelege pedantar om vi gløymde at under ein oppstand er det òg naudsynt å driva fysisk kamp for å vinna troppane.

I desember-dagane ga Moskva-proletariatet oss ei glimrande lekse om korleis ein skal «vinna» troppane «over» til seg. Slik var det til dømes på Strastnaja-plassen den 8. desember då mengda omringa kosakkane, blanda seg med dei, fraterniserte med dei og overtalde dei til å snu attende. Eller den 10. desember i Presnya-distriktet, då to arbeidarjenter som bar eit raudt flagg i ei mengd på ti tusen, storma fram for å møte kosakkane medan dei ropte: «Drep oss, vi vil ikkje gje flagget frå oss i levande live!» Kosakkane vart

forfjamsa og galopperte av stad medan mengda ropte: «Hurra for kosakkane!» Desse døma på djerv og heltemodig framferd kjem for alltid til å vera prenta inn i medvitet til proletariatet.

Men her er eksempel på korleis vi låg attende for Dubasov. Den 9. desember gjekk soldatane nedover Bolsjaja Serpukhovskaja-gata for å slutta seg til opprørarane medan dei song *Marseillaisen*. Arbeidarane sendte ut representantar for å møte dei. Malakov sjølv galopperte straks etter dei i full fart. Arbeidarane kom for seint, Malakov kom i tide. Han heldt ein flammande tale. Han fekk soldatane til å vakla. Han omringa dei med dragonar og førde dei av stad til kasernen og låste dei inne. Malakov nådde fram til soldatane i tide. Det gjorde ikkje vi, jamvel om vi på to dagar hadde fått eitthundreogfemtusen menneske på beina på vår oppmoding. Desse kunne òg ha organisert patruljering i gatene. Malakov omringa soldatane med dragonar, medan vi ikkje makta å omringa slike som Malakov med bombekastarar. Vi kunne og burde ha gjort det. Det er lang tid sidan den sosialdemokratiske pressa (den gamle *Iskra*)⁶⁸ peika på at vi under ein oppstand har plikt til å utrydda sivile og militære sjefar. Det som skjedde på Bolsjaja Serpukhovskaja-gata, vart tydelegvis teke opp att i hovudtrekka framfor Nesjviskij-og Krutitski-kasernane. Det skjedde òg når arbeidarane freista «fjerna» Jekaterinoslav-regimentet. Det skjedde når arbeidarane sende representantar til ingeniørtroppane, når Vrostov-artilleriet på veg til Moskva vart send attende, og når ingeniørtroppane i Kolomna vart avvæpna osb. Det viste seg medan oppstanden stod på, at vi ikkje var i stand til å utføra oppgåva vår når det galdt å kjempa om dei vaklande troppane.

Desemberhendingane stadfesta òg ei anna av dei djupe grunnsetningane til Marx; som opportunistane har gløymt. Det er grunnsetninga om at oppstanden er ein kunst, og at hovudregelen i denne kunsten er ein dødsens modig og tvers igjennom fastrådd *offensiv*.⁶⁹

Vi har ikkje eigna til oss denne sanninga godt nok. Vi har ikkje sjølve i tilstrekkeleg grad lært denne kunsten, denne regelen om å gå til åtak for kvar pris. Vi har heller ikkje lært han til massane. Denne forsøminga må vi gjera god att med all kraft. Det er ikkje nok å ta standpunkt til spørsmålet om politiske slagord. Det er òg naudsynt å ta standpunkt til spørsmålet om væpna oppstand. Dei som er imot oppstanden, dei som ikkje førebur seg på han, må vi nådelaust visa ut frå rekjene til dei som stør revolusjonen. Vi må kasta dei over til fiendane av revolusjonen, til svikarane eller feigingane. For no nærmar den dagen seg då det er etter det prinsippet at makta i det som skjer og vilkåra for kampen vil tvinga oss til å skilja mellom fiendar og vener. Vi må ikkje preika passivitet. Det er ikkje lenger berre å «venta» til troppane «går over». Nei, vi må seia ifrå slik at alle vert klår overdet at det er naudsynt med ein dristig offensiv og eit væpna åtak. Vi må seia ifrå at det i slike tider er naudsynt å utrydja dei øvste sjefane til fienden, og at vi må føra ein svært energisk kamp for å vinna dei vaklande troppane.

Den tredje store lærdomen som Moskva gav oss, har å gjera med taktikk og organisering av styrkane i ein oppstand. Militærtaktikk er avhengig av det militærtekniske nivået. Denne enkle sanninga har Engels påvist og gjeve over til alle marxistar.* Militærteknikken i dag er ikkje det han var i midten av det nittande hundreåret. Det ville vera dumt å kjempa mot eit artilleri med ei folkemengd og forsvara barrikadar med revolverar. Kautsky hadde heilt rett då han skreiv at det no, etter Moskva, er på høg tid å gå igjennom konklusjonane til Engels på nytt, og at Moskva hadde starta «*ein ny barrikadetaktikk*».** Denne taktikken er tak-

* Engels forklåra denne taktikken fleire gongar, særleg i *Anti-Dühring* (1878). — Red.

** Lenin drøftar dette meir detaljert i «Den russiske revolusjonen og oppgåvene til proletariatet» (1906), *Samla verk*, eng. utg., bd. 10, s. 141—2. — Red.

tikken til geriljakrigen. Det som er naudsynt for å organisera ein slik taktikk, er svært små og mobile grupper. Det er grupper på ti, tre eller jamvel to personar. No er det slik at vi ofte møter sosialdemokratar som geipar kver gong dei høyrer om grupper på fem eller tre. Men å geipa er berre ein billeg måte å sleppa unna det nye spørsmålet om taktikk og organisasjon på. Dette spørsmålet har gatekampen reist under tilhøve som er skapte av den moderne militærteknikken. Mine herrar, de må studera historia om Moskva-oppstanden nøye. Då vil de skjøna kva samband som finst mellom «femmannsgrupper» og spørsmålet om «den nye barrikadetaktikken».

Moskva sette fram denne taktikken, men makta ikkje å utvikla han langt nok. Moskva makta ikkje å nytta denne taktikken i særleg grad, i verkeleg masseomfang. Det var for få frivillige kampgrupper. Arbeidarmassane fekk ikkje nokon parole om å gå til åtak på dristig vis, og dei nytta ikkje nokon slik parole. Geriljaavdelingane var for einsidige. Våpna og metodane deira heldt ikkje. Evna deira til å leia massane var mest ikkje utvikla. Vi må gjera alt dette godt igjen, og vi skal gjera det ved å læra av røynsla frå Moskva. Vi skal gjera det ved å spreia denne røynsla mellom massane, og ved å oppmuntra skaparkrafta deira til å utvikla denne røynsla endå meir. Det er utan tvil slik at geriljakrigen og den masseterroren som har vore over heile Russland så godt som utan avbrot sidan desember, hjelper massane til å læra denne rette taktikken for ein oppstand. Sosialdemokratiet må godkjenna denne masseterroren og ta han med i sin eigen taktikk. Dei må sjølsagt organisera og kontrollera han. Dei må underordna han interessene og vilkåra i arbeidarrørsla og den revolusjonære kampen i det heile. Samstundes må sosialdemokratiet fjerna og nådelaust skjæra vekk «bølle»-uvesenet til denne geriljakrigen, som vart så glimrande og nådelaust sett på plass av Moskva-kameratane våre under oppstanden og av latviarane i

dei dagane då den velkjende latviske republikken var-
te.⁷⁰

I den aller siste perioden har militærteknikken gjort nye framsteg. Krigen med Japan fekk fram handgranaten. Geværfabrikkane har sendt automatriflene ut på marknaden. Både desse våpna har alt vorte nytta framgangsrikt i den russiske revolusjonen, men i ei utstrekning som er langt frå tilstrekkeleg. Vi kan og må gjera oss nytte av forbetringane i teknikken. Vi må læra arbeidaravdelingane å laga bomber i stort omfang. Vi må hjelpa dei og kampgruppene våre til å få tak i lager av sprengstoff, tennhetter og automatiske rifler. Arbeidarmassane må ta del i oppstandar i byane. Det må gå til masseåtak på fienden. Det må førast ein fast-rådd og dyktig kamp for å vinna troppane, som etter dumaen, etter Sveaborg og Kronstadt,⁷¹ vaklar meir enn nokon gong. Vi må sikra at landsbygda er med i heile kampen. Dersom vi får til alt det, sigrar vi i den neste landsomfemnande væpna oppstanden i Russland.

Difor må vi utvikla arbeidet vårt i breidda. Vi må setja oppgåvene våre djervare fram, samstundes som vi lærer oss å meistra lærdomane frå dei store dagane i den russiske revolusjonen. Grunnlaget for arbeidet vårt er at vi har ei rett vurdering av klasseinteressene og kva nasjonen treng for å utvikla seg i denne stunda. Vi samlar og vil halda fram med å samla ein stadig større del av proletariatet, bøndene og hæren under parolen om å styrta tsarregimet og kalla saman ei grunnlovgevande forsamling med ei revolusjonær regjering. Nå som før er det utviklinga av den politiske forståinga til massane som er grunnlaget og hovudinnhaldet i arbeidet vårt. Men lat oss ikkje gløyma at i tillegg til denne generelle jamne og grunnleggjande oppgåva, er det slik at den tida vi no går igjennom i Russland, legg andre, særskilde og spesielle oppgåver på oss. Lat oss ikkje verta pedantar og spissborgarar. Lat oss ikkje trekka oss unna desse særskilde oppgåvene

som augeblinken set fram, desse særskilde oppgåvene som dei særskilde kampformene legg på oss, ved å komma med meiningslaust snakk om dei faste pliktene. Plikter som er dei same til alle tider og under alle tilhøve.

Lat oss hugsa at ein stor massekamp held på og nærmar seg. Det vert ein væpna oppstand. Så langt som råd må han skje til same tid. Massane må vita at dei kjem med i ein væpna, blodig og deperat strid. Forakt for døden må verta allemannseige mellom massane. Dette sikrar sigeren. Stormåtalet på fienden må førast med så stor kraft som råd. Parolen for massane må vera åtak, ikkje forsvar. Den nådelause utryddinga av fienden vert oppgåva deira. Organiseringa av kampen vert mobil og smidig. Dei vaklande elementa mellom troppane vert trekte aktivt med. I denne avgjerande striden må partiet til det klassemedvitne proletariatet gjera plikta si fullt ut.

Proletari nr. 2
29. august 1906.

Prenta etter teksten i
Proletari.

LÆRDOMAR FRÅ REVOLUSJONEN

Det er no gått fem år sidan arbeidarklassen i Russland i oktober 1905 retta det fyrste kraftige slaget mot det tsaristiske eineveldet. I desse store dagane reiste proletariatet millionar av det arbeidande folket til kamp mot undertrykkarane. På nokre få månader kjempa proletariatet i det året gjennom forbetringar som arbeidarane til inga nytte hadde vente på i fleire årtier fra «høgaste hald». Sjølv om det berre var for ei kort tid, skaffa proletariatet heile det russiske folket noko som Russland aldri før hadde visst om, nemleg pressefridom og forsamlings- og organisasjonsfridom. Det feide vekk den falske Bulygin-dumaen, tvinga tsaren til å koma med eit manifest om forfatninga, og gjorde det ein gong for alle umogleg å styra Russland utan representative institusjonar.

Men av di tsarregimet ikkje vart styrta, syntet seg at dei store sigrane til proletariatet berre var halve sigrar. Desemberoppstanden endte med nederlag, og det tsaristiske eineveldet tok til å ta attende det arbeidarklassen hadde vunne. Ein etter ein vart sigrane til arbeidarklassen tekne frå han, etter som offensiven hans tapte seg og massekampen vart svekt. I 1906 var streikar mellom arbeidarar og uro mellom bønder og soldatar mykje veikare enn dei hadde vore i 1905. Men dei vart framleis svært sterke. Tsaren løyste opp den fyrste dumaen. Kampviljen til folket hadde teke til å stiga oppover att medan han var verksam. Men tsaren torde ikkje å endra vallova straks. I 1907 vart kampen

til arbeidarane endå veikare. Tsaren som hadde løyst opp den andre думаen, sette i verk eit statskupp (3. juni 1907).⁷² Han braut alle dei høgtidelege lovnadene han hadde gjeve om at han ikkje skulle koma med lover utan at думаen sa seg samd i det. Han endra vallova slik at godseigarane og kapitalistane, partiet til svartehundra-elementa og leigesveinane deira vart sikra eit fleirtal i думаen.

Både sigrane og nederlaga i revolusjonen gav det russiske folket verkeleg store historiske lærdomar. Når vi feirar femårsdagen for 1905, må vi freista å få tak på kva som er det viktigaste i desse lærdomane.

Den fyrste og viktigaste lærdomen er at berre den revolusjonære massekampen kan gje forbetringar i livet til arbeidarane og statsadministrasjonen som er noko verd. Ingen «sympati» for arbeidarane frå folk med utdanning, ingen kamp frå einskilde terroristar, om den er aldri så heroisk, kunne gjera noko for å undergrava det tsaristiske eineveldet og allmakta til kapitalistane. Det var berre kampen til arbeidarane sjølve som kunne oppnå dette, berre den samla kampen frå millionar. Då *denne* kampen vart veikare, tok arbeidarane med ein gong til å mista det dei hadde vunne. Den russiske revolusjon stadfester dei kjenslene som vert uttrykt i den internasjonale arbeidarsongen:

Av herremenn vi inkje venter,
vi visst for lenge leit på deim
Vi sjølv i samla fylking hentar
oss fred og frelse, fridom heim!

Den andre lærdomen er at det ikkje er nok å undergrava og innskrenka makta til tsaren. Denne makta må *øydeleggast*. Så lenge tsaristregimet ikkje er øydelagt, vil vedgåingane som ein kjempar til seg frå tsaren ikkje vara ved.

Tsaren gjorde vedgåingar då tidevatnet i den revolusjonære offensiven heldt på å stiga. Då det sokk, tok

han alle vedgåingane attende. Det er berre ved å erobra ein demokratisk republikk, berre ved å styrta tsarveldet og gje makta over i hendene på folket, at Russland kan fri seg frå valden og tyranniet til byråkratiet. Berre då kan landet fri seg frå den despotiske makta som godseigarane og tenarane deira har over landsbygda. Arbeidarane og bøndene har det jamvel endå verre no etter revolusjonen. Dette er prisen dei må betala av di revolusjonen vart veik, av di tsarveldet ikkje vart styrta. Året 1905 såg dei to fyrste dumaene, og oppløysinga av dei lærte folket ein god del. Framfor alt lærte dette folket å kjempa for politiske krav i samla flokk. Det fyrste folket gjorde når dei heldt på å vakna politisk, var å krevja vedgåingar frå eineveldet. Dei kravde at tsaren skulle kalla saman ein дума, at han skulle nemna ut nye ministrar i staden for dei gamle, dei kravde at tsaren skulle «gje» allmenn røysterett. Men eineveldet gjekk ikkje med på og kunne ikkje gå med på slike vedgåingar. Eineveldet nytta bajonettar som svar på ynskjemålet om vedgåingar. Då tok folket til å skjøna at dei måtte *kjempa* mot det eineveldige styret. No kan ein seia at Stolypin og den reaksjonære adelege думаen hamrar denne forståinga endå betre inn i hovudet på bøndene. Ja, dei hamrar henne inn slik at ho verkeleg kjem til å verta sitjande.

Det tsaristiske eineveldet har òg lært ei lekse av revolusjonen. Det har skjøna at det ikkje kan lita på at bøndene vil vera trugne mot tsaren. Det styrkjer no makta si ved å alliera seg med svartehundregodseigarar og oktobrist-fabrikantane. For å styrta det tsaristiske eineveldet trengst det no ein langt kraftigare offensiv frå den revolusjonære massekampen enn i 1905.

Er det mogleg å få til ein slik langt kraftigare offensiv? Svaret på dette spørsmålet fører oss til den *tredje og viktigaste* lærdomen av revolusjonen. Denne lærdomen ligg i at vi har sett *korleis* dei ulike klassane i det russiske folket handlar. Før 1905 trudde mange at hei-

le folket ynskte seg fridom i same grad, og at dei ville ha den same fridomen. Det var i alle høve slik at det store fleirtalet ikkje hadde noka klår forståing av at dei ulike klassane i det russiske folket hadde ulike oppfatningar om kampen for fridom, og at det ikkje var den same fridomen dei arbeidde for. Revolusjonen spreidde tåka. Mot slutten av 1905, og seinare, under den fyrste og den andre dumaen, kom *alle* klassar i det russiske samfunnet ope fram. Dei synte kva dei sto for i praksis og gjorde det klårt kva dei verkelege ynskjemåla deira var. Dei synte kva dei kunne kjempa for, og kor kraftig, iherdig og energisk dei kunne kjempa.

Fabrikkarbeidarane, industriproletariatet, kjempa ein sær s fastrådd strid mot eineveldet, ein strid som kravde hardt arbeid. Proletariatet starta revolusjonen med den niande januar og massestreikar. Proletariatet førte denne kampen heilt til det ytste, då det i desember 1905 reiste seg til ein væpna oppstand for å forsvarare bøndene som var pint og plaga av kuler og pisk. Talet på arbeidarar som streika i 1905, var om lag *tre millionar* (og medrekna jarnbanefolka, dei tilsette på postkontora osb. var det sannsynlegvis fire millionar). I 1906 var talet ein million, og i 1907 trekvart million. Verda hadde aldri opp til då sett ei streikerørsle med så stort omfang. Det russiske proletariatet synte kva for ukjende krefter det bur i arbeidarmassane når ei revolusjonær krise held på å mognast. Streikebylgja i 1905, som var den største i verda, tok på langt nær ut heile kampkrafta til proletariatet. I Moskva fabrikkområde var det til dømes 567 000 fabrikkarbeidarar og 540 000 som streika, medan det i St. Petersburg fabrikkområde med 300 000 fabrikkarbeidarar var ein million som streika. Dette tyder at arbeidarane i Moskva-området enno langt frå hadde utvikla seg til å vera like trassige i kampen som arbeidarane i St. Petersburg. I Livland-guvernemetet (byen Riga) var det 250 000 i streik på 50 000 tilsette arbeidarar. Med andre ord streika kvar arbeidar i gjennomsnitt meir enn

fem gonger i 1905. I heile Russland kan det ikkje no vera mindre enn tre millionar arbeidarar i fabrikkar, gruver og ved jarnbanen. Og dette talet stig år for år. Med ei like sterk rørsle som den i Riga i 1905, kunne dei verta til ein hær på femten millionar i streik.

Ikkje noko tsarvelde kunne stå seg mot eit slikt stormåtak. Men alle skjønar at ein ikkje kan få fram ein slik offensiv på kunstig vis, etter ynskja til sosialistane eller kampvillige arbeidarar. Det er berre mogleg med ein slik offensiv når heile landet er skaka av krise, når massane er forarga, når det er revolusjon. For å førebu eit slikt stormåtak, må vi dra dei mest tilbakeleggjande delane av arbeidarane inn i kampen. Vi må ofra år ut og år inn på iherdig, omfattande, utrøttande propaganda-, agitasjons- og organisasjonsarbeid. Vi må byggja opp og styrkja alle former for proletariske foreiningar og organisasjonar.

Arbeidarklassen i Russland sto framom alle dei andre klassane i det russiske folket når det galdt kampkraft. Det er sjølv livstilhøva som gjer arbeidarane i stand til å kjempa og som tvingar dei til å kjempa. Kapitalen samlar arbeidarane i store massar i storbyane, sveisar dei saman og lærer dei å handla i fellesskap. I kvart einaste steg dei tek, står arbeidarane andlet til andlet med hovudfienden sin — kapitalistklassen. I kamp med denne fienden vert arbeidaren socialist. Han skjønar at det er naudsynt å omforma heile samfunnet fullt ut, at all fattigdom og all underkuing fullt ut må avskaffast. Når dei vert sosialistar, kjempar dei sjølvutslettande og dristig mot alt som står i vegen for dei, fyrst og fremst tsarveldet og dei føydale godseigarane.

Bøndene gjekk òg til aksjon mot godseigarane og regjeringa medan revolusjonen stod på. Men kampen deira var mykje veikare. Det er rekna ut at eit fleirtal av fabrikkarbeidarane (om lag tre femdelar) var med i den revolusjonære kampen i streikar. Derimot var det heilt sikkert at berre eit mindretal av bøndene var

med, etter alt å døma ikkje meir enn ein femdel eller ein firedel. Bøndene kjempa mindre iherdig, meir springande og med mindre politisk forståing. Dei hadde framleis stundom von om at tsaren, vår far, ville syna velviljen sin. I 1905 og i 1906 skremde eigenleg bøndene berre tsaren og godseigarane lite grann. Men det er ikkje noka hjelp i å skemma dei. Ein må *gjera dei til inkjes*, ein må utsletta regjeringa deira — *tsar-regjeringa* — frå jordoverflata. No freistar Stolypin og svartehundre-dumaen til godseigarane å skapa nye godseigar-gardbrukarar ut frå rekkjene til rikbøndene. Dei freistar å få dei til å verta allierte med tsaren og svartehundra. Men di meir tsaren og dumaen hjelper dei rike bøndene til å ruinera bondemassane, di meir vert desse massane politisk medvitne. Og di mindre vil dei halda ved lag trua på tsaren, den føydale slavetrua, trua til uvitande og underkua menneske. For kvart år som går vert det fleire og fleire jordbruksarbeidarar på landsbygda. Dei kan ikkje finna frelse nokon annan stad enn i forbund med arbeidarane i byane for å kjempa ein felles kamp. For kvart år som går, vert landsbygda meir og meir fylt opp av ruinerte bønder, heilt lutfattige og desperate av svolt. Når byproletariatet reiser seg att, vil millionar på millionar av desse bøndene kasta seg inn i kampen mot tsaren og godseigarane meir fastrådd og med stor solidaritet.

Det liberale borgarskapet var òg med i revolusjonen, dvs. dei liberale godseigarane, fabrikantane, advokatane, professorane osv. Dei utgjer «folkefridoms»-partiet (dei konstitusjonelle demokratane eller kadettane). Dei lova folket ei heil mengd med ting og gjorde eit stort nummer av at avisene deira var så frie. Dei hadde fleirtalet i den fyrste og i den andre dumaen. Dei lova at ein kunne oppnå fridom ved «fredelige middel» og fordømde den revolusjonære kampen til arbeidarane og bøndene. Bøndene og mange av bondeutsendingane («trudovikane») trudde på desse lovna-dene. Dei dilta audmjukt og lydig i hælane på dei libe-

rale, og stod på sida av den revolusjonære kampen til proletariatet. Dette var det største mistaket til bøndene (og til mange byfolk) under revolusjonen. Med den eine handa, og jamvel det berre svært, svært sjeldan, støtta dei liberale kampen for fridom. Den andre handa hadde dei derimot heile tida strekt ut mot tsaren. Dei lova å verna om og styrkja makta hans. Dei lova å få til fred mellom bøndene og godseigaren og å «pasi-fisera» dei «urolege» arbeidarane.

Då revolusjonen nådde høgdepunktet i kampen mot tsaren, desemberoppstanden i 1905, sveik dei liberale fridomen til folket, alle som ein. Dei trekte seg attende frå kampen. Det tsaristiske eineveldet nytta seg av at dei liberale hadde svike folkefridomen. Det nytta seg av at bøndene var uvitande og i stor mon trudde på dei liberale, og slo ned arbeidarane som gjorde opprør. Men då proletariatet var slege ned, kunne ingen duma, ingen vakre talamåtar og lovnader frå kadettane, hindra tsaren i å avskaffa alle spor etter fridom og gjenoppretta eineveldet og den despotiske makta til dei føydale godseigarane.

Dei liberale vart skuffa. Bøndene fekk seg ein hard, men nyttig lærepenge. Det kan ikkje verta nokon fri-dom i Russland så lenge dei breie folkemassane trur på dei liberale, så lenge dei trur på «fred» med tsarveldet og står utanfor den revolusjonære kampen til arbeidarane. Det finst ikkje den makt på jorda som kan halda fridomen i Russland attende. Når massen av byproletariatet reisar seg til kamp, feier dei vaklande og svikefulle liberale til sides og samlar arbeidarane på landsbygda og dei utarma bøndene under si fane, kjem fridomen.

Det er sikkert at proletariatet i Russland vil reisa seg til ein slik kamp og nok ein gong ta leiinga i revolusjonen. Heile den økonomiske situasjonen i Russland, all røynsle frå dei revolusjonære åra garanterer det.

For fem år sidan gav proletariatet det fyrste slaget til det tsaristiske eineveldet. Dei fyrste fridomsstrålane

glimta fram for det russiske folket. No er det tsaristiske eineveldet gjenoppretta. Det er på nytt føydalherane som styrer og rår. På nytt vert arbeidarane og bøndene underkua overalt. Alle stader er det den asiatiske despotismen til makthavarane som rår. Folket vert mishandla på skjendig vis. Men desse harde lærdomane har ikkje vore til inga nytte. Det russiske folket er ikkje det same som det var før 1905. Proletariatet har lært det å kjempe. Proletariatet vil føra det til siger.

*Rabotsjaja Gazeta*⁷³ nr. 1
30. oktober (12. november) 1910

Prenta i samsvar
med teksten i
Rabotsjaja Gazeta

NOTAR OG PERSONREGISTER

NOTAR

1. *To slag taktikk for sosialdemokratiet i den demokratiske revolusjonen* — vart skrive av Lenin i Geneve, i juni og juli 1905. Boka vart prenta seint i juli 1905 fyrste gongen. Seinare same året kom to nye utgåver i Russland, den siste i opplag på 10 000 eksemplar. Boka vart spreidd i løynd over heile landet, i St. Petersburg, Moskva, Kazan, Tblisi, Baku og andre byar. Den 19. februar 1907 vart boka forbode i St. Petersburg etter eit departementsvedtak og den 22. desember kravde domstolane at ho skulle dragast inn.

Stalin utvikla og heldt oppe Lenins teoriar om revolusjon og taktikk i slike verk som: «Den væpna oppstanden og taktikken vår», «Den provisoriske revolusjonære regjeringa og sosialdemokratiet» (1905) sjå Stalin *Verk* eng. utg., b 1 (sjå vidare *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober, 1974 s. 69—81.) s. 9.

2. *Proletari* (proletaren) — illegal bolsjevikisk vekeavis, organ for sentralkomiteen i RSDAP. Ho vart grunnlagd etter eit vedtak på den tredje kongressen til partiet. Lenin vart utnemnd til redaktør etter det fyrste plenums møtet i sentralkomiteen, 27. april (10. mai) 1905.

Proletari førte vidare lina til den gamle *Iskra*. Den vart prenta i Geneve frå mai til november 1905, og det kom ialt ut 26 nummer av avisa. Lenin skreiv både leiarartiklar og reportasjar i avisa samstundes som han redigerte arbeidarkorrespondansen frå Russland. s. 9.

3. *Mytteriet på pansarkryssaren Potemkin* — braut ut 14. (27.) juni 1905. Mannskapet seilte inn til Odessa der det var generalstreik. Men av di mange av bolsjevikane i Odessa var arresterte, og partiorganisasjonen svekt, vart ikkje einskapen mellom arbeidarane og matrosane utvikla godt nok.

Mensjevikane var mot væpna oppreist og hindra arbeidarane og soldatane i å gå på offensiven. Tsarregjeringa sende så heile svartehavsflåten mot Potemkin, men mannskapet nekta å gå til åtak. Offiserane måtte difor dra flåten attende.

Etter å ha sigld rundt i Svartehavet i meir enn ti dagar måtte

mannskapet på Potemkin ta henne inn til ei havn i Romania for å skaffa mat og kol.

Der overgav dei seg til styresmaktene. Matrosar frå Potemkin som kom attende til Russland vart arresterte og stilte for krigsrett. s. 9.

4. *Det sosialrevolusjonære partiet* — eit småborgarleg parti som kom til i 1901—02, då nokre narodnik-grupper og -sirklar slo seg saman (Den sosialrevolusjonære unionen, Partiet for dei sosialrevolusjonære og andre).

Dei sosialrevolusjonære skilde ikkje mellom proletariatet og småeigarane, dei sletta over klasseskilnadene mellom bøndene og gjekk imot at proletariatet spela ei leiande rolle i revolusjonen. Deira synspunkt var ei blanding av narodnik-idear og revisjonisme. For å nytta eit uttrykk frå Lenin, så freista dei «å bota riftene i narodnikideane med bitar frå moderne opportunistisk 'kritikk' av marxismen». (Lenin, «Sosialismen og bøndene» (1905) i *Samla verk*, eng.utg. 1965, band 9, s. 310.)

Bolsjevikpartiet reiv sløret av freistnadene frå dei sosialrevolusjonære på å gøyma seg bak ei sosialistisk maske, og det førte ein fast strid mot dei for å få innverknad mellom bøndene. Bolsjevikane synte at den terroristiske taktikken til dei sosialrevolusjonære var til skade for arbeidarrørsla. Likevel gjekk bolsjevikane, i visse høve, inn i mellombels semjer med dei i striden mot tsarismen. Under den fyrste russiske revolusjonen braut høgrefløya mellom dei sosialrevolusjonære ut og skipa det legale Folkesosialistpartiet som sto nær kadettane i politisk syn. Venstrefløya skipa det halvanarkistiske maximilistforbundet. I perioden med Stolypin-reaksjonen forfall det sosialrevolusjonære partiet ideologisk og organisatorisk, og under den fyrste verdenskriegen vart dei fleste av medlemene sosialsjåvinistar.

Etter februarrevolusjonen i 1917 var dei sosialrevolusjonære saman med mensjevikane og kadettane hovudstommen i den kontrarevolusjonære borgar- og godseigarregjeringa, der leiarane var sosialrevolusjonære (Kerenski, Avksentjev, Tsjernov). Seint i november 1917 skipa venstrefløya i partiet Det sjølvstendige venstresosialrevolusjonære partiet. I ein freistnad på å halde på innverknaden mellom bøndene, anerkjende dei sosialrevolusjonære sovjetmakta formelt og gjekk inn i ein avtale med bolsjevikane, men snart gjekk dei over til å stri mot dei.

Under den utanlandske intervensjonen og borgarkrigen var dei sosialrevolusjonære med i kontrarevolusjonær undergravingsverksemd, dei støtta aktivt intervensjonistane og kvitegardistgeneralane, dei var med i kontrarevolusjonære samansverjingar og organiserte terroristiske aksjonar mot leiarane i sovjetregjeringa og kommunistpartiet. Etter borgarkrigen heldt dei sosialrevolusjonære fram med

dei fiendslege handlingane mot sovjetstaten, både innanlands og mellom kviteemigrantane. s. 10.

5. *Osvobosjdenije* (Frigjering) — liberal-borgarleg avis som kom ut kvar anna veke i Stuttgart frå 1902 til 1904 og så i Paris til oktober 1905. P.B. Struve var redaktør. s. 11.

6. *Økonomismen* — opportunistisk straumdrag som utvikla seg i den russiske sosialdemokratiske rørsle mot slutten av 1890-åra. Økonomistane hevda at arbeidarklassen berre skulle føra økonomisk kamp mot arbeidarkjøparane. Den politiske kampen mot eineveldet skulle ein overlata til det liberale borgarskapet. Økonomistane sto for ei line som gjekk bort frå marxismen, nekta for at det var naudsynt med eit eige politisk parti av arbeidarklassen og freista gjera arbeidarklassen om til eit politisk haleheng til borgarskapet. (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober, 1974, s. 27.)

Lenin kritiserte økonomismen i «Hva må gjeres» b. 2 av *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1977. Stalin hudfletta òg økonomismen i «Stutt om usemja i partiet» og i «Svar til *Sosialdemokraten*». (Sjå Stalin: *Verk*, eng. utg. b. 1.) s. 12.

7. *Den tredje kongressen til Russlands Sosialdemokratiske Arbeidarparti* — vart halden i London i 1905 frå 12. til 27. april (25. april til 10. mai).

Kongressen tok for seg revolusjonen som var under utvikling i Russland. Kongressen gjorde det klårt at den viktigaste oppgåva no var å organisera ein væpna oppstand mot tsarveldet. Etter sigeren måtte det opprettast ei provisorisk revolusjonær regjering som kunne undertrykkja kontrarevolusjonen, gjera minimumsprogrammet til RSDAP om til røyndom og førebu overgangen til den sosialistiske revolusjonen. s. 12.

8. *Iskra* — dette viser til den nye Iskra, som mensjevikanane og Plekhanov fekk kontrollen over, etter den andre kongressen til RSDAP, og som vart utgjeve til oktober 1905. s. 12.

9. *Bulyginkommisjonen* — vart nedsett etter eit vedtak av tsaren i februar 1905 med innanriksministeren, Bulygin, som formann. Kommisjonen gjorde lovframlegg om å skipa ein Riksduma med rådgjevande fullmakter. Dette lovutkastet saman med reglar for vala til dumaen vart gjort kjende i eit manifest fra tsaren 6. (19.) august 1905. Bolsjevikanane gjekk inn for aktiv boikott av Bulygindumaen, og revolusjonen feide freistnaden på å kalla saman dumaen over ende. (Sjå Lenin: «Boikotten av Bulygindumaen, og oppstand» (1905) *Samla verk* eng. utg. b. 9, s. 179—187.) s. 14.

10. *Det «konstitusjonelt-demokratiske partiet» (Kadettane)* — det viktigaste borgarlege partiet i Russland og talerøyr for det liberale monarkistiske borgarskapet. Det vart skipa i oktober 1905. K. sa seg å vera demokratar og kalla seg «partiet for folket sin fridom». På det viset freista dei å få oppslutnad mellom bøndene. Målet deira var å halda på tsarismen i form av eit konstitusjonelt demokrati. Seinare vart k. partiet for det imperialistiske borgarskapet. Under fyrste verdskrigen var k. aktive hjelpesmenn for utanrikspolitikken til tsarregjeringa som gjekk ut på å annektera nye område. Då den borgarleg-demokratiske revolusjonen kom i februar 1917, freista dei å berga monarkiet. K. hadde ei leiande stilling i den borgarlege provisoriske regjeringa og førte ein anti-folkeleg, kontrarevolusjonær politikk som vart godteken av dei britiske, franske og amerikanske imperialistane. Etter at den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde sigra, organiserte k. kontrarevolusjonære samansverjingar og oppreistar mot sovjetrepublikken. s. 14.

11. *Millerandisme* — eit opportunistisk straumdrag oppkalla etter den franske reformisten Millerand som i 1899 gjekk inn i den reaksjonære borgarlege regjeringa i Frankrike, der Gaston Gallifet var krigsminister. Gallifet kommanderte over troppane som slakta ned Pariskommunen i 1871. s. 24.

12. *9. januar* — Den blodige søndagen i 1905. — Etter ordre frå tsaren skaut troppane mot ein fredelig arbeidardemonstrasjon i St. Petersburg. Presten Gapon gjekk i brodden for demonstrantane som bar på helgenbilete og song salmar. Dei kravde betre levekår, men vart møtte med blodig nedslakting. Massakrane av desse uvæpna arbeidarane førde til omfattande streikeaksjonar og demonstrasjonar over heile Russland. Hendingane 9. januar står som opptakten til den fyrste russiske revolusjonen 1905—07. s. 27.

13. *Neue Rheinische Zeitung* — ei avis som kom ut i Köln frå juni 1848 til mai 1849. Ho vart drive av Marx og Engels med Marx som sjefsredaktør. Tilslutt måtte dei gje opp avisa av di dei vart forfylgde av dei reaksjonære. (Sjå Engels: «Marx og Neue Rheinische Zeitung 1848—49») (1884) i Marx/Engels, *Verk* tysk utg. b. 21, s. 16—25. s. 28.

14. *Sosialdemokraten* — ei illegal mensjevikavis gjeve ut i Tbilisi på grusisk frå april til november 1905. Avisa polemiserte mot det bolsjevikiske partiorganet *Brdzola* (kampen). Artikkelen «Zemski sobor og taktikken vår» var sannsynlegvis skriven av Jordania, leiar for dei kaukasiske mensjevikane og redaktør av *Sosialdemokraten*. Denne artikkelen er kritisert inngående av Lenin i kap. 7 i «To slag taktikk for sosialdemokratiet i den demokratiske revolusjonen». s. 31.

15. *Svartehundra* — monarkistiske bandar som vart danna av tsarpolitiet for å kjempa mot den revolusjonære rørsla. Dei myrda revolusjonære, gjekk til åtak på progressive intellektuelle og organiserte jødiske pogromar. s. 32.

16. *På Sjirov-vis* — Lenin viser her til eit grunnlovutkast av D.N. Sjirov, ein av dei liberale leiarane for høgrefløya i Zemstvorørsla.

Sjirov gjorde framlegg om at det skulle skipast eit rådgjevande representativt organ under tsaren. Med slik hestehandel ville det liberale borgarskapet føra massane bak lyset, halda monarkiet ved lag, samstundes som dei sjølve vann visse politiske særrettar. s. 33.

17. *Russkaja Starina* (det gamle Russland) — historietidsskrift som vart gjeve ut i St. Petersburg frå 1870 til 1918. s. 39.

18. *Osvobosjdenije—sambandet* — liberal-monarkistisk organisasjon som vart skipa i 1904 av borgarlege intellektuelle som var nær knytta til Zemstvorørsla. Ved å lata som dei var i opposisjon til tsaren ville dei oppnå reformer for det russiske borgarskapet. Saman med Zemstvorørsla danna dei kjernen i kadettpartiet som vart skipa i oktober 1905. s. 42.

19. *Russkije Vedomosti* (russisk nyhende) — ei avis grunnlagd i Moskva 1863. Ho var organ for dei liberale godseigarane og borgarane. I 1918 vart ho forboden saman med andre kontrarevolusjonære blad. s. 49.

20. *Syn Otetsjestva* (Son av fedrelandet) — liberal dagsavis som kom ut i St. Petersburg frå 1851 til 1900 og frå 1904 til 1905. Organ for dei sosialrevolusjonære i 1905. s. 49.

21. *Nasja Zjizn* (livet vårt) — liberal avis som kom ut i St. Petersburg frå 1904 til 1906. s. 49.

22. *Nasjni Dni* (våre dagar) — liberal avis i St. Petersburg som kom ut i 1904 og 1905. s. 49.

23. *Zemstvo* — såkalla lokale sjølvstyreorgan som vart oppretta i Russland i 1864. Dei var dominert av godseigarar og hadde med reint lokale saker som galdt folkesetnaden på landsbygda å gjera. Innanriksministeren kunne oppheva Zemstvoedtak som regjeringa ikkje godtok. s. 50.

24. Lenin viser her til resolusjonsframlegget frå Starover (pseudonym for mensjeviken Potresov) om haldninga overfor liberalarane. Dette framlegget vart vedteke av den andre kongressen til RSDAP,

men kritisert av Lenin i artikkelen: «Arbeidarklassen og det borgarlege demokratiet» (1905), i *Samla verk* eng. utg., b. 8, s. 77—82. s. 61.

25. *Slaget ved Tsusjima* — i mai 1905 vart den tsaristiske flåten slått på flukt av Japan ved øya Tsusjima utanfor Korea og krigen mellom Russland og Japan endte med japansk siger. s. 63.

26. «*Parlamentarisk kretinisme*» — eit uttrykk Lenin ofte nytta. Det skriv seg frå Marx og Engels. Dei nytta det som nemning på ein uboteleg sjukdom som herja blant medlemmer i representative forsamlingar. Sjukdomen arta seg som ei overtyding om at alt i heile verda både i fortid og framtid vart avgjort av fleirtalsrøystinga i den forsamlinga der nett dei var med.

Lenin nytta uttrykket om dei opportunistane som meinte det parlamentariske systemet var allmechtig og at verksemda i parlamenta var den einaste forma for politisk kamp. s. 66.

27. *Jordbruksspørsmålet i Breslau* — Dette viser til ein diskusjon som gikk føre seg om utkast til jordbruksprogram for Tysklands Sosialdemokratiske Parti på kongressen i Breslau i 1895. s. 69.

28. *Rabotsjeja Djelo* (Arbeidarsaka) — tidsskrift som vart utgjeve av økonomistane i Geneve frå 1899 til 1902. Organ for Union av russiske sosialdemokrater i utlandet. Lenin kritiserte tidsskriftet grundig i «Hva må gjøres» b. 2, i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976. s. 74.

29. Dette viser til åtaket i pressa som Nadesjdin gjorde på den leninistiske *Iskra*. (Nadesjdin var pseudonym for I. O. Selenski.) Sjå Lenin om dette åtaket i «Hva må gjøres» b. 2, *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober, 1976. s. 74.

30. *Frankfurter Zeitung* — tysk borgarleg avis som kom ut i Frankfurt frå 1856 til 1943. Ho var talerøyr for dei store finansinteressene. s. 77.

31. *Bernsteinianismen* — eit anti-marxistisk straumdrag i arbeidarørsla som stod fram mot slutten av 1890-åra, med tyskaren Eduard Bernstein i brodden. I Russland vart dette straumdraget representert av dei «legale marxistane» økonomistane, bundistane og mensjevikane. s. 80.

32. Her blir det synt til Lenins artiklar «Sosialdemokratiet og den provisoriske revolusjonære regjeringa» og «Det revolusjonært-demokratiske diktaturet til proletariatet og bøndene» som stod i nummer 13 og 14 av bolsjevik-avisa *Vperjod*, (Sjå *Samla verk*, eng. utg., bd. 8, s. 275—303.) s. 84.

33. *Erfurtprogrammet* — I oktober 1891 på Kongressen til Tysklands Sosialdemokratiske Parti i Erfurt vart eit nytt partiprogram vedteke. Det var grunna på den marxistiske teorien om at kapitalismen ville gå under og at sosialismen ville sigra. Programmet la og vekt på at arbeidarklassen spela hovudrolla i den politiske klassekampen, men det sa ikkje noko om proletariatets diktatur. Engels kritiserte Erfurtprogrammet: «Til kritikk av det sosialdemokratiske programutkastet» (1891), i Marx/Engels *Verk* tysk utg. b. 22, s. 225—241. Lenin kritiserte det i «Staten og revolusjonen» (1917) i Lenin *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 8, Forlaget Oktober 1977, s. 93—99. s. 92.

34. Lenin tenkjer her på programmet som vart utgjeve i 1874 av blanquistane i London, ei gruppe som hadde vore med i Pariskommunen. (Sjå Engels: «Emigrantlitteratur II. Programmet til blanquistemigrantane frå kommunen 1874» i Marx/Engels *Verk* tysk utg. b. 18, s. 528—536.) *Blanquistane* — tilhengjarar av Louis Auguste Blanqui (1805—81), ein fransk revolusjonær. s. 93.

35. Lenin tenkjer på artikkelen «Om den provisoriske revolusjonære regjeringa» (sjå *Samla verk*, eng. utg., bd. 8, s. 461—81), og desutan ein artikkel av Engels som heiter *Bakunin-tilhengjarane i arbeid. Ei vurdering av oppstanden i Spania sommaren 1873*, der han kritiserer den bakunin-resolusjonen Lenin syner til (sjå *Der Volkstaat*, nr. 105, 106, 107 i 1873). s. 101.

36. *Credo* — namnet på eit manifest som ei gruppe økonomistar (S. Prokopovitsj, Y. Kuskova og andre som snart vart kadettar) gav ut i 1899. Lenin møtte manifestet med å fordøma økonomistane i «Ein protest frå russiske sosialdemokratar». *Samla Verk* eng. utg. b. 4, s. 167—82. s. 103.

37. *Rabotsjaja Mysl* (Arbeidartanken) — organ for økonomistane, kom ut frå 1897 til 1902. Lenin kritiserte synsmåtena til denne avisa fleire gonger. Sjå t.d. «Hva må gjøres» b. 2 i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1976. s.103

38. Her blir det synt til Marx sine ord i *Til kritikken av den hegelske rettsfilosofien*, Marx Engels Werke, bd. 1, s. 201—335. s. 104.

39. *L'Humanité* — fransk avis starta av Jean Jaurés i 1904 som organ for Frankrikes Sosialistiske Parti. s. 106.

40. Louis-Eugène Varlin — sjå personregisteret. s. 116.

41. Dette viser til «Organisasjonsreglane» som mensjevikane vedtok på Genevekonferansen sin i 1905. Desse reglane vart kritisert av Lenin i artikkelen: «Eit tredje steg attende» (1905) *Samla verk* eng. utg., b. 8 s. 544—54 og i «Føreord til brosjyren 'Arbeidarar om splittinga i partiet'» *Samla verk* eng. utg., b. 9 s. 163—68. s. 118.

42. *Planane om Zemstvo-kampanjen* — ein mensjevikisk plan om å støtta Zemstvokampanjen som borgarlege liberalarar hadde sett i gong frå 1904 til 1905. Kampanjen gjekk ut på å arrangera kongressar og møte der det vart vedteke moderate resolusjonar om grunnlovgevingande forsamlingar. s. 129.

43. *Hirsch—Dunker fagforeiningane* — vart grunnlagde i 1868 i Tyskland av to borgarlege liberalarar, Hirsch og Dunker som på same vis som økonomen Brentano preika klassefred og «harmoni mellom klasseinteressene». Dei trekte arbeidarane vekk frå den revolusjonære klassekampen og gjorde fagforeiningane om til organisasjonar for gjensidig hjelp og utdanning. s. 131.

44. *Rassvet* (Daggry) — ei liberal og legal avis som vart gjeve ut i St. Petersburg i 1905. s.131

45. Artikkelen til Engels: «Bakunintilhengjarane i arbeid. Notat om oppstanden i Spania sommeren 1873» (1874) vart oversett til russisk med Lenin som redaktør og utgjeve i 1905 av sentralkomiteen i RSDAP. (Sjå Marx/Engels *Verk* tysk. utg., b. 18, s. 476—94.) «Helsing frå Sentralkomiteen i Det kommunistiske forbundet» var skriven av Marx og Engels i 1850 og gjeve ut på russisk i 1906 som eit tillegg til brosjyren av Marx om «Avsløringar om kommunistprosessen i Köln» (1851) (Sjå Marx/Engels *Verk* tysk utg., b. 8, s. 405—471.) s. 134.

46. *Zarja* (Daggry) — eit marxistisk tidsskrift som kom ut i Stuttgart i 1901—1902. Det kritiserte russisk og internasjonal revisjonisme. s. 136.

47. Starten av dette avsnittet og til ... «i halen på *Osvobozhdenije*-gruppa» kom ikkje med i dei fyrste utgåvene av boka. Avsnittet vart fyrste gongen kjent i *Pravda* nr. 112, 22. april 1940. s. 139.

48. *Moskovskije Vedomosti* (Moskva-nytt) — avis i Moskva, grunnlagd frå 1756. Frå andre halvdelan av 1800-talet uttrykte ho dei mest reaksjonære synsmåtane til den monarkistiske delen av presteskapet og godseigarane. I 1905 vart ho organ for Svartehundra. Etter Oktoberrevolusjonen vart ho forbode. s. 140.

49. *Avisa til Arbeidarforeininga i Køln* — det fyrste namnet på organet for Arbeidarforeininga i Køln. Undertittelen var *Fridom, brorskap, arbeid* som vart namnet på avisa i oktober 1848. Redaktørane var medlemmer av Kommunistforbundet. s. 150.

50. *Kommunistforbundet* — den fyrste internasjonale organisasjonen til det revolusjonære proletariatet, skipa i London sommeren 1847. Forbundet vart organisert og leidd av Marx og Engels som skreiv programmet til det: *Det kommunistiske partis manifest*. Forbundet eksisterte til 1852. Sjå Engels, «Om historia til Kommunistforbundet» (1885) Marx/Engels, *Verk* tysk utg., b. 8, s. 577—97. s. 152.

51. *Tavaritsj* (kamerat) — borgarleg dagsavis som kom ut i St. Petersburg frå 1906 til 1908, i røynda organ for venstre-kadettane. Mensjevikanane skreiv og i avisa. s. 154.

52. *Vperjod* (Framover) — ei legal bolsjevikavis i St. Petersburg, kom ut i 1906 etter at avisa *Volna* vart forbode av regjeringa. *Vperjod* vart forfylgd av politiet og i juni 1906 stengde dei redaksjonen. s. 155.

53. *Proletari* nr. 10 for 2. august (20. juli) 1905 prenta ein resolusjon frå Saratovkomiteen til RSDAP. Denne komiteen sto på ei forsoningsline i partiet. Resolusjonen galdt ei melding om den tredje kongressen til partiet og Konferansen til mensjevikanane. Resolusjonen vart prenta med eit etterskrift av Lenin. s. 155.

54. *Bondeforbundet* — ein borgarleg-demokratisk organisasjon av bønder som vart oppretta på kort tid over store delar av Russland i 1905. Organisasjonen agiterte for allmenn røysterett og demokratiske reformer. Dei gjekk inn for å boikotta dumaen, og mange av medlemene vart arresterte. s. 158.

55. *Jordlotten til bøndene* — Jord som bøndene fekk til eige bruk etter at livegenskapen vart opphevd i 1861. Denne tildelte jorda hadde bøndene ikkje lov til å selja. Det var landsbyfellesskapet som disponerte over jorda og delte ho ut att til nye bønder med jamne mellomrom.

I 1906 lagde minister Stolypin ei lov som gjorde at bøndene kunne forlata landsbyfellesskapet og selja jordlotten. Med denne lova tok den gamle landsbyorganiseringa til å verta oppløyst og skilnadene mellom bøndene vart auka. Kulakkane kjøpte opp jorda og dei fattige vart endå fattigare. s. 160.

56. «*Avkutta jord*» — etter opphevinga av livegenskapen i 1861 eigna godseigarane til seg mykje av den beste jorda til bøndene, slik at det ikkje var mogleg å driva sjølvstendige bondebruk. For å nytta

jorda måtte bøndene no betala ei urimeleg høg rente og vart såleis ruinerte og endå fattigare enn før. s. 161.

57. *Vinterfeste* — Om vinteren hadde bøndene særst lite pengar. Mange svalt. Det var då difor lett for godseigarar og kulakkar å få dei til å festa seg for arbeid til sommaren på urimeleg harde vilkår. s. 161.

58. *Forstandarane på landsbygda* — administrativ stilling oppretta i 1889 for å styrkja godseigarveldet over bøndene. Desse landsbyforstandarane vart peika ut mellom den lokale godseigaradelen. Dei fekk store fullmakter, ikkje berre i vanlege administrative saker. Dei fungerte og som domarar. Dei kunne arrestere bønder og straffa dei. s. 161.

59. *Partiinije Izvestia* (partinytt) — avis som var organ for den sam-einte sentralkomiteen til RSDAP. Ho vart gjeve ut illegalt i St. Petersburg rett før den fjerde kongressen (einskapskongressen) til partiet.

Det kom ut to nummer av avisa våren 1906. Redaksjonen var sett saman av folk frå bolsjevikavisa *Proletari* og mensjevikavisa (den nye *Iskra*). Etter kongressen kom ikkje avisa ut meir. s. 169.

60. *Lova av 11. (24.) desember 1905* — lova om val til Riksdumaen. Ho delte veljarane i fire valggrupper: godseigarane, borgarskapet, bøndene og arbeidarane. Ei godseigarrøyst var sett likt med tre røyster frå byborgarskapet, 15 bonderøyster og 45 arbeidarrøyster. Slik vart det sikra at godseigar- og kapitalistklikken fekk overherredømet i думаen. s. 170.

61. *Natsjalo* (Opptakten) — ei legal mensjevikisk dagsavis i St. Petersburg. Ho kom ut med 16 nummer i november og desember 1905. s. 170.

62. *Trudovikane* — Ei gruppe med småborgarlege demokratar som vart skipa i april 1906 av bonderepresentantar i den fyrste riksdumaen. Dei som sto bak gruppa var bønder og sosialrevolusjonære intellektuelle som sympatiserte med narodnismen.

Trudovikane sette fram krav om å fjerna dei sosiale stendene og dei nasjonale grensene. Dei ville demokratisera sjølvstyret i Zemstvoane og byane og få istand allmenn røysterett til dumavala.

Jordbruksprogrammet til trudovikane var basert på narodnikprinsippa om lik bruk av jorda. Det gjekk inn for å danna eit nasjonalt fond av jorda til staten, krona og kyrkja. Dersom jorda i privat eige var for stor til å verta skikkeleg drive, skulle også denne jorda gå inn i det nasjonale jordfondet. Den private jorda som på denne måten vart nasjonalisert, skulle eigarane få kompensasjon for. Lenin peika på at den typiske trudoviken var ein bonde som «ikkje var imot kompromiss med monarkiet og som ikkje var imot å slå seg roleg

ned på sitt *eige* jordstykke under det sørgarlege systemet. Men for augeblinken strevar han mest med å kjempa mot godseigarane om jorda mot den føydale staten og for demokratiet». (Sjå Lenin «Freistnad på klassifisering av politiske parti i Russland» *Samla verk*, eng. utg., b. 11, s. 229.)

I dumaen vingla trudovikane mellom kadettane og sosialdemokratane. Dette var ein fylgje av klassenaturen til småbøndene. Bolsjevikane gjekk inn for å alliera seg med dei i særskilde spørsmål for å kjempa mot kadettane og det tsaristiske eineveldet.

Under den fyrste verdskrigen var dei fleste trudovikane sosialsjåvinistar. Etter februarrevolusjonen i 1917 gjekk trudovikane inn i den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter Oktoberrevolusjonen slutta dei seg til dei kontrarevolusjonære kreftene. s. 173.

63. *Retsj* (Talen) — dagsavis i St. Petersburg frå februar 1906. Ho var hovudorgan for kadettane og vart forbode etter Oktoberrevolusjonen i 1917. s. 175.

64. *Fellesrådet av frivillige kampgrupper* — vart skipa i Moskva mot slutten av oktober 1906. Opphavelg skulle det organisera kampen mot Svartehundra, men det heldt fram arbeidet i desemberoppstanden. Med i rådet var Moskvakomiteen til RSDAP, Moskvagruppera av sosialdemokratar og Moskvakomiteen til det sosialrevolusjonære partiet. Dei frivillige gruppene «det frie distriktet», «Universitetet» «Typografiske» og «kaukasiaren». Dei sosialrevolusjonære og mensjevikane dominerte arbeidet i rådet og øydela verksemda der. Då den væpna oppstanden starta i desember var rådet ikkje på høgda med dei revolusjonære hendingane. Det makta ikkje å leia oppstanden. s. 179.

65. *Akvariet* — Om kvelden den 8. (21.) desember 1905 stengde soldatar og politi av «Akvarie»-hagen (ved Sadovo-Triumfalnajaplassen) der det hadde samla seg ei stor mengd folk som hadde møte i teatret. Takk vera innsatsen frå dei frivillige arbeidargruppene som heldt vakt på møtet kom det ikkje til blodige kampar. Dei som åtte våpen kom seg unna gjennom eit gjerde. Dei andre deltakarane i møtet som gjekk ut gjennom porten vart derimot ransaka og fekk juling. Mange vart arresterte. s. 179.

66. *Fiedlerbygninga* — ein skule som ofte vart nytta til partimøte. Om kvelden den 9. (22.) desember vart bygninga omringa av soldatar. Deltakarane i møtet, for det meste frivillige grupper, nekta å overgje seg. Dei barrikaderte seg inne i bygningen medan militæret skaut med artilleri og maskingeværar. Meir enn 30 personar vart drepne eller såra og 120 vart arresterte medan bygninga vart øydelagt. s. 179.

67. *Semjonovskiregimentet* — soldatar frå St. Petersburg som vart sende til Moskva i desember 1905 for å undertrykkja oppstanden blant moskvaarbeidarane. s. 180.

68. *Den gamle Iskra* (gneisten) — den fyrste illegale marxistiske revolusjonære avisa for heile Russland. Ho vart grunnlagd av Lenin i 1900 og spela ei avgjerande rolle når det galdt å byggja det revolusjonære marxistiske partiet til den russiske arbeidarklassen. På den andre kongressen til RSDAP i 1902 delte partiet seg i ei revolusjonær (bolsjevikisk) og ei opportunistisk (mensjevikisk) fløy. Mensjevikane fekk hand om *Iskra* og avisa vart no kjend som den «nye» *Iskra* i motseiing til Lenins *gamle Iskra*. s. 183.

69. Dette viser til Engels, «revolusjon og kontrarevolusjon i Tyskland 1848» (*New York Daily Tribune* 18. sept. 1852) som vart prenta i 1851—52 som ein serie artiklar i avisa New York Daily Tribune. Artiklane hadde signaturen til Marx som hadde tenkt å skrive dei. Men det var Engels som kom til å ta på seg oppgåva. Han samrædde seg heile tida med Marx som leste gjennom artiklane før dei vart sende til avisa. Det var ikkje før 1913 det vart kjent at Engels hadde skrive desse artiklane, sjå Marx/Engels, *Verk* tysk utg., b. 8, s. 3—111. s. 183.

70. *Dei latviske republikkane* — Lenin viser her til oppstanden i Latvia ved Austersjøkysten i desember 1905. Væpna avdelingar av arbeidarar, jordbruksarbeidarar og bønder tok kontrollen over fleire latviske byar. Det vart sett i verk ein geriljakrig mot tsartroppane. Oppstanden i Latvia vart knust i januar 1906 etter at folkesetnaden fyrst hadde jaga bort godseigarane og skipa eigne revolusjonære maktorgan. s. 186.

71. *Sveaborg og Kronstadt* — Lenin viser her til oppstandane ved desse to militærforlegningane i juli—august 1906. I Sveaborg nær Helsingfors vart oppstanden provosert fram av dei sosialrevolusjonære før tida var mogen. Bolsjevikane freista hindra at han vart sett i verk, men var aktivt med i leiinga av oppreisten då det ikkje var råd å utsetja han.

Arbeidarklassen i Finland støtta oppstanden med å gå til generalstreik. Etter tre dagar var oppstanden knust. 43 mann vart avretta og fleire hundre fengsla eller sende på straffarbeid. Oppreisten i Kronstadt var betre førebudd, men han vart og sett i verk for tidleg, av di kampane i Finland alt hadde teke til. Tsarregjeringa knuste opprørane med stor villskap. Meir enn 2500 vart arresterte. 36 vart avretta, 130 sende på straffarbeid og over 1000 anten fengsla eller overførde til arbeidsleirar s. 186.

72. *Statskuppet 3. juni 1907* — vart utført av tsaristregjeringa som oppløyste den andre думаen og offentleggjorde ei ny vallov som skar endå meir ned på talet av arbeidar- og bonderepresentantar som kunne veljast til думаen. Lova tok vidare vekk valrettane til store delar av folkesetnadene i det asiatiske Russland, Polen og Kaukasus. I den nye думаen som vart opna i november 1907 var det Svartehundra og oktobristane som dominerte. s. 189.

73. *Rabotsjaja Gazeta* (Arbeidaravisa) — ei bolsjevikisk avis som kom ut i Paris frå 1910 til 1912. Mensjevikar som støtta partiet skreiv og i avisa.

Prahakonferansen til RSDAP i 1912 gjorde *Rabotsjaja Gazeta* til organ for sentralkomiteen i partiet. s. 195.

PERSONREGISTER

AKIMOV, Makhnovets, Vladimir Petrovitsj (1872—1921) — sosialdemokrat, talsmann for økonomismen, ytterleggående opportunist. Gjekk mot *Iskra* på den andre kongressen til RSDAP og slutta seg til den ytste høgrefløya til mensjevikane etter kongressen. s. 11, 69, 129.

ARNIM, Heinrich Aleksander Friherre av (1798—1861) — Prøysisk junker og statsmann. Utanriksminister i regjeringa til Camphausen etter marsrevolusjonen i 1848. s. 147.

BEBEL, August (1840—1913) — Ein av grunnleggjarane og forgrunnsfigurane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Opphaveleg dreiar av fag. Riksdagsrepresentant. Streid energisk mot revisjonismen og reformismen i arbeidarrørsla. s. 68, 69.

BERNSTEIN, Eduard (1850—1932) — Leiaren for den stridaste opportunistiske fløya i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Under dekke av at det var naudsynt å revidera marxismen forkasta han alle dei revolusjonære grunnsetningane i han og sette fram eit reint reformistisk program for arbeidarrørsla. Han gjekk imot den sosialistiske revolusjonen og meinte sosialismen ville veksa fram av seg sjølv gjennom fredeleg utvikling. Denne læra gav opphav til ein hard strid mot revisjonismen frå midten av 1890-åra. Under den fyrste verdskrigen var B. sjåvinist og støtta det tyske borgarskapet. s. 80, 103.

BISMARCK, Otto (1815—1898) — Fyrste, monarkist, prøyssisk statsleiar. Leiar for Preussen under samlinga av Tyskland. Rikskanslar frå 1871 til 1890. B. innførte anti-sosialistlova i 1878, som la ned forbod mot alle sosialdemokratiske organisasjonar. Masseorganisasjonar for arbeidadarar vart òg forbode. Arbeidarpressa vart stengd og sosialistisk litteratur dregen inn. Lova vart avskaffa i 1890 etter press frå masserørsla i arbeidarklassen. s. 139.

BLANC, *Louis* (1811—1882) — Fransk historikar og politikar, småborgerleg sosialist. Gjekk imot klassekampen og den proletariske revolusjonen. Medlem av den provisoriske regjeringa i den franske februarrevolusjonen i 1848. s. 153.

BORN (*Buttermilch*), *Stefan* (1824—1898) — Ein av representantane for reformismen i den tyske arbeidarrørsla. s. 151—155.

BRENTANO, *Lujo* (1844—1932) — Tysk borgarleg økonom, tilhengjar av «statssosialismen». Han freista prova at sosial likskap kunne skipast under kapitalismen ved å samordna interessene til kapitalistane og arbeidarane gjennom reformer. s. 130—132.

BULYGIN, *Aleksander Grigorjevitsj* (1851—1919) — Tsaristisk tenestemann og storgodseigar, innanriksminister i 1905. Etter instruks frå tsaren leidde han arbeidet med å få til ein rådgjevande дума for å svekkja den revolusjonære rørsla. Denne dumaaen vart aldri kalla inn, han vart feid vekk av revolusjonen i 1904 og B. måtte gå av som innanriksminister. s. 14, 57, 63, 67, 168.

CAMPHAUSEN, *Ludolph* (1803—1890) — Prøyssisk statsmann og bankier, ein av leiarane for det liberale borgarskapet. Sjef for den borgarleg-liberale regjeringa i Preussen frå mars til juni i 1848. s. 144, 146—147.

CANITZ, *August* (1783—1852) — Prøyssisk general, representant for dei reaksjonære byråkratane og adelen, krigsminister i regjeringa til Camphausen. s. 147.

DAN, *Fjodor Ivanovitsj* (1871—1947) — mensjevikleiar, sosialsjåvinist under fyrste verdskrigen. Etter februar-revolusjonen i 1917 støtta han den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter Oktoberrevolusjonen kjempa han aktivt mot sovjetmakta og vart vist ut av landet i 1922.

DUBASOV, *F.V.* (1845—1912) — Generalguvernør i Moskva i 1905. Leiar for undertrykkinga av den væpna oppstanden til moskvaarbeidarane i desember 1905. s. 182.

DUNCKER, *Franz* (1822—1888) — Tysk borgarleg politikar og forleggjar. Saman med Max Hirsch grunnla han dei reformistiske Hirsch-Dunker fagforeiningane på 1860-talet. s. 130.

GAPON, *G.A.* (1870—1906) — Russisk prest, dreiv med misjonsarbeid blant arbeidarane i St. Petersburg. Med støtte frå regjeringskrinsar og det løynlege politiet organiserte han reaksjonære fagforeiningar. Då det braut laus ein storstreik i St. Petersburg over ein kon-

flikt på Putilovverka fekk han istand ein demonstrasjon for å be tsaren om å innfri krava deira. På den måten vart «den blodige søndagen» til. 9. januar 1905 skaut tsartroppane på dei fredelege demonstrantane på veg til tsaren. Resultatet av denne grufulle massakren vart revolusjonen i 1905. G. flykta til utlandet, men kom seinare attende og tok opp att dei forræderske kontaktane sine med politiet. I april 1906 vart han drepen av sosialrevolusjonære arbeidrarar. s. 54.

GIERKE, Otto — Borgarleg prøyssisk politiskar, landbruksminister i regjeringa til Hanseemann i 1848. s. 148.

GREDESKUL, Njkolai Andrejevitsj (f. 1864) — Jurist, ein av leiarane for kadettane fram til 1916. Etter Oktoberrevolusjonen støtta han sovjetmakta. s. 137.

HANSEMAN, David Justus (1790—1864) — Tysk borgarleg politiskar og kjøpmann, finansminister, seinare statsminister i den prøyssiske regjeringa i 1848. s. 146—147.

HARCOURT, Sir William (1827—1904) Britisk politiskar, professor i folkerett. Medlem av underhuset frå 1868 og ein av førarane for dei liberale. Medlem av Gladstoneregjeringane i ei årrekke. Kjend som kvass journalist. s. 139.

HERZENSTEIN, Mikhail Jakovlevitsj (1859—1906) — Borgarleg politiskar og økonom, leiar for kadettane i jordbruksspørsmål. s. 148.

HIRSCH, Max (1832—1905) — Tysk borgarleg økonom og publisist, medlem av Framstegspartiet, representant i Riksdagen. Saman med Franz Duncker grunnla han dei reformistiske såkalla Hirsch-Duncker fagforeiningane. Som skribent motarbeidde han den revolusjonære taktikken til proletariatet og forsvarte reformismen. s. 130.

JAURÈS, Jean (1859—1914) — Framståande person i den franske og internasjonale sosialistiske rørsle. Ein av leiarane for Det sameinte sosialistpartiet i Frankrike, grunnleggjar og redaktør av «l'Humanité» som var hovudorganet for partiet. Han stridde aktivt mot militarismen og den imperialistiske krigen som truga. I juni 1914 vart J. snikmyrda av ein leigesvein for militaristane. s. 84, 106.

JORDANIA, Noi Nikolajevitsj (An) (1870—1953): — Leiar for mensjevikane i Kaukasus. Sto i brodden for den kontrarevolusjonære mensjevikregjeringa i Grusia 1918—21. Seinare «kvit» emigrant.

KABLUKOV, Nikolai Aleksejevitsj (1842—1919): — økonom og statistiskar, sympatiserte med narodismen. Freista visa at smådrift i jordbruket lønte seg. s. 148.

KAUTSKY, Karl (1854—1938): — Ein av leiarane og teoretikarane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Medan han var marxist gav han ut etterlatne verk av Marx og Engels. I 1890-åra kritiserte han revisjonismen til Bernstein, men seinare vart han sjølv renegat og teoretikar for ein avert av opportunismen, nemlig sentrismen (kautskyanismen). Under den fyrste verdskrigen støtta han det tyske borgarskapet. Etter oktoberrevolusjonen vart han ein leiande fiende av den sosialistiske sovjetstaten, og propaganderte for væpna imperialistisk intervensjon. Sjå Lenin: «Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky» (1918) i *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 10, Forlaget Oktober 1978. s. 68, 69, 117, 184.

KOLTISOV, D. (Ginzburg, Boris Abramovitsj) (1863—1920): — Russisk sosialdemokrat. Mensjevik etter den andre kongressen til RSDAP i 1903. Sjøvinist under fyrste verdskrigen. s. 154.

KRITSJEVSKI, Boris Naumovitsj (1866—1919): — Russisk sosialdemokrat, skribent og leiar for økonomistane. I 1899 vart han sjefredaktør for tidsskriftet *Rabotsjeje Djelo* (organ for Unionen av russiske sosialdemokratar i utlandet), der han sto fram med dei bernsteinianske ideane sine. Etter den andre kongressen til RSDAP i 1903 spela han inga rolle i den sosialdemokratiske rørsle. s. 69.

LEO XIII (Vincenzo Gioacchino Pecci) pave (1810—1903): — Vart vald til pave i 1878. L. Førte ein aktiv politikk for pavekyrkja og tok standpunkt til ei rekkje utanrikspolitiske og sosiale spørsmål. Ideologisk sette han opp Thomas av éAquinas si lære som vern og førebilete for kyrkja. L. påla kyrkja å skipa arbeidarforeningar. s. 139.

MANUILOV, Aleksander Apollonovitsj (1861—1929): Økonom, rektor ved Universitetet i Moskva, ein av leiarane for kadettane. Medlem av den borgarlege provisoriske regjeringa etter februarrevolusjonen i 1917. Støtta sovjetstaten etter Oktoberrevolusjonen. s. 148.

MARTOV, L. (Tsederbaum, Juli Osipovitsj) (1873—1923): Mensjevikleiar. Leidde det opportunistiske mindretallet på den andre kongressen til RSDAP i 1903. Tok eit sentristisk standpunkt under fyrste verdskrigen. Etter Oktoberrevolusjonen fiende av sovjetregjeringa. I 1920 emigrerte han til Tyskland. s. 83.

MARTYNOV, A. (Pieker, Aleksander Samojlovitsj) (1865—1935): Teoretisk leiar for økonomismen. Kjempa aktivt mot Lenins *Iskra* og vart etter den andre kongressen til RSDAP framstående mensjevik. Under reaksjonsåra 1907—10 var han likvidator. Etter Oktoberrevolusjonen støtta han sovjetstyret, gjekk inn i kommunistpartiet og arbeidde for Komintern. s. 24, 27, 30, 69, 80—83, 88, 101, 103, 105, 116—117, 133—136, 141.

MEHRING, *Franz* (1846—1919): Framgrunnsfigur i den tyske arbeidarrørsle. Han var ein av leiarane og teoretikarane for venstrefløya i det tyske sosialdemokratiet, historikar, publisist og kritiskar. Saman med Liebknecht, Luxemburg og andre skipa han Tysklands Kommunistparti i januar 1919. s. 58, 150.

MILLERAND, *Alexandre Etienne* (1859—1943): Fransk politiskar, sveik sosialismen og gjekk inn i ei borgarleg regjering i 1899 saman med Gallifet, generalen som slakta Pariskommunen i 1871. Fransk president frå 1920 til 1924. s. 24, 80.

MOLL, *Josef* (død 1849): urmakar, stifta Det tyske arbeidarforbundet i London i 1840. Etter februarrevolusjonen i 1848 vende han attende til Tyskland der han sto i brodden for Arbeidarforeininga i Köln og redigerte avisa *Fridom, brorskap, arbeid*. Etter gatekampene i Köln emigrerte han på nytt til London, men tok seg snart over til Tyskland under falsk namn og heldt fram med agitasjonsarbeidet. Han gjekk inn i arbeidarkompaniet til den revolusjonære hæren i Baden og vart drept i kamp i 1849. s. 150.

NADESJDIN, *L. (Selenski, Jevgeni Osipovitsj)* (1877—1905): Narodnik, seinare sosialdemokrat. I 1901 organiserte han «ei revolusjonær sosialistisk gruppe» i Sveits som kalla seg Svoboda. Han freista smelta terrorismen som ideologi saman med det sosialdemokratiske programmet. Gjekk ut med åtak på *Iskra* og vart mensjevik etter den andre kongressen til RSDAP. s. 74.

NIKOLAI II (1868—1918): Siste russiske tsar frå 1894—1918. Måtte seia frå seg trona under februarrevolusjonen i 1917. Avretta 1918. s. 67, 139.

PLEKHANOV, *Georgi Valentinovitsj* (1856—1918): Framstående leiar for den russiske og internasjonale arbeidarrørsle. Den fyrste som propaganderte for marxismen i Russland, og grunnleggjar av «Gruppa for frigjering av arbeidet» den fyrste russiske marxistiske organisasjonen (1883). Etter den andre kongressen til RSDAP (1903) slutta P. seg til mensjevikane. Under den fyrste russiske revolusjonen hadde han alvorlege usamhøve med bolsjevikane i dei grunnleggjande spørsmåla om taktikken. Verja marxismen mot den machistiske revisjonen av han 1907—10 (sjå Lenin: «Materialisme og empiriokritisme», 1908). Leia den mensjevikgruppa som var for partiet. Under den fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt, og etter den borgarleg-demokratiske revolusjonen i februar 1917 vende P. attende til Russland, der han støtta den borgarlegprovisoriske regjeringa. Han var fiendtleg innstilt til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. s. 126, 168—172, 181.

PETRUNKOVITSJ, Ivan Iljitsj (1844—1928): Liberal russisk zemstvopolitkar. Godseigar og leiar for kadettane etter 1905. s. 130, 147.

PROKOPOVITSJ, Sergej Nikolajevitsj (1871—1955): Russisk borgarleg økonom og politkar. Tilhengjar av økonomismen, propaganderte for bernsteinianismen i Russland. Seinare kadett. Medlem av den borgarlege provisoriske regjeringa i 1917. s. 131.

PROUDHON, Pierre Joseph (1809—1865): Franskmann. Ein av grunnleggjarane av anarkismen. Det mest vidkjende arbeidet hans er «Kva er eigedom» (1840), der han kom til den vidkjende slutninga: Eige er tjuveri. Dei økonomiske, politiske og filosofiske syna hans uttrykkjer fyrst og fremst korleis det breie franske småborgarskapet reagerte mot kapitalismen, som braut gjennom på den tida. Marx og Engels kritiserte teoriane hans skarpt, og særleg var kritikken mot dei økonomiske avhandlingane hans knusande. Sjå m.a. Marx, *Filosofiens elende* (1847), Marx *Om Proudhon*, *Brev til J.B. Schweitzer* (1865) og Engels, *Om bustadspørsmålet* (1872—73). Tilhengjarane av P. heldt fram som eige politisk straumdrag etter at han var død. Den seinare anarko-syndikalismen er knytt svært nær til P.s tankar. s. 155.

RENAN, Ernest (1823—1892): Idealistisk fransk historikar og filosof, dreiv studier av kristendomshistoria. s. 154.

RODITSJEV, Fjodor Ivanovitsj (1856—1924): Storgodseigar og zemstvopolitkar. Med i Osvobosjdenije-sambandet og ein av dei som organiserte kadettpartiet. Han var medlem i alle dumaene og sat i den borgarlege provisoriske regjeringa etter februarrevolusjonen i 1917 som generalguvernør for Finland. s. 130, 147—148.

SCHAPPER, Karl (1812—1870): Tysk revolusjonær, med i leiinga for Det kommunistiske forbundet og Arbeidarforeininga i Köln i 1848. Sto for ei sekterisk line etter splittinga av Det kommunistiske forbundet i 1850, men gjorde sjølvkritikk og vart seinare med i leiinga for Den fyrste internasjonale. s. 150.

SCHWERIN, Maxmilian, greve av (1804—72): Prøyssisk junker og politkar, med i regjeringa til Camphausen i 1848. Høyrde til ytste høgre i Frankfurtparlamentet. s. 147.

SJIPOV, Dmitri Nikolajevitsj (1851—1920) — Godseigar og liberalar, leiar for zemstvorørsla i 1890-åra. Ein av leiarane for Oktobristpartiet og seinare Partiet for fredeleg fornying, som begge representerte interessene til storborgarskapet og dei kapitalistiske godseigarane. Etter Oktoberrevolusjonen aktiv motstandar av Sovjetstyret. s. 51, 57, 104.

STAROVER (*Petrsov, Aleksander Nikolajevitsj*) (1869—1934): Mensjevikleiar, stod i brodden for likvidatorane under reaksjonsåra 1907—10. Sosialsjavinist under den fyrste verdskrigen og rasande motstander av Oktoberrevolusjonen. s. 61, 69, 98, 126, 136.

STOLYPIN, *Pjotr Arkadjevitsj* (1862—1911): tsaristisk statsmann, storgodseigar. Regjeringssjef og utanriksminister 1906—11. Namnet hans er knytt til reaksjonsåra 1907—10. Han gjennomførte ein jordreform som favoriserte storgodseigarane og ruinerte fattigbøndene. s. 190, 193.

STRUVE, *Pjotr Berngardovitsj* (1870—1944): Russisk polititar, hørde til dei «legale marxistane» på 1890-talet. Motstandar av den dialektiske materialismen. Då Kadettpartiet vart skipa i 1905 vart han ein av leiarane for det liberale borgarskapet. Etter Oktoberrevolusjonen var han med i dei kontrarevolusjonære regjeringane til både Denikin og Wrangel. Etter borgarkrigen vart han kviteemigrant og redaktør av monarkistiske høgreaviser i utlandet. s. 12, 25, 51, 57, 68—75, 78—80, 103—106, 128—130, 136—141.

THIERS, *Adolphe* (1797—1879): Reaksjonær fransk polititar og historikar. Organiserte den brutale nedslaktinga av Pariskommunen. s. 140.

TROTSKI, (*Bronstein*) *Lev Davidovitsj* (1879—1940): Bitter fiende av leninismen. På andre kongressen til RSDAP i 1903 var T. utsending frå Det sibirske forbundet, og slutta seg til Iskra-mindretalet. Etter kongressen kjempa han mot bolsjevikane i alle spørsmål som galdt teorien og praksisen for den sosialistiske revolusjonen. Likvidator under reaksjonsåra 1907—10. I august 1912 organiserte han Augustblokka som samla mange av dei partifiendslege fraksjonane. Sentrist under fyrste verdskrigen. Gjekk imot Lenin i alle spørsmåla om krig, fred og revolusjon. Slutta seg til bolsjevikpartiet etter Oktoberrevolusjonen i 1917, men heldt fram med splittingsverksemda si. Hadde fleire viktige stillingar, sjølv om han gjekk imot generallina til partiet for oppbygginga av sosialismen. Vart ekskludert i 1927 og send ut or landet i 1929 for anti-sovjetisk verksemd. Miste statsborgarskapet sitt i 1932. s. 12, 69.

TRUBETSKOJ, *Serge Nikolajevitsj*, prins (1862—1905): Idealistisk filosof, ynskte å styrkja herredømet til tsaren ved å innføra ei moderat grunnlov. s. 130, 148.

TURATI, *Filippo* (1857—1932): Reformistisk leiar i den italienske arbeidarrørsla. Ein av grunnleggjarane av Det italienske sosialistpartiet i 1892. Sto for klassesamarbeid mellom proletariat og borgarskap. s. 80, 93.

VARLIN, *Louis Eugene* (1839—71): Fransk arbeidar og framståande medlem av Den fyrste internasjonale. Ein av leiarane for Paris-kommunen i 1871. Vart henretta utan rettargang då versaillestroppane knuste Kommunen sist i mai. s. 116.

WITTE, *Sergej Juljevitsj*; grev. (1849—1915): Ein framstående statsmann for det tsaristiske eineveldet. Han sette i verk ei rekkje finansielle tiltak som styrkte kapitalismen i Russland. Som statsminister i 1905 kom han med framlegg om å ta luven frå den revolusjonære rørsla ved å kalla saman ein riksduma. s. 168—172.

OPPREISTEN I 1905

Hausten 1905 gjekk det mot opprør, mot revolusjon, i Russland. Arbeidarane ville kasta av seg tsarveldet ein gong for alle. Delar av borgarskapet saman med bøndene var òg interesserte i å få slutt på einveldet.

I «To slags taktikk for sosialdemokratiet i den demokratiske revolusjonen» kjempar Lenin for at partiet skal velja revolusjon, gå i brodden for oppreisten og våga å sigra, mot mensjevikanene, som vil overlata den politiske leiinga til det liberale borgarskapet. Lenin syner at lina til mensjevikanene må føra til kompromiss mellom borgarskapet og tsaren, slik at sjøelve målet — å få slutt på eineveldet — ikkje blir nådd.

I andre artiklar drøftar Lenin tilhøvet mellom arbeidarklassen og bøndene, lærdomane frå revolusjonen, og kvifor arbeidarklassen skal gå i brodden for ein revolusjon som først og fremst vil styrkja kapitalismen i Russland. Boka er eit godt døme på Lenins evne til å analysere ein innfløkt situasjon konkret, og peika på hovudlinene for kva revolusjonære må gjera for å utvikla situasjonen til sin fordel.

LENIN: UTVALGTE VERKER

To slags taktikk i den demokratiske revolusjonen er band 4 i Lenin-serien UTVALGTE VERKER I 12 BIND frå Forlaget Oktober. Lenins skrifter er ein del av sjøelve grunnlaget for den revolusjonære teorien til arbeidarklassen, difor høyrer desse 12 banda heime i bokhylla hos alle klassemedvitne arbeidarar og andre revolusjonære.

